

HIS 350

Ei historisk-strategisk analyse av skandinavisk sjømakt, 1522-1814.

Tor Ivar Strømmen



Masteroppgåve i historie,
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap,
Det humanistiske fakultet,
Universitetet i Bergen.
Våren 2016.

*But thus much is certain, that he that commands
the sea is at great liberty, and may take as much
and as little of the war as he will.¹*

SIR FRANCIS BACON, 1625

¹ Sitat frå Bacon, Francis, "Of the True Greatness of Kingdoms and Estates," i *Essays, Moral, Economical, and Political* (London: J. Johnson, 1807), s. 119

FORORD

Det er ikkje berre ein gamal og fin skikk at ein skal takke dei som har hjelpt og støtta ein i arbeidet, det er og ei stor glede. Eg ynskjer å rette særleg takk til min rettleiar professor Gunnar Winsnes Knutsen ved Universitetet i Bergen og til kommandørkaptein Bjørn Terjesen ved Sjøkrigsskulen. Dykk har gitt meg framifrå fagleg støtte, god rettleiing og mange gode samtalar gjennom masterstudiet mitt.

Det er også mange gode kollegaer ved Sjøkrigsskulen som fortener ein takk, men særleg ynskjer eg å trekke fram Sjøkrigsskulen sitt bibliotek. Sjeldan har eg møtt ei slik velvilje som hjå dykk og tilgangen til dykkar framifrå samlingar av eldre skandinavisk sjøkrigshistorie har sikra meg kjelder som elles hadde vore svært vanskeleg å få tak i.

Eg vil og takka alle deltakarane på masterseminaret i tidleg moderne historie for mange og gode tilbakemeldingar undervegs. Våre meiningsutvekslingar har vore svært fruktbare og motivasjonsskapande.

Ein særleg takk går også til min gode ven og kollega kapteinløytnant Steffen Berge Øverland. Våre samtaler om sjømakt og sjøkrigshistorie har inspirert og motivert undervegs og ikkje minst har det vore kjekt å ha nokon som er genuint interessert i sjømaktshistorie å sparre med.

Sist og viktigast, eg vil takke mi fagre og fantastiske kone Annabelle for språkvask, og mine to flotte born for at dykk har helde ut med meg og alle mine bøker. Dykkar kjærleik og omtanke har som alltid vore det viktigaste haldepunktet i livet mitt og eg ser verkeleg fram til å gi dykk den merksemda dykk fortener igjen!

Bergen, mai 2016.

INNLEIING

Utan kjennskap til sjømaktene sine strategiske føremål og føresetnader, så vil ei framstilling av sjøkrigshistoria vere overflatisk, tilbakeskodane og utan fullverdig eller truverdig forklaringsverdi. Ein har då berre ei kronologisk og narrativ historie basert på hendingar. Altså ei historie basert på kortvarige og sporadiske manifestasjonar av dei underliggende strategiske strukturar styrt av dei geografiske røyndomar menneskja og statane eksisterer og verkar i. Ei slik historie kan ikkje forklare kvifor ein hadde sjømakt, korleis den var bygd opp og til kva føremål, og heller ikkje korleis den påverka røyndomen den eksisterte i.

Det historiske medvitet om Austersjøregionen som eit operasjonsområde dominert av det maritime er dårleg utvikla. Krigs og militærhistorie, som omhandlar regionen i tidleg moderne tid, tenderer til å vere splitta i ei studiar av landkrig eller sjøkrig, medan heilskapen, dei militære operasjonane og deira strategiske og geografiske føresetnadar, manglar. Dette har hindra oss frå å utvikle ei forståing av at krig i Austersjøregionen i høg grad vart styrt av regionen sin maritime karakter og at den aktør som faktisk etablerte kontroll med og utnyttar dei maritime kommunikasjonane best, vanlegvis også var den som kom sigrande ut av krigane.²

Mi målsetjing med denne oppgåva er difor å klargjere dei strategiske føremåla og føresetnadane for dei skandinaviske sjømaktene, altså rasjonale bak sjømakta. Gjennom dette vil eg leggje eit betre grunnlag for ei retteleg forståing av sjømakta si påverknad og rolle i Skandinavia si politiske historie i tidleg moderne tid.

² Parafrase av Glete, Jan, "Östersjön som maritimt operationsområde - ett historiskt perspektiv," *Tidskrift i Sjöväsendet*, no. N:r 3 (1999): s. 272.

ENGLISH ABSTRACT

Baltic Naval history has traditionally focussed on ships, battles, technology and admirals. Such history is a history of events, rich in detail and exciting, but still a history of momentary outbursts and surface manifestations of underlying structures and the strategic environment in which navies existed and operated. My basic postulation is that one cannot credibly apprehend nor portray naval history unless one also appreciates those underlying structures that guide and drive development and use of sea power in their specific environment.

This dissertation will thus attempt to elucidate the strategic rationale behind Scandinavian sea power in the early modern period, i.e. why Sweden and Denmark-Norway established and maintained substantial naval forces in this period, how they employed their sea power and for what purpose. My aim is to improve our common understanding of the influence of sea power upon Scandinavian political history 1522-1814.

Sea power theory and geostrategic theory will be applied on historic events, naval technology and geography in order to determine and clarify the strategic objectives and basic strategic conditions upon which Scandinavian sea power rested.

The two Scandinavian states were both highly maritime as it was maritime communications that economically and politically linked their sparsely populated territories together. It is argued that permanent Scandinavian sea power was brought into existence in order to establish, extend and maintain royal power, to curtail foreign political and economic influence, and to exploit the rich Baltic trade routes that passed through Scandinavian waters. It soon became apparent that Command of the Seas not only attained these objectives, but also provided Scandinavia with tools allowing oversea expansion. Sea power allowed rapid concentration of superior force in any strategic location in The Baltic as well as supplying forces employed at slight cost or risk. Thus sea power became a force multiplier that propelled Denmark-Norway and especially Sweden into regional great power status with political influence and military power far out of scale to their meagre resource bases.

INNHALD

Forord	ii
Innleiing.....	iii
English abstract	iv
Innhald.....	v
Kart og illustrasjonar	vii
Tabellar	viii
1 Problemstilling, teori og metode	1
1.1 Problemstilling	1
1.2 Avgrensingar	1
1.3 Føresetnader	2
1.4 Omgrepsavklaringar	3
1.5 Tilnærming til problemstillinga	6
1.5.1 Historisk strategi	6
1.5.2 Temporale nivå	7
1.5.3 Sjømaktsteori	9
1.5.4 Valt tilnærming	10
1.6 Kjelder.....	11
2 Sjømaktsteori.....	14
2.1 Sjømaktsteori – eit samandrag	15
2.1.1 Sjøherredøme	16
2.1.2 Utnytting av sjøherredøme	18
2.1.3 Forsvar mot utnytting av sjøherredøme	19
2.1.4 Trygging av maritime kommunikasjonar	20
2.1.5 Sjønekting	21
3 Austersjøregionen sin militærgeografi	22
3.1 Det generelle	23
3.2 Det spesielle	26
4 Sjømakt og politisk-strategisk historie	32

4.1	Opphavet til dei skandinaviske sjømaktene	33
4.2	Russlandshandel og Austersjøen blir eit skandinavisk innhav	35
4.3	Sjøherredøme og sjøkantstrategi	40
4.4	Det strategiske sjølvstende går tapt.....	43
4.4.1	Torstensonkrigen	43
4.4.2	Mellomspel	45
4.4.3	Karl Gustav krigane.....	46
4.5	Revansjelyst i skuggen av stormaktene	49
4.6	Den store nordiske krig	52
4.7	Den nye orden	57
4.8	Status quo eller offensive ambisjonar?	61
4.9	Frå bru til vollgrav	63
5	Styrkestrukturar og operativ kapasitet.....	68
5.1	Reetableringa av dansk sjømakt 1522-63	69
5.2	Gustav Vasa si sjømakt 1522-63.....	71
5.3	Utvikling og endring 1563-1613.....	72
5.4	Svensk opptur, dansk-norsk fall 1613-45	74
5.5	Dei store skipa tek over, 1645-1700	77
5.6	Teknologimodning og denne sin påverknad på sjømakta.....	80
5.7	Ei styrke mest på papiret? Den svenske lineflåten 1721-1814.	84
5.8	Ei styrke mest på papiret! Den dansk-norske flåten 1721-1814.	86
6	Bruk av sjømakta.....	88
6.1	Frå smult farvatn til rom sjø.....	88
6.2	Kamp om sjøherredøme og operasjonsbasane si betydning	89
6.3	Handelskrig	94
6.4	Maritim maktprojisering og strategiske overfall.....	95
6.5	Galeiar og skjergardsflåtar	96
7	Konklusjon: Strategiske strukturar og lange liner	101
	Appendiks 1 – Kart.....	111
	Appendiks 2 - Tabellar	119
	Bibliografi.....	128

KART OG ILLUSTRASJONAR

Kart 1: Elvesystem og strategiske byar.	111
Kart 2: Gjennomsnittleg isdekke i Austersjøregionen.....	112
Kart 3: Øresund under Napoleonskrigane.	113
Kart 4: Undervasstopografi i Austersjøen.	114
Kart 5: Skandinavia i 1523.	115
Kart 6: Det svenske imperiet 1661.....	116
Kart 7: Den store nordiske krig 1700-1709.	117
Kart 8: Den store nordiske krig 1709-21.	118

TABELLAR

tabell 1: Den dansk-norske flåten 1487-1558.....	119
tabell 2: Tilgang på nye skip i Den dansk-norske flåten 1532-58.....	119
tabell 3: Den svenske flåten 1522-1563.....	119
tabell 4: Tilgang av nye skip til Den svenske flåten 1523-1563.	120
tabell 5: Nominell flåtestyrke Danmark-Noreg og Sverige 1570-1610.....	120
tabell 6: Tal på slagskip og deira gjennomsnittlege storleik 1570-1613.....	120
tabell 7: Nominell styrkestruktur for den dansk-norske flåten 1615-45.	121
tabell 8: Tilgang på skip i den dansk-norske flåten 1613-45.....	121
tabell 9: Nominell styrkestruktur for den svenske flåten 1615-45.....	122
tabell 10: Tilgang på skip i den svenske flåten 1613-45.....	122
tabell 11: Styrkestruktur for den dansk-norske flåten 1645-80.....	122
tabell 12: Styrkestruktur for den svenske flåten 1645-1680.	123
tabell 13: Nye store og mellomstore orlogsfartøy 1646-80.....	123
tabell 14: Lineskip 1680-1720.	123
tabell 15: Tilgang på lineskip 1680-1720.....	124
tabell 16: Utrusta lineskip i Austersjøregionen 1709-1721.	124
tabell 17: Gjennomsnittleg storleik på skandinaviske lineskip 1700-1810.....	125
tabell 18: Gjennomsnittsdeplasement lineskip (graf).....	125
tabell 19: Gjennomsnittsdeplasement lineskip 1720/1800.....	126
tabell 20: Skandinaviske slagflåter si styrke relativt til England, Nederland, Russland og Frankrike.	126
tabell 21: Skjergardsstyrker 1680-1810.	127
tabell 22: Styrkeutvikling som følgje av akkumulert skade i kamp mellom to flåtar.....	127

1 PROBLEMSTILLING, TEORI OG METODE

*History is the version of past events that people have decided to agree upon*³

Napoleon Bonaparte

1.1 PROBLEMSTILLING

Eg skal i denne oppgåva klårgjere dei skandinaviske sjømaktene sine strategiske føremål og føresetnadar i tidleg moderne tid. Føremålet er å synleggjere kvifor desse sjømaktane eksisterte og kva dei vart nytta til i ein strategisk heilskap. Det overordna føremålet er å leggje til rette for ei betre forståing av sjømakta sin påverknad og rolle i Skandinavia si politiske historie i tidleg moderne tid.

1.2 AVGRENSINGAR

Eg vil fokusere geografisk på farvatna Skagerrak, Kattegat og Austersjøen, områda som går under samlenamnet *The Baltic* på engelsk.⁴ Dei skandinaviske landa gjennomførte maritime operasjonar også utanfor desse farvatna, men med unnatak av nokre viktige einskild hendingar var desse farvatna sekundære for dei skandinaviske sjømaktene.⁵

Ei permanent dansk statsmarine vaks fram på 1400-talet, men gjekk tapt med kong Christian 2. sitt fall i 1522 og ei ny måtte byggjast.⁶ Den svenske flåten vart skapte i 1522 når Gustav Vasa kjøpte ei flåte frå Lübeck. 1522 er difor eit naturleg utgangspunkt for ein studie av skandinavisk sjømakt i tidleg moderne tid.⁷ Tidspunktet fell også saman med innleiinga av omskifte i sjøkrigstaktikken frå infanteristrid til artilleristrid, og tida då orlogsskipa teknisk skilte lag med handelsskipa. 1520-talet er dimed eit godt utgangspunkt også frå ein taktisk og teknologisk ståstad.

Dei skandinaviske sjømaktane vart relegert til sekundære sjømakter med ei defensiv strategisk orientering i siste del av Napoleonskrigane. Det strategiske skiftet kom høvesvis brått og kan tidfestast for Danmark-Noreg til Flåteranet i 1807, og for Sverige til tapet av Finland i 1809. Avsluttinga av Napoleonskrigane i Skandinavia i 1814 er dimed eit naturleg

³ Bastian, Jeannette Allis, "Reading colonial records through an archival lens: the provenance of place, space and creation," *Archival science* 6, no. 3-4 (2006): s. 267.

⁴ Austersjøen som omgrep inkluderer også Bottenhavet, Bottenvika, Finskebukta, Rigabukta og dei tyske og polske «haffene» i sør.

⁵ Dømer på operasjonar utanfor mitt geografiske kjerneområde inkluderer operasjonar i norske farvatn, tokt til Kvitsjøen, tiltak mot sjørøverar i Middelhavet, aktivitet for å understøtte koloniar og handelsstasjonar i Amerika, Afrika og India, operasjonar på elver og innsjøar i Nord-Europa, og eskorte av handelstrafikk i vestlege farvatn.

⁶ Av ein struktur på 12 store og 14 små skip, gjekk 11 store og alle små tapt (Barfod, Jørgen H., "Den danske orlogsflåde før 1560," *Historisk Tidsskrift* 16 (1994): s. 265-266.)

⁷ Danmark har definert 1510 som offisiell grunnleggings år for marinen, Sverige 1522. Sanninga er nok at ein ikkje kan definere eit eksakt tidspunkt. Prosessen med overgang frå kontraherte og utskrivne flåtar, borgar- og stormannsskip, samt etterlevingar etter leidangsflåtane, til konglege permanente statsflåtar var glidande, men kan seiast å ha eit endeleg brytningspunkt kring år 1500 for Danmark sin del og perioden 1522-35 for Sverige sin del.

sluttidspunkt for studien.⁸

1.3 FØRESETNADER

For å kunne klårgjere denne oppgåva må to føresetnader leggest til grunn. Den første er at strategi og strategisk planlegging eksisterte før strategisk teori. Den andre er at avgjersletakarane normalt var rasjonelle aktørar. Føresetnadene kviler på følgjande grunnlag.

Strategi. Alle statar har ein strategi, uansett om dei kallar det det eller ikkje med di strategi er det nivå der kunnskap og diplomati samverkar med militærmakta for å påverke og avgjere tilhøva ein har med andre statar.⁹ Det inneber at strategi eksisterte også før utviklinga av strategiske teoriar og omgrepsapparat. Den grunnleggande logikken i strategi er universell med di: Krigar tener politiske føremål, difor utkjempar ein dei normalt av rasjonelle grunnar. Dei rasjonelle aspekta ved krig inkluderer etablering av mål og kost-nytte vurderingar. Ein krig kan sjølvstøtt byrje som resultat av rasjonelle kost-nytte vurderingar, men kan miste ein kvar likskap med ei rasjonell utvikling dersom den spinn ut av kontroll. Sjølv om målsetjinga ikkje er rasjonell, så kan likevel planlegginga og krigføringa vere det. Politiske, diplomatiske og økonomiske aktivitetar for å legge press på fienden stoggar heller ikkje med utbrotet av ein krig, dei kan jamvel vere like viktig som dei militære åtgjerdene også etter krigsutbrotet. Militære sigrar er i seg sjølv heller ikkje tilstrekkeleg, dei må konsoliderast gjennom politiske og diplomatiske midlar med di fienden må akseptere nederlaget om ein skal få ein betre fred.¹⁰ Strategi vil dessutan alltid vere eit resultat av summen av mål, føresetnadane som ligg til grunn og den strategiske kulturen dei er del av. Alle desse tre faktorane, mål, føresetnader og kultur, eksisterte uansett om omgrepet strategi og strategiske teoriar ikkje gjorde det.

Rasjonelle aktørar. Føresetnaden om at avgjersletakarane var rasjonelle aktørar inneber at dei treffe sine avgjersler på bakgrunn av meir eller mindre systematiske fornuft- og faktabaserte vurderingar av kjent informasjon, innsikt i utfordringar, med forståing av tilgjengelege midlar, og med ein idé om kva dei ynskja å oppnå. Sjølv om tidleg moderne tid

⁸ I boka: Hobson, Rolf og Kristiansen, Tom, red., *Navies in Northern Waters, 1721-2000* (London: Frank Cass, 2004), s. 70 skriv Jan Glete at frå 1815 og utover, så var maktbalansen slik at dei skandinaviske landa byrja å sjå havet først og fremst som ei barriere mot invasjon. Teknologiuutviklinga førte gradvis også til ei dreining mot reine defensive kystforsvarsdoktriner. Eit tilsvarende syn står Terjesen for, sjå Terjesen, Bjørn, Gjelsten, Roald og Kristiansen, Tom, *Sjøforsvaret i krig og fred : langs kysten og på havet gjennom 200 år*, (Bergen: Fagbokforl., 2010), s. 108-110. Ei god utgreiing om endringa frå ei slagflåte til ei kystforsvarsflåte for Sverige sin del finn ein i: Glete, Jan, "John Ericsson and the Transformation of Swedish Naval Doctrine," *International Journal of Naval History* 2, no. 3 (2003) Sjølv om ein hadde ei mentalitetsendring i synet på sjømakt, så finn ein framleis offensivt tankegods så seint som i dei svenske planane for åtak på Noreg i 1905. Sjø: Wolke, Lars Ericson og Hårdstedt, Martin, *Svenska sjöslag*, (Medström, 2009), s. 300-315 og Terjesen, Gjelsten og Kristiansen, *Sjøforsvaret*, s. 182-200). 1807/09 markerar dimed ikkje ein endeleg og fullstendig overgang til ei defensiv kystforsvarsorientering. Det er likevel grunn til å hevde at all offensiv bruk av sjømakta etter dette var enten som del av ein strategisk defensiv (Slesvig-Holstein 1864), eller som del av indre oppgjer (Norge-Sverige 1905, Slesvig-Holstein 1848-50).

⁹ Påstanden er ei parafrase av Luttwak, Edward N., *The Grand Strategy of the Byzantine Empire*, (Cambridge MA: The Belknap press of Harvard University Press, 2009), s. 409-410.

¹⁰ Omtala av den universelle logikken i strategi er dels basert på Handel, Michael I., *Masters of War: Classical Strategic Thought*, (London: Taylor & Francis, 2005), s. xiv-xv.

var ei tid der offisersutdanning og militærteori var sjeldsynt, så var leiarskapet av utanrikspolitikken og krigsmakta oftast dominert av personar med omfattande krigs- og politisk erfaring, altså realkompetanse. Sjølv unge fyrstar og adelege var vanlegvis omgjevne av rådgjevarar med tung realkompetanse, kollegiet kompenserte difor i stor grad for manglande kunnskap og erfaring hjå den formelle leiaren. Eg finn det difor som sannsynleg at føresetnaden om grunnleggjande rasjonalitet blant avgjersletakarane står støtt, men ein rasjonalitet prega av andre verdiar, kunnskapar og vektleggingar enn kva ein finn i notida sine teori og forskingsbaserte byråkratiske prosessar.

1.4 OMGREPSAVKLARINGAR

Sjømakt. Det finnst ikkje ein eintydig eller ålment anerkjent definisjon på sjømakt i korkje klassisk eller moderne litteratur. Denne mangelen på ein felles definisjon er i seg sjølv viktig med di den syner at det finnst ei rekke ulike tilnærmingar til forståing av sjømakta, der alle kan vere sanne i sin rette kontekst.¹¹ Dei fleste sjømaktsteoretikarar nyttar anten ein brei definisjon som femnar politiske, økonomiske, merkantile og militære aspekt, eller ein smalare som primært fokuserer på dei militære aspekta i krig.¹² Utfordringa med begge desse tilnærmingane er at dei ikkje omtalar kva føremål sjømakt har, berre kva den omfattar. For å møte denne utfordringa, så kan omgrepet *sjømakt* forståast som ***den politiske og militære bruken av maritime stridskrefter i krig og fred.***¹³ Sjømakt er dimed summen av dei maritime stridskreftene og nyttegjeringa av desse. Heller ikkje denne tilnærminga er tenleg for mitt føremål med di definisjonen då inkluderer både mål og midlar. I denne oppgåva skal omgrepet sjømakt difor forståast ***som dei midlar som utvidar ein stat si militære makt til havet.*** Sjømakt, etter denne definisjonen, kan målast i form av kva den mogleggjer eller hindrar av politisk, økonomisk og militær aktivitet på og frå havet, og i form av kva metodar og konsept ein legg til grunn for å oppnå desse aktivitetane. Ein slik definisjon set sjøstridskreftene i sentrum, men inkluderer samstundes dei omliggjande strukturane som mogleggjer og set rammene for sjøstridskreftene sin eksistens og bruk.

Strategi. Militærteorien har ikkje ein felles definisjon av strategi, men er grovt samanfallande og gir oss dimed eit meiningsinnhald som kan nyttast. I fylgje Liddel Hart, så

¹¹ Falk, Kevin L., *Why Nations Put to Sea: Technology and the Changing Character of Sea Power in the Twenty-first Century*, (New York: Garland Pub., 2000), s. 15.

¹² Sjø Till, Geoffrey, *Seapower: A Guide for the Twenty-First Century*, (London: Frank Cass Publishers, 2004), s. 2-4 for ei djupare utgreiing av utfordringa med å definere omgrepet sjømakt.

¹³ Widén, Jerker og Ångström, Jan, *Militärteorins grunder*, (Stockholm: Försvarmakten, 2004), s. 213. I moderne tid opererer ein også med omgrepet krise som eit mellomsjikt mellom krig og fred. Ein situasjon som avvik frå normalen og har potensiale for å truge viktige verdiar eller samfunnsfunksjonar. Eg har medvite unnlata å ta med dette mellomnivået i definisjonen då omgrepet fred i tidleg moderne tid, etter mitt syn, alltid omfatta ein større eller mindre grad av trussel om tvangs- og valdsmakt, og då krig var eit legalt, normalt og akseptert middel for å fremje politiske mål.

er den overordna målsetninga med krig å oppnå ein betre fred, om enn berre utifrå eigen ståstad, noko som samsvarar med Clausewitz sin kjente påstand om at *krig berre er ei framhald av politikken med andre midlar*.¹⁴ Strategien skal difor systematisera bruken av væpna styrker for å fremje politiske, sosiale, økonomiske, kulturelle eller ideologiske interesser effektivt.¹⁵ Eller for å bruke Freedman sine ord «[Strategi] handlar om å få meir ut av ein situasjon enn kva maktbalansen skulle tilseie. Det er kunsten å skape makt.»¹⁶ Robert Osgood trekk dette vidare og gir denne definisjonen: «den overordna plan for utnytting av væpna tvangsmakt – i samspel med dei økonomiske, diplomatiske og andre maktmidlar staten innehar – for å støtte opp om og fremme staten sin utanrikspolitik med opne, skjulte og tause midlar».¹⁷ I Osgood sin definisjon ligg fleire viktige haldepunkt. Strategi er realpolitikk utan rom for idealisme, strategi er ikkje avgrensa til utøving av valdsmakt i krig, men verkar også i fredstid. Valdsmakt kan like gjerne vinne eller påverke venar, som tvinge eller avskrekke motstandarar. Viktigast er likevel samanhengen mellom bruk av valdsmakt og dei politiske mål ein søker.¹⁸ Det øvste nivået i strategien er den politiske-strategien, det vil seie «kunsten og vitskapen for å utvikle og bruke dei politiske, økonomiske og psykologiske maktmidlane til staten, i samspel med eins militære makt, i fred og krig, for å nå politiske mål.»¹⁹ Det er dette nivået som definerer føremålet for militærstrategien. Militærstrategi kan såleis definerast som «kunsten og vitskapen for å bruke militærmakta for å nå politisk-strategiske målsetjingar gjennom bruk av eller trugsel om valdsmakt.»²⁰ Denne relasjonen mellom politikk og krig er avgjerande for forståinga av militærstrategi.

Dominium Maris Baltici. På eit overordna nivå er perioden 1522-1814 prega av konseptet *Dominium Maris Baltici*, eit tankegods der kongen av Danmark var herre over Austersjøen. Konseptet har sitt opphav under Kalmarunionen, men var utan røyenleg innhald medan Hansaen dominerte havet merkantilt og sjømilitært. På slutten av 1400-talet endra dette seg. Då etablerte Danmark ei permanent marine med rettelege orlogsskip og samstundes vart Hansaen sitt handelsmonopol utfordra av nederlandske og britiske konkurrentar. Denne fragmenteringa av handelsmakta i kombinasjon med endringane i den sjømilitære balansen mogleggjorde tollegging av handelstrafikken og ei røyenleg handheving av kravet om

¹⁴ Liddel Hart, Basil Henry, *Strategy*, (New York: Meridan, 1954:1991), s. 353.

¹⁵ Parafrase av: Moran, Daniel, "Strategic theory and the history of war," *Strategy in the Contemporary World* (2002): s. 1 Med effektivt meinast ein best mogleg balanse mellom ressursbruk, tid og uynskte konsekvensar av handlingane.

¹⁶ Mi omsetting av Freedman, Lawrence, *Strategy: A History*, (New York: Oxford University Press, 2013), s. x.

¹⁷ Mi omsetting av Robert Osgood sin definisjon, som attgjeve i: Till, *Seapower*, s. 27.

¹⁸ Parafrase av: *ibid.*, s. 27-28.

¹⁹ Mi omsetting av Lykke Jr., Arthur F., "Defining military strategy," *Military Review* 77, no. 1 (1997): s. 183.

²⁰ Mi omsetting av *ibid.*,

Dominium Maris Baltici.²¹ Den danske kongen gjorde hevd på herredøme over heile Austersjøen, men i røynda var det ei gjensidig forståing mellom Danmark og Sverige, ein aksepterte at den andre parten hadde sjømakt og ein var samd om å hindre andre sjømakter tilgang til Austersjøen. Den gjensidige forståinga ser me også i handsaminga av handelsfarten. Sverige var unnateken Øresundstollen som framande skip betalte i bytte mot kongen av Danmark sitt vern når dei segla i hans farvatn. Med di Sverige hadde si eiga sjømakt, så hadde ikkje svenske fartøy trong for dansk vern og dimed hadde ikkje den danske kongen juridisk grunnlag for å tolleggje dei.²²

Den skandinaviske hevdinga av *Dominium Maris Baltici* utvikla seg til eit politisk og sjømilitært faktum på 1500-talet då dei skandinaviske landa etablerte sjøstridskrefter som kunne handheve herredøme.²³ At *Dominium Maris Baltici* var ein politisk røyndom ser ein t.d. ved at Nederland formelt anerkjente herredøme i 1614 og England i 1665.²⁴ Det same ser ein i Nystadfreden i 1721, der fekk Russland formelt delansvar for handheving av *Dominium Maris Baltici* i den austlege Austersjøen.²⁵ Historikaren Leo Tandrup hevder jamvel at *Dominium Maris Baltici* hadde førerang framfor nærmast eit kvart anna utanrikspolitisk spørsmål for Danmark under Christian 4. si regjeringstid.²⁶

Dominium Maris Baltici var også opphav til krig. Dei skandinaviske statane førte til dømes ein aktiv utanrikspolitikk for å hindre framvekst av konkurrerande sjømakter i Austersjøen.²⁷ Etter 1721 samarbeida Danmark-Noreg, Sverige og Russland stundom om å stenge Austersjøen for andre sjømakter. Til dømes inngjekk landa eit forbund under den pommerske krigen 1757-1762 der Danmark-Noreg skulle sperre Øresund medan dei svenske og russiske flåtane retta innsats mot Prøysen.²⁸ *Dominium Maris Baltici* var altså framleis ein røyndom, men no noko Austersjøen sine tre sjømakter såg som ei felles hevd.

Den maritime maktforskuinga som Napoleonskrigane førte med seg gjorde for alle praktiske formål slutt på både ambisjonen om og moglegheita for eit *Dominium Maris Baltici*. Austersjøen vart eit ope hav og dei danske sunda internasjonale farleier, men først i 1857 vart

²¹ Bellamy, Martin, "Danish Naval Administration and Shipbuilding in the Reign of Christian IV (1596 - 1648)" (Doktorgradsavhandling, University of Glasgow, 1997), s. 15-16.

²² Glete, Jan, *Swedish naval administration, 1521-1721: resource flows and organisational capabilities*, (Leiden: Brill, 2010), s. 69-70.

²³ Ibid.,

²⁴ Treves, Tullio og Pineschi, Laura, red., *The Law of the Sea: The European Union and Its Member States* (The Hague: Martinus Nijhoff Publishers, 1997), s. 513

²⁵ Theutenberg, Bo Johnson, "Mare Clausum et Mare Liberum," *Arctic* 37, no. 4 (1984): s. 489

²⁶ Parafrase av Leo Tandrup «Når to trættes, så ler den tredje. Christian IVs og rigsrådets forhold til Det tyske Rige og især Sverige» i Ellehøj, Svend, red. *Christian IVs verden* (København: Nyt Nordisk Forlag Arnold Busck, 1988), s. 79-83.

²⁷ 1570-80 brukte Danmark-Noreg aktivt makt for å hindre framvekst av polsk sjømakt. Likeeins var trugselen om keisarleg sjømakt ein hovudgrunn til Sverige si involvering i 30-årskrigen. Sjå delkapitel 4.2 og 4.3 for ei utdjuping.

²⁸ Lars Ericson (Wolke) i Engström, Johan og Frantzen, Ole Louis, red., *Øresunds strategiske rolle i et historisk perspektiv: föredrag hållna vid symposium på Revingehed i Skåne och på Kastellet i København 3-7 juni 1996* (Stockholm: Armémuseum, 1998), s. 86-87.

dei nye røyndomane var formelt stadfesta gjennom *The Convention of 1857 on the Abolition of Rights over the Sound and the Belt*.²⁹

1.5 TILNÆRMING TIL PROBLEMSTILLINGA

Menneskja bur på land, ikkje på havet, sjøkrig gir difor berre strategisk meining gjennom korleis utfallet påverkar hendingsgangen på land.³⁰ Land- og sjømakt må brukast og sjåast på som ein heilskap dersom ein skal realisere dei føremonane bruk av havet gir.³¹ Ein studie av kvifor ei sjømakt eksisterte, er difor ein studie av militærstrategi generelt, ikkje sjømakt aleine. Om ein i det heile kan snakke om ein marinestrategi, så er det dei aspekt ved militærstrategien som føreset eller involverer sjømakt. Det er eit land sin samla militærstrategi som avgjer kva faktisk og førestilt trong ein har for sjømakt. Kjernen i problemstillinga sin ordlyd er omgrepa strategiske føremål og føresetnader. Eit strategisk føremål er det du skal oppnå med strategien, medan ein strategisk føresetnad er dei tilhøva som definerer moglegheitsromma til strategien og er typisk eit resultat av summen av strategien sine dimensjonar, altså innanriks- og utanrikspolitikk, kommando og kontroll, geografi, finansiering, logistikk, førebuingar (administrative, rekruttering, trening og styrkestruktur), operasjonar, teknologi, informasjon og etterretningar, fienden, friksjon, usikkerheit og tid.³²

1.5.1 Historisk strategi

Skal ein studere historisk strategi, så må ein ta omsyn til at strategien utspelte seg i ei anna tid med ulikt utsyn, andre idear og verdiar, andre kapasitetar og militære røyndomar, annleis avgjersleprosessar og andre teknologiar.³³ Å identifisera kva strategien var, kva føremål og føresetnader den hadde og korleis dette var styrande for sjømakta er difor utfordrande, men gjennom å ta utgangspunkt i strategien sin universelle logikk og i definisjonen av strategi, så har ein eit framifrå utgangspunkt.

Diverre dokumenterte samtida i liten grad sine strategiske vurderingar. Få tenkte på strategi som eit konsept eller fast omgrep og strategisk teori eksisterte mest ikkje. For samtida var strategi ein ubrotten tradisjon lært gjennom utøving av faget. Det var noko admiralar og statsmenn kunne og forstod, men sjeldan skreiv ned, altså ein form for taus kunnskap.³⁴ Omgrepet *taus kunnskap* inneber den erfaringsbaserte kunnskap og visdom ein får i utøvinga

²⁹ Theutenberg, "Mare Clausum et Mare Liberum," s. 489-490.

³⁰ Gray, Colin S. og Barnett, Roger W., *Seapower and Strategy*, (Annapolis: Naval Institute Press, 1989), s. 4. og Corbett, Julian S., *Principles of Maritime Strategy*, (New York: Dover Publications Inc., 1911:2004), s. 14.

³¹ Corbett, *Principles*, s. 9.

³² Howard, Michael, "The forgotten dimensions of strategy," *Foreign Affairs* 57 (1979): s. 975-986 og Gray, Colin S., *Modern strategy*, (Oxford: Oxford University Press, 1999), s. 23-44. Lista er ikkje uttømmmande.

³³ Hattendorf, John B., "What is a Maritime Strategy?," *Soundings* Oktober 2013, no. 1 (2013): s. 3.

³⁴ Parafrase av: *ibid.*, Sjø og Struwe, Lars B., "Nu eller aldrig," *Militærhistorisk tidskrift*, no. 2009-10 (2010): s.182, der går det fram at det knappast finnast noko arkivkjelder som skildrar dansk strategi. Sjølv ikkje på 1700-talet, og i enda mindre grad tidlegare.

av ein aktivitet, eit fag eller yrke og som sjeldan blir teikna ned om den i det heile er mogleg å teikne ned. I fagfellediskusjonar er slik kunnskap eit felles fundament og dimed noko ein ikkje nyttar tid på å protokollføre. Taus kunnskap utviklar seg stadig og vil gå tapt når yrket, teknologien eller omstenda endrar seg. Ein kan aldri rekonstruere taus kunnskap fullt og heilt, men ein må søke å gjere det så langt som mogleg dersom ein skal forstå og bruke historiske kjelder på ein truverdig og føremålstenleg måte. At marinestrategien hovudsakleg var ein taus kunnskap ser ein til dømes i samtida sin sjømaktslitteratur, den omhandlar mest berre korleis flåten skulle manøvrere for maksimalisere si eldkraft, ikkje korleis sjømakta skulle utnyttast for å nå strategiske mål.³⁵ Den einaste delen av strategien som me veit mykje om er planlegginga og oppfølginga av styrkestrukturane. Her finnast mange kjelder som synleggjer, i alle høve indirekte, kva strategisk trong ein la til grunn for struktur- og baseutviklinga. Utover dette området av strategien må ein i stor grad nytte indisium, altså faktiske omstende som omveges kan tene som prov, samt tenleg teori, for å avdekke rasjonale bak sjømakta. Det finnast sjølvsagt sume unnatak, til dømes har fleire eldre sjøkrigshistorikarar, som svensken Julius Mankell, gode utgreiingar om strategi. Desse har stor verdi me di dei er skrivne medan seglskip og skjergardsflåtar framleis var ein røyndom, altså i ein kultur og med heimelsmenn som henta sin kunnskap frå eiga erfaring og dels sjølv hadde kjempa i krigane 1788-1814.³⁶

1.5.2 Temporale nivå

Fernand Braudel hevdar at det grunnleggande problem i ei kvar historieskriving er korleis ein kan formidle både den iaugefallande historia som fangar vår interesse gjennom sine kontinuerlege og dramatiske endringar, og den andre, den underliggande, nesten stille og alltid diskrete historia, som nesten ikkje kan sjåast av verken observatørar eller deltakarar, og som endrar seg lite med tida. Denne dobbeltheita i historia blir vanlegvis framstilt som strukturar og hendingar, der strukturane skildrar dei vedvarande sanningar, medan hendingane er kortsiktige realitetar. Det er ulike typar strukturar på same måte som det er ulike hendingar. Varigheita av strukturar og hendingar kan også variere. Historiefaget aksepterer og oppdagar multidimensjonale forklaringar som strekker seg vertikalt gjennom eit temporalt nivå til eit anna. Og på kvart temporalt nivå er det også horisontale relasjonar og samanhengar.³⁷

³⁵ Sjå til dømes: Till, *Seapower*, s. 36-37 og Wolke, Lars Ericson, *Sjöslag och rysshärjningar: Kampen om Östersjön under stora nordiska kriget 1700-1721*, (Stockholm: Norstedts, 2011), s. 33-35.

³⁶ Dømer på slik litteratur er: Mankell, Julius, *Studier öfver svenska skärgårds-flottans historia, krigssätt och användande vid Sveriges försvar*, (Stockholm: Hörbergsska boktryckeriet, 1855), Mankell, Julius, *Uppgifter rörande svenska krigsmagtens styrka, sammansättning och delning sedan slutet af femtonhundratalet jemte öfversigt af svenska krigshistoriens viktigsta händelser under samma tid*, (Stockholm: C.M. Thimgren, 1865), og tilsvarande i Danmark: Garde, Hans Georg, *Den dansk-norske Sømagts Historie 1700-1814*, (Kjöbenhavn: J. H. Schubothes, 1852), Garde, Hans Georg, *Den dansk-norske Sømagts Historie: 1535-1700*, (Kjöbenhavn: J. H. Schubothes, 1861), Garde, Hans Georg, *Efterretninger om den danske og norske Sømagt*, 4 band, band 1, (Kjöbenhavn: H.G. Garde, 1832),

³⁷ Braudel, Fernand, *The Mediterranean and the Mediterranean World in the Age of Philip II*, 2 band, band 1, (Berkeley: University of California Press, 1995), s. 16.

Menneskja sin relasjon til miljøet er det øvste temporale nivået, ei historie kor all endring går svært sakte, ei historie av konstant repetisjon og stadig tilbakevendande syklusar. Det andre temporale nivået er dei kollektive lagnadane og generelle trendane. Desse endrar seg sakte, men med ei sanseleg rytme. Her finn ein dei økonomiske systema, handelsvegar, statar, samfunn, sivilisasjonar og teknologi. Samla påverkar og skaper dette nivået krig og krigføring. Det tredje temporale nivå er den tradisjonelle historia, ikkje menneskja si historie, men einskild individet si historie. Dette er hendingshistoria, eit overflatefenomen prega av korte, raske og nervøse svingingar. Det er denne historia som meir enn noko fangar og begeistrar oss, men den er også den farlegaste med di store hendingar oftast berre er eit momentant utbrot, ein manifestasjon av dei større rørslene og kan berre forklarast ved hjelp av dei.³⁸

Braudel sitt historiesyn inneber at ein må dele historia inn ulike temporale nivå, ein må sjå på ei geografisk tid, ei sosial tid og ei individuell tid, samt sjå på relasjonane og samanhengane mellom dei. Braudel konstruerer ein kompleks interaksjon mellom dei tre nivåa knytt til kvart sitt tidsomgrep, men der dei treige geografiske strukturane er styrande for dei økonomiske og sosiale, som i sin tur set premissane for dei politiske.³⁹ Dei tre nivå kan også omtalst som ei tredeling av den historiske tida i hendingar (*l'histoire événementielle*), strukturar (*conjoncture*) og lange liner (*la longue durée*).⁴⁰

Rasjonale bak dei skandinaviske sjømaktane kan langt på veg forståast som nettopp ein interaksjon mellom ulike historiske nivå knytt til kvart sitt tidsomgrep. Nyttar ein Braudel sin modell, så ser ein at dei geografiske strukturane, altså menneskja sin relasjon til miljøet dei lever i, endrar seg svært sakte. Særleg vil dette vere høve for den fysiske og absolutte geografien, men også dels for den relative geografien.⁴¹ Geografien har ei rekkje grensesnitt mot dei andre nivåa, den relative geografien avgjer til dømes kva som er mogleg på taktisk og operasjonelt nivå.⁴² Absolutt geografi definerer kvar det vil vere interessant å bruke makt for å skape endring, langs kva aksar ein må eller kan føre fram makt og kva militære midlar ein har trong for dersom ein skal bruke desse aksane. Med di dei fysiske røyndomane er spesifikke for eit kvart miljø, så styrar og formar geografien teknologiske val som igjen dominerer

³⁸ Ibid., s. 20-21.

³⁹ Melve, Leidulf, *Historie: Historieskriving frå antikken til i dag*, (Oslo: Dreyers forlag, 2010), s. 197.

⁴⁰ Braudel drøftar desse konseptu utførelg i Braudel, Fernand, *On history*, oversetjar Matthews, Sarah, (Chicago: University of Chicago Press, 1969:1982).

⁴¹ I kort, så inneber omgrepa fysisk, absolutt og relativ geografi følgjande. Fysisk geografi er dei naturlege formasjonar, krefter og tilhøve som påverkar menneskeleg aktivitet t.d. vassdjupne, havstraumar, vindtilhøve, sikt etc. Absolutt geografi handlar om kvar ulike strategiske punkt, objekt, strukturar og anna av betydning for menneskja si verksemd ligg, medan relativ geografi er kvar noko ligg relativt til noko anna.

⁴² Sjå: Lindberg, M. og Todd, D., *Brown-, Green-, and Blue-water Fleets: The Influence of Geography on Naval Warfare, 1861 to the Present*, (Westport: Praeger, 2002), for ei framifrå skildring av relative geografi og denne sin påverknad på sjøkrigen.

taktikk, logistikk, institusjonar og organisasjonskultur.⁴³ Ein kan difor hevde at geografien påverkar, dels definerer, mange av dei strategiske føresetnadane og moglegheitsromma, samt dei operasjonelle og taktiske tilhøve. Dei geografiske tilhøva er styrande for det sosiale nivået, altså strukturane ein finn innan økonomi, handelsveggar, teknologi, statar og samfunn. Det sosiale nivået har eit anna og raskare endringsmønster enn geografien, men framleis tar endringane normalt mange tiår før ein kan sjå store eller viktige endringar. Ei analyse av dette nivået bør difor primært vere retta mot å avdekke desse gradvise endringane og dei store samanhengane mellom ulike hendingar, samt sjølvsagt å etablere medvit om kva som ikkje endrar seg, men som likevel utgjer viktige aspekt ved sjømakta sitt rasjonale. Slik geografien styrer det sosiale nivået, styrar det sosiale nivået det politiske nivået, altså hendingane. Først når me forstår geografien og det sosiale nivået sin påverknad på sjømakta vil me ha eit røyntleg grunnlag for å analysere hendingar og forstå deira relasjon til rasjonale bak sjømakta.

Denne interaksjonsrekka, med sine ulike tidsomgrep, må sjåast på samla for å klårleggje det strategiske rasjonale bak dei skandinaviske sjømaktane, korleis dei vart nytta og til kva for eit føremål. Ein snakkar med andre ord om ei syntese i form av å setje saman kunnskap for å sjå dei komplekse samanhengane. Det er sjølvsagt ikkje mogleg å ta med alt. Ein må difor ha kriterier for utval i vrimmelen av einskildelement. Ein føremålstenleg måte for å lukkast med ei slik syntese er dimed å bruke teori som utgangspunkt, teori som syner samanhengar og kva som er viktig ved fenomenet ein studerer.⁴⁴

1.5.3 Sjømaktsteori

Når ein skal nytte seg av teori i ei analyse av militærmakt, så er det føremålstenleg å ta utgangspunkt i opphavsmannen til moderne militærteori, Carl von Clausewitz, som skreiv at teorien sitt fremste føremål er å klårgjere konseptane og ideane bak temaet, eller hovudlinene som kan sjåast som styrande for temaet. Berre når ein har omgrep og konsept som er eins, kan ein undersøke ei problemstilling eller hending på ein klår og heilsleg måte, samt vente at lesaren forstår budskapet. Teorien syner korleis ulike aspekt er relatert til kvarandre og skil mellom dei viktige og uviktige elementa. Teorien er mest verdfull når den blir brukt til å analysere og vurdere dei ulike sidene av krigføringa. Den skal vere ei rettesnor for alle som ynskjer å lese om og forstå krig. Gjennom dette forenkler ein forståinga av eit fenomen og mogleggjer effektiv læring.⁴⁵ Teoriane gir oss rammeverket som gjer det mogleg å forstå

⁴³ Parafraze av: Sloan, Geoffrey og Gray, Colin S., *Geopolitics, geography and strategy*, The Journal of strategic studies vol. 22, no. 2/3 (London: Frank Cass, 1999), s. 165, sjå og Gray, *Modern strategy*, s. 40–41 for ei kort men god drøfting av dette.

⁴⁴ Avsnittet er dels basert på Kjeldstadli, Knut, *Fortida er ikke hva den en gang var : en innføring i historiefaget*, (Oslo: Universitetsforlaget, 1999), s. 224–226.

⁴⁵ Clausewitz, Carl Von, *On War*, (Penguin Books Limited, 1982), s.180–200.

krigføringa i si fulle bredde og set oss i stand til å skilje mellom årsak og effekt, trivielt og viktig, perifert og sentralt. Sjømaktsteori syner kva sjømakta er, korleis sjømakta er innretta og fungerer, og er dimed eit framifrå utgangspunkt for ei analyse av sjømakt. Eg vil difor nytte meg av sjømaktsteorien som omgrepsapparat og som tolkings- og forklaringsteori.

Sjømaktsteorien har i hovudsak opphav i synteser av historiske hendingar, men samstundes utgjer sjøkrigshistoria den erfaring og praksis ein nyttar til å teste teoriane. Bruken av sjøkrigshistorie både for å formulere og verifisere teoriane er ei vitskapleg utfordring. Det vil i røynda seie at sjømaktsteoriane har eit empirisk grunnlag, men at dei ikkje er vitskapleg testa og at deira nytteområde, altså under kva tilhøve og når dei gjeld, heller ikkje er vitskapleg stadfesta. Dette gjer at ein må stille spørsmål ved om dei er retteleg normative.⁴⁶

Sjømaktsteoriane er strategisk tenking, men utvikla i ein spesiell kontekst og for eit spesifikt publikum. Likevel er dei medvitne forsøk på å ålment forklare sjømakt utan ei spesifikk nasjonal tilknytning.⁴⁷ Særleg teoriane til dei to fremste sjømaktsteoretikarane, Mahan og Corbett, står fram som ålmenne teoriar om sjømakt, men med eit opehav fokus.⁴⁸

Austersjøregionen er ikkje eit ope hav, følgeleg må vektlegginga av ulike aspekt ved sjømaktsteoriane gjerast med særleg varsemd. Sjømaktsteorien gir altså gode generiske svar på føremål og føresetnader for sjømakta, men balansen mellom faktorar og kva som er viktig og ikkje, vil variere med tid, geografi, teknologi og politiske målsetjingar. Sjømaktsteorien svarar difor ikkje på problemstillinga aleine, den synleggjer ikkje dei spesifikke strategiske føremåla og føresetnadane som ligg til grunn for dei skandinaviske sjømaktene og deira utøving av sjømakt. Det sjømaktsteorien fortel oss er kva som er relevante faktorar å sjå nærmare på, relasjonane mellom ulike faktorar og synleggjer korleis ulike hendingar kan tolkast og kva ulike målsetjingar røyntleg inneber. I tillegg gir sjømaktsteorien eit konsist omgrepsapparat som observasjonar og funn kan skildrast med og forståast i.

1.5.4 Valt tilnærming

Eg vil nytte eit rammeverk basert på Braudel sine differensierte tidsomgrep for å klårgjere problemstillinga. Eg tar, på liks med Braudel, utgangspunkt i geografien og korleis denne både skapte trong for sjømakt og forma sjømakta, men vil så sjå på hendingar for å avdekke

⁴⁶ Parafrase av Berndt Brehmer sin artikkel i: Kristiansen, Tom og Olsen, John Andreas, red., *War Studies: Perspectives from the Baltic and Nordic War Colleges*, Oslo Files on Security and Defence (Oslo: Institut for forsvarsstudier, 2007), s. 35 Artikkelen gir også ei djupare analyse av problemstillinga.

⁴⁷ Till, *Seapower*, s. 28-29.

⁴⁸ Sjå til dømes Sumida, Jon Tetsuro, *Inventing grand strategy and teaching command: the classic works of Alfred Thayer Mahan reconsidered*, (Washington, D.C.: Woodrow Wilson Center Press, 1997), , Westcott, Allan, red. *Mahan on naval warfare: selections from the writings of Rear Admiral Alfred T. Mahan* (Mineola, New York: Dover Publications, 1999) og Widén, Jerker, *Theorist of maritime strategy: Sir Julian Corbett and his contribution to military and naval thought*, Corbett Centre for maritime policy studies series (Burlington, VT: Ashgate Pub. Ltd., 2012),

strukturane i strategien sine føremål og føresetnader. Dette både for å avgrense undersøkinga til dei mest vesentlege strukturfaktorane, men også i erkjenning av at me veit langt meir om hendingar enn kva me gjer om strategiske vurderingar og strukturar. Mi tilnærming for å avdekke strategi og strategiske strukturar er dimed ei resiprok tilnærming der eg ser på hendingar for å avdekke strukturar. Eg vil nytte tre ulike framstillingar for å klårleggje kva hovudliner me har i skandinavisk sjømakthistorie.

Den første framstillinga vil ta før seg hovudtrekka i Skandinavia si politiske historie gjennom perioden, då det er politikken som definerer måla militærstrategien skal oppnå, og dimed kva rolle sjømakta skulle eller kunne ha.

I den andre framstillinga vil eg sjå på viktige trekk i utviklinga av styrkestrukturane og flåten som eit system. Dette då det var skipa og teknologien som i dei heile gjorde det mogleg å utøve sjømakt, og utviklinga reflekterer både ei tenkt framtidig trong for sjømakt og definerer dei kortsiktige strategiske handlingsromma ein hadde.

Den tredje framstillinga vil ta før seg hovudaktivitetane til sjøstridskreftene med fokus på krigane. Krigshandlingane vil i hovudtrekk reflektere militærstrategien og den strategiske kulturen denne vart utforma i. Dimed vil eventuelle fellestrekk og vesentlege brot i bruken synleggjere hovudlinene i sjømaktene sine strategiske roller.

Dei tre framstillingane vil klårgjere eit sett med hovudliner for sjømaktene sine strategiske roller, faktiske bruk og utvikling som eg avslutningsvis vil sjå samla på for å kunne klårgjere problemstillinga mi. Då tilnærminga i stor grad baserer seg på hendingar for å avdekke strukturar føreset den at ein syner særleg varsemd i tolkinga. Hendingar er alltid skildra utifrå førehandskunnskap og gjerne med etterpåklokskap. Ei klassisk felle er å forklare på basis av konsekvensar, noko som ikkje synleggjer samtida si forståing og kan difor føre til feil konklusjonar.⁴⁹ Hendingar reflekterer dessutan sjeldan opphaveleg plan og er difor ikkje ei direkte openbering eller refleksjon av langtidsstrategien. Hendingar er berre indikasjonar på strategien og må også av den grunn nyttast varsamt.

1.6 KJELDER

Oppgåva er i all hovudsak fundert på sekundærkjelder med di faktorane eg vel å løfte fram grovt er dekkja i litteraturen, om enn oftast med andre føremål enn mitt. Mykje informasjon finnast, men er ikkje samanstilt eller handsame for å skape eit totalbilete av rasjonale bak dei skandinaviske sjømaktene. For å få fram konteksten sjømaktene var skapt og brukt i, så nyttar

⁴⁹ Parafraze av Gray, Colin S., *War, Peace and International Relations: An Introduction to Strategic History*, (New York: Routledge, 2013), s.5-6.

eg eit svært breitt utval av kjelder som omhandlar både sjøkrigshistorie og tilstøytane områder, som t.d. geografi, folkesetnad, strategi, militær- og sjømakts-teori, politisk historie, økonomisk og merkantil historie, statistikk og kart. Det er ikkje tenleg å presentere den fulle breidda av kjeldetilfanget, men eg vil kort gjere greie for kjernelitteraturen som eg har nyttegjort meg av. Dette både for å syne forskingsfronten, og for å synleggjere kvar ein kan finne ytterlegare utdjuping av ulike faktorar.

I mylderet av aktuell litteratur finn eg det tenleg å kategorisere litteraturen for å forstå kva ein kan vente og ikkje vente å finne i den. Hobson og Kristiansen har presentert ei tredeling av krigshistoriske fagtradisjonar: *Krigshistorie*, som kan skildrast som rekonstruksjon og analyse av krigshandlingar på særleg operasjonelt og taktisk nivå, men med islett av strategi i einskild krigar. *Forsvarshistorie*, dvs. utviklinga av militære institusjonar i fredstid, med særleg fokus på endringar i våpenteknologi, taktikk og krigsplanlegging. *Militærhistorie*, som er den del av forsvars- og krigshistoria som ikkje kan forståast utan å setje dei inn i ein breiare nasjonal og internasjonal sosial, politisk, økonomisk og mentalitetshistorisk kontekst. Militærhistoria er langt meir synteseorientert enn krigs- og forsvarshistorie.⁵⁰

Det finnast noko nyare forskning om skandinavisk sjømakt som kan sjåast som militærhistorie og som set dei skandinaviske sjømaktsene inn i ein breiare kontekst. Særleg er arbeida til Bellamy, Frantzen, Glete og Wolke prega av eit slikt vidsyn.⁵¹ Det same kan dels seiast om nyare oversiktsverk som *Danmarks krigshistorie: 700-2010* og *Svenska sjöslag*.⁵² Desse verka syner på ein god måte korleis statane kvar for seg organiserte, skapte og brukte flåtane, men har i liten grad eit djuptpløyande strategisk fokus, i alle høve ikkje eit geostrategisk fokus relatert til heile regionen og alle aktørane. Dei svarar difor ikkje fullgodt på mi problemstilling. I tillegg til desse hovudverka finnast det mange studiar av einskilde periodar, fartøy, krigar eller hendingar, men heller ikkje desse er særleg opptatt av rasjonale bak skandinavisk sjømakt og er dessutan for avgrensa i tema, tid og rom til å klårleggje strategiske strukturar og lange liner.

⁵⁰ Hobson, Rolf og Kristiansen, Tom, "Militærmakt, krig og historie: en innføring i forskningen fra Clausewitz til våre dager," *IFS* 6-1995 (1995): s. 9.

⁵¹ Bellamy, "Danish Naval Administration and Shipbuilding," Bellamy, Martin, *Christian IV and his navy: a political and administrative history of the Danish navy 1596-1648* The Northern world, v. 25 (Leiden: Brill Academic Publishers, 2006), , Frantzen, Ole Louis, *Truslen fra øst*, (København: Marinehistorisk selskab, 1980), , Glete, Jan, *Navies and nations: warships, navies and state building in Europe and America, 1500-1860*, 2 band, (Stockholm: Almqvist & Wiksell International, 1993), , Glete, *Naval administration*, Glete, Jan, *Warfare at Sea, 1500-1650: Maritime Conflicts and the Transformation of Europe*, (New York: Routledge, 2002), , Wolke, Lars Ericson, *Svensk militærmakt: strategi och operationer i svensk militärhistoria under 1500 år*, red. Svärd, Samuel, Ny, utök. och rev. uppl. ed., (Stockholm Svenskt militärhistoriskt bibliotek, 2009), , Wolke, Lars Ericson, *Krigets idéer: svenska tankar om krigföring 1320-1920*, (Stockholm: Medströms bokförlag, 2007), , Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, Wolke, Lars Ericson, *Krig och krigsmakt under svensk stormaktstid*, (Lund: Historiska Media, 2004),

⁵² Frantzen, Ole L., Jespersen, Knud J. V. og Villads Jensen, Kurt, *Danmarks krigshistorie: 700-2010*, (København: Gad, 2010), , Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*.

Norsk historieskriving er generelt svak på sjømakt før 1814. Til dømes inneheld storverket *Norsk Forsvarshistorie* svært lite om sjømakt på eit strategisk nivå i tidleg moderne tid.⁵³ Det finnast sjølvsagt viktige bidrag også i norsk historieskriving, men diverre er desse verka oftast prega av eit nasjonalistisk sinnelag der det norske får ei overdriven rolle og heilskapsbilete er vantande.⁵⁴ Alt i alt synast det meste av norsk krigs- og militærhistorie om denne perioden å vere prega av kva Ståle Ulriksen har kalla «*Den norske forsvarstradisjonen*», altså ein ide om at forsvaret i Noreg gjekk ut frå folket og gjennom hæren og krigen vart folket ein nasjon. Flåten var «dansk» og passer difor ikkje inn i bilete.⁵⁵

Det er skrive lite om relasjonen mellom sjømakt og ålmenhistorie i Norden.⁵⁶ Det finnast rett nok to eldre verk som skildrar sjømakta si påverknad på den politiske historia, *Sjømaktens inflytande på Sveriges historia* og *Seemacht in der Ostsee*.⁵⁷ Båe verka har hopehav med Mahan sine metodar og teoriar, men har også markante skilnader. Diverre er båe verka utdaterte og er meir hendingsorientert enn kva intensjonsskildringane deira skulle tilseie.

Internasjonalt, så skriv leiande sjøkrigshistorikarar, som N.A.M. Rodgers, Richard Harding og Peter Padfield, knappast om Austersjøregionen i det heile.⁵⁸ Dette er symptomatisk for den manglande merksemda dei skandinaviske sjømaktane har hatt innan internasjonal sjøkrigshisteskriving. Heller ikkje bøker som omhandlar Austersjøregionen si politiske historie i perioden analyserer sjømakta si rolle i den ålmenhistoriske konteksten.⁵⁹

Tilfanget av tradisjonell forsvars- og sjøkrigshistorie er enormt. Eg ynskjer å trekke fram eit

⁵³ Omtalt verk: Ersland, Geir Atle, Holm, Terje H. og Engdal, Odd G., *Norsk forsvarshistorie: Krigsmakt og kongemakt 900-1814*, 5 band, band 1, Norsk forsvarshistorie (Bergen: Eide, 2000), Det er band 1 og særleg del 2 av dette eg syner til.

⁵⁴ Særleg viktige norske sjøkrigshistoriske verk inkluderer, men er ikkje avgrensa til, Bergersen sin omfattande produksjon, kvar eg har sett på: Bergersen, Olav, *Fra Henrik Bielke til Iver Huitfeldt: utsyn over den dansk-norske fellesflåtes historie i perioden 1630 til 1710*, 4 band, band 1, (Trondheim: Det Kgl. norske videnskabers selskab, 1953), , Bergersen, Olav, *Fra Henrik Bielke til Iver Huitfeldt: utsyn over den dansk-norske fellesflåtes historie i perioden 1630 til 1710*, 4 band, band 2, (Trondheim: Det Kgl. norske videnskabers selskab, 1954), , Bergersen, Olav, *Fra Henrik Bielke til Iver Huitfeldt: utsyn over den dansk-norske fellesflåtes historie i perioden 1630 til 1710*, 4 band, band 3, (Trondheim: Det Kgl. norske videnskabers selskab, 1955), , Bergersen, Olav, *Fra Henrik Bielke til Iver Huitfeldt: utsyn over den dansk-norske fellesflåtes historie i perioden 1630 til 1710*, 4 band, band 4, (Trondheim: Det Kgl. norske videnskabers selskab, 1956), , Bergersen, Olav, *Nøytralitet og krig: fra Nordens væpnede nøytralitets saga : en sjømilitær studie*, (Oslo: Tveitan, 1966), , Bergersen, Olav, *Viceadmiral Tordenskiold*, (Trondhjem: O. Bergersen, 1925), I tillegg må Beutlich løftast fram og særleg Beutlich, Fredrik, *Norges sjøvæbning 1750-1809*, (Oslo: Aschehoug, 1935).

⁵⁵ Ulriksen, Ståle, *Den norske forsvarstradisjonen: militær makt eller folkeforvar?*, Makt- og globaliseringsutredningen (Oslo: Pax, 2002), s. 27.

⁵⁶ Parafrase av: Glete, *Naval administration*, s. 2-4.

⁵⁷ Munthe, Arnold, *Sjømaktens inflytande på Sveriges historia*, 3 band, band 1, (Stockholm: Marinelitteraturforeningens forlag, 1921), , Munthe, Arnold, *Sjømaktens inflytande på Sveriges historia*, 3 band, band 2, (Stockholm: Marinelitteraturforeningens forlag, 1922), , Unger, Gunnar, *Sjømaktens inflytande på Sveriges historia*, 3 band, band 3, (Stockholm: Marinelitteraturens foreningens forlag, 1929), og Kirchhoff, Hermann, *Seemacht in der Ostsee*, 2 band, (Kiel: Corodes, 1908),

⁵⁸ Sjå t.d. Harding, Richard, *Seapower and naval warfare, 1650-1830*, (London: UCL Press, 1999), , Padfield, Peter, *Maritime Supremacy & the Opening of the Western Mind: Naval Campaigns that Shaped the Modern World, 1588-1782*, (London: John Murray, 1999), , Rodger, N.A.M., *The Command of the Ocean: A Naval History of Britain 1649-1815*, (New York: W. W. Norton & Company Lth., 2005), , Rodger, N.A.M., *The Safeguard of the Sea: A Naval History of Britain, 660-1649*, (New York: W.W. Norton, 1999), ingen av desse hovudverka bidrar i særleg mon til å klargjere skandinavisk sjøkrigshistorie.

⁵⁹ Sentrale ny dømer på slik litteratur er: Oakley, S.P., *War and Peace in the Baltic, 1560-1790*, (London: Routledge, 1992), , Kirby, David G., *Northern Europe in the early modern period : The Baltic world 1492-1772*, (London: Longman, 1990), og Frost, Robert I., *The Northern Wars: War, State and Society in Northeastern Europe, 1558-1721*, (Harlow: Longman, 2000), Glete fremjar ein tilsvarende kritikk i: Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 90.

særleg sentralt verk, R.C. Anderson si bok *Naval Wars in the Baltic during the Sailing-Ship Epoch, 1522-1850* frå 1910, denne boka er framleis den beste framstillinga me har av Austersjøregionen si operasjonelle sjøkrigshistorie før 1850.⁶⁰ Boka er reint skildrande og ei framifrå kjelde for å syne kva som fann stad. Eldre litteratur om skandinavisk sjøkrigshistorie bidrar elles hovudsakleg som kjelder for detaljopplysningar. Ei særleg utfordring med denne litteraturen er innslaga av moralisering, idear om nasjonsbygging, heltedyrking og nasjonal byrgskap, samt ein tendens til å bruke historia for å argumentere for ei bestemt utvikling i framtida. Slik historieskriving er oftast ein refleksjon av kven som var oppdragsgjevar og for kva publikum historia er tiltenkte, og er prega av tidsanda når den vart skriven.⁶¹ Ein må difor handsame den kritisk, særleg der den er konkluderande.

2 SJØMAKTSTEORI

*When we speak of command of the seas, it does not mean command of every part of the sea at the same moment, or at every moment. It only means that we can make our will prevail ultimately in any part of the seas which may be selected for operations, and thus indirectly make our will prevail in every part of the seas.*⁶²

Sir Winston Churchill

Sitatet ovanfor synleggjer langt på veg trongen for sjømaktsteori i ein historisk studie av sjømakt. Forstår ein ikkje dei tilhøva som Churchill her omtalar, så forstår ein heller ikkje kvifor ein hadde sjømakt, korleis denne vart nytta og kva det førte til. I erkjenning av at sjømaktsteoriane er høvesvis lite kjent utanfor sjøkrigsprofesjonen, og då dei er tolkingsteorien i denne oppgåva, vil eg kort gjere greie for hovudtrekka i sjømaktsteorien. Denne utgreiinga av hovudtrekka i teoriane er mi tolking. Utgreiinga er på ingen måte utfyllande, men dekker grunnprinsippa ein treng for å forstå sjømakt og korleis denne verkar.

Teori om kva sjømakt er og korleis den kan nyttegjerast, har eksistert sidan antikken, men var fram til 1890 åra fragmentert og utan ei brei fagmilitær forankring, ein hadde heller ikkje eit felles omgrepsapparat. Alfred T. Mahan og Julian S. Corbett sine teoretiske publikasjonar endra dette.⁶³ Mahan tok utgangspunkt i historiske synsmåtar for å skape eit konsekvent

⁶⁰ Anderson, R.C., *Naval Wars in the Baltic during the Sailing-ship epoch, 1522-1850*, (London: C. Gilbert-Wood, 1910), Jan Glete har hevdad grunnleggande same syn i Glete, *Navies and nations*, s. 89.

⁶¹ Parafrase og syntese av Glete, *Navies and nations*, s. 88, Vego, Milan, "Military History and the Study of Operational Art," *JFQ* 2nd Quarter, no. 57 (2010) og Glete, Jan, "Den svenska linjeflottan 1721-1860. En översikt av dess struktur och storlek samt några synpunkter på behovet av ytterligare forskning" *Forum Navale : Skrifter utgivna av Sjöhistoriska Samfundet*, no. Nr. 45 (1990): s. 42. Vego konkluderer sin artikkel med at «først og fremst fremjar ei propagandistisk historie den militære profesjonen sin største fare – sjølvbedrag.» (Mi omsetting: Vego, "Military History," s. 126)

⁶² Churchill som attgjeve i Blackmore, David S.T., *Warfare on the Mediterranean in the Age of Sail: A History, 1571-1866*, (Jefferson: McFarland Incorporated Publishers, 2011), s. 50.

⁶³ Mahan *The Influence of Sea Power Upon History, 1660-1783*, i 1890 og Corbett *Some Principles of Maritime Strategy*, i 1911.

teoretisk grunnlag for sjømakt og denne sin bruk.⁶⁴ Mahan introduserte sine lesarar til ein ide om at sjøkrig alltid var ein del av ein heilskap av føremål og idear, sjøkrigen var berre eit instrument for å oppnå ei målsetjing, ikkje målet i seg sjølv.⁶⁵ Corbett gjekk vidare og utforma ein systematisk, empiribasert og strategisk retta teori for sjømakt innan ei overordna politisk og fellesoperativ ramme.⁶⁶ Corbett sin viktigaste læresetning var at målsetjinga med all sjømilitær aktivitet i røynda var kontroll med maritime kommunikasjonar.⁶⁷ Mahan og Corbett har dels avvikande syn på kva sjømakt er og korleis den kan nyttast, men hovudlinene er dei sams om. Teoriane deira, særleg Mahan sine, fekk raskt stor tilslutnad hjå marineoffiserar, politikkarar og publikum over heile verda og har sidan vore nytta som omgrepsapparat, grunnteori og analyseverktøy for sjømakt og sjøkrig verda over.⁶⁸ Framleis er Mahan og Corbett sentrale i alle faglege drøftingar om sjømakt og nyare teoriar er i hovudsak lite anna enn tilsvar på og eller oppdateringar av deira teoriar.⁶⁹ Unntak er dei alternative sjømaktsteoriane, desse teoriane ser først og fremst korleis overlegen sjømakt kan motverkast.⁷⁰ Ideen er at dersom ein stat ikkje har ambisjon om, trong for, eller ressursar til å etablere sjøherredøme, så har sjømakta framleis ei strategisk rolle. Sjøstridskreftene kan då til dømes nyttast til handelskrig og til kystforsvar.

2.1 SJØMAKTSTEORI – EIT SAMANDRAG

Eg har valt å ta utgangspunkt i den svenske militærteoriboka *Militärteorins grunder* si framifrå samanstilling av sjømaktsteorien, men komplimenterer med Till, Mahan, Corbett, Castex, Gorsjkov og Wegener sine klassiske utgreiningar.⁷¹ Teksten samsvar difor langt på veg med *Militärteorins grunder* i struktur og drøfting, men avvik i konklusjonar og vektlegging.

⁶⁴ Mahan sitt hovudverk (utgåva som eg har nytta): Mahan, Alfred Thayer, *The Influence of Sea Power Upon History, 1660-1783*, (New York: Dover Publications, 1890:1987), , men dette er ikkje den einaste boka hans. Samla skreiv han 20 bøker og 161 tidsskriftsartiklar (Thomas, Joseph J., *Leadership Embodied: The Secrets to Success of the Most Effective Navy and Marine Corps Leaders*, (Annapolis: Naval Institute Press, 2005), s. 51). Berre gjennom studiar av den fulle breidda av denne produksjonen vil ein kunne finne hovudlinene i teorien hans. Fleire forfattarar har prøvd på dette, men den mest anerkjente moderne tolkinga er nok Sumida, *Inventing grand strategy* For eit framifrå samandrag av Mahan sine viktigaste tekstar tilrår eg: Westcott, *Mahan on naval warfare*, .

⁶⁵ Gray og Barnett, *Seapower and Strategy*, s. 28.

⁶⁶ Corbett sitt hovudverk (utgåva eg har nytta): Corbett, Julian S., *Some principles of maritime strategy*, (London: Brassey's, 1988), Også Corbett var ein svært produktiv forfattar. For ei god oppsummering av hans produksjon og synspunkt syner eg til: Widén, *Theorist of maritime strategy*.

⁶⁷ Gray og Barnett, *Seapower and Strategy*, s. 28.

⁶⁸ For ei framifrå oppsummering av Mahan og Corbett internasjonale påverknad, sjå: Gat, Azar, *A history of military thought: from the Enlightenment to the Cold War*, (Oxford: Oxford University Press, 2001), s. 441-493.

⁶⁹ Sentrale dømer på sjømaktsteori utover Mahan og Corbett inkluderer, men er ikkje avgrensa til: Castex, Raoul, *Strategic Theories*, (Annapolis: Naval Institute Press, 1994 (samandrag av orginalar utgitt 1927-35)), , Gorshkov, Sergei G., *The Sea Power of the State*, (Annapolis: Naval Institute Press, 1979), , Gray og Barnett, *Seapower and Strategy*, Hughes, Wayne P., Jr., *Fleet Tactics and Coastal Combat*, (Annapolis: Naval Institute Press, 2000), , Till, *Seapower*, og Wegener, Wolfgang, *The Naval Strategy of the World War*, (Annapolis: Naval Inst Press, 1929:1989),

⁷⁰Opphavet til den alternative sjømaktsteorien finn ein eigentleg i den franske skulen *Jeune École*, som på 1880-talet utvikla ein teori for korleis ei underlegen sjømakt kunne konsentrere slagkraft lokalt og angripe vitale strategiske interesser hjå den overlegne sjømakta. Den alternative sjømaktsteorien vart dimed utvikla dels før den klassiske.

⁷¹ Sjømaktteoretisk samandrag: Widén og Ångström, *Militärteorins grunder*, s. 211-240, anna litteratur som har blitt nytta generelt er: Castex, *Strategic Theories*, Corbett, *Principles*, Gorshkov, *Sea Power*, Mahan, *Influence of Sea Power*, Till, *Seapower*, Wegener, *Naval Strategy*.

Generell militær maktutøving omfattar overtaling, avskrekking, tvangsmakt og valdsmakt. Sjømakta inneheld alle desse fire elementa og utgjer den del av den generelle maktutøvinga som skjer på, frå og tilslutning til havet. Den sjømilitære valdsmakta er evna til, ved hjelp av væpna strid med eigne stridskrefter, å blokkera eller øydelegge fienden sine styrker. Tvangsmakt inneber at ein ved hjelp av sjømilitær vald, eller trugsel om slik vald, kan tvinge ein motstandar til å handle i samsvar med våre eigne interesser. Avskrekking inneber å få ein motstandar til å avstå frå handlingar som trugar våre interesser, medan overtaling handlar om indirekte påverknad for å tvinge fram ein endra politikk.⁷²

2.1.1 Sjøherredøme

Sjøherredøme er det viktigaste omgrepet i klassisk sjømaktsteori.⁷³ Sjøherredøme er både middelet som mogleggjer sjømakta sitt føremål og målsetninga for sjøkrigen. Corbett seier at «*målet med sjøkrig alltid må vere direkte eller indirekte å etablere sjøherredøme eller å hindre motstandaren frå slik kontroll.*»⁷⁴ På strategisk nivå er sjøherredøme eit middel som mogleggjer framføring og levering av makt over og frå havet, medan dei midlar ein nyttar for å etablere, utnytte og stride imot sjøherredøme primært er aktivitetar på operasjonelt eller taktisk nivå.⁷⁵ Sjøherredøme inneber ikkje eigedomsrett, men moglegheit til å utnytte. Verdien ligg ikkje i ei fysisk erobring som på land, men i korleis havet kan brukast for å påverke situasjonen på land. Corbett hevdar difor at sjøherredøme «*inneber ingenting anna enn kontroll over maritime kommunikasjonar for anten merkantile eller militære føremål. Målet med sjøkrig er kontroll med kommunikasjonar ikkje erobring av territorium.*»⁷⁶

Sjøherredøme er eit relativt omgrep. Det kan vere generelt eller lokalt, permanent eller temporært, men aldri absolutt. Dei maritime kommunikasjonane vil aldri vere heilt trygge, då sjøherredøme er ein strategisk tilstand som berre eksisterer når det innanfor gjevne avgrensingar i grad, tid og rom føreligg naudsynt handlefridom til å bruke eit område til eigne føremål med ein erkjent og akseptert risiko. Det er altså graden av risiko ein aksepterer som avgjer om ein har herredøme eller ikkje.⁷⁷

Corbett la vekt på at dersom ei side mista herredøme over eit maritimt område, så betyr ikkje det at den andre sida får herredøme, men at normaltilstanden er at ingen av sidene har

⁷² Parafrase av: "Forsvarets doktrine for maritime operasjonar," (Oslo: Forsvarsstaben, 2015), s. 32 og Widén og Ångström, *Militärteorins grunder*, s. 213-214.

⁷³ I moderne tid nyttar ein ofte omgrepet *sjøkontroll* i staden for *sjøherredøme*. Dette då omgrepet sjøherredøme lett kan gi assosiasjonar om noko absolutt og altomfattande, medan røyndomen er at sjøherredøme alltid er meir eller mindre temporært og geografisk avgrensa.

⁷⁴ Mi omsetjing av Corbett, *Principles*, s. 87.

⁷⁵ Till, *Seapower*, s. 162.

⁷⁶ Mi omsetjing av Corbett, *Principles*, s. 90.

⁷⁷ Desse aspekta er utdjupa på ein framifrå måte i Rubel, Robert C., "Command of the sea: an old concept resurfaces in a new form," *Naval War College Review* 65, no. 4 (2012).

kontroll og dimed at herredøme er omstridd.⁷⁸ Det er denne normaltstanden av omstridd herredøme marinestrategien skal handtere. Det er to metodar som kan nyttast for å etablere sjøherredøme, *avgjerande slag* og *orlogsblokade*.⁷⁹ Omgrepet avgjerande slag er ofte sett som essensen av Mahan sine teoriar, han seier at sjøkrigen sitt hovudmål er å utslette fienden si slagflåte i eit avgjerande slag då dette er den beste og einaste varige måten å oppnå sjøherredøme på. Mahan understreka at sjøslag berre var eit middel for å nå ei avgjersle og i forlenginga av avgjersla, sjøherredøme, slaget var ikkje eit mål i seg sjølv. Når Mahan snakkar om avgjerande slag, så er det eit sjøslag som positivt endrar den strategiske situasjonen.⁸⁰ Eit slag kan også vere avgjerande dersom det opprettheld ein føremålstenleg strategisk situasjon.⁸¹ Corbett meinte at dette fokuset på avgjerande slag var uklokt. For det første er det praktisk vanskeleg å få i stand eit slikt slag med di avgjerande sigrar oftast føreset ein eller annan form for overlegenheit som ein gunstig geografisk posisjon, betre skip eller våpen, duglegare mannskap eller numerisk overtak, faktorar som oftast vil vere kjent av den underlegne part og følgeleg reduserer deira vilje til å engasjere i avgjerande slag. Typisk ser ein at dess sterkare ein overlegen part søker slag, dess meir søker den underlegne å unngå slag. Det er langt lettare å unngå strid enn å tvinge fram eit avgjerande slag, difor har sjøkrigane oftast vore prega av få større slag og meir av ein «katt og mus lek». ⁸² Corbett seier også at Mahan sine *avgjerande slag* sjeldan hadde eit faktisk avgjerande potensiale med di konsentrasjon av alle vesentlege maritime stridsmidlar i tid og rom var eit sjeldsynt fenomen, og då tapa sjeldan omfatta heile eller eingong det vesentlege av flåten.⁸³ Einingar som overlevde slaga kunne dessutan konsentrerast på ny i lag med einingar som hadde vore indisponible i slaget og med tida kunne ein også byggje nye einingar. Ei ny kraftsamling kan dimed på ny utfordre sjøherredøme, eller jamvel etablere eige herredøme. Av desse grunnane har sjøkrig ein tendens til å avgjerast av kumulativ utmatting framfor avgjerande slag, det er summen av slaga som blir avgjerande.⁸⁴ Ei tredje innsikt Corbett la vekt på, er at det finnst andre og viktigare mål for ei flåte enn varig sjøherredøme. Ei sjømakt i krig må som oftast

⁷⁸ Corbett, *Principles*, s. 87.

⁷⁹ Geoffrey Till har også ei tredje tilnærming, *fleet-in-being*, som ein metode for å etablere sjøherredøme. (Till, *Seapower*, s. 162) *Fleet-in-being* tilnærminga kan aspirere til å vere ein metode for å etablere sjøherredøme, men slikt herredøme vil normalt berre vere lokalt og temporært. Primært vil difor ei *fleet-in-being* tilnærming vere ein metode for stride imot motstandaren sitt sjøherredøme.

⁸⁰ Parafrase av: Widén og Ångström, *Militärteorins grunder*, s. 221-222.

⁸¹ Till, *Seapower*, s. 164.

⁸² *Ibid.*, s. 166-169 og Widén og Ångström, *Militärteorins grunder*, s. 222-223.

⁸³ Til dømes hadde sjølv Slaget ved Trafalgar ikkje ein absolutt avgjerande effekt på sjøkrigen under Napoleonskrigane. I 1805-15 mista t.d. britane 61 krigsskip i kamp med franske orlogsskip, noko som berre er marginalt mindre enn kva dei mista 1793-1805. (Sjå Till, Geoffrey, "Trafalgar and the Decisive Naval Battles of the 21st Century," *Cambridge Review of International Affairs* 18, no. 3 (2005): s. 459.) Angrepet på København og flåteranet i 1807 er likeeins klare døme på at Trafalgar ikkje var avgjerande med di eit slikt angrep hadde vore meningslaust dersom sjøherredøme ikkje lengre var truga.

⁸⁴ Till, *Seapower*, s. 166-167.

balansere mellom ein ambisjon om eit avgjerande slag for å vinne varig og generelt sjøherredøme, og ei trong for å trygge eigne maritime kommunikasjonar samt støtte landmakta sine operasjonar. Avgjerande slag var å føretrekke dersom oppnåeleg, men søken etter slike slag måtte ikkje gå på kostnad av andre viktige mål⁸⁵

Blokade er ein mykje brukt metode innan sjøkrigføring. Ei blokada som har som føremål å etablere og oppretthalde sjøherredøme er ikkje det same som ei handelsblokada. Ei handelsblokada er primært utnytting av sjøherredøme medan orlogsblokaden skal etablere sjøherredøme. Målsetnaden til ei orlogsblokade, er å hindre fienden frå å kunne bryte ut frå eigne baser og hamner og dimed bli eit trugsmål mot dei maritime kommunikasjonane. Lykkast ein med innesperringa, så etablerer ein sjøherredøme i alle farvatna utanfor blokaden sine grenser. Føremonane med ei blokada inkluderer også ei betre oversikt over fienden si lokalisering og aktivitet, samt at den hindrar styrkekonsentrasjon etter blokaden er etablert.⁸⁶

2.1.2 Utnytting av sjøherredøme

Det overordna føremålet med sjømakt er å påverke situasjonen på land gjennom å kontrollere kva som blir ført fram over og levert frå havet. Dette kallar me maritim maktprojisering. Maktprojisering føreset sjøherredøme noko som samstundes hindrar fiendtleg maktprojisering i same område. Maritim maktprojisering kjem i fleire formar, dei viktigaste er projisering av militær makt i form av amfibiske åtak, bombardering og andre formar for tvangsmakt og bruk av havet for transport av varer, menneskjer og strategiske ressursar. Sjøherredøme sitt einaste føremål er å mogleggjere maktprojisering, ressursbruk for å etablere og oppretthalde sjøherredøme gir difor berre meining dersom ein retteleg har ei strategisk målsetning eller trong for å bruke av havet til framføring av maritim maktprojisering. Ynskjer ein berre å hindre fienden frå maritim maktprojisering, så er sjønekting (sjå delkapitel 2.1.5) ein tilstrekkeleg ambisjon.⁸⁷

Dette synet på sjømakta sitt føremål kan trekkast enda lengre. Maritim maktprojisering, om den er direkte eller indirekte, har som sitt einaste føremål å påverke situasjonen på land. Det er på land ein krig blir avgjort, medan sjøkrigen berre skaper føresetnader for ei avgjersla på land.⁸⁸ Det potensielle påverkingskrafta maritim maktprojisering har vil variere utifrå geostrategisk kontekst, altså kva for ei målsetjing ein har med krigen og i kva geografi finn krigen stad. Generelt kan ein hevde at dess meir maritimt orientert antagonistane er, di meir effektiv vil maritim maktprojisering vere. Ein maritim nasjon, som Storbritannia, kunne tape

⁸⁵ Corbett, *Principles*, s. 164-170.

⁸⁶ Mahan som attgjeve i Till, *Seapower*, s. 186-188.

⁸⁷ Widén og Ångström, *Militärteorins grunder*, s. 225.

⁸⁸ *Ibid.*, s. 226. Sjå også Gorshkov, *Sea Power*, s. 242.

ein krig på havet grunna dei indirekte effektane tapet av maritime kommunikasjonar ville ha på innanrikssituasjonen og på deira maktprojiseringsevne. Ein krig mot Russland kunne ikkje nå si avgjersle på havet med mindre dei strategiske måla for krigen låg i dei maritime randsonene til Russland og desse kunne isolerast frå maktbasen.

Kva form den maritime maktprojiseringa tar er normalt avhengig av målsetjingane til operasjonane. Ein kan søke ei eksplisitt avgjersle der krigen blir avgjort dersom ein lukkast med maktprojiseringa, er dette målet, så er operasjonen gjerne svært omfattande og vil involvere dei fleste fasettar av maktprojisering. Ein lågare ambisjon er opning av nye frontavsnitt for å svekke fienden sin strategiske situasjon. I landkrig gjer kanalisierende terreng og fortifikasjonar defensiven til den sterkaste operasjonsforma ettersom desse tilhøva hindrar full utnytting av overlegne styrker. Ved hjelp av maritim maktprojisering kan ein bringe større delar av si eiga styrke inn i kampen og samtidig kunne tvinge fram ei svekking av fienden sin defensive konsentrasjon av kampkraft. Eit tredje føremål kan vere direkte støtte til landstridskreftene i form av lokale flankemanøvrer og bombardering. Ein kan også påverke gjennom indirekte maktprojisering som trugselen om amfibisk landsetjing. Slike trugsmål kan føre til at fienden disponerer sine styrker på ein uheldig måte og vil binde langt større styrker enn kva trugselen i seg sjølv utgjer då maritime kommunikasjonar har overlegne evne til hurtig konsentrasjon av slagkraft. Ei siste form for direkte maritim maktprojisering er økonomisk krigføring gjennom å ta fysisk kontroll over viktige delar av fienden sitt territorium som kjelder til strategiske råvarer eller særleg viktige hamner.⁸⁹

2.1.3 Forsvar mot utnytting av sjøherredøme

Det er grunnleggande fire ulike metodar for å forhindre ei sjømakt med sjøherredøme frå å kunne projisere makt på og frå havet, desse kan og bør oftast kombinerast.⁹⁰ For det første kan ein utnytte si eiga flåte som avskrekking med di sjølv ei underlegen flåte vil ha kapasitet til noko grad av sjønekting og jamvel temporært og lokalt sjøherredøme. Gjennomføring av militære operasjonar inneber alltid risiko for tap. Dess meir marginal eins evne til sjøherredøme er, jo større er verdien av eksistensen til ei fiendtleg flåte. Eksistensen av flåten inneber eit potensiale for å påføre avgjerande tap, ein hevar altså risikoen som må akseptrast. Denne tilnærminga kallast *fleet-in-being*. Den andre metoden for forsvar mot maritim maktprojisering er eit proaktivt forsvar, *kleinkrieg*. Då oppsøker ein den potensielle angriparen og søker å påføre han tap gjennom raid og nålestikkoperasjonar retta mot

⁸⁹ Till, *Seapower*, s. 196-198.

⁹⁰ *Ibid.*, s. 216.

nøkkelement i hans maktprojiseringspotensiale. Ei slik tilnærming vil, grunna sjøkrigen sin utmattingskarakter, gradvis redusere moglegheita for maritim maktprojisering, men inneber sjølvstøtt også ein vesentleg risiko for tap av eigne sjøstridskrefter. Eit tredje forsvars tiltak er kystforsvarsstyrker, altså mindre mobile einingar med stor eldkraft som er spesialisert for kamp i kystsona. Slike styrker vil aldri kunne utfordre sjøherredøme på det opne havet, men vil kunne grunna sine eigenskapar konsentrere stor lokal slagkraft og dimed utøve sjønektning i kystsona. Kystforsvar byggjer på to føresetnader, ein må ha ein geografi i kystsona som favoriserer dei små einingane relativt til større kampeiningar og ein må ha moglegheit for konsentrasjon der og når åtaket kjem. Forsvar mot maritim maktprojisering kan også gjerast frå og på land. Utfordringa med ei slik tilnærming ligg primært i at angriparen har initiativet og kan velje tid og stad for overfallet, dimed må forsvararen spreie ut sine styrker for å dekke alle aktuelle landsetjingsstadar eller alternativt halde større forband i reserve innanlands som kan gå til motangrep der landsetjinga kjem. Skal ein lukkast må ein anten vere så sterk alle stader at amfibiske landsetjingar kan avvisast, eller ein må evne å konsentrere si landmakt raskare enn kva sjømakta kan. Begge deler er svært ressurskrevjande og oftast umogleg. Det finnast med andre ord ingen klare tilrådingar for korleis ein skal organisere eit forsvar mot maritim maktprojisering. Det er militærgeografien og aktuell strategisk situasjon, samt relative styrketilhøve som avgjer korleis dette må gjerast.⁹¹

2.1.4 Trygging av maritime kommunikasjonar

Den indirekte forma for maritim maktprojisering, altså transport av varer, menneskjer og strategiske ressursar, er viktig for å mogleggjere handel og forsyningar av krigsviktige råvarer og for framføring av forsyningar til landmakta. Relasjonen mellom utanrikshandelen og sjøfarten er i fylgje Mahan, kva eit land si styrke og velstand kviler på, og dimed sjølve rasjonale bak flåtane.⁹² Angrep på og forsvar av maritime kommunikasjonar er kjernen i ein kvar marinestrategi. Ei maritim kommunikasjonsåre er ikkje anna enn fartøya og deira laste og lossepunkt.⁹³ Dette gjer forsvar av maritime kommunikasjonar til eit annleis fenomen enn forsvar av landkommunikasjonar der ein typisk vil forsvare vegaksar, bruer og pass. På havet er spørsmålet i kort om ein skal fokusere på fartøya, eller på farvatna desse nyttar. I røynda har kontroll over eit stykke hav ingen militær verdi med mindre det blir nytta til transport av noko og då er det framleis ikkje havet som har verdi, men det faktiske skipet som fører lasta. Det er med andre ord skipa som er måla for matbruk på havet, men for å angripe skipa må ein

⁹¹ Parafraze av: Widén og Ångström, *Militärteorins grunder*, s. 228-229.

⁹² Mahan, *Influence of Sea Power*, s. 26.

⁹³ Till, *Seapower*, s. 229.

bruke farvatna. Difor kan trygging av farvatn ha verdi då ei slik trygging hindrar fienden frå å kome på skothald. Det evige dilemmaet i sjøkrig er difor om ein skal forsvare dei maritime kommunikasjonane indirekte gjennom å hindre potensielle trugslar frå å bli røynelege trugslar, eller om ein skal forsvare kommunikasjonane direkte i form av overlegen defensiv slagkraft konsentrert i vern av fartøya som faktisk fraktar den maritime maktprojiseringa. Mahan såg generelt og varig sjøherredøme som ein essensiell føresetnad for trygging av kommunikasjonane. Hadde ein sjøherredøme, så redusere ein trugselen til få og lite slagkraftige einingar og kunne dimed trygge kommunikasjonane ved hjelp av konvoiar eskortert av rimelege orlogsfartøy.⁹⁴ Alternativet til å eskorte konvoiar er etablering av patruljeområder med jaktgrupper som skal sikre farvatna mot trugsmål og dimed tillate trygg seglas for fartøya. Corbett ivra for eit slikt system då han meinte det var mindre ressurskrevjande enn konvoiar.⁹⁵ Empirien stadfestar langt på veg Mahan sitt syn som det mest effektive. Årsaka var at ein konvoi på det opne havet var vanskeleg å lokalisere og avskjere for einskild fartøy i ei handelskrigsrolle, medan tilsvarande tal på skip spreidd utover havet ville auke sjansen for å finne mål radikalt.⁹⁶ Ein konvoi har også den føremona at eit angrep på transportfartøya føreset at ein nedkjempar eller driv vekk eskorten først. Fartøy som seglar aleine vil derimot ligge open for åtak når dei vert lokalisert.⁹⁷ Prinsipielt forsvarar både ei konvoieskorte og ei jaktgruppe eit havområde. Forskjellen er at konvoieskorten berre forsvarar det avgrensa område der konvoien til ei kvar tid er, medan jaktgruppene må forsvare heile skipsleia. Med andre ord brukar patruljeområde tilnærminga store ressursar på å sikre noko som er utan verdi. Årsaka til at patruljeområde i det heile kan sjåast som effektiv er den markante reduksjonen i transportkapasitet ein konvoi inneber. Ein konvoi tek tid å samle, kan berre segle så raskt som det tregaste fartøyet og kjem samstundes fram til hamnene som dimed får kapasitetsproblem. Alt dette reduserer mengde gods som kan fraktast per tidseining.

2.1.5 Sjønekting

Operasjonar for å stride i mot sjøherredøme kallar ein **sjønekting**. Sjønekting handlar prinsipielt om å auke risikoen ved å bruke eit område til eit nivå som inneber for stort sannsyn for vesentlege tap eller mislykka operasjonar hjå aktøren som har ambisjon om maritim maktprojisering. Sjønekting er altså utnytting av det relative aspektet i sjøherredøme.⁹⁸ Sjønekting har to strategiske bruksområder. Det er eit alternativ for dei aktørane som ikkje

⁹⁴ Ibid.,

⁹⁵ Corbett, *Some principles*, s. 264-270.

⁹⁶ Avstanden ein kunne sjå eit anna fartøy på var grovt $d = (\sqrt{h_1} + \sqrt{h_2}) * 2,1 \text{ nm}$, der h_1 og h_2 er utsiktshøgda til dei to fartøya i meter.

⁹⁷ Lauseleg basert på: Widén og Ångström, *Militärteorins grunder*, s. 229-231.

⁹⁸ Sjå delkapittel 2.1.2. for meir om sjøherredøme som eit relativt fenomen.

sjølv treng sjøherredøme for å nå sine strategiske mål, men som ynskjer å hindre fienden frå å utnytte maritime kommunikasjonar. Sjønekting kan også vere komplementær til sjøherredøme og jamvel eit bidrag til ambisjonen om generelt sjøherredøme. Dette då ein typisk utøvar sjønekting i eit område, eller i ei viss tid, for å sikre sjøherredøme i andre viktigare område.⁹⁹

Verkemidla ein nyttar til å oppnå sjønekting samsvarar langt på veg med forsvarstiltaka mot maritim maktprojisering.¹⁰⁰ Forskjellen er at sjønektinga også rettar seg mot den indirekte maktprojiseringa, altså handel og transport, ikkje berre mot direkte maktprojisering. Der avgjerande slag og blokade er verkemiddel for å etablere sjøherredøme, så er *fleet-in-being*, *handelskrig*, *kleinkrieg* og *kystforsvarsoperasjonar* ulike måtar ein kan nekte fienden naudsynt sjøherredøme. Det som er felles for alle desse operasjonsformane er at ingen av dei opnar for eiga utnytting av maritime kommunikasjonar. Dei er alle retta mot å hindre ein fiende frå å bruke havet for mobilitet, forsyningar eller handel.

3 AUSTERSJØREGIONEN SIN MILITÆRGEOGRAFI

Geography is the bones of strategy.

Theodore Ropp.¹⁰¹

Den mest kjende sjømaktsteoretikaren, Alfred Thayer Mahan, opererer med seks element som styrande for eit land si sjømakt, av dei er fire meir eller mindre geografi, nemleg eit land sin geografiske posisjon (tilgang til handelsruter etc.), dei fysiske tilhøva (hamner, elvar etc.), territoriet sitt omfang, og folkesetnaden.¹⁰² Det er med andre ord liten tvil om at studiar av sjømakt utan å sjå på geografi gir lita mening, men korleis påverkar geografi sjømakta? Eit høveleg utgangspunkt er definisjonen på sjømakt, altså at *sjømakt er dei midlar som utvidar ein stat si militære makt til havet*, vidare fortel teorien oss at føremålet med sjømakt er å kontrollere kva som blir ført fram og levert frå havet og målsetjinga er å påverkar situasjonen på land. Skal ein forstå kvifor ein stat ynskjer eller har sjømakt må ein forstå kva havet mogleggjer eller hindrar av kommunikasjon og korleis kommunikasjonen påverkar utviklinga på land. Svara på desse spørsmåla finn ein i stor grad i geografien. Geografien syner også kva strategisk spelerom militærmakta på havet hadde, kva var mogleg og ikkje, kva for styrker hadde ein trong for, korleis måtte desse samvirke og stride, og ikkje minst kvar.

⁹⁹ Till, *Seapower*, s. 158.

¹⁰⁰ Sjø delkapittel 2.1.3.

¹⁰¹ Ropp, Theodore, *War in the Modern World*, (Baltimore: Johns Hopkins University Press, 1962:2000), s. ix.

¹⁰² Mahan, *Influence of Sea Power*, s. 25-89.

3.1 DET GENERELLE

Geografiske faktorar har tre hovudpåverknader på sjøkrigen, der distanse er viktigast. Mykje av kva ei marine gjer blir gjort for å handtere avgrensingane og utfordringane distanse inneber. Mobilitet og denne sine moglegheitsgjerar, logistikk, er dei primære midlane som flåtar nyttar for å redusere distanse si påverknad. Den andre geografiske faktoren som må vurderast i sjøkrig på og over det opne havet er lokalisering, både absolutt og relativ. Dei tre grunnleggande tilhøva ved lokalisering er lokaliseringa av strategiske mål på land, med di all sjøkrig finn stad for å påverke utviklinga på land, lokaliseringa av fienden sine styrker relativt til ein eigne, dette inkluderer baser, og lokaliseringa av eigne styrker. Utifrå desse faktorane ser ein at sjømakta sin strategisk og taktisk suksess kjem gjennom å oppnå ein gunstig relativ posisjon i høve til mål og fienden sine styrker. Ein gunstig posisjon oppnår sjøstridskreftene gjennom mobilitet på det strategiske nivået og gjennom manøvrer på det taktiske nivået. Følgjeleg er gunstige posisjonar direkte relatert til eins evne til å overvinne distanse. Med di sjøstridskrefter har ibuande mobilitet endrast deira relative posisjonar kontinuerleg, ein gunstig posisjon er dimed ikkje varig.¹⁰³ Den tredje geografiske faktoren med stor påverknad på sjøkrigen er overflatetilhøva. Vêrtilhøva, inklusive temperatur, nedbør, ising, skodde og vind, påverkar operasjonar og taktisk spelerom. Dess dårlegare tilhøva er, dess mindre kan ei flåte gjere. Dårleg vêr reduserer mobilitet, manøverevne og degraderer kampkrafta.

Øydelegging av fienden sine styrker, uansett samansetting, inneber handling mot ein kapasitet og på ein stad, noko som inneber trong for geografisk kunnskap om staden, samt ei verdsetjing av distansen som må tilbakeleggast for å engasjere der og når ein ynskjer. Distansane ein må tilbakelegge for å nå fienden eller strategisk viktige posisjonar, leiar oss til tid og rom-budsjettering, det er ikkje aleine distansen, men også kor raskt ein flytte seg denne distansen, som er strategisk viktig. Dess mindre tid ein nyttar på å ta seg fram til der ein skal gi effekt, dess meir tid kjøper ein til anna aktivitet enn å flytte seg. Tid og rom budsjettering er også eit uttrykk for tilgang.¹⁰⁴ Eit skip si evne til flytte seg ein distanse blir påverka av ei rekkje fysiske tilhøve som vind, straumar og topografi, men det er framdriftssystemet og skrogeigenskapane som avgjer kor raskt og trygt ei eining kan flytte seg relativt til dei herskande vêrtilhøva og topografien. Tid og rom tilhøvet har dimed nær samanheng med valt teknologi og teknologiutviklinga. Det er også grunnleggande at eit kvart skip har trong for forsyningar og vøling for å oppretthalde sin kapasitet over tid. Dette inneber at dess lengre

¹⁰³ Dels parafraze av: Lindberg og Todd, *Brown-, Green-, and Blue-water Fleets*, s. 73-74.

¹⁰⁴ *Ibid.*, s. 13-14.

vekk ein opererer frå sitt forsynings- og støttepunkt, dess mindre vil flåtar vere tilgjengeleg i operasjonsområdet. Dimed vil operasjonar som i tid og rom finn stad langt vekke vere vesentleg meir ressurskrevjande for å oppnå same effekt som operasjonar i nærområda.

Transportkostnaden over havet var langt lågare enn tilsvarande transport over land då skip kunne løfte langt meir og raskare enn landtransportane.¹⁰⁵ Dette gjorde handel over havet langt meir lønsamt enn tilsvarande verksemd over landjorda. Militærstrategisk inneber ein lågare transportkostnad at ein kunne flytte marginalgrensa for kor langt vekke frå kjernelandet ein kunne opererer i vesentleg grad. Sjøtransport føreset sjølvsagt skip og ei grad av sjøherredøme, men det avgjerande er den faktiske tilgang sjøtransporten har til strategisk viktige stadar. Har sjøtransport tilgang kan ein ikkje berre levere makt frå havet til land, men også unngå dei meir kostesame landrutene. Ein kunne dimed styrkekonsentrere der og når ein ynskjer i større grad enn kva landtransport mogleggjorde. Det skapte potensiale for å oppnå lokal landmilitær overlegenheit sjølv om ein var underlegen samla sett, og dette jamvel langt vekke frå eigne kjerneområder. Sjøtransporten sin effektivitet inneber at sjøtransport gir vesentleg betre mobilitet også når dei maritime kommunikasjonane går parallelt med kommunikasjonar på land. Sjølv innanlands var transport på vatnet vesentleg meir effektivt når ein kunne nytte elvar og innsjøar framfor vegar.

All krigshistorie syner verdien av dei spatiale dimensjonane, men desse dimensjonane eksisterer ikkje utan tid. Tid er ikkje den fjerde dimensjonen, den er den primære. Me oppfattar, tolkar og forstår alle fenomen utifrå eit temporalt perspektiv. Tid definerer grensene for politisk og militær makt. Den definerer det moglege og det umoglege. I kort, så kan me ikkje forstå krig utan tidsomgrep.¹⁰⁶ Tid og rom er difor heilt sentralt i strategisk tenking, både under planlegging og i gjennomføringa. Distanse som ein geografisk røyndom er ikkje berre ein absolutt faktor, distanse er også relativ. Skal ein distanse tilbakeleggast, så vil ein møte utfordringar som vêrtilhøve og fiendtlege handlingar. Val av ruter er difor viktig, ikkje minst fordi slag ofte blir avgjort av kven som tar initiativet og nyttar tida best. Val av rute for å tilbakelegge ein distanse påverkar også val av teknologi ein treng for å få ynskja mobilitet.¹⁰⁷

Når styrker blir flytta, så kjem dei før eller seinare til eit konfrontasjonspunkt med fienden. Noko som opnar for eit anna sett med geografiske røyndomar. Røyndomar me kan summere i

¹⁰⁵ Sjå t.d. Falk, *Why Nations Put to Sea*, s. 2. og Hårdstedt sin artikkel *Ryska kriget 1788-90 och Finska kriget 1808-09 – aspekter på sjøtransporternas betydelse* i Arstad, Knut Peter Lyche, red. *Sjømakt i Nord-Europa 1500-1800* Forsvarsmuseets småskrift. (Oslo: Forsvarsmusset, 2007), s. 77-84.

¹⁰⁶ Parafrase av Leonhard, Robert R., *Fighting by Minutes: Time and the Art of War*, (Westport: Praeger Publishers, 1994), s. 3-6.

¹⁰⁷ Lindberg og Todd, *Brown-, Green-, and Blue-water Fleets*, s. 13-14.

omgrepet sårbarheit.¹⁰⁸ Den defensive sida sin posisjon er normalt eit resultat av medvitne val. Ein lokaliserer seg for å motverke eigen sårbarheit. Sårbarheit er ikkje berre ei utfordring for den defensive sida. Den offensive sida sine val av ruter opnar for motangrep og bakhold, altså angrep som er uventa i tid og eller rom. Val av optimale ruter er følgjeleg meir enn vurderingar av tid og rom, ein må og kalkulere risiko ved rutealternativa.¹⁰⁹

Denne samansmeltinga av tid og rom, tilgang og sårbarheit er vesens annleis på havet enn på landjorda. Med di menneskja ikkje kan leve eller flytte seg på havet utan skip og båtar, så har alltid maritim verksemd vore teknologifokusert. Der landkrig, i alle fall før Den andre verdskrigen, i stort handla om å koordinere konsentrasjon av soldatar, så har alltid sjøkrigen vore orientert kring skip, altså teknologi.¹¹⁰ Ser ein til sjømaktsteorien, så er sjømakt primært eit middel for å mogleggjere eit mål. Sjømakt er difor meir enn teknologi, det er ein fusjon av våpen, infrastruktur og geografiske tilhøve som mogleggjer at ein kan kontrollere maritime kommunikasjonar i krigstid.¹¹¹

Maritime kommunikasjonar gir strategisk rekkevidde. Ein får geografisk fleksibilitet og kombinert med sjøtransporten sin høgare effektivitet mogleggjer sjømakt at ein kan angripe der fienden er svakast eller blir mest påverka, når ein sjølv vil. Ikkje berre er sjøtransport meir effektiv enn landtransport, men i tillegg ligg ofte produksjonsstadane for strategiske råvarer og andre handelsvarer fysisk åtskild frå kjerneområda i landet, det same gjer gjerne omsetjingsstadane for eigen produksjon. Følgjeleg kan tilgang på strategiske råvarer og handelsvarer, samt innkome frå handel, avhenge av maritime kommunikasjonar og forsvar av dei. Råvarekjeldene kan jamvel utgjere rasjonale for at fienden opererer på marginalgrensa av si strategiske rekkevidde i utgangspunktet. Ein kan dimed, gjennom åtak på dei maritime kommunikasjonane, gjennom blokade, eller gjennom okkupasjon av råvarekjelder, direkte råke fienden sine materielle føresetnader for krigføring og indirekte deira vilje til krig gjennom å påføre økonomisk skade på breie samfunnslag.¹¹² Omfanget av merkantil verksemd kan teoretisk skildrast utifrå eit gravitasjonsprinsipp der omfanget av handel har nær samanheng med viktigheita til regionane i kvar ende av ei handelsrute dividert på transportkostnad. Med viktighet meinast summen av folkesetnad og evne til å generere økonomisk aktivitet, samt sjølvsgat at ein har ein divergens i produkt og eller i

¹⁰⁸ Peltier og Percy trekk fram sårbarheit og tilgang som dei to viktigaste geografiske faktorane. (Peltier, Louis C. og Percy, G. Etzel, *Military geography*, band 30, Van Nostrand searchlight book (Princeton, N.J.: Van Nostrand, 1966), s. 54.)

¹⁰⁹ Lindberg og Todd, *Brown-, Green-, and Blue-water Fleets*, s. 14-15.

¹¹⁰ *Ibid.*, s. 15-16.

¹¹¹ Parafrase av: Brodie, Bernard, *A Guide to Naval Strategy*, (Princeton: Princeton University Press, 1944), s.2.

¹¹² Lindberg og Todd, *Brown-, Green-, and Blue-water Fleets*, s. 16-17.

produksjonskostnad. Sjøtransport reduserer kostnaden noko som aukar interaksjonen, medan trugslar mot dei maritime kommunikasjonane og distanse aukar kostnad og reduserer dimed omfang. Dess høgare økonomisk eller strategisk verdi ei vare har, dess høgare kostnad må til før handelen vil stogge opp.¹¹³ Merkantil verksemd gir dessutan potensiell økonomisk utkome også for andre enn produsentar, transportørar og omsetjarar. Grunna dei store økonomiske verdiane handelsstraumane utgjer kan ein krevje toll og skatt av merkantil verksemd utan at marginane når grenseverdien for lønsemd eller strategisk nytte. Slik skattlegging krevjar sjølvstøtt kontroll over geografiske stadar som handelsverksemda nyttar.

Sume støttepunkt og baser påverkar ikkje berre eigen evne til operasjonar. Dersom dei ligg nær eller direkte i samhøve med knutepunkt og hamner, kan dei tvinge fienden til å angripe på desse bestemte stadane. Dette gjer fienden sine rørsler meir føreseieleg med omsyn til kor ein vil konsentrere styrkane. Framskotne baser, det vil seie baser som ligg nær fienden sine maritime kommunikasjonar, gjer at sjølv ei underlegen flåtestyrke kan drive handelskrig med låg risiko. Ein vil både ha stort sannsyn for å avskjere handelsfartøy og kort transitt til og frå relativ tryggleik.

3.2 DET SPESIELLE

Austersjøen har ei høvesvis lita geografisk utstrekking med eit samla areal på 420.000 km², dvs. 0,1 % av verda si havoverflate.¹¹⁴ Den eigentlege Austersjøen, dvs. utan forgreiningar, er berre 274.000 km². Havområdet har tre store forgreiningar, Bottenhavet, Finskebukta og Rigabukta, samt ei kystline som er prega av skjergard, øyar og ikkje minst talrike seglbar elver. Austersjøen sin konfigurasjon gjer den ikkje berre er ei mogleg transportåre, men også oftast den kortaste vegen mellom to punkt i Austersjøregionen. Elvene opnar dessutan store deler av innlandet, særleg i Russland, Polen og Tyskland, for direkte kommunikasjon med havet, og skjergardane gjorde det mogleg for sjølv små og lite sjødyktige fartøy å tilbakelegge store distansar utan å bli eksponert for ope hav. Dessutan var landtransport, særleg av store kvanta og over lengre distansar, svært ineffektiv om i det heile mogleg før jernbanen kom til.

Folkesetnaden i Norden var konsentrert langs kysten, medan ein sør og aust for Austersjøen hadde ei vesentleg innlandsfolkesetnad, men også denne var avhengig av tilgang til havet for handel og import av strategiske varer. Alle vesentlege byar i Norden, og dels elles i Austersjøbassenget, låg ved kysten eller nær kysten langs elvar.¹¹⁵ Dei rikaste skandinaviske

¹¹³ Parafrase av den geografiske gravitasjonsteorien som skildra i *ibid.*, s. 4-6.

¹¹⁴ Hinkkanen, Merja Liisa og Kirby, David, *The Baltic and the North Seas*, (Taylor & Francis, 2013), s. 11.

¹¹⁵ Sjå Kart 1: Elvesystem og strategiske byar.

landbruksområda fann ein i kystområda, medan dei rikaste polsk-litauiske og russiske landbruksområda låg langs dei navigerbare elvane. Grenseområder er spesielt viktig i krig mellom statar med di det er der landmakta typisk først kjem i interaksjon med. Grenseområda mellom Skåne og Götaland, altså den dansk-svenske grensa før 1658, var tynt folkeset og hadde eit særleg vanskeleg terreng for landkrigføring.¹¹⁶ Områda hadde dessutan vore herja av krigarar gjennom hundrevis av år, noko som gjer at områda vil trenge mange år på å ta opp igjen landbruksproduksjon. Me har jamvel statistiske data som indikerer ei klårt lågare gjennomsnittleg avkastning på korndyrking i desse områda enn i nabodistrikta.¹¹⁷ Tilsvarande var grensa mellom Noreg og Sverige prega av vanskeleg geografi og liten folkesetnad, samt at dei få gode landrutene over grensa som fanst var trygga med festningar.¹¹⁸ Grensa mellom Finland og dei russiske områda var på same måte prega av store distansar, liten folkesetnad, tett skog, myrar og svært mange elvar og innsjøar, dei var difor heller ikkje eigna for å føre fram store hærstyrkar eller fø på slike. Dei tre sentrale grenseområda hadde dessutan eit nærmast totalt fråvær av vegar og anna infrastruktur som kunne lette transport over land. Eit slikt fråvære av infrastruktur var også den generelle røyndomen elles i landa sine territorium. Det eksisterte lokale vegnett i sume regionar, til dømes kring Mälaren, men desse vegane kunne berre nyttast til lett transport i sumarhalvåret. Om vinteren, med sledar og langs frosne vassvegar, kunne ein derimot transportere gods av noko omfang, men på ingen måte i eit tempo eller omfang som konkurrerte med sjøvegstransport. Transport over land var med andre ord primært føring av gods og folk over relativt korte distansar til nærmaste ladestad. Først frå midten av 1600-talet og særleg mot slutten av 1700-talet byrja ein å få eit relativt godt vegnett i og mellom dei ulike riksdelane i Sverige og Finland.¹¹⁹ Mangelen på gode moglegheiter for landtransport er ikkje berre ei økonomisk og militær utfordring, men også ei utfordring for sentralmakta. Ein stat si hovudoppgåve er, i enkle termar, å oppretthalde seg sjølv innanfor sitt eige territorium. Makt over eit territorium krev kommunikasjonar dersom handheving av makta skal vere mogleg.¹²⁰ Dess raskare sentralmakta kan føre maktmidlar fram til ein stad, dess betre kontroll har sentralmakta i den aktuelle regionen.

Samla teiknar dette eit bilete der maritime kommunikasjonar var det som bann

¹¹⁶ Ser ein historisk statistikk for Sverige, så ser ein eit tynt folkeset område frå Kalmar i aust til Gøteborg i vest. Me har gode tal for 1750 og utover, men også tidlegare var folkesetninga si fordeling liknande. (Ohlsson, Ingvar, "Historisk statistik för Sverige: Del 1. Befolkning 1720-1967," (Stockholm: Statistiska Centralbyrån, 1969)).

¹¹⁷ Palm, Lennart Andersson, "Sverige 1630 - Åkerbruk, boskapsskötsel, befolkning," (Göteborg: Göteborgs universitet. Institutionen för historiska studier, 2012). Tala bør nyttast med varsemd, dei kan vere eit resultat av lokal misvekt med di dei berre reflekterer eit enkelt år.

¹¹⁸ Festningane Kongsvinger, Fredriksten (Halden), Fredrikstad og Christianfjeld (Elverum) var alle byggja for å sperre eller forstyrre hovudaksane som kunne brukast ved eit innfall i Noreg.

¹¹⁹ Westlund, Hans, "State and market forces in swedish infrastructure history," *Scandinavian journal of history* 23, no. 1-2 (1998): s. 67-69.

¹²⁰ *Ibid.*, s. 66.

Austersjøregionen saman og der nøkkelpunkta i handelsnettverk, byane, hovudsakleg låg der navigerbare elver eller andre innanlands vassvegar møtte havet.¹²¹ Ser me spesifikt på dei to skandinaviske statane, så er dei båe grunnleggande maritime. Intern kommunikasjon og handel i Sverige-Finland var i all hovudsak maritim og langs aksen Mälaren-Stockholm-Åland-Åbo-Borgå-Viborg. Svensk ekspansjonen i Estland, Livland og Kurland, samt i Nord-Tyskland, gjorde riket i enda større grad maritim i sin karakter. Danmark-Noreg er om mogleg enda meir maritimt orientert. Ikkje berre er maritime kommunikasjonar avgjerande for sambandet mellom Danmark og Noreg, men både Danmark og Noreg er delt opp i ei rekkje små einingar av havet. I Norden var kontroll over dei maritime kommunikasjonane difor eit strategisk imperativ for å samordne ressursar, styrkekonsentrere, forsyne eller forsterke område som var truga. Utan maritime kommunikasjonar ville kvar einskild del av rika ville vere overlatne til seg sjølv. Ingen andre statar i Austersjøregionen hadde ein tilsvarande trong for maritime kommunikasjonar for samordning av ressursar og makt.

I Austersjøen er ein på ingen stad lengre enn 67 nm frå land, dimed kunne eit orlogsskip dekke vesentlege deler av havet si fulle bredde frå ein sentral posisjon.¹²² Grunna jordkrumminga, så kunne to skip med mastehøgde på 45 m, noko som ikkje var uvanleg, sjå mastetoppene til kvarandre på kring 28 nm avstand under ideelle tilhøve. Dei største orlogsskipa kunne oppdage eit tilsvarande skip på kring 32 nm. Loggbøker frå 1700-talet indikerer at dei beste lineskipa kunne logge ein fart på 12-13 knop, medan dei beste fregattane kunne nå 14-15 knop under ideelle tilhøve.¹²³ Den røynelege farten var vesentleg lågare med di den var eit resultat av fartøya sine eigenskapar, vind, straum, bølger, sjømannskap og andre tilhøve som til dømes formasjonssegel. Ein realistisk hastigheit langs ei line A til B var difor kring 5 knop under gunstige tilhøve, men sjølv med ein slik hastigheit kunne ein krysse Austersjøen på under eit døger på det breiaste. Det er om lag 700 nm frå Skagen til Helsingfors, altså knapt 6 døgn med 5 knop, men ein såpass kort seglingstid var ikkje normalen. Austersjøen har svært sjeldan vindsystem som held seg stabil over tid og topografien krevjar ulik vindretning nett etter kvar ein er og kvar ein skal. At vindsystema skulle vere gunstige samanhengande i ei veke var difor sjeldsynt. Den røynelege distansen ein måtte segle var følgeleg vesentleg lengre eller gjennomsnitt hastigheita vesentleg lågare. Undersøkingar syner at handelsfartøy i snitt bruka 13,3 døgn frå Øresund til Borgå, og 15,9

¹²¹ Sjå Kart 1: Elvesystem og strategiske byar.

¹²² Maksimaldistansen frå land er henta frå Hornborg, Eirik, *Kampen om Östersjön*, (Stockholm: Albert Bonniers förlag, 1945), s. 3.

¹²³ Gardiner, Robert og Lavery, Brian, red., *The Line of Battle: The Sailing Warship 1650-1840* Conway's History of the Ship (London: Conway Maritime Press, 1992), s. 175.

døgn andre vegen.¹²⁴ Det er sannsynleg at distansane kunne tilbakeleggast noko raskare med eit lite orlogsskip, dette då fregattar og andre mindre orlogsskip hadde eit større fartspotensiale og kunne segle skarpere opp mot vinden enn handelsfartøya. Ei flåtestyrke ville derimot bruke lengre tid då den måtte haldast samla og var dimes avgrensa til det treigaste fartøyet sin fart og av at heile formasjonen måtte gjere manøvrar suksessivt. Sentralaksen i det svensk-finske riket var Stockholm-Viborg med ein distanse på 370 nm. Dette området er dominert av sørvestleg vind som kan blese i vekevis, men som løyvar om natta. Det er mogleg å segle på 2,5-3 døgn frå Stockholm til Viborg, men normalt må ein rekne med noko meir tid, medan retur ofte vil ta minst 7-8 døgn grunna motvind.¹²⁵ Uansett kva fartspotensiale fartøya hadde vil ein i lita grad finne ei normalfordeling av seglingstider. Røynda var at då framdriftssystemet var segl, så varierte seglingstida sterkt og var primært avhengig av vind og vindretning på det tidspunktet ein faktisk skulle segle. Dette gjorde koordinering av fellesoperasjonar med samtidig angrep på landjorda og frå sjøen svært vanskeleg. Ei slik koordinering kravde eit slingringsmon på dagar, sume dagar veker, før ein kunne vere sikre på at sjø og landsstridskreftene kom til same punkt til same tid. Følgjeleg var fellesoperasjonar der hæren vart levert frå havet, altså amfibisk operasjonar, ein meir tenleg form for fellesoperasjon enn eit angrep der landmakta og sjømakta skal angripe individuelt, men koordinert. Alternativt måtte sjø og landmakt konsentrerast i nærområdet før eit åtak vart sett i gang, men då reduserte eller mista ein overraskingselementet.

I tidleg moderne tid var det to faktorar som avgrensa skipa sin mobilitet spesielt. Den første var at det var svært vanskeleg å segle opp mot vinden, noko som innebar at det alltid var vanskeleg, stundom umogleg, å utsegle noko distanse i motvind med mindre ein hadde gunstig straum eller tidevatn.¹²⁶ Segling opp mot vinden innebar også at ein måte jamleg gå over stag og krysse, noko som fører til langt større slitasje på rigg og mannskap. Det var difor uvanleg å segle opp mot vinden med mindre ein var i ei knipe eller tidsnaud. Normalt venta ein på betre vind, helst vind aktenfor tvers, men også følgjande vind var tenleg.¹²⁷ Den dominerande vindretninga i eit område var difor svært viktig. Generelt dominerer vestleg og sørvestleg vind i Øresund og den vestlege Austersjøen, medan sørvestleg- og sørleg vind

¹²⁴ Hornborg, *Kampen om Östersjön*, s. 5-6. Tilsvarende tal finn ein i Hinkkanen og Kirby, *The Baltic*, s. 76-77. Borgå er ein by noko aust for Helsingfors.

¹²⁵ Basert på opplysningane til Hornborg i Hornborg, *Kampen om Östersjön*, s. 5-6. Borgå ligg rett aust for Helsingfors.

¹²⁶ I praksis kunne ikkje skip gå høgare mot vinden enn seks strekar ($67 \frac{1}{2}^\circ$) og då var avdrifta så stor at eigentleg progresjonsline tilsvara maksimalt kring fem strekar relativt til vinden (56°). (Rodger, N.A.M., "Weather, geography and naval power in the age of sail," *Journal of Strategic Studies* 22, no. 2-3 (1999): s. 178.)

¹²⁷ Ibid.,

dominerer i den sentrale og austlege Austersjøen.¹²⁸ Det var difor normalt lettare og raskare å segle austover og nordover, enn omvendt. Danmark-Noreg hadde følgjeleg ein strategisk føremøn av vindsystema, ein kunne til dømes oftast ta seg langt raskare frå København til områda kring Bornholm enn kva ein kunne frå Stockholm.

Vanskane ein hadde med å gå opp mot vinden førte ikkje berre til forseinkingar og omvegar, men gjorde også det svært farleg å nærme seg kysten. Marerittet til eit kvart seglskip var å ha ein kyst eller grunne på lesida, ein kunne då bli fanga av vind og avdrift og bli pressa på land. Særleg utfordrande var dette om natta og ved dårleg sikt, då kunne ein kome nær kysten eller grunnar utan i det heile å vite det. Sjølv når vinden stod frå land var kystlina farleg og då særleg i farvatn som Austersjøen kvar vindretninga ofte skifta svært raskt.¹²⁹ I Austersjøen er snitt djupna 70 m, ein kan difor ankre i store delar av havet, jamvel i opne farvatn.¹³⁰ Dette reduserte faren ved land på lesida med di ein kunne ankre for å ri av dårleg vêr eller sikt, eller for å oppretthalde ein posisjon over tid, og for å unngå å tape distanse ved ugunstige vindretningar, samt når ein mangla sikker posisjon. Alle desse tilhøva gjorde sjømakta i Austersjøen meir fleksibel og betre i stand til å oppretthalde til dømes ei blokadé over tid enn kva ein typisk såg i andre operasjonsområder.

Austersjøregionen hadde få strategiske nøkkelpunkt, men alle hadde tilgang frå havet.¹³¹ I store delar av Austersjøregionen må hærstyrkar av noko storleik forsynast utanfrå med di dei lokale ressursane ikkje kunne understøtte større styrkekonsentrasjonar. Større landoperasjonar, også defensive, hadde difor trong for maritime kommunikasjonar.

Skjergardane langs aksane Stockholm-St. Petersburg og Gøteborg-Kristiania, samt dels kysten av Pommern, gjorde desse farvatna til heilt spesielle arenaer for maritim krigføring. Områda er ueigna for tradisjonelle orlogsfartøy, men er samstundes både flanke og primærakse for landoperasjonar. Tradisjonelle sjø- og landstridskrefter kunne ikkje operere effektivt i desse områda, ein hadde trong for særskild kompetanse, taktikk, utrustning og fleksibilitet.¹³² Løysinga var bygging av spesialiserte skjergardsflåtar og langt på veg ei utvisking av det tradisjonelle skillet mellom land og sjøkrig. Skjergardsstrid gjorde likevel ikkje lineflåtene irrelevante, sjølv i desse farvatna. Til dømes finn ein tre stadar langs aksene St. Petersburg–Stockholm der ein må ut i ope farvatn, Porkalauddé, Hangø og Ålandshavet.

¹²⁸ Bergström, Hans og Söderberg, Stefan, *Wind mapping of Sweden: summary of results and methods used*, (Stockholm: Elforsk, 2008), s. 42.

¹²⁹ Dels ei parafrase av Rodger, "Weather, geography and naval power in the age of sail," s. 179.

¹³⁰ Hornborg, *Kampen om Östersjön*, s. 3. Sjå og Kart 4: Undervassstopografi i Austersjøen.

¹³¹ Sjå Kart 1: Elvesystem og strategiske byar.

¹³² Glete gjer greie for dette på ein framifrå måte i Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 70-71.

Ein konsentrasjon av lineflåten på desse stadane kunne nekta skjergardsflåtane operasjonsfridom, og var dimed, i alle høve temporært, eit framifrå defensiv virkemiddel.¹³³

Austersjøen sin geografi førte også defensivt til strategisk sær eigenheit. Ei landstyrke som er forsynt og støtta over havet vil bli isolert og sårbar dersom ein mistar kontroll med forsyningslinene, difor kunne sjønektingsoperasjonar ha stor effekt på ei invasjonstyrke også etter at ei landsettinga var eit faktum. Følgjeleg kunne til dømes russiske offensive operasjonar mot det eigentlege Sverige berre gjerast med god von om suksess dersom Russland kunne etablere og oppretthalde sjøherredøme langs aksen St. Petersburg-Stockholm.¹³⁴ At strategiske punkt låg ved kysten innebar at dei også kunne forsynast sjøvegen sjølv når dei var omlægra. Skulle ein lykkast med ein kringsettingsoperasjon måtte ein i tillegg til å sikre egne maritime kommunikasjonar også kutte fienden sine. Samla syner desse tilhøva tydeleg at effektiv krigføring i Austersjøregionen var avhengig av vedvarande samvirke mellom sjø- og landmakta.

På vinteren frys store deler av Austersjøen att, i tidleg moderne tid jamvel meir og lengre enn i dag. Det er også mykje drivis i dei delar av Austersjøen som ikkje frys.¹³⁵ Seglas på Austersjøen var difor avgrensa til sumarhalvåret. Seglingssesongen var berre 6-8 månader i Austersjøen generelt, i Bottenvika var den berre seks månader.¹³⁶ For skjergardsflåtane i den nordaustlege Austersjøen var sesongen enda kortare, i røynda vara den berre frå mai til september. Årsaka var at mannskapa på desse fartøya var svært eksponert og vart dimed raskt desimert av sjukdom når dei vart utsett for vått og kaldt vêr over tid.¹³⁷ Den tette relasjonen mellom land- og sjøkrig førte også til at landoperasjonar i stort var avgrensa til seglingssesongen. Ei tidleg innleiing av seglingssesongen var difor ei stor strategisk føremon.

På 1700-talet var Øresund den einaste farleia mellom Austersjøen og Nordsjøen. Lillebælt var for trong, grunn og hadde utfordrande vind og straumtilhøve, medan Storebælt var prega av sandbankar som stadig flytta seg, noko som gjorde navigasjon svært vanskeleg og i røynda, før britane kartla Storebælt sumaren 1801, var Storebælt normalt berre tilgjengeleg for dansk-norske skip.¹³⁸ I første halvdel av 1700-talet passerte berre 5-600 skip gjennom Storebælt per

¹³³ Sjø t.d. Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 184-188. Sjø delkapittel 5 for ei vidare utdjuping.

¹³⁴ Dette er mellom anna drøfta i Ledonne, John P., *The grand strategy of the Russian Empire, 1650-1831*, (Oxford: Oxford University Press, 2004), s. 85-92.

¹³⁵ Ikkje berre var det større områder som fraus til enn i dag, men også ein vesentleg lengre issesong. (Helcom, "Climate change in the Baltic Sea Area HELCOM thematic assessment in 2013," i *Baltic Sea Environment Proceedings* (2013), s. 23). Sjø og Kart 2: Gjennomsnittleg isdekke i Austersjøregionen.

¹³⁶ Hornborg, *Kampen om Östersjön*, s. 4.

¹³⁷ Glete i Rystad, Göran, Carlgren, Wilhelm og Böhme, Klaus-Richard, red., *In quest of trade and security : the Baltic in power politics 1500-1990*, 2 vols., vol. 1 : 1500-1890 (Lund: Lund University Press, 1994), s. 17.

¹³⁸ Engström og Frantzen, *Øresunds strategiske rolle*, s. 28.

år og av dei var 80 % danske i kyst og innanriksfart.¹³⁹ Det finnast mange døme på nederlandske, lybske og svenske sjøkrigsoperasjonar i Storebælt, men desse var i liten grad sjøherredøme operasjonar, dei var operasjonar for å utnytte sjøherredøme. Kartlegginga i 1801 endra difor Danmark sitt strategiske tilhøve vesentleg, før kartlegginga kunne Danmark-Noreg relativt fritt flytte landstyrker mellom Sjælland og fastlandet sjølv når dei mista sjøherredøme, etter kartlegginga kunne ein fiende med sjøherredøme isolere Sjælland.¹⁴⁰

Det er to seglingsleiar i gjennom det sørlege Øresund, Drogden og Flinterenden. Hovudleia gjennom Øresund, Drogden, hadde ei minste djupne på 6,6 meter.¹⁴¹ Flinterenden, den austlege leia gjennom Øresund, hadde ei djupne på 1 fot meir enn Drogden, likevel vart den ikkje nytta i særleg grad grunna meir utfordrande botntilhøve enn i Drogden og ei lengre og meir krunglete rute gjennom dei grunnaste farvatna.¹⁴² Når leia heller ikkje vart merka opp og den danske kongen i tillegg aktivt søkte å tvinge all trafikk gjennom Drogden, så var Flinterenden i røynda stengt.¹⁴³ Dei geografiske tilhøva gjorde at den sjømakta som hadde herredøme i Øresund enkelt kunne kontrollere eller stenge ute all merkantil verksemd mellom omverda og Austersjøregionen. Dette utgjorde det utvilsamt viktigaste geostrategiske faktum i Austersjøregionen med di ikkje noko anna geografisk særtrekk ved Austersjøen hadde liknande strategisk påverksingskraft på lokale eller internasjonale aktørar.

4 SJØMAKT OG POLITISK-STRATEGISK HISTORIE

*Having a strategy suggests an ability to look up from the short term and the trivial to view the long term and the essential, to address causes rather than symptoms, to see woods rather than trees.*¹⁴⁴

Sir Lawrence Freedman

Føremålet med militærstrategien er å oppnå eller mogleggjere politisk-strategiske mål. Det politisk-strategiske nivået definerte også langt på veg handlingsrommet sjømakta hadde. Difor vil eg gjere greie for sume hovudtrekk i Skandinavia si utanrikspolitiske historie 1522-1814, fokus ligg på tilhøve som klårgjer kvifor ein hadde sjømakt og kva den vart nytta til.

Eg har tatt utgangspunkt i Einar Maseng sitt verk *Utsikt over de nord-europeiske stater*

¹³⁹ Lybeck, Otto Emil, *Øresund i Nordens historia*, (Malmö: A.-b. Allhems förlag, 1943), s. 226-227.

¹⁴⁰ Sjø Feldbæk i Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 62.

¹⁴¹ I Den danske los frå 1843 står det at den maksimale djuptgåande på eit lineskip som skal passere Drogden er 21 fot (ein Rhinsk fot = 31,385 cm) dvs 6,6 m. (*Den danske Lods, Beskrivelse over de danske Farvande*, (Kongelige Søkaart-Archiv, 1850), s. 146), medan Bjerg hevdar at «Drogden-grænsen» var 22 fot (6,9 m). (Bjerg, Hans Christian, *Dansk orlogshistorie 1510-2010*, (København: Statens Forsvarshistoriske Museum, 2010), s. 91). Sjø og Kart 3: Øresund under Napoleonskrigane.

¹⁴² Djupna og skildringa av farvatnet er henta frå *Den danske Lods*, s. 151, tolkinga er mi.

¹⁴³ Ei grundig utgreiing av kongen sin politikk for å tvinge fram bruk av Drogden framfor Flinterenden finn ein i Lybeck, *Øresund*, s. 19-20.

¹⁴⁴ Freedman, *Strategy*, s. ix.

utenrikspolitikk i de siste århundrer.¹⁴⁵ Maseng sine synteser og heilskapsperspektiv er svært klårgjerande for havet si rolle i denne historia. Maseng vektlegg konsekvent handel og råvarer som hovudårsaka til konflikt og stormaktsinteresse, dynastiske og territoriale årsaker ser han oftast berre som ei grunngeving for å gå til krig eller ei følgje av dei handelspolitiske røyndomane. Han argumenterer for at krigar og maktkamp i Norden hovudsakleg var eit resultat av ynskje og mål om kontroll med handel, samt då Europa sine stormakter ikkje såg seg tent med eit samla Norden. Dette er eit grunnsyn som samsvarar med Artur Attman sitt og som ein også utgjer bærebjelken i eit av dei fremste nyare arbeida om Austersjøregionen si utanrikspolitiske historie, boka *In Quest of Trade and Security*.¹⁴⁶ Maseng og Attman sine hovudsynspunkt er overtydande og klårgjerande, men det likevel viktig å moderera dei og avvege dei mot andre synspunkt. Den viktigaste tradisjonen som står i motsetnad til hovudtrekka i Maseng og Attman sine syn er den såkalla «Indkredsningen av Sverige teorien», eit historiesyn som har sitt opphav hjå den svenske historikaren Arthur Stille og som sterkt har påverka årsaksforklaringane kring Sverige sin ekspansjons i historieskrivinga.¹⁴⁷ Stille hevdar at Sverige var omkransa av fiendtleg territorium og baser, særleg dansk-norske, noko som hindra svensk vekst og utgjorde ein overhengande trugsel mot Sverige sitt sjølvstende. Skulle Sverige sin fridom sikrast så måtte denne jarnringen brytast. Årsaka til svensk aggresjon fann ein difor i ei defensiv trong for å skape strategisk djupne.¹⁴⁸ Stille si tilnærming har dei seinare åra mista mykje støtte og i 1989 endra jamvel den fremste moderne representanten for dette synet, Michael Roberts, haldning og slutta seg til Attman si tese.¹⁴⁹

4.1 OPPHAVET TIL DEI SKANDINAVISKE SJØMAKTENE

Perioden frå Kong Christoffer sin død i 1448 til Gustav Vasa vart riksforstandar i Sverige i 1521, var prega av ei rekkje svenske opprør mot Kalmarunionen. I praksis eksisterte unionen berre som ei politisk eining i åra 1457-64, 1497-1501 og 1520-21, resten av tida såg ein kamp

¹⁴⁵ Maseng, Einar, *Utsikt over de nord-europeiske staters utenrikspolitikk i de siste århundrer : Del I*, (Oslo: Universitetsforlaget, 1964:2005),

¹⁴⁶ Attman, Artur, *The struggle for Baltic markets : powers in conflict, 1558-1618*, band 14, Acta Regiae Societatis Scientiarum et Litterarum Gothoburgensis. Humaniora (Göteborg: Brill, 1979), og Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*,

¹⁴⁷ Stille formulerte desse teoriene i: Stille, Arthur, *De ledande ideerna i krigføringen i Norden 1563-1570*, band 14:11, Lunds universitets årsskrift (Lund: Gleerup, 1918), og har langt på veg dominert historiesynet på Sverige sin strategiske situasjon og dette som rasjonale for ekspansjon. (Jensen, Frede P., "Den danske "indkredsning" af Vasa-tidens Sverige", *Historisk Tidsskrift* 76 (1976)) Eit godt døme på korleis dette synet kjem til orde finn ein i: Lybeck, Otto Emil, red. *Svenska flottans historia : örlogsflottan i ord och bild från dess grundläggning under Gustav Vasa fram till våra dagar*, 3 vols., vol. I (Malmö: A.-b. Allhems förlag, 1942), s. 35. Sjå t.d. Petersen, E Ladewig, "Sverige og Østersøen i stormagtstiden," *Historisk Tidsskrift* 15 (1988) for ei god utgreiing kring ulikskapen i historiesyn mellom Attman og Roberts.

¹⁴⁸ Sjå Stille, *De ledande ideerna*, 14:11, s. 1-4 For ei djupare og framifrå utgreiing av dette synet, sjå: Roberts, Michael, *The Swedish Imperial Experience 1560-1718*, (Cambridge: Cambridge University Press, 1984), s. 1-23. Synet til Roberts samsvarar langt på veg med Stille si hypotese og er også i samsvar med Tandrup, Leo, *Mod triumf eller tragedie: Scenen og de agerende : tiden fra 1612 til 1621*, 2 band, band 1 (Århus: Jysk Selskab for Historie: Universitetsforlaget i Århus, 1979), s. 63-66. Ein god kritikk av dette synet finn ein i Jensen, "Den danske "indkredsning", s. 20-21.

¹⁴⁹ Troebst, Stefan, "Debating the mercantile background to early modern Swedish empire-building: Michael Roberts versus Artur Attman," *European History Quarterly* 24, no. 4 (1994): s. 500-501.

mellom rika for å høvesvis splitte eller foreina unionen. Det synte seg at effektiv kontroll over Sverige berre var mogleg gjennom samarbeid med lokale svenske elitar og samtidig sjøherredøme i Austersjøen.¹⁵⁰ Den danske orlogsflåten som vart skapt på slutten av 1400-talet var difor vesentleg for Kalmarunionen sin eksistens og Danmark si leiande rolle i unionen. Flåten mogleggjorde landsetjing av hærar direkte mot Sverige sitt strategiske tyngdepunkt, Stockholm og Mälarenregionen, og mot ein kvar anna stad langs kysten. Flåten kunne dessutan hindre svensk handel, noko som ikkje berre ramma svensk økonomi, men også hindra tilførsel av viktige varer som salt.¹⁵¹ Den einaste austersjømakta som kunne utfordre Danmark sitt sjøherredøme var Lübeck. Når svenskane på ny gjorde opprør i 1521 var stoda uendra, men opprøret opna eit moglegheitsrom som Lübeck kunne utnytte for å svekke Kalmarunionen og sikre seg handelsføremoner.¹⁵² Opprørsleiaren, Gustav Vasa, fekk difor løyve til å kjøpe ei flåte i Lübeck våren 1522, samt høve til å rekruttere mannskap og soldatar i dei tyske byane, og alt på kreditt. Seljarane var private, men transaksjonen fann stad med godkjenning frå oligarkiet i Lübeck, dette var medviten politikk frå Hansaen sin mektigaste by.¹⁵³ Med si nye flåte kunne Gustav Vasa raskt utfordre og nekte dansk sjøherredøme og dimed hindre maritim maktprojisering mot Sverige samt bryte den danske blokaden. I tillegg opna sjømakta opp for maritim maktprojisering mot unionskongen sine territorium. Christian 2. sitt tap av sjøherredøme førte ikkje berre til tap av Sverige, men bidrog også til at han tapte kongemakta i Danmark. Han vart styrta av stormennene og hans onkel, Frederik 1., valt til ny konge. Den danske flåten vart verande lojal til Christian 2., så Frederik mangla føresetnader for sjøherredøme og kunne dimed ikkje ta kontroll over dei delar av riket som var lojal til Christian 2. Først då Gustav Vasa og Lübeck stilte sine flåtestyrker på Frederik si side kunne han utnytte si overlegne landmakt. Lübeck sitt føremål med involveringa var igjen å få handelsføremoner, medan Sverige si involvering var eit tiltak for å sikre sitt nyvunne sjølvstende.¹⁵⁴ Utfallet av desse to opprøra vart eit Norden delt i to

¹⁵⁰ Glete, *Naval administration*, s. 56.

¹⁵¹ Munthe, *Sjømaktens inflytande 1*, 1, s. 108-109, sjå også Glete, *Naval administration*, s. 58-59 og Barfod, Jørgen H., *Flådens fødsel*, 4 band, band 1, Den danske flådes historie (København: Selskabet, 1995), s. 40, 42, 45-46, 83, 86-87, 104, 144-48 og 153-54.

¹⁵² Maseng, *Utsikt*, s. 9-14 Etter Stockholms blodbad hadde Christian 2. forbode sine undersåtter å handle med Hansaen og han hadde grunnlagt eit eige handelskompani som skulle overta handelen frå Hansaen. (Yrwing, Hugo, "Kampen om östersjömarknaderna under 1500-talets första decennier," *Scandia: Tidskrift för historisk forskning* 52, no. 1 (2008): s. 7-8.) Lübeck sitt handelsvelde var også direkte truga av Nederland, som vart ein stadig sterkare konkurrent. Samla gjorde ikkje berre dette Christian 2. til ein alvorleg trugsel mot Lübeck sine imperative strategiske interesser, men synte også at Lübeck ikkje var tent med eit samla Norden (Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 13-14, Hornborg, *Kampen om Östersjön*, s. 86-87, Munthe, *Sjømaktens inflytande 1*, 1, s. 129-132, Glete, *Swedish naval administration, 1521-1721: resource flows and organisational capabilities*, s. 63 og Allen, Carl Ferdinand, *De tre nordiske rigers historie under Hans: Christiern den Anden. Frederik den Første, Gustav Vasa, grevefeiden. 1497-1536*, 5 band, band 5, (Kjøbenhavn: Gyldendal (F. Hegel), 1867), s. 283-285) og me veit også at krava Lübeck stilte til Sverige innebar, utover betaling og tollfridom, at Sverige skulle avstå frå eigen handelsverksemd utanfor Austersjøregionen og særleg på Holland. (Munthe, *Sjømaktens inflytande 1*, 1, s. 131).

¹⁵³ Glete, *Naval administration*, s. 63.

¹⁵⁴ Fritt etter: Bjerg, Hans Christian og Frantzen, Ole L., *Danmark i krig*, (København: Politikens Forlag, 2005), s. 36-37. Forbundstraktaten

høvesvis jambyrdige statar med mange dynastiske, økonomiske og territoriale utfordringar seg i mellom. Utfallet sikra også ei djup forståing for kva rolle sjømakt spelte, og kunne spele, i konflikhtar i denne regionen og hendingane var direkte opphav til permanent svensk sjømakt.

4.2 RUSSLANDSHANDEL OG AUSTERSJØEN BLIR EIT SKANDINAVISK INNHAV

Hansaen si sjømakt sikra Kalmarunionen sin kollaps og styrka Hansaen sin relative maktposisjon i regionen, men snart synte både Danmark og Sverige seg som eigenrådige maktsøkande aktørar som Hansaen ikkje kunne kontrollere. Den siste gangen Hansaen var ein vesentleg og sjølvstendig militær maktfaktor var i Grevefeiden 1534-36.¹⁵⁵ Krigen vart ikkje ei militærkatastrofe for Hansen, men førte til tap av handelsrettar i Sverige og var også siste gangen fleire hansabyar opptredde i fellesskap i ei militær konflikt.¹⁵⁶

Den viktigaste handelsvara frå Austersjøregionen var korn frå Polen-Litauen, medan Russland var ein vesentleg eksportør av særleg luksusvarer.¹⁵⁷ Austersjøregionen var også ein marknad for vest-europeiske varar, men importen var relativt liten og hadde langt lågare verdi enn eksporten. Det var difor eit stort eksportoverskot som vart utjamna gjennom betaling i edelmetall.¹⁵⁸ Handel med pengar fremja handelen og gjorde toll og skattlegging langt enklare. Handelsbalansen førte til ei opphoping av rikdom i handelsbyane som følgeleg var særns interessante skatteobjekt. All handel mellom Vest-Europa og Russland måtte gå over hamnene i Baltikum, altså Reval, Riga og Narva, eller via Kvitsjøen. Handelen på Polen gjekk i hovudsak over Danzig og Königsberg.¹⁵⁹ Handelen med Vest-Europa måtte dessutan passere Øresund. Følgeleg var kyststripa frå Danzig til Reval, samt Øresund, territorium med særleg stor økonomisk verdi og innebar også vesentleg strategisk makt for den som kontrollerte dei.

I 1557 angreip Russland Riga og året etter også Estland og Livland, noko som førte til at tyske ordensstatane politisk kollapa.¹⁶⁰ Viktige byar og festningar fall raskt, men dei viktigaste byane, Reval, Riga og Pernau, held stand grunna intervensjonane til Danmark,

mellom hertug Frederik og Lübeck mot Christian 2. vart underskreven 5. feb. 1523. Sjå Laursen, Laurs, red. *Danmark-Norges Traktater 1523-1750 med dertil hørende Aktstykker*, 9 vols., vol. 1 : 1523-1560 (København: G.E.C. Gad, 1907), s. 1-11. for traktattekst. Traktaten omhandlar mellom anna handelsrettane Lübeck skal oppretthalde og få i kongerika Danmark, Noreg, Sverige [SIC] og i hertugdøma når Christian 2. er overvunnen, men også detaljar som at Lübeck skal stille ei skipslast med krut og 200 hestar til Frederik sin disposisjon. Det skinn tydeleg igjennom at det handelsrettar og økonomiske tilhøve som utgjer Lübeck sitt rasjonale for avtala.

¹⁵⁵ Grevefeiden var ein dansk borgarkrig der Lübeck ville auke si makt gjennom støtte til Christian 2. sitt forsøk på å ta tilbake kongekrona. Motstandaren var Frederik 1. sin son hertug Christian (3.) og riksrådet., dei vart støtta av Sverige.

¹⁵⁶ Hornborg, *Kampen om Östersjön*, s. 100-106. Lübeck, den viktigaste hansabyen, deltok også med store styrker i Sjuårskrigen 1563-70, men i denne krigen var dei heilt tydeleg juniorpartnar til Danmark. (Glete, *Naval administration*, s. 160-161.)

¹⁵⁷ Hinkkanen og Kirby, *The Baltic*, s. 145-146.

¹⁵⁸ Attman, *The struggle for Baltic markets*, 14, s. 8. og Kotilaine, Jarmo T., "Opening a Window on Europe: Foreign Trade and Military Conquest on Russia's Western Border in the 17th Century," *Jahrbücher für Geschichte Osteuropas*, no. H. 4 (1998): s. 498.

¹⁵⁹ I Kvitsjøen var det primært Arkhangelsk (grunnlagt 1583/84) som vart den viktige handelshamna. Byen ligg ved utløpet av Dvina og gir dimes direkte kontakt med det russiske elvenettverket, bærebjelken for innanriks transport av varer før kanalar og jernbane var utvikla. Reval = Tallinn, Danzig = Gdansk og Königsberg = Kaliningrad.

¹⁶⁰ Sjå: Frost, *The Northern Wars*, s. 1-22 og Christiansen, Eric, *The Northern Crusades*, (London: Penguin, 1997), s. 227-258 for gode oppsummeringar av Baltikum si historie i denne perioden.

Sverige og Polen-Litauen.¹⁶¹ At elitane i Livland inviterte eller søkte samarbeid med Danmark-Noreg og Sverige syner at dei skandinaviske landa allereie hadde den naudsynte kombinasjon av landmakt og strategisk mobilitet skapt av sjømakt dei trong for å drive oversjøisk maktprojisering.¹⁶² Intervensjonane stogga ikkje berre Russland, dei sikra kontroll over russisk handel og følgjeleg store indirekte handels og tollinnkomstar.

På slutten av 1500-talet fekk handelen mellom Austersjøregionen og Vest-Europa eit omfang som langt overgikk alle andre maritime handelsområder og gjorde byar som Reval, Riga, Königsberg og Danzig til nokre av verda sine rikaste og største handelsbyar.¹⁶³ Polen søkte i denne perioden å erobre heile Baltikum samt sikre seg nøkkelpunktar i det russiske baklandet, dei ville etablere kontroll med ein størst mogleg del av handelskjeda. Samstundes ekspanderte Sverige i Baltikum og var i 1570-95 i krig med Russland, ein krig som enda gunstige for Sverige. Russland anerkjente Sverige si erobring av Estland inklusive Narva, grensa mellom Finland og Russland vart flytta monaleg austover og all russisk handel skulle kanalisert gjennom dei svenske hamnene.¹⁶⁴ Dette innebar også at Finskebukta og den nordlege Austersjøen vart eit tilnærma svensk innhav. Dei nærmaste hamna i området som ikkje var svensk, men som kunne tene som eit støttepunkt for vesentlege sjøstridskrefter, var Riga og dei mindre byane Ventspils og Pernau. Alle desse låg i polsk Livland, altså under Sigismund som var konge i både Polen og Sverige. Sverige hadde i lengre tid ført ein aktiv politikk for å få politisk påverknad i Polen, både for å avverje interessekonfliktar i Baltikum, men også grunna interessefelleskap mot Russland. Utfallet av denne politikken var mellom anna i val av kong Johan 3. sin son Sigismund som polsk konge i 1587.¹⁶⁵ Han vart også svensk konge etter 1592. Den gamle svenske ambisjonen om å kontrollere hovuddelen av Russland sin utanrikshandel var difor tilsynelatande realisert, men i røynda vart utviklinga annleis. Den russiske handelen vart lagt om til Riga og i stigande grad via Kvitsjøen, dessutan skilte Sverige og Polen lag i 1599 då Sigismund måtte gi opp den svenske trona.¹⁶⁶ Sverige

¹⁶¹ Frost, *The Northern Wars*, s. 24-25.

¹⁶² Sjø t.d.: Glete, *Naval administration*, s. 78 for ei liknande vurdering.

¹⁶³ Eit døme som illustrerer omfanget av denne handelen finn ein ved å sjå på Nederlandsk oversjøisk handel i 1634. Det er estimert at nederlandske skip førte kring 60% av verda si oversjøiske handel på dette tidspunktet. Nederland hadde då ei handelsflåte på om lag 12.350 skip med ein samla lastekapasitet på 1.325.000 lester. Av desse segla 6000 skip med samla kapasitet på 720.000 lester til Austersjøregionen. Altså nær halvdelen av handelsfarten deira det året. (Bowman, Francis J., "Dutch Diplomacy and the Baltic Grain Trade, 1600-1660," *Pacific Historical Review* 5, no. 4 (1936): s. 338). Desse tala samsvarar ikkje med statistikkane frå Øresundstollen. Dei indikerer 3-5000 skipspasseringar gjennom Øresund per år på 1630-talet. (Veluwenkamp, Jan Willem og Van Der Woude, Siem, "The Soundtoll Registers Online," The University of Groningen og Tresoar, Frisian Historical and Literary Centre at Leeuwarden, <http://www.soundtoll.nl/index.php/en/>) Uansett kva tal som er riktige, så visar dei ein svært omfattande handelstrafikk til og frå Austersjøregionen.

¹⁶⁴ Parafrase av: Glete, *Naval administration*, s. 89-90.

¹⁶⁵ Dei dynastiske tilhøva er godt skildra i Oakley, *War and Peace*, s. 39-41.

¹⁶⁶ Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 53-55 Glete, *Naval administration*, s. 91-93 og Oakley, *War and Peace*, s. 39-43.

innleia difor ein politikk for også å ta kontroll med det russiske baklandet og handelsruta via Kvitsjøen. Uansett andre motiv får den svenske ekspansjonspolitikken først rasjonell mening dersom ein legg kampen om russisk handel inn som eit primærpremis. Særleg tydeleg blir dette som grunnlag for ishavs- og lapplandspolitikken.¹⁶⁷

Etter Sverige sitt utbrot frå Kalmarunionen vart grensa mot Danmark-Noreg verande uendra i over 120 år.¹⁶⁸ Dei to store krigane Sjuårskrigen (1563-70) og Kalmarkrigen (1611-13) enda isolert sett med status quo, men i eit større strategisk bilete oppnådde Sverige likevel ei klår strategisk føremon av desse krigane, dei kunne halde fram ekspansjonen i aust utan vesentlege hindringar frå dansk side. Den viktigaste årsaka til manglande territoriale endringar var fråvære av operasjonar med avgjerande potensiale, altså maritim maktprojisering mot fienden sine strategiske tyngdepunkt. Ingen danske krigsplanar eller militærstrategiske vurderingar for operasjonane i 1563 er bevart, og svært lite frå svensk side.¹⁶⁹ Me kan difor ikkje ta utgangspunkt i planverket for å finne årsaka til manglande maritim maktprojisering. Glete har hevda at årsaka til mangelen på strategisk avgjersle under Sjuårskrigen var storleiken på landstyrkene versus tilgjengeleg maritim løftekapasitet. Omfanget av landstyrkene var mykje større enn tidlegare, ein mangla difor naudsynte ressursar til å løfte avgjerande landmakt over havet, sjølv når ein hadde sjøherredøme.¹⁷⁰ Eg finn ei slik slutning som lite truverdig. Hadde ein ynskja, så kunne i alle høve Danmark og Lübeck ha mønstra tilstrekkeleg løftekapasitet gjennom bruk av eigne handelsfartøy og gjennom kverrsetjing av handelsfartøy i Øresund. Frede P. Jensen hevdar at fråværet av kombinerte sjø- og landoperasjonar var ei direkte fylgje av Danmark sine erfaringar med felttoget i 1520. Då hadde Otte Krumpen lykkast med å ta dei svenske kjerneområda gjennom operasjonar over land, noko som synte at dette var mogleg tross vanskane og dimed noko ein forsøkte å gjenta.¹⁷¹ Heller ikkje dette synet har truverd. For det første var Krumpen sin operasjon også understøtta av sjømakt, rett nok først når ein hadde trengt fram til Stockholm, men hadde ikkje forsyningane vore tilgjengeleg då, så hadde operasjonen mislykkast.¹⁷² For det andre er ikkje ein einskild vellukka operasjon over 40 år tidlegare noko ein utan vidare prøver å repetere. For å finne eit svar bør me heller sjå på årsakene til krigen, altså kva politiske mål ein ynskja å oppnå og dimed kva rolle

¹⁶⁷ Fritt etter Petersen, "Sverige og Østersøen i stormagtstiden," s. 65-67.

¹⁶⁸ Det einaste unntaket frå desse stabile grensene var konfliktane om Livland. Der kontrollerte Danmark direkte eller indirekte delar av territoria i periodar på slutten av 1500-talet, samt Øsel like til 1645.

¹⁶⁹ Jensen, Frede P., *Danmarks konflikt med Sverige 1563-1570*, band 12, Skrifter (København: Københavns Universitet. Historisk Institut, 1982), s. 74.

¹⁷⁰ Glete, *Naval administration*, s. 84-85.

¹⁷¹ Jensen, "Den danske "indkredsning", s. 18.

¹⁷² Fritt etter: Munthe, *Sjømaktens inflytande 1*, 1, s. 108-117, Jungersen, Kay, *Danmarks søkrigshistorie*, (København: Søofficersskolen, 1945), s. 55-58 og Hornborg, *Kampen om Östersjön*, s. 85.

militærmakta kunne ha. Krigen var eit direkte resultat av Erik 14. sine ambisjonar om å etablere Sverige som den dominerande makta i Nord-Europa, og Frederik 2. sin ambisjon om å hindre det same. Dette var ein krig mellom to unge ambisiøse menn utan vilje til kompromiss. Altså ein krig som ikkje var forårsaka av tungtvegande eller klåre strategiske tilhøve og heller ikkje eit resultat av ein medviten langstidsplan eller konsekvent politikk. Krigen kom som ei fylgje av ambisjonar om auka makt, gjensidig mistru og grunna forskuving av den militære maktbalansen til Sverige si føremon.¹⁷³ Meister Jon Tursen vektlegg også handelspolitikken som avgjerande for krigsutbrotet.¹⁷⁴ At ære og prestisje var viktige årsaker bak Sjuårskrigen kjem også tydeleg fram i forhandlingane føre krigen og i fredsavtala, noko særleg eldre litteratur vektlegg.¹⁷⁵ I angrepspakten mellom Lübeck og Danmark var det ei rekkje fredskrav som Sverige måtte oppfylle, men desse krava hadde ein karakter som vanskeleg kunne omsetjast i konkrete militære mål. Krigsmåla var i all hovudsak relatert til juridiske, økonomiske eller prestisjerelaterte krav.¹⁷⁶ Sjøkrig i Austersjøen var dessutan avgrensa til sumarsesongen, sjøherredøme var alltid temporært og måtte etablerast på ny i kvar seglingssesong. Slektskapen mellom orlogsskip og handelsfartøy var framleis stor, tilgangen på handelsskip god og kvar vinter var ei tid der ein kunne, utan trugsel, bygge opp igjen og styrke flåten. Dette tilførte sjøkrigen i Austersjøregionen ein særleg dynamikk og avgrensa også moglege landoperasjonar. Ein kunne ikkje understøtte og forsyne større landoperasjonar om vinteren, følgeleg måtte ei avgjersle på land helst oppnåast i løpet av ein sesong.¹⁷⁷ Eg finn det difor truleg at det var eit fråvære av handfaste politisk-strategiske mål i kombinasjon med det temporære sjøherredøme, som utgjorde årsakstilhøva bak manglande amfibiske operasjonar og dimed manglande strategisk avgjersle.

Sjuårskrigen 1563-70 vart Lübeck sin svanesong som sjømakt. Ikkje berre var svensk kontroll over vesentlege lybske handelsårer ein utløysande faktor for krigen, men når Sverige i tillegg lukkast med å etablere sjøherredøme i den sørlege Austersjøen, så råka dei Lübeck sitt strategiske tyngdepunkt direkte. Handelsverksemda i Austersjøen vart tvungen over på

¹⁷³ Ei slutning som samsvarar med Jensen, "Den danske "indkredsning", s. 23, og Glete, *Naval administration*, s. 82. Det same synet finn ein grovt også i anna nyare forskingslitteratur som t.d.: Frost, *The Northern Wars*, s. 25 og Oakley, *War and Peace*, s. 30-31. Interessant nok så konkluderer også Tuxen i 1875 med det same. (Tuxen, J. C., *Den danske og norske Sømagt fra de ældste Tider indtil vore Dage: populære Skildringer*, (Kjøbenhavn: Philipsen, 1875), s. 164.

¹⁷⁴ Handelspolitikken er vektlagt som eit hovudpunkt i oppløpet til krigen av mester Jon Tursen i hans historie om Sjuårskrigen som vart skriven i 1570. Sjå transkribert attgjeving i Rørdam, Holger Frederik, red. *Monumenta historiae danicae. Historiske kildekrifter og bearbejdelser af dansk historie isaer i det 16. aarhundrede*, vol. II (København: G.E.C.Gad, 1875), s. 257.

¹⁷⁵ Sjå t.d. Garde, *Sømagt 1*, s. 54, Tuxen, *Den danske og norske Sømagt fra de ældste Tider indtil vore Dage: populære Skildringer*, s. 165, Unger, Gunnar, *Svensk sjökrigshistoria: förra delen omfattande tiden intill 1680*, (Stockholm: Albert Bonniers förlag, 1909), s. 63 og Rørdam, *Monumenta historiae danicae. Historiske kildekrifter og bearbejdelser af dansk historie isaer i det 16. aarhundrede*, s. 246 og 252.

¹⁷⁶ Sjå Jensen, *Danmarks konflikt med Sverige 1563-1570*, 12, s. 69. for ei liste med desse fredskrava.

¹⁷⁷ Det var sjølvsagt mogleg å bygge opp forsyningslagre for operasjonar vinteren igjennom, noko som også var naudsynt for å overvintre hærane, men snø, klima og distansar hindra uansett mobilitet på vinteren.

nøytral kjøp og Lübeck lukkast aldri med å ta tilbake sin posisjon som Austersjøen sin store sjøfartsby. Deira relative makt og evne til å reise sjølvstendig sjømakt var dimed knekt. At dette var ei kjensgjerning ser ein i Sverige si handsaminga av Lübeck etter freden i Stettin. Hadde Lübeck framleis vore ein vesentleg aktør og ei maritim makt à la kva dei var før 1563, så kunne Sverige knappast ha sett vekk frå fredsvilkåra, noko dei medvite gjorde ved å unnlate betaling av erstatning og gjennom manglande oppfylling av handelsrettane Lübeck vart tilkjent i fredsavtala.¹⁷⁸ Austersjøen vart difor eit dansk-svensk innhav.

Under Sjuårskrigen erfara Danmark-Noreg at den polske kongen hadde planer om å auke si makt i Austersjøregionen gjennom etablering av sjømakt.¹⁷⁹ Desse planane arbeida kong Frederik 2. konsekvent imot då ei tredje sjømakt ville gjere den strategiske situasjonen langt vanskelegare. Med tre sjømakter ville ein alltid risikere eit forbund mellom to makter mot den tredje, altså same stoda som Hanseatane hadde utnytta i lang tid. I 1571 retta difor Frederik 2. maritime operasjonar mot Danzig og Hela-halvøya for å tvinge Danzig til å stogge si støtte til polske fribrytarar, embryoet til ei polsk flåte. Den påfølgjande avtala mellom Danmark-Noreg inneheld spesifikke retningslinjer for når og i kva høve Danzig kunne utruste orlogsskip.¹⁸⁰ Dansk utanrikspolitikk ovanfor Polen hadde også eit religiøst bakteppe. Danzig var protestantisk og formelt ein vasall av det katolske Polen i ei brytningstid der pavemakta arbeida aktivt for undertrykking av protestantane.¹⁸¹ Protestantiske Danmark såg naturleg nok den katolske kyrkja sin offensiv som eit alvorleg trugsmål, eit trugsmål som ikkje vart mindre av den svenske kongen si tilnærming til både paven og Spania.¹⁸² Ei tredje vital interesse for Danmark var å halde Danzig, Elbing og Königsberg opne for nederlandsk handel. Skulle Nederland bli utestengt frå desse byane ville innkoma frå Øresundstollen minke voldsamt og Nederland ville neppe kunne oppretthalde sitt sjølvstende frå Spania utan kornimporten frå Danzig. Spansk kontroll over Nederland sine enorme maritime ressursar ville ha utgjort ein svært alvorleg trugsel mot dansk sjøherredøme og dimed mot Danmark sjølv. Desse tre faktorane gjorde sjølvstende til Polen sine protestantiske vasallstatar til eit utanrikspolitisk hovudmål for Danmark.¹⁸³ I 1577 involverte Frederik 2. seg direkte i striden, ikkje berre

¹⁷⁸ Avsnittet om Lübeck er inspirert av: Glete, *Naval administration*, s. 160-161 og Werner, Kortu, *Das Buch von der Deutschen Flotte*, (Bielefeld og Leipzig: Verlag von Velhagen & Klafing, 1898), s. 22-23.

¹⁷⁹ Jensen, Frede P., "Frederik II og truslen fra de katolske magter " *Historisk tidsskrift* 16 (1993): s. 263.

¹⁸⁰ Ibid., s. 263-264. Om retten til å utruste orlogsskip, sjå Laursen, Laurs, red. *Danmark-Norges Traktater 1523-1750 med dertil hørende Aktsykker*, 9 vols., vol. 2 : 1561-1588 (København: G.E.C. Gad, 1912), s.320-337. sjå særleg brevet frå Frederik 2. til Danzig datert 30. sept. (s. 329-331).

¹⁸¹ Jensen, "Frederik II og truslen fra de katolske magter " s. 266.

¹⁸² Dette er hovudtema i: ibid., og ikkje minst i Lockhart, Paul Douglas, *Frederik II and the Protestant Cause: Denmark's Role in the Wars of Religion, 1559-1596*, (Leiden: Brill, 2004),

¹⁸³ Dels basert på: Jensen, "Frederik II og truslen fra de katolske magter " s. 266. Sjå også ibid., s. 263 og Lockhart, *Frederik II and the Protestant Cause*, s. 181.

gjennom pengar, våpen og ammunisjon, han sikra også Danzig tilgang på danske og skotske leigesoldatar og opererte 11 danske orlogsfartøy utanfor byen for å hindre ei mogleg svensk-polsk blokade. Polen gjorde eit nytt forsøk på etablere sjømakt, men også dette forsøket vart resolutt møtt av overlegne danske sjøstridskrefter, noko som tvang Polen til semje med Danzig.¹⁸⁴ Dansk politikk for å hindre tilvekst av nye sjømakter retta seg ikkje berre mot Polen. Tyskland hadde fleire aktørar som ivra for ei tysk riksflåte, på riksdagen i 1570 hadde ideen blitt presentert og jamleg fram til 1581 var det eit tema, men vart resultatlaust. Årsaka var manglande interesse internt, men mest grunna politisk press frå Danmark og Sverige.¹⁸⁵

4.3 SJØHERREDØME OG SJØKANTSTRATEGI

Herredøme, *Dominium Maris Baltici*, i Austersjøen var eit resultat av tre faktorar, herredøme over Øresund og Storebælt, styrkebalansen mellom sjømaktane og kontroll over hamnebyar og baser kring Austersjøbassenget.¹⁸⁶ Den flåten og kontroll med dei danske sunda hadde lenge sikra dansk-norsk herredøme, men Sverige sin ekspansjon langs Austersjøen sin austlege og sørlege kyst endra dette. Sverige, under Gustav Adolf, hadde på 1620-talet skaffa seg kontroll over den baltiske kysten ned til og med Riga og var systematisk på frammarsj. Austersjøen var i stadig større grad omgjeven av svensk territorium som inkluderte store handelsbyar, byar som både sikra innkome til Sverige gjennom toll og skatt, men som også var framifrå operasjonsbaser for sjømakt og landmakt. Sverige kunne difor med stor kraft hevde at dansk herredøme i Austersjøen ikkje lengre reflekterte røyndomen, noko også Danmark-Noreg formelt anerkjente og stadfesta i 1622.¹⁸⁷ Allereie på 1580-talet hadde Danmark-Noreg tydeleg synt at ein ikkje hadde vilje til å handheve eller fremje territoriale krav i Baltikum. Til dømes stod ein ikkje imot Sverige sine brot på Stettinfreden frå 1570 og ein selte Kurland til Polen i 1585.¹⁸⁸ Ein byggja heller ikkje ut basefasilitetar på Gotland eller Øsel som kunna ha mogleggjort operasjonar i den austlege Austersjøen. Erklæringa i 1622 var dimed ikkje eit brot i Danmark-Noreg sin Austersjøpolitikk, men ei stadfesting av maktforskuinga til svensk fordel og ei vidareføring av ein meir eller mindre medviten dansk-norsk utrekking frå Austersjøen.

¹⁸⁴ Jensen, "Frederik II og truslen fra de katolske magter " s. 266-268.

¹⁸⁵ Ibid., s. 268.

¹⁸⁶ Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 208-209.

¹⁸⁷ Ibid., s. 208-209, sjå og Knud Jespersen i Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s.138-139. For sjølve teksten sjå Erslev, Kristian Sophus August, red. *Aktstykker og Oplysninger til Rigsraadets og Stændermødernes Historie i Kristian IV's Tid*, 3 vols., vol. 1 : (1588-1626) (Kjøbenhavn: Selskabet for Udgivelse af Kilder til Dansk Historie, 1883), s. 336-337.

¹⁸⁸ Stettinfreden inkluderte mellom anna at alle delar av Estland og Livland, som okkupert av Sverige, skulle overgjevast til Den tysk-romerske keisaren. Dette skjedde aldri, ei heller vart keisaren anerkjent som områda sin overherre. (Attman, *The struggle for Baltic markets*, 14, s. 87.). Om Kurland sjå: Traktat angaaende Stiftet Kurlands Overdragelse til Polen datert 28. sep. 1585, inklusive interne danske drøftingar i førekant: Laursen, *Traktater 2*, s. 645-661.

Eit viktig aspekt ved dei svenske krigane i Polen og Baltikum var at dei i stadig større grad involverte Sverige i europeiske konflikhtar. Dei interne nordiske maktkampane vart dimes meir og meir internasjonalisert, både grunna handelsfarten på Austersjøen og då dei kom i direkte interaksjon med 30-årskrigen sine konflikhtar.¹⁸⁹ I 1625 gjekk Christian 4. inn i 30-årskrigen som leiar for dei protestantiske fyrstane i Nord-Tyskland, eit grep som i hovudsak kom av strategiske vurderingar relatert til tilhøva ovanfor og ikkje av prestisje grunnar slik som ofte er blitt hevda.¹⁹⁰ Han ville nok, som protestantiske fyrste, hjelpe dei tyske protestantane, men hovudmålet var å hindre at motreformasjon også råka Slesvig-Holstein og Danmark. Christian 4. ville dessutan unngå at Gustav Adolf fekk førarsetet i Nord-Tyskland då hær under svensk leing rett sør av grensa ville utgjere ein alvorleg strategisk trugsel. Christian 4. var lova økonomisk, militær og politisk støtte frå England og Nederland, som baa var fiendar av keisaren, og kunne dimes venteleg oppnå sine strategiske målsetjingar utan vesentlege utgifter.¹⁹¹ I byrjinga lukkast Christian 4. godt, men i 1626 skifta maktbalansen og kongen vart tvungen til å utkjempe eit avgjerande feltslag, Lutter-am-Barenberg. Slaget vart eit knusande nederlag som leia både til at dei nord-tyske fyrstane trekte si støtte og til dansk tilbaketrekking nord for Elben. Sumaren 1627 feia keisaren sin hærførar, Wallenstein, den danske hæren til sides og okkuperte heile den danske halvøya. Det var berre dansk-norsk sjøherredøme som hindra eit vidare angrep på øyane og totalt nederlag. Keisaren, støtta av Spania, sette i gang ei omfattande flåteoppbygging med ambisjon om å bringe heile Austersjøregionen under sin kontroll.¹⁹² Dette var både ein direkte og indirekte strategisk trugsel mot dei skandinaviske landa. Direkte med di ei slik sjømakt ville utfordre dansk-norsk sjøherredøme og kunne leie til invasjon også av dei danske øyane, indirekte då ei slik sjømakt ville truget Nederland sine viktigaste handels og forsyningsområde og dimes truleg innebere endskap for nederlandsk sjølvstende og følgeleg føre til katolsk kontroll med Nederland sine maritime ressursar. Austersjøen ville ikkje lengre vere eit dansk-svensk innhav, men eit hav kvar dei katolske maktene dominerte. Christian 4. svara på trugselen med amfibiske raid,

¹⁸⁹ Det svenske aspektet er henta frå: Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 208-209.

¹⁹⁰ Prestisjeaspektet og dårleg diplomatisk handverk har vore det dominerande historiesynet sidan Fridericia sitt storverk på 1870-talet, sjå Fridericia, J. A., *Danmarks ydre politiske Historie i Tiden fra Freden i Lybek til Freden i Kjøbenhavn : (1629-1660)*, 2 band, band 1 : Fra Freden i Lybek til Freden i Prag : (1629-1635), (København: Selskabet for Udgivelse af Kilder til Dansk Historie, 1876:1972), . Først ved Tandrup sitt verk for me ein vesentleg revisjon av dette synet, sjå Tandrup, *Mod triumf eller tragedie 1*, 1, Tandrup, Leo, *Mod triumf eller tragedie: Tiden fra 1621 til 1625*, 2 band, band 2, (Aarhus: Universitetsforlaget, 1979), .

¹⁹¹ Dels basert på Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 208-212. og Lockhart, Paul Douglas, "Religion and Princely Liberties: Denmark's Intervention in the Thirty Years War, 1618–1625," *The International History Review* 17, no. 1 (1995) Mykje av det same kjem fram i Biesenbaum, Daniel Ergo, "Kong Christian 4. s store drøm: De forutgående årsakene til at den danske oldenborgmonarkens stormaktsambisjoner ble gruslagt i Kejserkrigen, og den utenrikspolitiske debatten i det danske diarkiet i årene 1618-25 som gjorde dette politisk mulig" (Mastergradsoppgåve, Universitetet i Oslo, 2014)

¹⁹² Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 222.

dansk-norske flåtestyrker angreip gang på gang ulike hamner og verft for å sinke og øydelegge keisaren sitt byggeprogram og for å hindre styrkesamling til eit amfibisk angrep på Fyn og Sjælland.¹⁹³ Danmark kunne ikkje vinne krigen, men ein kunne sikre fred gjennom å hindre Wallenstein sigeren, noko dei lukkast med og i 1629 slutta ein fred på svært milde vilkår. Krigen hadde likevel svekka økonomien og prestisjen alvorleg, og enda verre vart den strategiske stoda når Gustav Adolf gjekk inn i Tyskland sumaren 1630 med stor suksess. Alt Christian 4. ville unngå vart ein røyndom, samstundes som Danmark-Noreg var svekka.

I dei første tiåra av 1600-talet var Sverige i konstant krig med Russland og eller Polen-Litauen. Sverige sin utanrikspolitikk hadde som føremål å hindre Russisk ekspansjon til kysten, sikre kontroll over nøkkelpunkt i dei russiske grenselanda og erobre resten av kystlina i Baltikum. Ein hadde stor framgang, likevel innebar Freden i Stålbova i 1617 berre mindre innrømmingar frå Russland. Sverige si målsetjing med dei milde fredsvilkåra var truleg samarbeid med Russland og frigjering av ressursar til å erobre resterande baltiske hamner. Polen-Litauen, som var hardt pressa av Russland og i sør av tartarar og tyrkarar, kunne ikkje stå i mot Sverige og i Altmark-avtala i 1629 måtte Polen avstå Riga og gi Sverige fulle rettar til krevje inn toll i alle dei viktigaste polske hamnebyane. Den indre delen av Austersjøen vart dimed eit svensk innhav der Sverige kontrollerte alle hamnar frå Kalmar til Danzig. 85% av alle skip som dreiv handel til og frå Austersjøen vart no tolla av Sverige, ein toll som utgjorde om lag 30% av samla statsinntekter, inntekter som var heilt avgjerande for å finansiera Gustav Adolf sitt innleiande engasjement i 30-årskrigen.¹⁹⁴ Keisaren sine flåteplanar var kjent i Sverige og vart oppfatta som ein eksistensiell trugsel.¹⁹⁵ Dei leiande krinsane i Sverige såg difor allereie på 1620-talet ein direkte militær konfrontasjon med keisaren som uunngåeleg.¹⁹⁶ Det var kombinasjonen av økonomisk fridom og strategiske trugsmål som utløyste svensk inntog i Tyskland, ei involvering som ikkje berre gav prestisje og sikring mot etablering av nye sjømakter i Austersjøregionen, men også svensk kontroll over Pommern og nær alle viktige omlastingsstadar og handelsbyar i Nord-Tyskland. Styrkinga av svensk dominans langs sjøkanten betydde at balansen i maktpotensiale vart ytterlegare forskuve til svensk føremon, samt at Sverige fekk tilgang til operasjonsbaser som kunne truge Danmark frå sør.

¹⁹³ Denne aktiviteten er utfyllande omskrive i Probst, Niels M., *Christian 4.s flåde*, 4 band, band 3, Den danske flådes historie (København: Selskabet, 1996), s. 168-184.

¹⁹⁴ Maseng, *Utsikt*, s. 27-28 Tollinntektene som Sverige fikk kontroll over overgikk jamvel Danmark-Noreg sine inntekter frå Øresundstollen. (Palmer, Alan, *The Baltic*, (New York: Overlook Press, 2007), s. 112-114). Om finansieringa av 30-årskrigen, sjå Roberts, Michael, *Gustavus Adolphus and the rise of Sweden*, (London: Taylor & Francis, 1973:2014), s. 66.

¹⁹⁵ Dels basert på: Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 222. og Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 75-77
¹⁹⁶ Vurderinga kring det svenske strategisk utsynet i 1627-30 er basert på Jespersen, Knud J.V., "Kongemødet i Ulfsbäck prästegård februar 1629," *Historie* 14 (1982): s. 431-432.

4.4 DET STRATEGISKE SJØLVSTENDE GÅR TAPT

Dette utgangspunktet skulle kome til å utgjere bakteppet for 80 år med intense krigar. Krigar der Sverige i første omgang sikra seg store territoriale gevinstar og som nær førte til Danmark sin undergang. At Danmark i det heile overlevde var hovudsakleg eit resultat av stormaktsinteressane knytt til handelen i Austersjøregionen. Den viktigaste faktoren var regionen sine leveransar av avgjerande råvarer for skipsbygging, såkalla *Naval Stores*.¹⁹⁷ Alle landa i Austersjøregionen leverte *naval stores*, men berre Danmark-Noreg og Sverige hadde eigne sjømakter. Skulle desse to slå seg saman, eller den eine eliminere den andre, så kunne ein relativt lett stenge Austersjøen og dimed kontrollere flyten av *naval stores*. I Cromwell sine ord «*Dersom dei kan stenge oss ute frå Austersjøen og gjere seg til herrar over den, kvar er då Din handel? Kvar er byggjemateriale til Dine skip?*»¹⁹⁸ Følgjeleg kom England og Nederland til å engasjere seg tungt i Skandinavia sine konflikhtar for å trygge sine imperative interesser. Medan Danmark kontrollerte begge sider av Øresund støtta dei Sverige, då Sverige fekk overtaket skifta dei, særleg Nederland, side og sikra Danmark si overleving.

4.4.1 Torstensonkrigen

I 1643, då 30-årskrigen gjekk mot slutten, retta Sverige sin ekspansjonstrong mot Øresund. Denne endringa i fokus kan sjåast i samanheng med den såkalla *sjøkantstrategien*, altså oppfatninga av at Sverige sin tryggleik var avhengig av at Sverige kontrollerte kystane kring Austersjøen. Berre då kunne Austersjøen bli eit svensk innhav, eit *mare clausum*, og berre då kunne ein eliminere trugselen om maritim maktprojisering mot Sverige sitt kjerneland, samt hindre framvekst av nye konkurrerande sjømakter. Tanken var ikkje ny, allereie på 1620-talet var dette ein grunntanke i Gustav Adolf sitt strategiske utsyn.¹⁹⁹ Sjøkanten kring Austersjøen inkluderer Danmark, og Danmark-Noreg var den einaste makta i regionen som utfordra eit svensk *Dominium Maris Baltici*. Dertil kom Øresund med sin kontroll overall handelstrafikk til og frå Austersjøen. Dersom Sverige kunne få kontroll over både Øresund og utskipingshamnene i den austlege Austersjøen, så ville ein sikre seg store inntekter frå handel og toll, samt full kontroll over ei rekkje strategiske varer.²⁰⁰ Territoria Sverige hadde fått kontroll over under 30-års krigen mogleggjorde angrep på Danmark frå sør utan at den dansk-norske flåten kunne hindre det, noko som var ei sær s viktig endring frå Sjuårskrigen og

¹⁹⁷ Naval stores er eit samleomgrep for varer som vert nytta til bygging og vedlikehald av orlogsfartøy. Dvs. skipstømmer, master, hamp, tjære, jern og kopar, med meir.

¹⁹⁸ Uttalt til Underhuset: Maseng, *Utsikt*, s. 33. Mi omsetting.

¹⁹⁹ Gustav Adolf sitt syn ism Jespersen, "Kongemødet i Ulfsbäck," s. 432-433.

²⁰⁰ Kring 1650 gikk 40% av all handelstrafikk som passerte Øresund til og frå svenske hamner, medan ytterlegare 50% gikk over dei polsk kontrollerte byane Danzig og Königsberg. (Maseng, *Utsikt*, s. 42).

Kalmarkrigen. Når Sverige etter Slaget ved Fehmarn i oktober 1644 fekk sjøherredøme låg Fyn, Sjælland og Skåne open for svensk invasjon.²⁰¹ Alt låg til rette for ein fullstendig uttradering av Danmark-Noreg, men invasjonen kom aldri av to grunnar. For det første hindra den dansk-norske flåten svensk sjøherredøme heilt til Slaget ved Fehmarn i oktober og då var ikkje hovudhæren lengre tilgjengeleg for amfibiske operasjonar. På seinvinteren 1645 vart stoda snudd på hovudet, då var hæren tilgjengeleg, men ikkje flåten.²⁰² For det andre var ei uttradering av Danmark-Noreg ikkje i stormaktene si interesse. Nederland hadde våren 1644 tilbyd mekling mellom Danmark-Noreg og Sverige. Den nederlandske interessa for ei fredsslutning hadde minst tre viktige aspekt. For det første hindra krigen Nederland sin handelsverksemd, for det andre ynskja ikkje Nederland eit politisk skifte som gav Sverige fullt herredøme i Øresund, og for det tredje ynskja ein å få reduksjonar i Sundtollen for eigen handelstrafikk.²⁰³ Også Frankrike pressa på for ei rask fredsslutning, dette då Frankrike subsidierte svensk innsats i 30-års krigen og fann det uakseptabelt at Sverige nytta styrkene til anna enn kamp mot keisaren.²⁰⁴ Fredsforhandlingane i Brømsebro byrja sumaren 1644, men trakk ut då både danskane og svenskane søkte å betre sine posisjonar. For å få ei avgjersle sendte Nederland ei stor orlogs- og handelsflåte gjennom Øresund i juni 1645, utan løyve og utan å betale toll, dette samstundes som dei sa opp si meklingsrolle og erklærte at den defensive alliansen med Sverige frå 1640 var i kraft.²⁰⁵ Dette var i røynda eit ultimatum ovanfor Danmark-Noreg, ikkje berre hindra det sårt trengte tollinntekter, men den nederlandske flåten var også så sterk at den aleine kunne knuse ei kvar dansk von om vidare sjøherredøme. Danmark sitt strategiske handlingsrom var i praksis redusert til å vente på det siste avgjerande angrepet, ein var difor nøyd til å gå med på fred.²⁰⁶ Samstundes som Nederland pressa Danmark-Noreg var det også tydeleg at dei ikkje ynskja å bytta ut dansk herredøme i Øresund med svensk, difor pressa dei Sverige til å syne atterhald.²⁰⁷ Militær suksess kunne difor ikkje konverterast til ein fred som oppfylte dei politisk-strategiske målsetjingane Sverige gjekk til krig for. Det var naudsynt å halde Nederland nøgd og ein måte friggjere landmakta til vidare innsats i Tyskland. Sverige let difor Danmark-Noreg overleve som sjølvstendig stat på relativt moderate vilkår. Danmark-Noreg måtte avstå Herjedalen,

²⁰¹ Før slaget ved Fehmarn var flåtebalansen 37 danske skip på 23.000 tonn mot 43 svenske på 28.000 tonn, etter slaget var tala 26 danske på 16.000 tonn og 53 svenske på 36.500 tonn. (Glete, *Naval administration*, s. 172.)

²⁰² Munthe, *Sjømaktens inflytande* 2, 2, s. 370-371. og Glete, *Naval administration*, s. 174-175.

²⁰³ Dels basert på Munthe, *Sjømaktens inflytande* 2, 2, s. 365.

²⁰⁴ *Ibid.*, s. 365-366.

²⁰⁵ Wolke, Lars Ericson, *1658 : tåget över Bält*, (Lund: Historiska Media, 2008), s. 25-26.

²⁰⁶ Parafrase av Munthe, *Sjømaktens inflytande* 2, 2, s. 386-392.

²⁰⁷ *Ibid.*, s. 403. og Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 24-25. Sjå også Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 252-253.

Jemtland og dei to øyane Gotland og Øsel permanent, samt Halland i 30 år.²⁰⁸ I tillegg fekk Sverige full tollfridom i Øresund også for sine baltiske og tyske territorium, den svenske flåten fekk seglingsfridom i Øresund og Elbetollen vart oppheva. Dansk-norsk hevd på *Dominium Maris Baltici* vart også formelt oppgitt og i tillegg måtte Danmark-Noreg signere ei avtale med Nederland, Christianopel-traktaten, der Sundtollen vart kraftig avgrensa og alle tilleggsavgifter oppheva.²⁰⁹ I eit større perspektiv var dei mest vesentlege tilhøva at skandinaviske konflikhtar ikkje lengre kunne førast utan å ta omsyn til dei vestlege maritime stormaktene, framfor alt Nederland, og at krigen medførte at Danmark si hevd på *Dominium Maris Baltici* var knekt, ikkje berre formelt, men også i praksis.

4.4.2 Mellomspel

Utover 1640-talet held Sverige sin rikskanslar, Oxenstierna, fram ein medviten politikk for å gjere Sverige til Austersjøregionen sin store handelsnasjon, ein posisjon Nederland hadde med om lag 65% av all handelstrafikk gjennom Øresund.²¹⁰ Nederland oppfatta den sterke svenske militærmakta og deira klåre handelspolitiske målsetjingar som ein trugsel mot sine imperative merkantile- og strategiske interesser. Dei innleia difor eit engasjement for å styrke Danmark sin posisjon, noko Sverige i første omgang kontra ved å knytte venskapsband med England. Intensjonen deira var at dei saman skulle overvelde Danmark og permanent etablere Sveriges kontroll over Øresund, men grunna innanrikspolitiske tilhøve i Sverige vart det ikkje noko av dette og i staden valde Sverige i 1652 å søke allianse med Danmark-Noreg, ein allianse som i røynda ville eliminere det strategiske speleroommet til Nederland og England. Det vart ingen allianse, men initiativet vart gjenoppliva ei rekkje gangar dei neste 150 åra og var i røynda ei skisse for dei seinare væpna nøytralitetsforbunda.²¹¹

Sverige hadde etablert seg som ei regional stormakt, men var alvorleg truga av alle nabo-statane. I 1635 mista ein mykje av tollinnkoma som hadde gitt finansiell fridomen til engasjementet i 30-årskrigen.²¹² Resten av krigsperioden fram til 1648 var det franske og

²⁰⁸ De facto inkluderte landavståingane også bygdene Idre og Særna, men desse vart formelt ikkje del av Sverige før ved inngåinga av Grensetraktaten i 1751 og då nærmast som del av ein byttehandel der Lierne blei norsk.

²⁰⁹ Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 25.

²¹⁰ Denne såkalla «derivasjonspolitikken» er grundig drøfta i Kotilaine, Jarmo T., *Russia's Foreign Trade and Economic Expansion in the Seventeenth Century: Windows on the World*, *Russia's Foreign Trade and Economic Expansion in the Seventeenth Century* (Leiden: Brill, 2004), s.142-175. Grev Axel Oxenstierna var i praksis regent i Sverige etter Gustav Adolf sin død ved Lützen i 1632 og styrte i røynda svensk utanriks og krigspolitikk frå då og til sin død i 1654. Opplysinga om Nederland er frå Maseng, *Utsikt*, s. 42-43.

²¹¹ Eit væpna nøytralitetsforbund var ei avtale som dei nord-europeiske landa gjorde for å trygge den nøytrale handelen til sjøs. Den første fekk ein i 1691, det andre i 1693, og det tredje i 1756. Alle med Danmark-Noreg og Sverige som signatarar. I 1780 fekk ein ei fjerde utgåve som i tillegg til dei skandinaviske landa også omfatta Russland og Prøyssen. I 1794 inngjekk Danmark-Noreg og Sverige det femte forbundet, og i 1800 Russland, Danmark-Noreg og Sverige det sjette. Det vart utrusta høvesvis store kampstyrker i samband med desse forbunda og ein eskorterte mellom anna konvoiar med handelsfartøy over store distansar. Dei tre første er høvesvis lite omtalt i litteraturen, men er grundig skildra i: Kulsrud, Carl J., "Armed Neutralities to 1780," *The American Journal of International Law* 29, no. 3 (1935).

²¹² Svensk tollinnkrevjing frå Danzig, Königsberg og andre prøyssiske byar enda allereie i 1635. Sverige ga opp denne retten i von om varig fred med Polen. Konsekvensen var alvorlege utfordringar for finansieringa av vidare krigføring på kontinentet. (Roberts, *Imperial Experience*, s. 37).

nederlandske subsidier som tillèt Sverige å halde fram operasjonane i stor skala. Med Freden i Westfalen i 1648 fall også denne finansieringa vekk, men ikkje trugslane mot Sverige. Skulle Sverige sikre og helst styrke sin posisjon versus sine naboar måtte dei ikkje berre vere førebudd på krig, men måtte også finne finansiering av krigsmakta.²¹³ Øresund og dei prøyssiske kystbyane var dei einaste områda som kunne sikre store nye inntekter raskt. I 1655 gjekk Sverige til krig mot Polen. Truleg låg sjømaktsvurderingar bak dette. I aust kunne Sverige bruke landmakta beinveges med di dei hadde de facto sjøherredøme, medan ein i vest måtte etablere sjøherredøme før landmakta kunne brukast effektivt og ein ville kome i konflikt med Nederland. I røynda frykta Nederland også svensk kontroll med dei prøyssiske handelsbyane, og særleg Danzig. Dei la difor press på Danmark-Noreg for å tillate den nederlandske sjømakta å entre Austersjøen. Som motvekt søkte Sverige allianse med England, men heller ikkje dei såg seg tent med ein hegemonistat i Austersjøregionen og avstod.²¹⁴ Følgjeleg kunne Nederland i juli 1656 sende ei stor flåte til Danzig og stille Sverige ovanfor eit ultimatum, Sverige gav etter og avstod frå sine krav om tollinnkrevjing frå dei polsk-prøyssiske byane.²¹⁵ Samstundes hadde krigen i Polen byrja å gå dårleg for Sverige, Russland hadde angripe Livland, Ingermanland og Kexholm, keisar Ferdinand 3. hadde slutta allianse med Polen og Brandenburg nytta stoda til å pressa igjennom lovnad om fullt herredøme over Prøyssen som motyting til fortsett støtte til Sverige.²¹⁶ Sverige var altså hardt pressa.

4.4.3 Karl Gustav krigane

Den dansk-norske kongen var vel informert om svenskane sine utfordringar i Polen og såg dette som eit moglegeitrom for revansje og som ein preventiv styrking av sin posisjon før Sverige eventuelt på ny kunne konsentrere si makt mot Danmark-Noreg.²¹⁷ 1. juni 1657 gjekk Danmark-Noreg til krig. Styrkebalansen på land var ikkje ugunstig, men det synte seg snart at kvalitetsforskjellen var stor, den svenske hæren var betre trena, betre rusta og betre leia.²¹⁸ Danmark-Noreg sin allianse med Nederland var defensiv og då Danmark-Noreg var angriparen tredde den ikkje i kraft. Innleiingsvis lukkast Danmark-Noreg godt, ein erobra Bremen og rykka fram på alle frontar, men aggresjonen synte seg å vere alibiet Karl 10. Gustav trong for å trekke seg utav sitt polske eventyr utan å tape ansikt. På tre veker lykkast han med å flytte det vesentlege av felthæren frå Polen til Holstein og knuse dei danske styrkene. Offensiven stogga først ved festninga Frederiksodde, som kontrollerte overgangen

²¹³ Sjø t.d. Kirby, *Northern Europe in the early modern period*, s. 182-183.

²¹⁴ Maseng, *Utsikt*, s. 51-53.

²¹⁵ Israel, Jonathan I., *Dutch Primacy in World Trade, 1585-1740*, (Oxford: Clarendon Press, 1989), s. 218-219.

²¹⁶ Sjø Kirby, *Northern Europe in the early modern period*, s. 187-188. og Frost, *The Northern Wars*, s. 169-179.

²¹⁷ Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 268.

²¹⁸ *Ibid.*, s. 271-272.

til Fyn. I oktober fall også denne og det var berre dansk-norsk sjømakt som stod mellom fienden og det totale nederlag. Stoda var førebels ikkje ei strategisk katastrofe for Danmark, svenskane var låst fast i Jylland, noko som raskt kunne bli ei daudeleg felle dersom Sverige sine mange fiendar engasjerte seg på dansk side. Diverre for Danmark var vinteren ekstraordinært kald, Storebælt fraus til og gjorde sjømakta irrelevant. Karl Gustav kunne difor marsjere hæren over isen og kringsetje København, noko som utløyste ei eksistensiell krise for Danmark-Noreg. Sverige avstod rett nok frå fullstendig underlegging av Danmark-Noreg, men la fram svært harde krav for fred. Krava inkluderte, i tillegg til dei faktiske landavståingane i fredsavtala, Anholt, Læsø, Samsø, Saltholm, Hven, Møn, resten av Noreg i 30 år, Island, Færøyane og grevskapet Pinneberg i Holstein. Danmark-Noreg skulle vidare stille fleire hær- og flåteeiningar disponibelt for Sverige.²¹⁹ Eit nærmare blikk på alle desse krava syner at dei alle er relatert til sjøkrig og handel. Det var mange årsaker til at Sverige avstod frå å fullstendig underlegge seg Danmark-Noreg, men viktigast var truleg trongen for å frigjere styrker til andre krigsteater, samt at ein ynskja å trå varsamt ovanfor Nederland og England.²²⁰ Hadde fredsforhandlingane dratt ut såg ein det også som sannsynleg at Danmark sine vener, primært Nederland, kunne kome Danmark til unnsetning.²²¹ Eit svakt Danmark var dessutan truleg både lettare og rimelegare å kontrollere enn eit okkupert. Sverige sa seg difor nøgd med Skåne, Halland, Blekinge, Båhuslen, Bornholm og Trøndelag inkl. Nord-Møre. Avståinga av Trøndelag var særleg interessant. Kopardrift var ein ny og veksande verksemd i Noreg, ei verksemd som stod i direkte konkurrans med ein av Sverige sine viktigaste eksportindustriar og som hadde fått prioritert tilgang til marknaden i Nederland. Med Trøndelag fekk Sverige nærmast europeisk monopol på kopar. Trøndelag omfatta eigentleg Nord-Noreg, noko som ville medføre at Sverige fekk kontroll over Finnmark inklusive Vardøhus og dimed kontroll også over Russland sin handel via Arkhangelsk. Sverige ynskja også å erstatte Bergen som utskipingshamn for fiskeeksporten frå Nord-Noreg, noko som ville ha sikra store toll- og eksportinnkome.²²² Militærstrategisk var klausulane i fredsavtala som skulle gjere Austersjøen til eit svensk *mare clausum*, særleg viktig.²²³ Danmark skulle gi opp alle sine alliansar og nekte «*att något örlogsskepp genom Bältet eller Sundet åt Östersjöen passerar och löper.*» Grunna press frå England vart teksten moderert før endeleg

²¹⁹ Wolke, Lars Ericson, "När Skåne blev svenskt - Roskildefreden 350 år," *Populär Historia* (2008)

²²⁰ Under fredsforhandlingane i Roskilde gjorde Cromwell, England sin de facto diktator, det klårt at England ikkje såg det i si interesse at Danmark skulle bli undertrykt av nokon av sine naboar. (Maseng, *Utsikt*, s. 54).

²²¹ Wolke, "När Skåne blev svenskt,"

²²² Maseng, *Utsikt*, s. 56.

²²³ *Mare clausum* – eit stengt hav underlagt ein stats jurisdiksjon.

underskriving til berre å gjelde eikor framand fiendtleg orlogsflåte, ei formulering Sverige ikkje var nøgd med då den kunne innebere ei innsegling i Austersjøen før ei krigserklæring vart utferd. ²²⁴ Målet om *mare clausum* vart dimed ikkje fullt realisert.

Sverige gjekk sumaren 1658 på ny til krig mot Danmark-Noreg. Føremålet var å oppnå alt ein ikkje hadde nådd i Roskildefreden. Danmark var denne gangen den angripne part noko som moralsk forplikta Nederland til krig mot Sverige, samstundes hadde Nederland stor strategisk interesse av å hindre svensk hegemoni og var den einaste makta som effektivt kunne motverke svensk militærmakt. ²²⁵ Krigen vart dimed eit kappløp mellom den svenske og nederlandske krigsmakta og tyngdepunktet i krigen var København. Svenske operasjonar mot København var avhengig av sjøherredøme for å føre fram og forsyne landmakta, samt for å effektivt omlægge København. Med di det svenske åtaket var eit strategisk overfall utan førehandsvarsel var ikkje den dansk-norske flåten ikkje kampklar og kunne heller ikkje bli det medan Sverige kontrollerte tilførslevegane til København. Sverige kunne difor sutlaust etablere naudsynt sjøherredøme, men lukkast ikkje i å storme København slik dei hadde planlagt, dei måtte ty til omlægging. Dette gav Nederland tid til å kome Danmark til unnsetning. 29. oktober 1658 trengde den nederlandske flåten forbi Kronborg og engasjerte den svenske flåten som var konsentrert rett sør for festninga. Slaget enda taktisk uavgjort, men var i røynda ein strategisk siger for dei allierte med di nederlendarane lykkast i å bringe forsterkingar og forsyningar til København og legge blokade på den svenske flåten i Landskrona. ²²⁶ Sjøherredøme skifta dimed til den nederlandsk-danske sida. Gjennom heile 1659 søkte den svenske flåten å utfordre sjøherredøme, men var underlegen og våga ikkje å søke eit avgjerande slag i frykt for å tape resten av flåten. ²²⁷ Den svenske hæren vart difor isolert og resten av krigen vart ei lang svensk tilbaketrekking som først og fremst vart dominert av dei allierte sitt sjøherredøme som mogleggjorde konsentrasjon av styrker og flytting av forsyningar nærmast utan innblanding frå svenskane. Krigen kunne framleis ha snudd til Sverige si føremon dersom ein hadde lukkast med å engasjere England, noko som ikkje var usannsynleg på vårparten i 1659. England hadde sendt ei flåte på 40 orlogsskip til Øresund og hadde von om å få førerang på handelen i Austersjøen dersom dei støtta svenskane, men krava dei stilte synte seg uakseptable. Det var også mange i London som var

²²⁴ Maseng, *Utsikt*, s. 54.

²²⁵ *Ibid.*, s. 59.

²²⁶ Glete hevder at den improviserte basen i Landskrona fungerte godt, noko aktivitetsnivået i 1659 støttar. (Glete, *Naval administration*, s. 184.). Det synet samsvarar langt på veg med kva ein finn i eldre detaljerte skildringar av den svenske flåten sin aktivitet i 1658-60. Sjå t.d. Munthe, *Sjømaktens inflytande 2*, 2, s. 539-599., Zettersten, Axel, *Svenska flottans historia: åren 1635-1680*, (Norrtejlje: Norrtejlje tidnings boktr., 1903), s. 177-178 og 408-441. og Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 85-99.

²²⁷ Munthe, *Sjømaktens inflytande 2*, 2, s. 536-539.

uroa for å gi Sverige for stor makt over handelen på Austersjøen. England fall difor ned på ei løysing der dei saman med Frankrike la tungt diplomatisk press på dei stridande for å slutte fred i samsvar med Roskildefreden. I februar 1660 døyde kong Karl Gustav og ein fekk svensk fredsvilje. Raskt kom ein til einigheit om ein fred som vart ei modifisert utgåve av Roskildefreden, men der Danmark-Noreg fekk attende Trondheimslen og Bornholm, samt at reglane kring stenging av Øresund for framande krigsflåtar vart oppheva.²²⁸

Hendingane under denne krigen synte på ny kor avgjerande sjøherredøme var for krigføring i Norden og den synte med all tydelegheit at Norden ikkje lengre kunne gjere opp seg i mellom utan å ta omsyn til dei vestlege stormaktene. Grunna baser i nærområda og nasjonale ressursar for bygging og drift av flåten var ikkje dei skandinaviske landa utan vidare underlegne dei vestlege maritime stormaktene i heimlege farvatn. Rett nok hadde Nederland mønstra 72 orlogsskip i Austersjøregionen sumaren 1659, noko som var langt overlegent kva Sverige eller Danmark kunne mønstre, men dette var eit unnatak der Nederland nytta mest heile si sjømakt.²²⁹ Vanlegvis ville dei berre kunne nyttegjere seg av ein mindre lut av sjømakta grunna trong for skipa også i andre farvatn. Dersom Nederland eller England kunne stø seg på ein av dei skandinaviske sjømaktene var stoda radikalt annleis. Ein slik kombinasjon ville ha potensiale for uomtvista sjøherredøme i regionen med mindre den andre stormakta engasjerte seg på motsett side. Utan sjøherredøme ville ein vere ute av stand til offensiv krigføring, og knappast i stand til defensiv krigføring. Dette faktum, og den stendige rivaliseringa mellom Danmark-Noreg og Sverige, reiv dimed vekk Skandinavia sitt strategiske sjølvstende. Krig, utfall av krigane og fredsavtalane var no noko som stormaktene i stor grad dikterte. Det var dei vestlege stormaktene sine politisk-strategiske målsetjingar som hadde prioritet når fred skulle forhandlast, ikkje målsetjingane til dei skandinaviske kongane, eller den faktiske militære situasjonen.

4.5 REVANSJELYST I SKUGGEN AV STORMAKTENE

Etter den store styrkeprøva mellom Danmark-Noreg og Sverige 1657-60 fall Austersjøregionen til ro. Nederland si sjømakt hadde synt seg så sterk at Sverige måtte gi avkall på Oxenstierna sin sjøkantstrategi og dimed målet om å gjere Austersjøen til eit røyntag svensk *mare clausum*. Dette var eit vesentleg vendepunkt i Sverige sin utanrikspolitiske historie. Russland hadde også slutta fred med Sverige, men held likevel fram med ein medviten politikk for å redusere Sverige si rolle som mellommann på den russiske

²²⁸ Avsnittet er ein parafraze av Maseng, *Utsikt*, s. 61-65. og halde opp mot Munthe, *Sjømaktens inflytande* 2, 2, s. 539-599.

²²⁹ Glete, *Naval administration*, s. 182.

handelen. Ein skattla handel over dei svenske hamnene hardt og gjorde det ein kunne for å fremje handelen over Arkhangelsk som alternativ.²³⁰ I vest held kappestriden mellom England og Nederland fram. Allereie i 1664 braut Den andre britisk-nederlandske krigen ut, noko som i utgangspunktet burde ha vore ein idealsituasjon for dei nordiske landa. Så lenge Nederland og England var i krig med kvarandre kunne ingen av dei engasjere seg substansielt i Austersjøregionen. Årsaka til at det ikkje kom til fredsbrot var truleg ein kombinasjon av at rika var krigstrøytt, økonomisk svake og prega av interne maktampar, samt då maktbalansen ikkje gjorde ein rask siger sannsynleg for nokon av sidene. Mogleighetsrommet for eit nytt oppgjær på eigne premissar var der, men vilje og evne mangla.²³¹

I 1672 gjekk Frankrike assistert av England til krig mot Nederland med føremål å knekke Nederland ein gang for alle. Båe sidene engasjerte straks sine allierte og venar. Sverige, som alliert med Frankrike, vart sumaren 1674 tvungen under trugsel om atterhald av subsidiar til å gå til krig mot Frankrike sin fiende, Brandenburg. Danmark-Noreg var samstundes traktatforplikta til å støtte alliansen av Nederland, Brandenburg og keisaren dersom ein ny stat gjekk til krig mot ein av dei, men Danmark-Noreg hadde ikkje hastverk med å oppfylle sine forpliktingar. Krigsvilja kom først då Sverige sin krig i Brandenburg byrja å gå dårleg i 1675.²³² Christian 5. nytta Sverige si strategiske stode til å gå inn i hertugen av Gottorp sine land, tvinge denne til å seie opp sine danskfiendtelege alliansar og til å gi avkall på territoriale krav i Slesvig. I september gjekk dansk-norske styrker vidare og angreip dei svenske områda i Pommern, utan krigserklæring, men i samsvar med sine alliansepliktar. Føremålet var i første omgang å avlaste Brandenburg, men på lengre sikt ynskja ein å eliminera Sverige sitt fotfeste i Tyskland og å få attende dei tapte landsdelane.²³³ Den skånske krigen var dimed ein del av den europeiske storkrigen frå starten og følgjeleg var det klart at stormaktene ville spele ei rolle i både krigføringa og i fredsslutningane.

Når krigen braut ut, så stod hovuddelen av den svenske felthæren i Tyskland og var i stor grad avhengig av maritime kommunikasjonar, noko også dei danske operasjonen mot Pommern var. Den sida som kunne sikre sjøherredøme ville difor ha ei stor føremon i landkrigføringa. Sverige sin allierte, Frankrike, si sjømakt var overlegen Nederland si, men den franske flåten var utan krigserfaring og var defensiv i tankegodset.²³⁴ Dei yta difor inga

²³⁰ Maseng, *Utsikt*, s. 65-66.

²³¹ Lausleg basert på *ibid.*, s. 72-74.

²³² I juni 1675 leid den svenske hæren to store nederlag og vart pressa attende til Pommern. (*ibid.*,)

²³³ Skildringa av innleiinga til Den skånske krigen er eit samandrag av *ibid.*, s. 72-75., Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 308-311. og Glete, *Naval administration*, s. 184-185.

²³⁴ Kategoriseringa av fransk sjømakt per 1675 er Glete sin, sjå Glete, *Naval administration*, s. 185., men er ein påstand med truverd då den franske marinen ekspanderte frå å vere ei lita kystmarine til verda si største sjømakt i løpet av dei 10 åra frå 1665 til 1675. Frankrike byggja

hjelp til Sverige, medan Nederland handla aggressivt og sendte sterke sjøstridskrefter til Austersjøregionen for å støtte den dansk-norske flåten. Grunna det allierte sjøherredøme kunne ikkje Sverige projisere makt mot Danmark verken direkte mot Sjælland eller via Tyskland. I 1676 vart stoda for svensk sjømakt ytterlegare forverra. Den svenske flåten var kvantitativ større enn den allierte og utfordra alliert sjøherredøme i den sørlege Austersjøen, men vart beordra til å trekke seg attende til lokale svenske farvatn nord av Øland.²³⁵ Ei slik disponering gav dei allierte sjøherredøme i sørvest utan kamp, men ein søkte likevel eit avgjerande slag for få permanent sjøherredøme. Ved Øland 1. juni 1676 fekk ein delvis kva ein ynskja. Rett nok vart ikkje slaget ein avgjerande taktisk siger, men strategisk var det avgjerande med di den svenske flåten måtte trekke seg attende til Stockholm og overlate sjøherredøme til dei allierte resten av sesongen.²³⁶ Danmark-Noreg kunne følgjeleg invadere Skåne, Blekinge og Gotland.²³⁷ Sjølv den danske hæren sitt blodige nederlag i Slaget ved Lund i desember 1676 førte ikkje tilbaketrekking, hæren vart forsynt og støtta av dansk sjømakt og byggja seg snart opp til å vere sterkare enn den svenske igjen.²³⁸ I 1677 søkte Sverige å sikre sjøherredøme for å isolere og nedkjempe den danske hæren og sjølv invadere Sjælland, samt sikre dei maritime kommunikasjonane til Tyskland. Skulle dei ha røyntleg von om å lukkast måtte sjøherredømet sikrast før den nederlandske flåten kom tilbake frå vinteropplag. I to store slag, Fehmarn i mai og Køge bukt 1. juli, knuste den dansk-norske flåten eit kvart svensk håp om sjøherredøme. I Køge bukt mista Sverige 1/3 av flåten og mange av skipa svenskane tapte gjekk rett inn i dansk-norsk teneste. Maktforskuinga til markant dansk-norsk føremon vart permanent og resten av krigen var svenskane røyntleg avgrensa til sjønektingsoperasjonar. Med støtte av sjøherredøme i den sørlege og vestlege Austersjøen vann Danmark og Brandenburg gradvis kontroll over fleire og fleire svenske område, men den svenske flåten hadde framleis ein *fleet-in-being* effekt og hindra dimed dansk-norsk maritime maktprojiseringa nord av Øland-Gotland.²³⁹

I august 1678 slutta Frankrike fred med Nederland i Nijmegen.²⁴⁰ Nijmegenfreden innebar

140 orlogsskip på 10 år, og desse skipa var større og betre enn nærmast alle andre sine. Ei opprusting av tankegods og sjøkrigstradisjonar tek normalt vesentleg lengre tid. (Glete, *Navies and nations*, s. 190-202.)

²³⁵ Anderson hevdar at årsaka var ein ynskje eit betre utgangspunkt for eit avgjerande slag mot den dansk-norske og nederlandske flåten. (Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 112.) Dette har lågt truverd med di ein med ei slik disponering faktisk gav opp sjøherredøme, altså sjølvne rasjonale for å utkjempe eit avgjerande slag i det heile.

²³⁶ Faktaopplysningane er henta frå: Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 111-115. og Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 107-116.

²³⁷ Dels parafra av Glete, *Naval administration*, s. 187-188.

²³⁸ Sjø t.d. Vaupell, Otto Frederik, *Den danske hærs historie til nutiden og den norske hærs historie, indtil 1814*, 2 band, band 1, (København: Gyldendal (F. Hegel), 1872), s. 165-168.

²³⁹ Faktaopplysningane er henta frå Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 116-123. *Fleet-in-being* effekten er spesifikt omtalt hjå ibid., s. 124-125.

²⁴⁰ Oakley, *War and Peace*, s. 94.

potensielt vesentlege endringar i den militærstrategiske stoda med di den frigjorde den enorme franske flåten for operasjonar i Austersjøregionen, følgeleg såg Christian 5. seg tvungen til fred, ein fred på vilkår diktert av Frankrike som primært var opptatt av sin allierte Sverige og fortsatt maktbalanse i Skandinavia.²⁴¹ Til tross for sine store militære framgangar fekk Danmark-Noreg dimes ingen territoriale eller politiske gevinstar ut av krigen.

Nederlaget i Den skånske krigen utløyste ein revolusjon i maktfordeling og finansorganisering i Sverige. Kongen vart eineveldig og gjennomførte omfattande reformer kjent som *reduktionen*, noko som både auka kongen og riket si innkome, samt reduserte adelen sin økonomiske og politiske fridom gjennom inndraging av alt krongods som tidlegare var delt ut som len til adelen.²⁴² I tillegg fremja Sverige merkantil verksemd og opplevde ei stor oppbløming av skipsfart. Samla gav den merkantile veksten, auka tollinntekter og sterkt auka renteinntekter frå krongodsa, ein vesentleg styrka nasjonaløkonomi. Dette frigjorde Sverige frå subsidietrongen og opna for ei nasjonalt finansierte og kraftige styrka militærmakt. Særleg flåten vart bygd ut og den fekk også ei ny og meir føremålstenleg heimebase, Karlskrona.²⁴³ I tillegg skapte Sverige eit bemanningssystem for flåten der mannskap og offiserar vart buset i nærområda til Karlskrona, noko som mogleggjorde rask mobilisering av flåten. Ein såg og ein overgang til eit meir profesjonelt og meritokratisk offiserskorps.²⁴⁴ Endringane i Sverige fann stad samstundes som, og var dels ei følge av, viktige endringar i handelsmønstra på Austersjøen. Den viktigaste handelen hadde tidlegare vore korneksport frå Danzig, no vart det i større og større grad *naval stores* frå Riga som tok over i volum og verdi.²⁴⁵ *Naval stores* var eit strategisk imperativ for dei vestlege sjømaktene. Både jarn, hamp, lin, tjære, mastetømmer og skipstømmer kom hovudsakleg frå Austersjøregionen, eller Austersjøregionen sine varer var av høgare kvalitet eller hadde lågare pris enn konkurrerande kjelder. Den nye maritime supermakta, England, var frå slutten av 1600-talet avhengig av import av slike varer og trongen var knappast mindre hjå dei andre vestlege sjømaktane. Frankrike og Nederland hadde Austersjøregionen som primær kjelde, men jamvel Spania fekk mykje av sine forsyningar herifrå.²⁴⁶

4.6 DEN STORE NORDISKE KRIG

I 1700 slutta Danmark-Noreg krigsforbund med Sachsen-Polen og Russland mot Sverige.

²⁴¹ Parafraze av Glete, *Naval administration*, s. 194-197.

²⁴² Sjø t.d. Upton, Anthony F., "Charles XI and the Swedish Estates 1680-1693," *Parliaments, Estates & Representation* 22, no. 1 (2002).

²⁴³ Glete, *Naval administration*, s. 197.

²⁴⁴ *Ibid.*, s. 120.

²⁴⁵ Oakley, *War and Peace*, s. 96. og Kirby, *Northern Europe in the early modern period*, s. 229-234.

²⁴⁶ Tracy, Nicholas, *Nelson's Battles: The Triumph of British Seapower*, (Seaforth Publishing, 2008), og Murray, John J., "Baltic Commerce and Power Politics in the Early Eighteenth Century," *Huntington Library Quarterly* 6, no. 3 (1943), sjå også Hinkkanen og Kirby, *The Baltic*, s. 124.

Alle hadde revansjeynskje og territoriale ambisjonar mot Sverige, Danmark-Noreg ville ta tilbake landområda dei hadde mista i 1645 og 1658/60, samt eliminere sjølvstende til Holstein-Gottorp. Russland ville sikre tilgang til Austersjøen for å redusere Sverige sin kontroll over deira handel, og Sachsen-Polen ville ha Riga og helst heile Livland og Estland.²⁴⁷ Til lukke for Sverige var angrepa deira ikkje koordinert og kunne dimed handterast kvar for seg gjennom å utnytte havet til strategisk mobilitet. Berre Danmark-Noreg kunne truge svensk sjøherredøme i Austersjøen og måtte difor handterast først, helst burde dansk-norsk sjømakt knekkast eller svekkast permanent. Ein storkrig kring Øresund hadde potensielt alvorlege konsekvensar for vestmaktene sine forsyningar av *naval stores*. England og Nederland sendte difor ei flåte til Øresund for å legge press på Danmark-Noreg.²⁴⁸ Karl 12., som hadde all grunn til å tru at England ville støtte han, beordra den svenske flåten til å gå gjennom Flinterenden og foreine seg med den allierte flåten. Flinterenden var grunn og vanskeleg å manøvrere, følgeleg måtte den svenske flåten splittast og dei største skipa sendast attende til Karlskrona. Svekkinga gjorde at den svenske flåten ikkje aleine kunne utfordre og sigre over den dansk-norske flåten med noko grad av sannsyn, men foreina med dei allierte var sjøherredøme sikra.²⁴⁹ Karl 12. utnytta sjøherredømet til å landsetje hæren på Sjælland, noko som utløyste panikk i København og pressa fram fredsslutting mellom Danmark-Noreg og hertugen av Holstein-Gottorp.²⁵⁰ Med det oppnådde dei allierte sine uttalte mål, trakk tilbake sjømakta og truga jamvel Sverige med angrep dersom ikkje også dei slutta fred. Utan allierte støtte var svensk sjømakta underlegen den dansk-norske og tap av sjøherredøme ville isolere den svenske hæren på Sjælland. Stoda gav ikkje Karl 12. anna val enn fred utan gevinst. Igjen hadde dei vestlege stormaktene diktert utviklinga gjennom si sjømakt og hadde oppnådd ein dobbel siger. Ein både sikra fred i Øresund og opprettheld maktbalansen i regionen.²⁵¹ Sverige fekk fred, men lukkast ikkje med å svekke den dansk-norske flåten. Den utgjorde dimed ein permanent trugsel og Sverige måtte difor halde vesentlege landstyrker i reserve i Sør-Sverige for å kunne møte ein fornya dansk-norsk aggresjon, styrker som dei sårt hadde trengt på andre frontavsnitt.

Karl 12. utnytta den strategiske mobiliteten sjømakta gav han til først å konsentrere den svenske felthæren mot Russland ved Narva (nov. 1700) kor han sigra stort og så mot Sachsen-

²⁴⁷ Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 23-24. Sjå også Kotilaine, "Opening a Window on Europe," for ei utdjuping av dei økonomiske aspekta for Tsar Peter sin krig mot Sverige. og Lewitter, L. R., "Russia, Poland and the Baltic, 1697-1721," *The Historical Journal* 11, no. 1 (1968).

²⁴⁸ Dels basert på: Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 341-342.

²⁴⁹ Maseng, *Utsikt*, s. 86-87.

²⁵⁰ Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 343.

²⁵¹ Dels basert på Maseng, *Utsikt*, s. 87-88.

Polen ved Riga (sumaren 1701) og ein ny stor siger. Men i staden for å konsolidera i kystområda og slå tilbake fornå russiske eller polske angrep gjennom overlegen mobilitet og taktiske offensivar, så førte Karl 12. krigen offensivt lengre og lengre vekk frå kysten.²⁵²

Denne utviklinga innebar gradvis at Sverige gav opp si største strategiske føremon relativt til Russland, altså evna til å utnytte maritime kommunikasjonar for forsyning, flytting, innsetjing, utrekking og konsentrasjon av styrker.²⁵³ Når Sverige i tillegg fokuserte på Sachsen-Polen opna det for fornå russisk aggresjon mot Finskebukta. Allereie i mai 1703 braut Russland igjennom til havet og grunnla St. Petersburg, Kronstadt og Den russiske austersjømarinen. Dette skulle endre maktbalansen i Austersjøen permanent og utgjorde byrjinga på slutten av Sverige si hevd på *Dominium maris Baltici*.

Dei svenske felttoga i Aust-Europa enda med kapitulasjon ved Poltava i Ukraina i 1709. Nederlaget vart forsterka av to hendingar. For det første gjekk Danmark-Noreg til krig og invaderte Skåne, ein invasjon som rett nok vart slått tilbake allereie i februar 1710 og som kosta Danmark halve invasjonsstyrka og mykje materiell.²⁵⁴ Danmark-Noreg si fornå krigføring medførte også at det svenske sjøherredøme i Austersjøen vart utfordra og Sverige sine maritime kommunikasjonar truga. Den dansk-norske flåten opererte forsiktig og defensivt, med di eit tap av flåten ville legge Danmark open for invasjon, så i røynda hadde svenskane relativt trygge maritime kommunikasjonar i alle opne farvatn aust for Skåne, og dels også på lina Pommern-Sverige, men den absolutte fridomen til å nytte havet var broten.²⁵⁵ Den andre store hendinga var at forsvaret av dei svensk-baltiske provinsane kollapsa. I 1710 fall Viborg, Riga, Pernau, Kexholm og Reval, men Russland mangla førebels substansielle sjøstridskrefter og kunne difor ikkje føre striden vidare til Finland og sjølv Sverige.²⁵⁶ Det viktigaste krigsområdet i 1712-13 vart dimed Pommern kor svenskane innleiingsvis hadde suksess, men våren 1713 endra stoda seg og svenskane vart nøydd til å trekke seg tilbake til festninga Tønning kvar dei vart omlægra og tvungen til kapitulasjon.²⁵⁷ I 1712 slutta Russland fred med osmanarane og hadde byggja opp ei stor skjergardsflåte i Kronstadt. Frigjevinga av store landstyrker kombinert med mobilitet i skjergarden

²⁵² Frost hevder at det var logistikk, altså evna til å forsyne hæren, som låg til grunn for dei offensive operasjonane. (Frost, *The Northern Wars*, s. 281-283.) Ei slik slutning gir berre meining etter at Danmark-Noreg igjen gjekk til krig. Før det hadde Sverige sjøherredøme og kunne dimed konsentrere forsyningar akkurat der og når dei ynskja gjennom heile seglingssesongen, vel og merke så lenge hæren opererte nær kysten eller langs navigerbare elvar. Logistikk var med andre ord inga stor utfordring så lenge ein hadde direkte tilgang til maritime kommunikasjonar.

²⁵³ Glete hevdar eit liknande synspunkt i Glete, *Naval administration*, s. 126.

²⁵⁴ Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 125-126.

²⁵⁵ Glete, *Naval administration*, s. 128.

²⁵⁶ Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 26.

²⁵⁷ Det var planlagt unnsetning av Tønning sjøvegen, men planen vart aldri sett uti livet grunna innanrikspolitiske utfordringar i Sverige. For detaljar sjå: *ibid.*, s. 137-138.

mogleggjorde russisk suksess i Finland og allereie sumaren 1714 stod dei russiske styrkene på Åland. Berre den svenske lineflåten hindra vidare framrykking til sjølve Sverige. I 1716 prøvde Karl 12. å ta tilbake initiativet ved å erobre Noreg og dimed tvinge Danmark-Noreg ut av krigen. Også denne operasjonen hadde trong for maritime kommunikasjonar for å lukkast, kommunikasjonar svenskane ikkje lukkast med å sikre. 8. juli 1716 tok Tordenskjold den svenske forsyningsflåten i Dynekilen og tvang dimed Karl 12. til å avbryte invasjonen og trekke seg ut av Noreg.²⁵⁸ I 1718 prøva Karl 12. på ny å ta Noreg, men vart drepen ved Fredriksten festning, noko som straks førte til omfattande endringar i svensk politikk.²⁵⁹ Under det nye regimet søkte og fekk Sverige fred med alle sine fiendar unnateke Russland.²⁶⁰ Dei held fram sine operasjonar og herja i 1719-21 den svenske austkysten. Samstundes var det svenske imperiet i mindre og mindre grad i stand til å økonomisk bære eit framhald av krigen.²⁶¹ Utviklinga tvang dimed fram ei fredsslutning, Freden i Nystad, kor Sverige måtte akseptere at Russland fekk alle dei svenske landområda i Baltikum, Ingermanland og Karelen og enda med det Sverige si stormaktstid.²⁶²

Som eit strategisk bakteppe til denne utviklinga ligg heile vegen Austersjøhandelen, toll, avgifter og *naval stores*. England og Nederland såg handelen som heilt avgjerande for deira sjømakt og deira handelsflåtar.²⁶³ Dei såg det også, særleg før 1708, som viktig å unngå at Sverige slutta seg til Frankrike. Dette stilla vestmaktene ovanfor eit diplomatisk og strategisk dilemma. Gjekk dei mot svenske interesser, så kunne Sverige både stogge eigen eksport, hindre handel på andre Austersjøstatar og slutte seg til Frankrike. Støtta dei Sverige, så risikerte dei den russiske handelen og ville samstundes gje Sverige eit ytterlegare godt grep om Austersjøhandelen. Hadde Sverige og Russland slutta fred på gode vilkår for Sverige var det lite truleg at Habsburg-keisaren, Danmark-Noreg eller Prøysen hadde våga å setje seg mot

²⁵⁸ Sjå t.d. Ibid., s. 229-234., Ersland, Holm og Engdal, *Norsk forsvarshistorie 1*, 1, s. 239-241. og Olsen, Per Erik, red. *Norges kriger : Fra Hafsfjord til Afghanistan* (Oslo: Vega Forlag AS, 2011), s. 244-269. Kva vekt dei maritime forsyningane hadde for svenskane er vektlagt svært ulikt i litteraturen. Karl Jacob Skarstein kan t.d. tolkast til å meine at invasjonen av Noreg hadde feila allereie før Dynekilen (ibid., s. 263 og 269.), medan Wolke vektlegg tapet av dei maritime kommunikasjonane tungt. (Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 234.) Basert på Karl 12. sine egne brev sannsynleggjer Bergersen at Dynekilen vart avgjerande for felttoget i Noreg, og at den raske uttrekkinga truleg var ei følge av frykt for å bli avskoren også ved Svinesund, og ikkje av at Karl 12. allereie hadde gitt opp. (Bergersen, *Viceadmiral Tordenskiold*, s. 635-638.)

²⁵⁹ Maseng argumenterar for at invasjonen av Noreg i 1718 kunne ha vore ein avleiingsmanøver og at den eigentlege planen var å invadere Danmark gjennom amfibisk angrep frå Gøteborg når den danske flåten var gått i vinteropplag. (Maseng, *Utsikt*, s. 125-127.)

²⁶⁰ Freden med Hannover innebar også at Storbritannia ikkje lengre var fiendtleg innstilt til Sverige, noko dei hadde vore sidan 1715 ettersom Hannover var i personalunion med Storbritannia. (Glete, *Naval administration*, s. 127 og 130.) For ei skildring av britisk og nederlandsk flåteaktivitet i Austersjøregionen 1715-19, sjå Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 194-197.

²⁶¹ Sverige kunne i 1721 t.d. berre finansiere 2/3 av statsbudsjettet. (Karonen, Petri, "Coping with Peace after a Debacle: The crisis of the transition to peace in Sweden after the Great Northern War (1700-1721)," *Scandinavian Journal of History* 33, no. 3 (2008): s. 205-206.)

²⁶² Lausleg basert på: Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 27-28.

²⁶³ Ein god illustrasjon på dette finn ein i Storbritannia sin utanriksminister, Lord Townshend, sitt brev datert 3. oktober 1716 "It is our misfortune at this juncture by knavery of the Muscovites in imposing on our merchants last year, to have our naval magazines so ill provided with stores, particularly with hemp, that if the fleet of merchantmen, now lading in the Baltic, should by any accident miscarry, it will be impossible for His Majesty to fit out any ships of war for the next year, by which means the whole navy of England will be rendered perfectly useless", som attgjeve i Murray, "Baltic Commerce," s. 303-304.

kong Karl 12. og Sverige maktposisjon hadde blitt svært sterk. I tillegg til dette strategiske dilemmaet, så mangla dei vestlege stormaktene ressursar til sjølv å gripe inn i Austersjøregionen før Den spanske arveføljekrigen enda i 1713. Då dei endeleg hadde ressursar for aktiv maktutøving var Sverige si skjebne allereie langt på veg forseгла. I kort resulterte dette i at politikken til vestmaktene under sluttfasen av Den store nordiske krigen i hovudsak vart eit forsøk på å balansere makta i Austersjøregionen, ein ville hindre fullstendig svensk kollaps, men også sikre direkte tilgang til Russland, følgjeleg måtte Russland ha tilgang til Austersjøen, men samstundes ikkje få for stor makt over handelen med *naval stores*.²⁶⁴ Diverre for vestmaktene sine målsetjingar, så syntte sjømakta her si avgrensing. Britisk-nederlandske sjøstridskrefter kunne nok sikre Sverige mot vidare russisk aggresjon, men skulle ein tvinge Russland til å gi attende dei baltiske områda, eller deler av desse, så måtte ein også disponere landmakt. Difor måtte sjømaktene akseptere at Russland vart den dominerande makta i Austersjøen, ikkje berre ein av tre jambyrdige makter.²⁶⁵

Ser me til dei politisk-strategiske ynskjemåla til dei regionale antagonistane, så var innleiinga av Den store nordiske krig prega av eit storstilt svensk imperialistisk program, som både spegla og var eit framhald av svensk handelspolitikk like sidan Gustav Vasa si tid. Sverige søkte å sikre og utvide sin kontroll over all handelsverksemd til og frå Russland og Aust-Europa. Dette var ein politikk retta mot Russland der dei gamle konfliktlinene mellom Russland og Sverige skulle løysast eingong for alle. Pskov, Novgorod og heile området frå Ingermanland til Kvitsjøen, inklusive Arkhangelsk, skulle innlemmast i Sverige, målsetjingar som ikkje kan forklarast med anna enn ynskje om full kontroll over russisk handel.²⁶⁶ Samstundes som svenskane søkte auka kontroll over russisk handel, så søkte Peter den Store å bryte Sverige sin kontroll over denne handelen. Tsar Peter søkte *ikkje land, men berre vatn*.²⁶⁷ Når kong Karl 12. innleia sine operasjonar mot Russland i 1707 var det slett ikkje gitt at tsaren skulle sigre med di tsaren var hardt pressa av både osmanarar og persarar, samt av indre uro etter hans mange reformer.²⁶⁸ Han tilbød difor Karl 12. fred fleire gangar og på gode vilkår. Felles for vilkåra var kravet om at Russland skulle behalde Ingermanland med St. Petersburg.²⁶⁹ Desse tilboda vart avslegne grunna manglande vilje til kompromiss hjå den svenske kongen, den same manglande vilja såg ein også i forhandlingar med Danmark-Noreg.

²⁶⁴ Maseng, *Utsikt*, s. 91-92 og 121-122. samt Oakley, *War and Peace*, s. 104.

²⁶⁵ Dette synet samsvarar dels med Maseng sitt: Maseng, *Utsikt*, s. 128.

²⁶⁶ Parafraze av *ibid.*, s. 92-93. og Frost, *The Northern Wars*, s. 280.

²⁶⁷ Maseng, *Utsikt*, s. 98.

²⁶⁸ Sjø t.d. Frost, *The Northern Wars*, s. 280.

²⁶⁹ Fuller, William C., *Strategy and power in Russia 1600-1914*, (Simon and Schuster, 1998), kapitel 2.

For Karl 12. var ikkje krigen berre eit framhald av politikken med andre midlar, krigen var også ein refleksjon av kongen si ære og prestisje. Fredsvilkår som ikkje var Karl 12. sine egne var difor ikkje akseptable. Ein slik fred ville undergrave hans posisjon, prestisje, ære og internasjonale vyrdnad, meinte han.²⁷⁰

4.7 DEN NYE ORDEN

Eit tydeleg teikn på fokuset i svensk utanrikspolitisk gjennom 1700-talet finn ein i den innanrikske handsaminga av Nystadfreden. Ein unnlèt å informere folket og jamvel dei fremste lokale styresmaktene, landshövdingane, om avtala sitt innhald. Heile fredsslutninga og denne sine vilkår var tydeleg ei stor skam og noko ein ikkje ville vedkjenne seg i motsetnad til fredsavtalene ein inngjekk med dei andre fiendane.²⁷¹ På ein slik bakgrunn, så synast Wolke sitt utsegn om at forståinga av svenske forsvarspolitiske prioriteringar på 1700-talet kan forklarast i eit ord, Kronstadt, forståeleg.²⁷²

Sjøherredøme i Austersjøen var ikkje lengre ein kamp mellom to statar og deira ulike allierte. Sjøherredøme i Austersjøen var no noko tre statar kivist om. I tillegg til å vere ei tredje sjømakt i Austersjøregionen var Russland også den suverent sterkaste landmakta. Dette gjorde russisk sjømakt til ein heilt anna trugsel enn kva dei vestlege sjømaktene hadde vore ettersom russisk sjømakt opna heile Austersjøregionen opp for russisk landmakt, noko som utgjorde ei enorm strategisk omvelting og var det viktigaste bakteppe for utanrikspolitiske avgjersler, samt samansetting og bruk av skandinavisk sjømakt heilt fram til Napoleonskrigane. Att sjømakt var naudsynt for projisere den russiske landmakta var samstundes ei strategisk føremon for dei nordiske rika. Dei skandinaviske sjømaktene var relativt til folketal og ressursgrunnlag svært sterke og utjamna difor langt på veg Russland sine samla sett overlegne ressursar og stilla dei tre maktene høvesvis jamt i maktbalansen.

Heile 1700-talet var prega av spenningar og militære førebuingar. Kven som var alliert med kven og kva for konstallasjonar ein såg mellom dei europeiske statane varierte ofte og mykje. Heile statssystemet var flytande, uføreseieleg og inkonsekvent. Noko som må sjåast som ei stor tryggingpolitisk utfordring for dei skandinaviske statane. Dei to skandinaviske landa var gjennom 1700-talet alliert med nærmast ein kvar kombinasjon av stormaktene Storbritannia, Frankrike, Russland, Prøysen og Austerrike som tenkast kan. Det er likevel nokre hovudtrekk

²⁷⁰ Parafraze av: Holsti, Kalevi J., *Peace and War: Armed Conflicts and International Order 1648–1989*, (Cambridge: Cambridge : Cambridge University Press, 1991), s. 68-70. Sjø og Fuller, *Strategy Russia*, kapitel 2. og Kirby, *Northern Europe in the early modern period*, s. 314-315.

²⁷¹ Karonen, "Coping with Peace," s. 207.

²⁷² Parafraze av Lars Ericson (Wolke) i: Engström og Frantzen, *Øresunds strategiske rolle*, s. 88.

som går igjen. Russland og Danmark-Noreg var alltid på vakt mot Sverige og deira ambisjonar, og Sverige var normalt på god fot med Frankrike, som såg Skandinavia som verdifulle bidrag til ulike alliansekombinasjonar, samt ei verdifull kjelde til *naval stores* og som usannsynlege fiendar.²⁷³

Den svensk-russiske krigen 1741-43 var ein dårleg førebudd svensk revansjekrig mot Russland for gjere om Nystadfreden frå 1721. Målsetjinga var å ta tilbake alle tapte områder og at den nye grensa skulle gå frå Ladogasjøen til Kvitehavet. Skulle ein derimot ikkje få full militær siger, så skulle ein nøye seg med dei tapte delane av Finland, samt Ingermanland inklusive St. Petersburg [sic.].²⁷⁴ Sverige sin operasjonsplan var å konsentrere lineflåten, skjergardsflåten og hæren i eit direkte åtak mot St. Petersburg. Ein forventa liten motstand frå Russland grunna deira interne politiske krise.²⁷⁵ Åtaket feila fullstendig i første omgang og då ein i 1742 prøva på ny, svikta den svenske lineflåten som skulle dekke flanken til hæren. Flåten mangla kampvilje og var kraftig svekka av sjukdom, dei trakk seg difor ut og opna for ein russisk offensiv mot Finland støtta av den russiske galeiflåten, noko som leia til at den svenske hovudhæren sin kapitulasjon. Når krigen ebba ut i 1743 var det hovudsakleg grunna at den russiske lineflåten mangla naudsynt styrke til å sikre ein vidare russisk offensiv mot Åbo, Åland og Stockholm.²⁷⁶ Krigen vart uansett ei katastrofe for Sverige som måtte avstå ytterlegare delar av Finland, var nær økonomisk ruin og måtte akseptere at Russland dikterte den svenske tronfølga. Tronfølgespørsmålet var elles den store politiske saken ved sidan av krigen. Danmark-Noreg frykta at Karl Peter Ulrik, hertug av Holstein-Gottorp og nevø og yndling av tsarina Elizabeth, skulle bli valt til konge av Sverige. Ein slik maktkonstellasjon ville utgjere ein eksistensiell trugsel mot Danmark-Noreg. Ein fremja difor kronprinsen av Danmark-Noreg som kandidat til den svenske trona, ei løysing som ville skape ein ny Kalmarunion og samla Skandinavia sine ressursar mot Russland. Militærstrategisk ville den kombinerte dansk-norske og svenske flåten kunne etablere uomtvista sjøherredøme, og 30.000 danske soldatar ville ha endra maktbalansen også på land, samt vere mobil og mogleg å understøtte ved hjelp av maritime kommunikasjonar. Ei slik løysing var dessutan ikkje framand for Storbritannia, Prøysen og Frankrike. Dei såg føremoner i å etablere ei motvekt mot Russland si ekspanderande makt. Ein ny nordisk union hadde jamvel stor oppslutning i Sverige. Når utfallet i staden vart Adolf Frederik av Holstein var årsaka i hovudsak av at

²⁷³ Parafrase av Glete i: Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 67-68.

²⁷⁴ Lybeck, Otto Emil, red. *Svenska flottans historia : örlogsflottan i ord och bild från dess grundläggning under Gustav Vasa fram till våra dagar*, 3 vols., vol. II (Malmö: A.-b. Allhems förlag, 1943), s. 173-174.

²⁷⁵ Desse tilhøva er kort, men godt skildra i Kirby, *Northern Europe in the early modern period*, s. 327-328.

²⁷⁶ Parafrase av Glete i: Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 84-85.

tsarina Elizabeth gjekk med på svært moderate landavståingar og fred i bytte mot valet av han. Danmark-Noreg hadde allereie mobilisert store styrker for å kunne forsvare Sverige mot Russland, no truga ein med invasjon av Sverige i staden for. Så trugande var Danmark-Noreg at Russland såg seg nøydd til å sende 10.000 mann til Stockholm for å sikre Sverige.²⁷⁷

Etter denne krigen og uroa kring tronfølgja stabiliserte stoda i Austersjøregionen seg. Sverige var alvorleg økonomisk og militært svekka og ynskja difor å føre ein politikk for å bevare freden. I motsetnad til Danmark-Noreg som fekk store subsidier frå vestmaktene for å gjere ingenting, så vart det stilt krav om innsats til svenskane. Sverige var heimsøkt av tidlegare stordom og både agerte og vart stilt krav til som ei langt meir vesentleg makt enn kva dei retteleg var.²⁷⁸ Grunna sine mange utanrikspolitiske interesser og trugsmål såg Sverige det difor som absolutt naudsynt å knytte seg til alliansar. Ein skulle tru at den mest føremålstenlege alliansepartnaren var Danmark-Noreg. Eit samla Norden ville truleg kunne sikre Norden mot eksterne trugsmål og jamvel skape ei grad av strategisk fridom, men dei to statane hadde motstridande interesser i mange samanhengar, noko som klart fram i 1757. Då inngjekk Danmark-Noreg og Sverige ei sjømilitær avtale som skulle sikre dei mot dei vestlege sjømaktene, men denne avtala synte seg å utgjere ein trugsel mot dansk nøytralitet og den danske utanriksministeren, Bernstorff, gjorde det klårt at samvirke med Sverige måtte vike framfor dansk nøytralitet.²⁷⁹

Fleire gangar i første halvdel av 1700-talet skulle Russland og Danmark-Noreg kome på kanten av krig grunna motstridande interesser i Holstein-Gottorp. I 1762 planla til dømes tsar Peter 3., som også var hertug av Holstein-Gottorp, å løyse konflikten gjennom eit angrep på Danmark-Noreg. Dette angrepet vart aldri gjennomført då tsaren var styrta frå makta av si kone Katarina (den store). Ho valde i staden for å etablere venlege tilhøve med Danmark-Noreg, noko som resulterte i ein allianse som spela ei nøkkelrolle i russisk austersjøpolitikk dei neste tiåra, og førte til makeskiftet i 1773.²⁸⁰ Ved makeskiftet fekk det *gottorpske spørsmålet* si løysing, Danmark avstod Oldenburg, men fekk i gjengjeld den gottorpske delen av Holstein, samt høve til å innlemme Sønderjylland i Danmark. Dette reduserte trugselen frå sør vesentleg og betra tilhøve til Russland.²⁸¹ Tilhøvet mellom Danmark-Noreg og Russland vart no så godt at dansk-norsk flåtepolitikk i perioden 1769-1807 berre såg på Sverige som ein

²⁷⁷ Lodge, Richard, "The Treaty of Abo and the Swedish Succession," *The English Historical Review* 43, no. 172 (1928), sjå og Kirby, *Northern Europe in the early modern period*, s. 328-330.

²⁷⁸ Roberts, Michael, *The Age of Liberty: Sweden 1719-1772*, (Cambridge: Cambridge University Press, 1986:2003), s. 20-24.

²⁷⁹ Parafrase av *ibid.*, s. 29-30.

²⁸⁰ Sjø Glete i Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 78.

²⁸¹ De Muckadell, Cai Baron Schaffalitzky, *Haandbog i Nordens søkrigshistorie*, (København: Sjøkrigsskolen, 1911), s. 285.

strategisk trussel.²⁸²

Sjuårskrigen i Austersjøen 1757-62 er spesiell ettersom den såg samarbeid mellom Sverige og Russland mot Prøyssen. Begge landa gjekk til krig mot Prøyssen i 1757 i allianse med Frankrike, Austerrike og Sachsen. Både Sverige og Russland hadde store flåtestyrker i aksjon langs den prøyssiske kysten. Hovudrolla til desse flåtane var blokade av kysten, støtte til amfibiske landsetjingar og ei *fleet-in-being* rolle for å forhindre britisk maritim intervensjon i Austersjøen. Storbritannia var alliert med Prøyssen, men ynskja ikkje konflikt med Russland og Sverige. Likeeins nekta svenskane og russarane å støtte franske invasjonsplaner mot Storbritannia. Ein lykkast dimed å halde freden med Storbritannia.²⁸³

Med Gustav 3. sitt statskupp i Sverige (1772) fekk ein på ny eit aggressivt og ekspansjonistisk Sverige. I 1779-80 hadde Sverige førebudd erobring av Noreg gjennom eit strategisk overfall på København, men fekk ikkje tilslutnad frå Russland, følgeleg vart planane sett på vent.²⁸⁴ I 1788 gjekk Sverige i staden for til krig mot Russland, eit angrep som må sjåast som nokså opportunistisk. Dei offisielle grunnane for krigen var å ta tilbake dei tapte provinsane, i røynda var årsaka primært innanrikspolitisk. Kongen ynskja å styrke sin posisjon gjennom suksess i krig. Dei strategiske kalkylane tok utgangspunkt i at Russland var økonomisk og moralsk svekka, og dimed ville kollapse når dei vart satt under press. I tillegg forventade ein at Russland sin krig mot Det osmanske riket (1788-1792) ville binde store russiske styrker og dimed svekke dei i nord.²⁸⁵ Gustav 3. hadde dessutan stor tru på at den forsterka og moderniserte svenske sjømakta skulle gi han ein teknologisk overlegenheit og dimed mogleggjere at hans i utgangspunktet underlegne styrker kunne triumfere. Dette skjedde ikkje, men Sverige unngjekk nye landavståingar etter at skjergardsflåten deira knuste den russiske skjergardsflåten ved Svensksund i 1790, eit utfall som medførte at Russland ikkje lengre hadde kapasitet til offensive operasjonar mot Finland på kort sikt, og dimed ikkje såg seg tent med vidare krig.²⁸⁶

Alle krigane i Austersjøregionen mellom 1721 og 1792 kan sjåast som lokale manifestasjonar av dei europeiske kabinettkrigane som ein såg i samhøve med danninga av

²⁸² At Sverige var den alt dominerande trussel i deira vurderingar kjem tydeleg fram i den einaste studien som er gjort av dansk-norske flåtepolitikk i tidsrommet, dvs: Frantzen, *Truslen fra øst*

²⁸³ Parafrase av Glete i: Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 85-86.

²⁸⁴ Sjå t.d. Frantzen i Engström og Frantzen, *Øresunds strategiske rolle*, s. 100 Der går det fram at den svenske flåteplanen av 1780 var velegna til ein krig, som skulle førast hurtig mot fienden sitt strategiske sentrum. Denne offensiven tankegangen, kor grunnelementet var ein amfibisk operasjon mot København, var i seg sjølv ikkje ny, men med ein vel formulert og gjennomtenkt samanheng mellom operative og materielle planar.

²⁸⁵ Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 118-121.

²⁸⁶ Dette avsnittet er basert på Glete sin artikkel "Navies and Power Struggle in Northern and Eastern Europe, 1721-1814" i Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 66-70.

det klassiske stormaktssystemet ein kallar *ancien régime*. Det same kan dei dansk-norske mobiliseringane i 1743, 1762 og den korte krigen mot Sverige i 1788 sjåast som.

Austersjøkrigane 1721-90 var altså lite anna enn symptom på at Russland hadde blitt den avgjerande politiske og militære faktoren i regionen.²⁸⁷

4.8 STATUS QUO ELLER OFFENSIVE AMBISJONAR?

Perioden 1720 til 1801 er ofte omtalt som ei lang fredstid for Danmark-Noreg og ei tid der ein ikkje lengre hadde ekspansive utanrikspolitiske mål. Dette er ei framstilling som primært byggjer på at Danmark-Noreg ikkje var i krig, med unnatak av støtteoperasjonane mot Sverige i 1788-89. Røynda er at perioden var ei tid prega av krigsførebuingar og store oppbod av militære styrker.²⁸⁸ Mellom 1720 og 1799 var dansk-norske styrker satt heilt eller dels på krigsfot i 18 år og var i krig i tre år.²⁸⁹ I 1770 angreip Danmark-Noreg Alger og i 1788-89 var ein i krig med Sverige. Enn vidare, i 1726-27 deltok den dansk-norske flåten i den britiske blokaden av Russland, i 1742-43 var krigsmakta mobilisert grunna tronfølgestriden i Sverige, i 1758-62 var ein førebudd på krig mot Prøyssen, og i 1761-62 mot Russland, båe gangane med vesentlege mobiliseringar. I 1769 rusta ein ut flåten for krig mot Sverige, i 1772-73 var Noreg satt dels på krigsfot grunna redsle for svensk invasjon og i 1783-85 var det fleire flåteustrustingar grunna kjennskap til svenske planar om åtak.²⁹⁰ I tillegg kjem flåteustrustingane i samhøve med dei væpna nøytralitetsforbunda av 1756, 1780 og 1794.²⁹¹ Dette syner at samtida slett ikkje opplevde 1700-talet som ei fredstid, men som ei sterkt militarisert tid med overhengande fare for krig ei rekkje gangar og prega av ein omfattande alliansepolitikk for å sikre seg mot å kome i undertal i ein konflikt. Maktspel og maktbalanse spelte ei kjerneverole i nærmast ein kvar utanrikspolitisk agenda staten hadde. Gjennom heile tidsepoken opprettheld Danmark-Noreg ei tilsynelatande sterk sjømakt med om lag 30 lineskip i strukturen, i tillegg hadde ein landstyrker som i reine tal var fullt på høgd med Sverige sine, oftast til og med noko større. Det er summen av desse observasjonane som ligg til grunn for Struwe og Lye sine påstandar om at Danmark-Noreg slett ikkje var ein defensiv småstat eller ei status quo makt på 1700-talet.²⁹² Argumentasjonen deira prøver å legitimere dette synet gjennom påstandar om at sjømakta si store styrke neppe kunne ha reint defensivt

²⁸⁷ Parafraze av Knud J.V. Jespersen i Black, Jeremy, red. *European Warfare 1453-1815* (New York: Palgrave Publishers, 1998), s. 187.

²⁸⁸ Eit revisjonistisk syn som har opphav hjå Lars Struwe (sjå t.d. Struwe, Lars B., "Soldater er også mennesker: Om forskningen i dansk 1700-tals militærhistorie og New Military History," *Historisk Tidsskrift* 103, no. Hæfte 2 (2003), Struwe, "Nu eller aldrig,"), men som blir ytterlegare utdjupa i Gaute Ellefsen Lye si masteroppgåve frå 2014. (Lye, Gaute Ellefsen, "Liten, men likevel stor? - Tolkninger av den dansk-norske maktstaten på 1700-tallet." (Mastergradsoppgåve, Universitetet i Oslo, 2014)

²⁸⁹ Struwe, "Soldater er også mennesker,"

²⁹⁰ Lista over utrustingar og krigsoppbod er basert på ibid., Struwe, "Nu eller aldrig," og Frantzen, *Truslen fra øst*, s. 84-87.

²⁹¹ Sjå fotnote 211.

²⁹² Sjå t.d. Struwe, "Soldater er også mennesker," Struwe, "Nu eller aldrig," og Lye, "Liten, men likevel stor?," s. 81-85.

føremål, dei hevdar at kombinasjonen av lang mobiliseringstid og dårlege festningsverk kring København indikerer ein strategi basert på å angripe først.²⁹³ Det blir vidare hevda at den dansk-norske flåten var sterkare enn den svenske og russiske sjømakta fram til 1780 og at det først etter 1780 var ein maktbalanse i Austersjøen som innebar at Danmark-Noreg ikkje kunne konkurrere om herredøme i Austersjøen.²⁹⁴ Slike synspunkt på dansk-norsk sjømakt er etter mitt syn eit resultat av dårleg forståing av korleis sjømakt fungerer og kva rolle sjømakt faktisk kunne spele, samt ei manglande forståing av kapasiteten til dansk-norsk sjømakt på 1700-talet. Dette då føremålet med all sjømakt er å kontrollere kva som blir ført fram over og levert frå havet noko som for Danmark-Noreg innebar to strategiske imperativ. Ein måtte evne å hindre maritim maktprojisering mot Danmark, primært mot Øresundsregionen inklusive København, og ein måtte sikre egne innariks maritime kommunikasjonar. I ei konflikt med Sverige eller Russland, eller båe samstundes, ville begge delar best gjerast gjennom dansk-norsk sjøherredøme i den sørlege Austersjøen. Opererte lineflåten konsentrert i farvatna kring Bornholm, så måtte den svenske eller russiske flåten nøytralisere den før dei kunne projisere makt mot Danmark. I tillegg ville dansk-norsk sjøherredøme i desse farvatna innebære fullstendig kontroll over all Austersjøhandel på Sverige og Russland, samt bryte dei svenske maritime kommunikasjonane mellom Sverige og svensk Pommern. Dansk-norsk herredøme i farvatna kring Bornholm hindra også svensk forsterking av eskadren i Gøteborg og sikra dimed indirekte dansk-norsk sjøherredøme også i Øresund, Kattegat og Skagerrak. Sjømakta sin kapasitet til eigen maritim maktprojisering var berre ein positiv tilleggseffekt av trongen for sjøherredøme i den sør-vestlege Austersjøen. To andre positive sideeffektar av ei sterk lineflåte var at ei slik flåte også var eigna til trygging av eiga merkantil verksemd utanfor Austersjøregionen og at ei sterk lineflåte var eit framifrå diplomatisk verkemiddel. Utan eksistensen av den dansk-norske lineflåten er det til dømes liten grunn til å tru at Storbritannia hadde opptredd varsam ovanfor Danmark-Noreg i dei ulike krigane på 1700-talet som dansk-norsk handelsverksemd profitterte stort på. Flåtebalansen mellom Storbritannia og deira primære motstandarar, Frankrike og Spania, var såpass jamn at den dansk-norske flåten ville vippe balansen til fransk-spansk føremon dersom Storbritannia provoserte fiendskap.²⁹⁵ I tillegg hadde Danmark-Noreg framleis full kontroll over Austersjøhandelen gjennom Øresund og kunne dimed avskjere og stogge det alt vesentlege av Storbritannia sin strategisk avgjerande import av *naval stores*. Likeeins var eksistens av den

²⁹³ Lye, "Liten, men likevel stor?," s. 68.

²⁹⁴ Ibid., s. 76-77.

²⁹⁵ Balansen var til klår britisk føremon før 1755, medan ein mellom 1755 og 1765 hadde ein marginalt større nominell lineflåte enn Frankrike og Spania samla. Etter 1765 var lineflåtebalansen distinkt til fransk-spansk fordel. (Glete, *Navies and nations*, s. 263-276.)

dansk-norske flåten og denne si styrke relativt til den svenske flåten, ein vesentleg grunn til Russland såg Danmark-Noreg som ein interessant partner og hindra dimed at ein vart ein klår juniorpartner i alliansen med Russland.²⁹⁶ Samla ser ein tydeleg at eksistensen av ei sterk dansk-norsk flåte primært var ein absolutt strategisk nødvendighet for vern av eigne territorium og ikkje eit resultat av ekspansjonsplanar eller eit offensivt tankegodt. At denne flåten i tillegg var eit framifrå middel for trygging eller fremjing av andre utanrikspolitiske interesser, gjorde berre insentiva for å oppretthalde sjømakta sterkare, men dei offensive kapasitetane var ikkje rasjonale bak sjømakta. At offensive føremål ikkje var høgt prioritert ser ein også tydeleg i fråvære av substansielle skjergardsstyrker mellom Den store nordiske krig og 1780-talet.²⁹⁷ Skjergardsstyrker var absolutt naudsynt for å gjennomføre offensive operasjonar i Båhuslen, utan slike ville ein ikkje kunne effektivt understøtte hæren i denne aksen, noko Karl 12. sine felttog i 1716 og 1718 hadde demonstrert tydeleg.

4.9 FRÅ BRU TIL VOLLGRAV

Den lange europeiske krigsperioden frå 1792 til 1815 førte til dramatiske endringar i Austersjøregionen sin politiske geografi. Desse endringane var utslag av dei europeiske stormaktskonfliktane, ikkje av regionale strategiske val. Maktbalansesystemet, med sine talrike og skiftande alliansar, hadde langt på veg hindra vesentlege endringar i den politiske geografien gjennom heile 1700-talet. Med samanbrotet av *ancien régime*, Den franske revolusjonen, statane sitt sterkt auka krigspotensiale og krigar som ikkje berre omhandla dynastiske og merkantile mål, så vart dei skandinaviske landa sine interesser i beste fall sekundære i krigsstrategiane til stormaktene.

Vinteren 1800 var Storbritannia og Russland *de facto* komen i krig med kvarandre grunna britane sin okkupasjon av Malta i september 1800.²⁹⁸ Russland nytta i dette høvet det væpna nøytralitetsforbundet dei, Prøysen, Sverige og Danmark-Noreg hadde inngått året før til å presse Danmark-Noreg til stenging av Øresund retta mot britane, noko britane såg som ei stor strategisk utfordring. Ikkje berre var nøytralitetsforbundet i seg sjølv ei utfordring mot britane si handelsblokade av Frankrike, men i tillegg var Russland sin fiendtlege bruk av forbundet ein direkte trugsel mot britane sin strategisk svært viktige import av *naval stores* frå Austersjøregionen, samt at ei slik stenging var eit grovt og openbert brot på Danmark sin

²⁹⁶ Sjø t.d. Frantzen, *Truslen fra øst*, s. 43.

²⁹⁷ Sjø tabell 21: Skjergardsstyrker 1680-1810.

²⁹⁸ Tsar Paul var stormeister i Maltesarordenen og meinte at britane hadde lova han at Russland skulle vere del av løysinga når Malta vart frigjort frå fransk okkupasjon. Noko britane ikkje inviterte til når den franske garnisonen kapitulerte. (Feldbæk, Ole, *The Battle of Copenhagen 1801: Nelson and the Danes*, (Barnsley: Leo Cooper, 2002), s. 33-34.)

nøytralitet. Dette skulle utløyse hendingsrekka som i første omgang enda i Slaget på Reden i 1801.²⁹⁹ Erfaringa frå 1801 tydeleggjorde at ei lukking av Austersjøen var berre juridisk og militært mogleg så lenge dei skandinaviske landa og Russland ikkje var involvert i vestmaktene sine krigar, eit syn og ei erkjenning som kjem tydeleg fram i Sverige sine diplomatiske noter med Russland i 1807. Sverige avsto då ei tilsvarande løysing som i 1800 med nettopp dei juridiske implikasjonane for nøytraliteten som grunngeving.³⁰⁰

Frå 1773 til 1807 hadde Danmark-Noreg Russland som sin beskyttar. Grunntanken var at Russland hadde like mykje trong for dansk støtte, som Danmark-Noreg hadde for russisk støtte dersom ein stod ovanfor svensk aggresjon anten mot St. Petersburg eller mot Sjælland eller Noreg.³⁰¹ Så lenge alliansen mellom dei hadde diplomatisk og militært truverd var terskelen for å angripe Danmark-Noreg høg. Danmark-Noreg sin nøytralitet var samstundes under sterkt press både frå Storbritannia og frå Napoleon, ein var sjølvstøtt innforstått med at ein krig mot ein av desse maktene måtte ende med nederlag, anten på land eller på havet.³⁰² Diplomatsk var det difor ei katastrofe for Danmark-Noreg når Russland lei nederlag for Napoleon i 1807 og vart tvungen med i Napoleon sitt kontinentalsystem, samt til å gå til krig mot Storbritannia.³⁰³ Det var den strategiske verdien av handelen på Austersjøregionen utgjorde rasjonale for britisk maktbruk mot Danmark-Noreg hausten 1807, ein frykta for etablering av ei sundsperring dersom Napoleon skulle få kontroll, tvungen eller friviljug, også over Danmark. Særleg var dette aktuelt dersom den dansk-norske og den russiske flåten samvirka. Sjøherredøme var eit absolutt strategisk imperativ for Storbritannia og kvilte ikkje berre på maktbalansen mellom den britiske og den franske marinen, men vel så mykje på Storbritannia si evne til å forsyne, vedlikehalde og byggje ut si sjømakt, altså på tilgangen til *naval stores*.³⁰⁴ Dessutan utgjorde handelen på Austersjøen ei verdifull inntektskjelde og ein lekkasje i Napoleon sitt kontinentale system.³⁰⁵ I den britiske krigsminister Lord Castlereagh sine ord var grunnlaget for britane sitt åtak:

... *det er vår vurdering at sjømakten, posisjonen og ressursane til Danmark snarleg kan bli eit instrument i hendene til Frankrike. Det vil ikkje berre stenge ute vår handel frå Austersjøen*

²⁹⁹ Ibid., s. 9-42.

³⁰⁰ Theutenberg, "Mare Clausum et Mare Liberum," s. 489.

³⁰¹ Feldbæk, Ole, "Denmark in the Napoleonic Wars: A Foreign Policy Survey," *Scandinavian Journal of History* 26, no. 2 (2001): s. 89-90.

³⁰² Lambert, Andrew, review of *Defying Napoleon: How Britain Bombarded Copenhagen and Seized the Danish Fleet in 1807*, Thomas Munch-Petersen, *The International History Review* 30, no. 1 (2008): s. 137.

³⁰³ Kontinentalsystemet var ei handelsblokade av Storbritannia som Napoleon skipa til i 1806 for å knekke Storbritannia sin økonomi og dimes deira krigspotensiale.

³⁰⁴ Kor viktig *naval stores* frå Austersjøregionen framleis var for Storbritannia er skildra i t.d. Ryan, Anthony N., "The Defence of British Trade with the Baltic, 1808-1813," *English Historical Review* (1959): s. 444.

³⁰⁵ Ibid., s. 444-445.

og ta frå oss krigsnaudsynte maritime forsyningar [Naval Stores], men vil også multiplisere moglege opphavsstader som kan nyttast for å forsøke ein invasjonen av Hans Majestet sine territorium.³⁰⁶

Resultatet vart Flåteranet. Etersom britane i 1801 hadde kartlagt Storebælt, så kunne dei isolere Sjælland frå den danske hæren som stod i Holstein, kringsetje København og terrorbombe dei til overgjeving utan at Danmark-Noreg hadde moglegheit til å styrkekonsentrera naudsynte landstyrker for å stogge dei. Når britane forlèt Sjælland 20. oktober, så førte dei med seg 15 lineskip, 15 fregattar og sju kanonbriggar og mange mindre fartøy. Danmark-Noreg stod i praksis igjen utan noko sjømakt og Holmen var tømt for ressursar til å bygge ei ny flåte.³⁰⁷ Sjølv om Danmark-Noreg raskt bygga opp ei stor flåte med kanonbåtar, kanonsjaluppar og andre mindre orlogsskip, så kunne ein ikkje lengre etablere eingong lokal og temporær sjøkontroll i opne farvatn. Den dansk-norske sjømakta var redusert til ei rein sjønektingsstyrke med relevans berre i lukka farvatn, samt ein avgrensa kapasitet til handelskrig mot britane og svenskane. Dimed var også kontrollen over dei vitale maritime kommunikasjonane mellom Danmark og Noreg tapt og ein kunne ikkje lengre gjennomføre amfibiske operasjonar av noko storleik, sjølv ikkje i Øresund. Riket var delt i to og truga på alle kantar. Dette gjorde den dansk-norske krigføringa mot Sverige i 1808-9 impotent. I 1808 lykkast den norske hæren å slå tilbake svenske invasjonforsøk og fekk ordre om å gå på offensiven. Det gjorde dei ikkje.³⁰⁸ Tapet av sjøherredøme hadde resultert i både ein amfibisk trugsel og hungersnaud då den livsviktige kornimporten stogga. Samla svekka desse faktorane norsk militærmakt i så stor grad at ei kvar form for offensiv mot Sverige var umogleg. Av samla 36.000 soldatar i Noreg var 14.500 mann i felthæren, men grunna trugselen om amfibiske åtak frå Storbritannia var berre kring 5.000 mann tilgjengeleg til offensive operasjonar mot Sverige.³⁰⁹ Dette var ei styrke utan røylnleg offensiv kraft og vesentleg mindre enn dei svenske styrkene ved grensa. Når dei franske styrkene på Sjælland heller ikkje vart landsatt i Skåne, så var krigen mot Sverige i røynda over utan at Danmark-Noreg hadde oppnådd noko mot eit Sverige som stod på randen av samanbrot.

Freden i Tilsit i juli 1807 førte til at Sverige vart omgitt av Napoleon sitt kontinentalsystem. Russland la press på Sverige for at også dei skulle slutte seg til kontinentalsystemet i form av

³⁰⁶Mi omsetting av Castlereagh 19. juli 1807 til admiral Gambier, sjefen for flåten som vart sendt mot Danmark, som attgjeve i Feldbæk, "Denmark in the Napoleonic Wars," s. 91.

³⁰⁷ Parafrase av *ibid.*, s. 91-92.

³⁰⁸ Olsen, *Norges kriger*, s. 314-329.

³⁰⁹ *Ibid.*, s. 329. og Ericson, Lars, *Svensk militærmakt: strategi och operationer i svensk militärhistoria under 1500 år*, (Försvvarshögskola, 2003), s. 136.

ny væpna nøytralitet. Det tok lang tid før Sverige svarta på dei russiske diplomatiske notaene og svaret var avvisande, dei juridiske implikasjonane for nøytraliteten var nytta som grunngeving.³¹⁰ Vinteren 1808 erklæra Russland krig på Sverige grunna denne svenske uvilja og fekk raskt fylgje av Danmark-Noreg og Frankrike. Tre tilhøve øydela svenskane sin i utgangspunktet gode forsvarsstrategi. Den dansk-norske og franske trugselen i vest bant vesentleg styrker, den finske hæren trakk seg unna dei russiske angriparane utan stridskontakt, og for det tredje og avgjerande, så kapitulerte Sveaborg utan grunn. Med Sveaborg sin kapitulasjon gjekk meste delen av skjergardsflåten tapt og dimed ein kvar moglegheit til effektivt å stogge den russiske framrykkinga langs kysten, samt moglegheita for offensive amfibieoperasjonar bak dei russiske linene. At ein hadde fullstendig sjøherredøme i rom sjø gjennom den kombinerte svenske og britiske flåtestyrka som opererte i innløpet til Finskebukta innverka i liten grad på kampen om sjølve Finland. Russiske skjergardsstyrker kunne operere i den finske skjergarden og dimed effektivt støtte dei russiske landoperasjonane. 13. desember 1808 trekte dei siste svensk-finske styrkene seg ut av Finland. Krigen enda heller ikkje med dette, russiske styrker trengte sørover på vestsida av Bottenviken, og store styrker kryssa jamvel Bottenviken over isen for å angripe Umeå. Eit større russisk angrep retta mot Stockholm var derimot umogleg grunna svensk-britisk sjøherredøme. 17. september 1809 slutta Sverige og Russland fred. Freden var hard og innebar at Sverige mista heile Finland inklusive Ålandsøyane.³¹¹

Valet av Jean Baptiste Bernadotte som svensk tronarving i 1810 endra Sverige sitt strategiske utsyn. Han vart mellom anna valt då dei svenske elitane ville knyte band til Frankrike for å ta Finland tilbake og fekk raskt kontroll over utanrikspolitikken og førte formelt ein franskvenleg politikk.³¹² Krig vart erklært mot Storbritannia og tilslutninga til Kontinentalsystemet vart stadfesta, men krigen var berre eit skuggespel. Handelen med Storbritannia vart i røynda oppretthalde og ingen krigshandlingar fann stad.³¹³ Karl Johan var avhengig av å enten erobre Noreg eller ta tilbake Finland for å halde sin posisjon som tronarving.³¹⁴ I 1811 prøvde Karl Johan å sikre seg fransk støtte for å erobre Noreg, men feila.³¹⁵ Då Frankrike, utan krigserklæring, okkuperte Svensk Pommern i januar 1812 fekk Karl Johan endeleg det innanrikspolitiske spelerommet han trengte for å alliere seg med

³¹⁰ Avslaget sitt juridiske aspekt går fram av: Theutenberg, "Mare Clausum et Mare Liberum," s. 489.

³¹¹ Teksten om krigen i Finland er basert på Ericson, *Svensk militärmakt*, s. 139-142., og Barton, H Arnold, "Russia and the Problem of Sweden-Finland, 1721-1809," *East European Quarterly* 5, no. 4 (1972): s. 452. Teksten om sjømakta si rolle er basert på Glete i Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 89. og Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 250-255.

³¹² Palmer, Alan, *Bernadotte: Napoleons marskalk, Sveriges kung*, (Stockholm: Alba, 1992), s. 206-213.

³¹³ *Ibid.*, s. 214-221.

³¹⁴ Steen, Sverre, *1814*, (Oslo: Cappelen, 1989), s.11-14.

³¹⁵ *Ibid.*, s. 22-25.

Russland og dreie politikken frå Finland til Noreg. Formelt var Sverige nøytralt i 1812-krigen mellom Russland og Frankrike, men Karl Johan utnytta tsaren sin svært pressa situasjon til å få frie hender mot Danmark, dersom britane godtok det. Motytinga var at Sverige slutta seg til kampen mot Napoleon. I byrjinga av 1813 gjekk britane med på dette og gav jamvel Sverige store subsidiar for å engasjere dei i kampen mot Napoleon.³¹⁶ Noreg var dimed i røynda skilt frå Danmark og gitt til Sverige som betaling for svensk innsats mot Napoleon. Med di koalisjonen av Storbritannia, Sverige og Russland hadde totalt sjøherredøme i heile Austersjøregionen og Nordsjøen, og fullstendig landmilitær overmakt i Nord-Tyskland etter store sigrar over Napoleon, så var det berre eit tidsspørsmål før Danmark også måtte akseptere tapet av Noreg som eit faktum. Frederik 6. prøvde rett nok diplomatiske manøvrer for å skifte side og redde Noreg for Danmark, men lukkast ikkje.³¹⁷ Når Karl Johan vinteren 1813-14 innleia offensive operasjonar mot Holstein var Danmark-Noreg si skjebne avgjort. Dei danske landstyrkene var underlegne, kunne ikkje konsentrerast, understøttast, eller trekkast ut, medan svenskane hadde full operasjonsfridom grunna si sjømakt. Danmark var nøydd til å kapitulere og ved Kielfreden 14. januar 1814 vart Noreg overgitt til Sverige.

Dei tre store hendingane, flåteranet, dansk tap av Noreg til Sverige, og Sverige sitt tap av Finland, endra det strategiske utsynet i Norden radikalt. Der havet hadde vore sentralåra i dei skandinaviske rika gjennom 400 år, var havet no brått blitt vollgrava og grensa mot potensielle fiendar. Sjømakta var ikkje lengre ei bru mellom landsdelane og eit virkemiddel for å projisere makt. Den var no blitt eit virkemiddel primært for vern mot andre statar si maktprojisering. Denne endringa i strategisk utsyn vart ytterlegare forsterka av at dei skandinaviske landa no var langt svakare enn sine naboar både i absolutt og relativ styrke. Gjennom dei siste 300 åra hadde grunnlaget for Danmark-Noreg og Sverige sin makt vore sjømakt som mogleggjorde maktprojisering og tryggja eigne territorium. Dei kunne ved hjelp av sjømakta hauste rikedom frå andre land si handelsverksemd og grunna dei kontinuerlege krigane, mot kvarandre og oversjøisk, hadde landa også gradvis blitt dei mest militariserte landa i Europa ved sida av Prøysen. Under Napoleonskrigane såg ein ei generell utvikling i Europa der dei fleste statane mobiliserte ein langt større del av sitt krigspotensiale enn tidlegare, samt ein reduksjon dels eliminasjon av skandinavisk sjømakt. Dimed forsvann den komparative føremona dei skandinaviske statane hadde og landa vart relegert til småstatar.

³¹⁶ Palmer, *Bernadotte*, s. 222-233.

³¹⁷ Sjø Ottosen, Morten Nordhagen, "Stormaktpolitisk perspektiv på 1814 : 1814 spesial," *Norges Forsvar* (2014), og Palmer, *Bernadotte*, s. 244-254.

5 STYRKESTRUKTURAR OG OPERATIV KAPASITET

*Organized force alone enables the quiet and the weak to go about their business and to sleep securely in their beds, safe from the violent without or within.*³¹⁸

Alfred Thayer Mahan

Styrkestruktur har tre hovudrelasjonar til strategien. I eit hendingsperspektiv utgjer styrkestrukturen dei fysiske maktmiddel ein har tilgjengeleg for å nå militærstrategiske mål og understøtte politisk-strategiske mål. Med di ein styrkestruktur tek tid å byggje opp og er kostesamt å halde ved like, så er forventa trong for sjømakt ein anna viktig relasjon mellom styrkestrukturen og strategien. Eit tredje meir diffust aspekt er relasjonen mellom eksistensen av ein struktur og dei strategiske opsjonar denne skaper, men som den ikkje var planlagt for. Gjennom å sjå på styrkestrukturane si utvikling kan me dimed avdekke mykje om kva rolle sjømakta var tiltenkt å løyse, korleis den var tenkt brukt og kva mogleighetsrom den skapte.

Tradisjonelt har dei mest nytta metodane for å syne relative styrketilhøve vore summering av tala på lineskip, totaldeplasementet på flåten, eller samla breisidevekt.³¹⁹ Diverre fortel slike tal lite om relativ kampkraft med di dei berre reflekterer nominelle kapasitetar.³²⁰ Eit sannferdeleg bilete må ta utgangspunkt i operativ status, noko som omfattar øvings- og treningsnivå, forsyningar og teknisk status, mobiliseringskapasitet, samt evna til å operere i forband.³²¹ Ein må og sjå på oppgåveporteføljen, samt kva risiko for tap ein er viljug til å ta. Oppgåvene påverkar kor komplekse manøvrer flåten måtte kunne gjennomføre og risikovilja i kva grad ein var viljug til å risikere kamp når utkoma av handlingane ikkje ville vere strategisk avgjerande. Viktigast er likevel samanlikninga, det er det relative nivået som er avgjerande for strategien, ikkje dei absolutte tilhøva hjå den eine.

Dei nominelle strukturane er synleggjort i fleire gode studiar. Dei viktigaste er Glete sine verk *Navies and Nations*, som dekker heile perioden og alle sjømaktene i regionen, og *Swedish naval administration, 1521-1721*, som gir eit oppdatert og detaljert bilete av den

³¹⁸ Mahan, Alfred Thayer, *Letters and Papers of Alfred Thayer Mahan: 1902-1914*, (Annapolis: Naval Institute Press, 1975), s. 685.

³¹⁹ Sjå t.d. Lars Ericson Wolke sin artikkel «Så kan Danmark intet opponera sig med sin flotta» i Engström og Frantzen, *Øresunds strategiske rolle*, s. 87, der synar han til totaldeplasement som mål på relativ styrketilhøve. Likeeins finn ein i Bjerg, *Dansk orlogshistorie 1510-2010*, s. 117 ein tabell som syner total talet på lineskip i Den dansk-norske flåten, men ingenting om kor mange som faktisk var eller kunne bli operative på kort sikt. Sjølv Jan Glete, som elles synast å vektlegge kva som var røyndleg status, reflekterer ikkje over kor mange av den samla styrken som faktisk hadde kampverdi i sitt storverk: Glete, *Navies and nations*, s. 295-305 På same måten synast han å sjå vekk frå dette i si omtale av dei relative styrketilhøva i Hobson og Kristiansen, *Navies in Northern Waters*, s. 70.

³²⁰ Ei framifrå drøfting av denne problematikken finn ein i: De La Escosura, Leandro Prados, *Exceptionalism and Industrialisation: Britain and its European Rivals, 1688-1815*, (Cambridge University Press, 2004), s. 235-258.

³²¹ Ei kort og god forklaring av taktikkar og kva krav dei stilte kan ein finne i: Gardiner og Lavery, *The Line of Battle*, s. 181-187, medan eg vil tilrå Willis, Sam, *Fighting at Sea in the Eighteenth Century: The Art of Sailing Warfare*, (Woodbridge: The Boydell Press, 2008), dersom ein ynskjer å gå i djupna på taktikk. Einskild fartøy kunne sjølvstøtt løyse oppdrag utanfor ein forbandsstruktur, men det er forbandet som er den dimensjonerande ramma.

svenske flåten fram til 1721.³²² Tilsvarende utdypingar av den dansk-norske flåten sin struktur finn ein i Barfod sin artikkel, *Den danske orlogsflåde før 1560*, i Barfod og Probst sitt fire bindsverk *Den danske flådes historie*, i Martin Bellamy si bok, *Christian IV and his Navy* og i Ole L. Frantzen si bok *Truslen frå øst*.³²³ Gjennom å kombinere talmaterialet frå desse studiane, samt ei rekkje einskild opplysningar frå anna litteratur, får ein fram den beste kunnskapen me førebels har om dei nominelle styrkestrukturane til dei skandinaviske marinane. Å seie noko om operativ status er langt vanskelegare, men tek ein utgangspunkt i rapportar på teknisk status, vedlikehaldsplanar og kor mange skip som faktisk vart utrusta og brukt, så kan ein danne seg eit grovt bilete også av den operative styrka. Dette har Barfod, Bellamy, Probst, Frantzen og Glete dels gjort, men ikkje konsekvent eller einsarta. Det er heller inga anna kjelde som inneheld slike vurderingar samla for heile perioden, men ei rekkje ulike verk har ulike nyttige informasjonar som ekstrahert og samanstilt kan gi oss eit tenleg bilete av røyndeg status. Særleg eldre litteratur skriven av marineoffiserar, eller personar tilknytt marinen, inneheld slike vurderingar. To framifrå døme er Bäckström, *Svenska Flottans Historia* og Garde, *Den dansk-norske Sömagts Historie*.³²⁴ Det viktigaste med denne framstillinga er likevel ikkje verken nominell eller operasjonell styrkestruktur, men korleis styrkestrukturane endra seg kvar for seg og relativt. Det er desse tilhøva som fortel oss mest om kva rolle strukturane var tenkt å løyse og kva for strategiske vurderingar og kultur som låg til grunn.

5.1 REETABLERINGA AV DANSK SJØMAKT 1522-63

Me veit relativt lite om dansk-norsk sjømagt før 1522, men gjennom krysskopling av eit breitt utval av kjelder har Barfod lukkast i å setje opp ei truverdig flåteliste, både med omsyn til styrkestruktur og i skildring av einskild fartøy.³²⁵ Ei flåte som forsvann med Christian 2. sitt nederlag mot Gustav Vasa og Lübeck i 1522-23 og hans påfølgjande avsetjing og flukt til Nederland. Av ein struktur på 12 store og 14 små skip, gjekk 11 store og alle små tapt.³²⁶ Den nye kongen, Frederik 1. ynskja å bygge opp igjen dansk sjømagt, men vart effektivt

³²² Glete, *Navies and nations*, Glete, *Naval administration*, Glete, "Den svenska linjeflottan,"

³²³ Barfod, "Den danske orlogsflåde," Bellamy, *Christian IV and his navy*, Frantzen, *Truslen fra øst*, Barfod, Jørgen H., *Christian 3.s flåde*, 4 band, band 2, *Den danske flådes historie* (København: Selskabet, 1995), , Barfod, Jørgen H., *Niels Juels flåde*, 4 band, band 4, *Den danske flådes historie* (København: Selskabet, 1997), , Barfod, *Flådens fødsel*, 1, Barfod, "Den danske orlogsflåde," Bellamy, *Christian IV and his navy*, Frantzen, *Truslen fra øst*, Probst, *Christian 4.s flåde*, 3.

³²⁴ Bäckström, Per Olof, *Svenska Flottans Historia*, (P.A. Norstedt & Söners Förlag, 1884), , Garde, *Sömagt 1*, Garde, *Sömagt 2*. Bäckström hadde ei lang rekke ulike offisielle verv og tilsetningar ism marinen og maritim verksemd i perioden 1829-79 (Söderberg, B.N., "Per Olof Bäckström," <http://sok.riksarkivet.se/sbl/artikel/16269>) H.G. Garde var kommandør i Den danske flåten og hadde mellom anna operativ erfaring som eskadresjef under Den første Slesvig-Holstenske krig i 1848-50. (Balsved, Johnny E., "Garde, H. G.," http://navalhistory.dk/Danish/Officererne/G/Garde_Hans_Georg.htm).

³²⁵ Barfod, "Den danske orlogsflåde," Tala hans, justert med andre kjelder, kjem fram i tabell 1: Den dansk-norske flåten 1487-1558.

³²⁶ *Ibid.*, s. 265-266. Sjå og tabell 1: Den dansk-norske flåten 1487-1558..

motarbeida av riksrådet. Under herredagen i 1525 bestemte riksrådet at: «*Efter gammel sædvane holder hver biskop et godt orlogsskib med bøsser og værge, og desuden København og Malmø hver eet og ligeledes de rigeste af ridderskabet hver en jagt.*»³²⁷ I røynda var dette ei nedlegging av dansk sjømakt og ei tydeleg svekking av sentralmakta. Årsaka til riksrådet si haldning var hovudsakleg den innanrikspolitiske maktbalansen, ei flåte direkte underlagt kongen gav kongen politisk fridom og redusere adelen og kyrkja si påverkingskraft på økonomiske og utanrikspolitiske avgjersler.³²⁸ Under Grevefeiden 1533-38 endra riksrådet haldning i erkjenning av betydinga av sjøherredøme og maritim maktprojiseringa for å verje riket og for å bruke makt offensivt.³²⁹ Den dansk-norske flåten auka raskt i perioden 1532-58, ein byggja eller skaffa 24 store og 35 mindre skip, men flåten hadde i 1558 likevel berre 15 store og 21 mindre skip.³³⁰ Dette kan vere ein refleksjon av kort levetid på skipa, men kan også indikere at teknologien utvikla seg relativt raskt. Barfod hevder at levetida på skipa var kring 15 år, men det finn eg ikkje haldepunkt for i Barfod sitt eige materiale.³³¹ Dei 11 store skipa flåten disponerte i 1548 hadde til dømes ei tenestetid på 11 til 31 år og ei gjennomsnittleg levetid på over 19 år. Me veit også at mange av skipa vart selt til anna bruk når dei gjekk ut av flåtelistene, dei var altså ikkje teknisk oppbrukt.³³² Den samtidige svenske flåten hadde einskild skip som var rulleført i over 25 år og som sjølv etter så lang teneste vart selt vidare til anna bruk.³³³ I perioden etter Sjuårskrigen var levetida oftast godt over 20 år, 30 år var vanleg, og sume skip tenestegjorde enda lengre.³³⁴ Det er også usannsynleg at vedlikehaldskvaliteten var langt dårlegare i Danmark enn i Sverige, eller sterkt betra etter Sjuårskrigen. Ei meir plausibel forklaring på den raske utskiftingstakta var rask teknologisk utvikling. Frå Sverige veit me at det var eit markant skifte frå klinkbygging til kravellbygging kring Grevefeiden.³³⁵ Kravellane kunne bære fleire og tyngre kanonar og tolte treff frå kanoneld langt betre enn dei kinkbyggja skipa.³³⁶ Me veit også at den svenske flåten allereie under Grevefeiden nytta kanoneld som hovudstridsteknikk, medan den lybske flåten framleis nytta bording.³³⁷ Svenskane hadde distinkt suksess med si tilnærming, difor er det grunn til å tru at også andre land ynskja å oppdatere sine flåtar tilsvarande. Den danske flåten i 1535-36

³²⁷ Barfod, *Christian 3.s flåde*, 2, s. 9.

³²⁸ Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 149-150 og Barfod, "Den danske orlogsflåde," s. 266.

³²⁹ Barfod, "Den danske orlogsflåde," s. 266-267.

³³⁰ Sjø tabell 1: Den dansk-norske flåten 1487-1558. og tabell 2: Tilgang på nye skip i Den dansk-norske flåten 1532-58., samt *ibid.*, s. 270.

³³¹ *Ibid.*,

³³² Sjø Barfod sine eigne opplysningar i *ibid.*, og Barfod, *Christian 3.s flåde*, 2, s. 107-142.

³³³ Glete, *Naval administration*, s. 683-686.

³³⁴ Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 261-262. Eit døme var *Raphael* frå 1582, ho var rulleført heilt til 1645, altså i 63 år.

³³⁵ Glete, *Naval administration*, s. 322.

³³⁶ Glete, *Warfare at Sea*, s. 29.

³³⁷ Sjø t.d. Glete, *Navies and nations*, s. 112-113.

var ei blanding av kravellar og holkar, og holkar var klinkbyggja.³³⁸ Eg finn difor det som sannsynleg at den raske utskiftingstakta ein såg i den danske flåten i perioden 1538-58 syner ei medviten modernisering ikkje kort teknisk levetid.

5.2 GUSTAV VASA SI SJØMAKT 1522-63

I 1521 gjorde svenskane på ny opprør mot unionskongen, men strategisk var situasjonen ikkje annleis enn i åra før med di dansk fridom til maritim maktprojisering gjorde ein svensk siger usannsynleg. Berre gjennom eiga sjømakta kunne stoda endrast.³³⁹ Bygging av orlogsfartøy var teknisk utfordrande og kostesamt i både tid og pengar. Skip aleine var heller ikkje ei flåte, dei må bemannast av kompetent personell, og måtte kunne operere i forband. Sverige hadde verken verft, kompetanse, pengar eller tid. Den einaste opsjonen var difor å kjøpe eller hyre skip med mannskap og det var med det føremål Gustav Vasa retta førespurnad til Lübeck om: «*[At hyra] örlogskepp, folk, skytt, krut, lod och andra krigsnödtorfter och tillbehörningar under besoldning och för en redlig betalning.*»³⁴⁰ Korleis det gjekk til at Lübeck tillèt Sverige å hyre slike skip frå private aktørar i hansabyane er noko uklart, men utfallet var at ei gruppe kjøpmenn i Lübeck i løyndom utrusta ei flåte på 10 tenlege skip inklusive våpen, ammunisjon, mannskap og nokså mange leigesoldatar, som vart seld til Sverige på kreditt. Flåten kom til Sverige 7. juni 1522.³⁴¹ Denne styrka vart i løpet av dei neste månadane ytterlegare styrka frå dei same kjeldene og kom hausten 1522 opp i ei styrke på kring 25 fartøy.³⁴² Sverige si nye flåte mogleggjorde sjønektingsoperasjonar i svenske farvatn og gav Sverige potensiale også for etablering av eige sjøherredøme og dimed eiga maritim maktprojisering. Hendingane i 1522 var likevel ikkje den eigentlege grunnlegginga av den svenske sjømakta då denne flåten berre var ei mellombels løysing. Det var satsinga dei neste åra som var avgjerande. Då skaffa Gustav Vasa kanonar, bygde og kjøpte store spesialiserte krigsskip, samt hyra inn utanlandsk kompetanse for å etablere eiga skipsbygging og for å bemanne fartøya.³⁴³ Sverige etablerte med andre ord raskt ein infrastruktur kapabel til å bygge og oppretthalde ei permanent sjømakta.³⁴⁴ Samstundes var bording framleis ein viktig stridsteknikk og følgeleg var skipsmannskapa også infanteri. Den nye flåtemakta kan difor sjåast som ei samla slagstyrke, den var liten, men moderne, godt

³³⁸ Sjø Garde, *Efterretninger*, 1, s. 10. og Garde, *Sømagt 1*, s. 33.

³³⁹ Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 13.

³⁴⁰ Unger, *Svensk sjökrigshistoria*, s. 46.

³⁴¹ Munthe, *Sjømaktens inflytande 1*, 1, s. 132.

³⁴² Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 24.

³⁴³ *Ibid.*, s. 25.

³⁴⁴ Glete, *Naval administration*, s. 65.

trena, utrusta med teknologileiande materiell og mobil. Gustav Vasa kunne difor konsentrere kvalitetsstyrker raskt der og når han ynskja og kunne dimed bringe lokale høvdingar under sentralmakta sin kontroll og raskt slå ned opprør. Den nye militærmakta førte til ein konsentrasjon av det svenske militærpotensialet på kongen sine hender og gav han moglegheit for ein aktiv utanrikspolitikk med territoriale og offensive mål.³⁴⁵

I 1558 byrja Gustav Vasa å sjå eit dansk overfall som sannsynleg og såg difor på opsjonar for eit preventivt åtak på Danmark.³⁴⁶ Hertug Erik fremja i den samanheng ein strategisk vurdering som synleggjorde både svake sider ved svenske militære vernebuingar og konkrete forslag til opprusting for å skape ei militærmakt som ikkje berre kunne forsvare seg mot, men sigre over den danske militærmakta.³⁴⁷ Skulle ein gjennomføre eit preventivt åtak og ta striden til danske farvatn måtte ein skape ei flåte som ikkje berre kunne nekte ein fiende tilgang til den nordlege Austersjøen, men faktisk sikre sjøherredøme i den sørlege Austersjøen. Flåten måtte følgjeleg vere havgåande og vesentleg større enn den eksisterande, særleg dersom ein skulle utfordre både den dansk-norske og lybske flåten samstundes. Sverige innleia difor ei omfattande opprusting og auka på fem år frå 5 til 19 store kombattante einingar.³⁴⁸ Dette sikra ikkje berre ei større flåte, men også ei flåte samansett av nye og teknologileiande skip. Eit anna tilhøve me ser i tida før 1563 er aktiv bruk av den svenske flåten som diplomatisk verktøy i gjentekne frieri til dronning Elisabeth av England og seinare for å fri til både dronning Maria Stuart av Skotland og prinsesse Kristina av Hessen då dei engelske frieria ikkje vart noko av.³⁴⁹ Sjølv om det aldri vart noko giftarmål hadde denne aktiviteten strategiske implikasjonar. Dei stadige friartoga innebar at store delar av den svenske flåten var rusta og segla i fredstid. Normaltilstanden for flåtar på denne tida var at dei berre vart utrusta i krig. Den diplomatiske bruken av flåten sikra dimed eit langt betre øvingsnivå enn kva Danmark-Noreg hadde.³⁵⁰

5.3 UTVIKLING OG ENDRING 1563-1613

På 1560-talet var svensk sjømakt utvilsamt den sterkaste i Austersjøen, noko sjøkrigen 1563-70 prova. Under Kalmarkrigen 1611-13 var den dansk-norske sjømakta utvilsamt overlegen den svenske, og det sjølv om den svenske flåten framleis var vesentleg større.³⁵¹ I

³⁴⁵ Dels basert på: *ibid.*, s. 65-67.

³⁴⁶ Jensen, *Danmarks konflikt med Sverige 1563-1570*, 12, s. 28.

³⁴⁷ Disse opplysningane finn ein i brevveksling mellom kong Gustav og hertug Erik i 1558/59. *Ibid.*, s. 28-30. Hertug Erik var son til Gustav Vasa og følga han på trona som kong Erik 14.

³⁴⁸ Sjå tabell 4: Tilgang av nye skip til Den svenske flåten 1523-1563.

³⁴⁹ Sjå t.d. Zettersten, Axel, *Svenska flottans historia: åren 1522-1634*, (Stockholm: Jos. Seligmanns Förlag, 1890), s. 411-414 og Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 36.

³⁵⁰ Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 36 og Glete, *Naval administration*, s. 83.

³⁵¹ For relativ storleik sjå tabell 5: Nominell flåtestyrke Danmark-Noreg og Sverige 1570-1610.

litteraturen blir dårleg standard på materiellet, lågt øvingsnivå og sviktande leiarskap hjå den svenske flåten nytta som forklaring på kvifor Danmark-Noreg kunne etablere og oppretthalde sjøherredøme nærmast utan utfordring gjennom heile Kalmarkrigen.³⁵² Eg meiner at ei slik framstilling er for enkel. Dansk-norsk sjøherredøme var ikkje berre eit resultat av sviktande teknisk og taktisk nivå hjå svenskane, men vel så mykje eit resultat av medviten dansk-norsk styrkeoppbygging. I perioden 1590-1610 bygde Danmark-Noreg 39 nye orlogsfartøy på over 100 tonn, medan Sverige bygde 155 orlogsfartøy på over 100 tonn. Danmark-Noreg bygde også sju galeiar og jakter medan Sverige bygde 24 slike.³⁵³ Dette skulle indikere ei omfattande svensk opprusting og ei relativ styrking.³⁵⁴ Går ein derimot inn i detaljane og ser på flåtesamansettinga, så finn ein klårare indikasjonar på ei endring til Danmark si føremon. Det er kampkraft i sjøslag som er avgjerande for å etablere sjøherredøme, altså skipa si evne til å levere og tole eldkraft, noko store skip gjer langt betre enn små. Den kvantitative føremona til Sverige var i all hovudsak små skip, altså skip som var eigna til kystnære operasjonar og til utnytting av sjøherredøme, ikkje skip som kunne ha ei vesentleg rolle i sjøslag.³⁵⁵ Dei dansk-norske hovudskipa var dessutan langt større enn dei svenske hovudskipa. Eit anna aspekt som syner ei forskyving av styrkebalansen til dansk-norsk føremon finn ein ved å sjå på nybygg av orlogsskip på over 500 tonn i dei siste 20 åra før krigen braut ut. Svenskane fekk i dette tidsrommet ingen nye skip på over 1000 tonn deplasement, men 23 skip mellom 500 og 1000 tonn. Gjennomsnittdeplasementet på dei nye skipa var 695 tonn.³⁵⁶ Danmark-Noreg bygde samstundes to storskip på over 1000 tonn samt ytterlegare fem over 500 tonn. Deira nye skip hadde ein gjennomsnittstorleik på omlag 1030 tonn.³⁵⁷ Av desse nye skipa var fem av sju dansk-norske skip byggja etter 1601 og åtte av 23 svenske. Deira gjennomsnittlege deplasement var høvesvis 1140 tonn og 712 tonn.³⁵⁸ Med di Danmark-Noreg auka byggjetempoet av skip eigna for sjøslag dei siste åra før Kalmarkrigen og Sverige reduserer sitt byggjetempo, samt då dei nye dansk-norske skipa var vesentleg større enn dei svenske, så ser ein at Danmark-Noreg opparbeida eit røyntleg overtak i kampkraft først dei siste åra før krigen. Sverige sin manglande kapasitet til å utfordre dansk

³⁵² Sjå t.d. Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 193., Glete, *Naval administration*, s. 93-94 og 161-165., Probst, *Christian 4.s flåde*, 3, s. 122. og Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 14.

³⁵³ Byggjetala er rekna ut på basis av skipslistar i: Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 261-265. og Glete, *Naval administration*, s. 683-713. Når eg bruker omgrepet «bygde», så inkluderer det tilgangen av nye skip i flåtane uansett om dei er bygd, hyra, rekvirerte eller liknande.

³⁵⁴ Dei nominelle strukturane er attgjeve i tabell 5: Nominell flåtestyrke Danmark-Noreg og Sverige 1570-1610.

³⁵⁵ Sjå tabell 5: Nominell flåtestyrke Danmark-Noreg og Sverige 1570-1610. og tabell 6: Tal på slagskip og deira gjennomsnittlege storleik 1570-1613.. Dette er også lausleg omtalt av Hjalmar Börjeson i Lybeck, *Svenska flottans historia 1*, s. 53-54 Han gjer ingen komparasjon med den dansk-norsk flåten, men syner at Karl 9. si flåte i all hovudsak var samansett av små einingar, ikkje slagskip.

³⁵⁶ Basert på skipslistane til Glete, *Naval administration*, s. 683-686.

³⁵⁷ Tala er utrekna på basis av tabellar i Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 261-262.

³⁵⁸ Tala er rekna ut på basis av Glete, *Naval administration*, s. 683-686. og Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 261-262.

sjøherredøme i Kalmarkrigen 1611-13 kom difor mest av alt av at dei mangla skipa som kunne utkjempe og sigre i sjøslag. Det er neppe ei einskild årsak til dette, mest truleg var utviklinga ei følgje av ein kombinasjon av årsaker, men der prioritering av ressursar til kortsiktige strategiske utfordringar var særleg viktig. Sverige utkjempa i perioden 1570-1613 ei rekkje krigar i Baltikum og Russland der sjøkrig hadde ei minimal rolle sidan deira sjøherredøme ikkje var utfordra. Ei svekking av sjømakta ville dimed, på kort sikt, ikkje ha strategiske konsekvensar, medan ei styrking av landmakta kunne få avgjerande verdi i dei pågåande krigane. Utviklinga av den svenske flåten kan difor sjåast som ei tilpassing til den operative trongen og dei kortsiktige strategiske utfordringane, framfor eit meir langsiktig strategisk perspektiv, medan Danmark-Noreg held fast ved sitt fokus på sjøherredøme som flåten si hovudoppgåve og byggja opp flåtestrukturen i samsvar med det.

5.4 SVENSK OPPTUR, DANSK-NORSK FALL 1613-45

Kalmarkrigen hadde tydeleg synt at den svenske sjømakta var ueigna for kamp om sjøherredøme, noko som hindra svensk maritim maktprojisering og samstundes sikra dansk-norsk strategisk fridom. Erkjenninga av desse strategiske tilhøva leia til svensk opprusting av slagflåten, men sjølvsagt også til at Danmark-Noreg ynskja å oppretthalde si kvantitative og kvalitative føremon i kampen om sjøherredøme. Det var kontinuitet i både storleik og samansetting på den dansk-norske flåten 1613-45.³⁵⁹ Hovudoppgåva til sjømakta var framleis utvilsamt sjøherredøme, slik den hadde vore sidan 1530-talet. Det var sjøherredøme i lokale farvatn som sikra riket og det var hevd på *Dominium Maris Baltici* som juridisk rettferdiggjorde Øresundstollen. Dessutan var svært mykje av Christian 4. si internasjonale prestisje knytt til hans posisjon som Austersjøen sin herre. Tilføringa av nye fartøy var også høvesvis jamn, men med to klåre byggjetoppar, i 1626-30 og 1641-45 fekk flåten tilført langt fleire fartøy enn elles. Dette samsvarar med Keisarkrigen 1626-29 og Torstensonkrigen 1643-45. I baa krigane var den strategiske stoda for Danmark-Noreg kritisk og deira einaste bolverk mot strategisk nederlag var sjømakta som hindra fienden frå å bruke si overlegne landmakt mot København. Under Keisarkrigen kjempa Danmark-Noreg ikkje mot ei sjømakt, men mot ei kontinentalmakt som prøva å byggje opp eigne sjøstridskrefter. Det viktigaste mottiltaket mot dette forsøket var maritim maktprojisering i form av amfibiske raid mot hamnar og verft. Samstundes måtte ein sikre sjøneking i heimefarvatna, trygge eigne kommunikasjonar og kontrollere skipsfarten i Øresund. Alle desse tiltaka gjorde ein lettast med relativt små og rimelege skip med di sjøherredøme førebels ikkje var utfordra av ei slagflåte. Det var difor

³⁵⁹ Sjå tabell 7: Nominell styrkestruktur for den dansk-norske flåten 1615-45. og tabell 8: Tilgang på skip i den dansk-norske flåten 1613-45.

naturleg at ein bygga flest små skip og ferdigstillingsåra på skipa syner at det var nettopp som respons på Keisarkrigen ein byggja mange skip, av 12 nye skip vart ni ferdigstilt i 1629-30.³⁶⁰

I Torstensonkrigen var utfordringa ei sterk svensk sjømakt støtta av private flåteiningar frå Nederland. Det var evne til å nekte desse flåtane sjøherredøme som var den strategiske hovudprioriteten. Det krevja ei slagkraftig flåte, ei flåte som utkjempa tre store sjøslag på eit år. I det siste, Slaget i Fehmarn Belt 13. oktober 1644, mista Danmark-Noreg seks store og seks små orlogsskip, om lag ein tredjedel av flåten.³⁶¹ Med di sjøherredøme var det absolutte strategiske imperativ i denne krigen, så hadde det vore naturleg at me såg ei forsert skipsbygging fokusert på store orlogsskip under krigen, men eit nærmare blikk på tilgangen av fartøy synar at det ikkje var tilfelle. Fem av dei sju nye store orlogsskipa ein fekk tilført 1641-45 vart ferdigstilt i 1642, altså før Torstensonkrigen. Kvifor Danmark-Noreg gjennomførte eit relativt omfattande byggjeprogram på slutten av 1630-talet med ferdigstilling kring 1642 gir ikkje litteraturen eit eintydig svar på. Bellamy spekulerer i at dette var ein respons på bygginga av nye store orlogsskip i England og Frankrike, men ymtar også på at det kan vere eit resultat av den aukande storleiken på dei svenske hovudskipa.³⁶² Eg finn ingen av desse påstandane truverdige. Det nye dansk-norske storskipet var ikkje tilsvarende dei franske og britiske, det var langt mindre og lettare armert, dei andre skipa var enda mindre.³⁶³ Heller ikkje aukande storleik på dei svenske skipa synast som ei relevant grunngeving då dei nye danske skipa faktisk var mindre enn nye svenske.³⁶⁴ Årsaka til opprustinga før Torstensonkrigen finn ein difor mest truleg i økonomien. Svak dansk-norsk statsøkonomi i åra etter Keisarkrigen gjorde at Danmark-Noreg ei tid ikkje kunne halde tritt med svenskane si maritime opprusting.³⁶⁵ På 1630-talet utnytta kong Christian 4. sin kontroll over Øresund og Elben til å auke sine inntekter, til dømes førte tollauka i Øresund til ei tredobling av innkoma frå Sundtollen 1637-39. Christian 4. kverrsette også strategiske råvarer som salpeter i Øresund og reduserte dimed kostnadane for byggje opp lager av slike krigsnaudsynte varer.³⁶⁶ Dette gav kongen økonomisk fridom til å ruste opp flåten på slutten av 1630-talet og det strategiske grunnlaget for opprustinga finn ein i trongen for å utlikne forskuinga i maktbalansen mellom dansk-norsk og svensk sjømakt som hadde skjedd på

³⁶⁰ Sjå tabell 8: Tilgang på skip i den dansk-norske flåten 1613-45.

³⁶¹ Probst, *Christian 4.s flåde*, 3, s. 244-248.

³⁶² Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 148-149.

³⁶³ Franske *La Couronne* var på 2.400 tonn, engelske *The Sovereign of the Seas* var på 2.700 tonn, medan *Trefoldighed* berre var på 1.300 tonn. (Glete, *Navies and nations*, s. 560, 583 og 601.)

³⁶⁴ Sjå tabell 7: Nominell styrkestruktur for den dansk-norske flåten 1615-45. og tabell 9: Nominell styrkestruktur for den svenske flåten 1615-45.

³⁶⁵ Sjå t.d. Probst, *Christian 4.s flåde*, 3, s. 185., og Bregnsbo, Michael og Jensen, Kurt Villads, *Det danske imperium : storhed og fald*, (København: Aschehoug, 2004), s. 137.

³⁶⁶ Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 232-233.

byrjinga av 1630-talet. I 1630 hadde Danmark-Noreg både fleire og større slagskip enn Sverige, i 1635 var den svenske flåten tett på 80% større enn den dansk-norske innan denne kategorien. Ein slik ubalanse innebar både ein overhengande trugsel mot Danmark-Noreg sitt strategiske imperativ, sjøherredøme i egne farvatn, men var også ei undergraving av dansk-norsk hevd på *Dominium Maris Baltici* og dimed den juridiske rettferdigginga av Øresundstollen, samt kongen si prestisje.

Den svenske flåten vart i perioden 1613-45 omstrukturert frå å vere ei flåte for utnytting av sjøherredøme til ei flåte som kunne kjempe om sjøherredøme og gjere hevd på *Dominium Maris Baltici*.³⁶⁷ Denne transformasjonen fann stad i to korte tidsintervall, tida kring 1620 og i byrjinga av 1630-talet.³⁶⁸ Den første store auka kan tydeleg sjåast som ei medviten satsing på stridsmidlar som kunne gi den svenske flåten eit røyntleg håp om temporært og lokalt sjøherredøme i strategisk viktige farvatn og som ein direkte respons på erfaringane frå Kalmarkrigen. Satsinga fell også saman med Danmark-Noreg si formelle stadfesting i 1622 av at *Dominium Maris Baltici* i den nordlege og austlege Austersjøen var svensk.³⁶⁹ På slutten av 1620-talet såg Sverige seg sterkt trua av keisaren sine forsøk på etablering av eiga sjømakt i Austersjøen.³⁷⁰ Den voldsame veksten i flåtestyrka få år seinare korrelerer med tida det tar å byggje store skip og er difor med sannsyn ein respons på keisaren sine flåteplanar. Den svenske flåten var på førehand overlegen kva keisaren kunne byggje og mobilisere på kort sikt, opprustinga kan difor ikkje forklarast som ein respons på keisarflåten aleine. Frykta var ikkje berre keisarflåten, men at keisaren i tillegg skulle få kontroll over den dansk-norske flåten eller sikra samarbeid med denne eller jamvel kontroll med dei nederlandske maritime ressursane. Den sterke opprustinga kan dimed sjåast som eit tiltak for å oppretthalde paritet med ein kvar lokal konstellasjon av sjømakt som kunne utfordre svensk sjømakt og var mogleggjort av ein relativt sterk økonomi.³⁷¹ Sverige sin flåtestruktur vart ytterlegare styrka ved erobringa av Wismar i 1632 kvar ein tok den keisarlege marinen som krigsbytte og fjerna keisarmakta si utfordring mot *Dominium Maris Baltici* permanent.³⁷² Kombinasjonen av

³⁶⁷ Sjå tabell 7: Nominell styrkestruktur for den dansk-norske flåten 1615-45. og tabell 9: Nominell styrkestruktur for den svenske flåten 1615-45.

³⁶⁸ Sjå tabell 10: Tilgang på skip i den svenske flåten 1613-45.

³⁶⁹ Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 208-209, sjå og Knud Jespersen i Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s.138-139. For sjølve teksten i stadfestinga, sjå Erslev, *Aktstykker*, s. 336-337.

³⁷⁰ Sjå t.d. Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 75-77. og Roberts, Michael, *Gustavus Adolphus*, Second Edition ed., (London: Taylor & Francis, 1992:2014), s. 55-64.

³⁷¹ Den relativt sterke økonomien til Sverige i denne perioden var eit resultat av at Sverige tolla handelen frå Danzig, Königsberg og dei andre polsk-prøyssiske hamnene i perioden 1627-35. Tollegginga gav i seg sjølv god innkome, men kunne dessutan brukast som pant for å ta opp lån. Sverige fekk også subsidiar frå Nederland (1631-32) og Frankrike (1631-34 og 1638-48). Den svenske ekspedisjonshæren i Tyskland vart dessutan i stor grad finansiert gjennom lokal skattlegging. (Böhme i Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s. 183-187.)

³⁷² Probst, *Christian 4.s flåde*, 3, s. 185.

nybygg og dei keisarlege fartøya sikra Sverige ein markant overlegenheit i den sjømilitære maktbalansen i Austersjøen.

5.5 DEI STORE SKIPA TEK OVER, 1645-1700

Danmark-Noreg overlevde Torstensonkrigen då dansk-norsk sjømakt lykkast i å nekte Sverige naudsynt sjøherredøme tilstrekkeleg lenge, men det kosta flåten dyrt. Om lag 40% av flåten gjekk tapt og det var primært dei eigentlege orlogsskipa, ikkje dei konverterte handelsskipa, som gjekk tapt.³⁷³ Den store dansk-norske byggeverksemda ein ser i åra 1646-50 var eit direkte resultat av at sjøherredøme var eit absolutt strategisk imperativ, ein måtte raskt sikre ei fornying og styrking av flåten som gjorde det mogleg å kjempe på likefot med Sverige igjen. Krigen hadde dessutan synt at defensjonsskip og små orlogsskip hadde liten verdi i sjøslag, i tillegg hadde dei dansk-norske skipa synt seg vanskeleg å forsvare dersom dei vart entra og det var tydeleg at tunge kanonar var blitt det avgjerande stridsmiddelet.³⁷⁴ Følgjeleg byggja Danmark-Noreg no svært store skip med langt tyngre væpning enn tidlegare, ein byggja også om mange av dei eldre skipa til å føre fleire og tyngre kanonar. På få år greidde ein å byggje opp sjømakta til paritet med den svenske. Det var svært kostesamt å ruste flåten opp, utgifter som Danmark-Noreg vanskeleg kunne bære med di særleg hertugdøma og Jylland var utarma etter Keisarkrigen og Torstensonkrigen samstundes som innkkomsten frå Øresundstollen var markant redusert. Kongsmakta prøvde å omgå denne økonomiske røyndomen gjennom å byggje og finansiera skipa lokalt og byggja 1645-55 nær alle skipa i Noreg eller Neustadt. Den svake økonomien vart ytterlegare svekka som følgje av kostesame vernebuingane under Den første nederlandsk-engelske krigen 1552-54, samt då eksporten frå Noreg til England stogga opp under denne krigen.³⁷⁵ Ein hadde også store utfordringar med korrupsjon ved Holmen og dårleg administrasjon av sjømakta, noko som undergrov effekten av dei største marinebudsjetta Danmark-Noreg hadde sett fram til då.³⁷⁶ Teikninga av eit defensivt forbund med Nederland i 1649 endra det strategiske utsynet.³⁷⁷ Flåten var allereie kraftig styrka og ein hadde ryggdekking i form av Nederland si overveldande sjømakt. Det var difor strategisk spelrom for å stogge opp den kraftige opprustinga.³⁷⁸

³⁷³ Ibid., s. 257.

³⁷⁴ Dels parafraze av ibid., s. 257-258.

³⁷⁵ Bergersen, *Fra Henrik Bielke til Iver Huitfeldt*, 1, s. 325-326 og 341. Formelt var også Danmark-Noreg i krig med England, men det kom aldri til kamphandlingar.

³⁷⁶ Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 265-266.

³⁷⁷ Sjø t.d. Dyrvik, Ståle, *Truede tvillingriker : 1648 - 1720*, (Oslo: Universitetsforlaget, 1998), s. 54. Sjø og Tjaden i Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s. 81-82.

³⁷⁸ I eldre litteratur får «det uduelige Rigsraad» skulda for manglande opprusting, sjå t.d. Jungersen, *Danmarks søkrigshistorie*, s. 126-127. Det er utvilsamt at konflikten mellom konge og riksråd påverka rustingane til rika, men synet t.d. Jungersen målber, må primært sjåast som etterpåkløkskapen sitt syn.

Sverige endra ikkje fokus til store skip etter Torstensonkrigen med di dei såg store orlogskipa primært som prestisjeobjekt.³⁷⁹ Vidareføringa av dei små orlogsskipa var dessutan truleg eit resultat av deira erfaringar frå Torstensonkrigen. I Slaget ved Fehmarn belt hadde den dansk-norske flåten erfart at deira underlegne flåte held stand medan storskipa framleis var i kamp, først då storskipa vart slått ut kollapsa motstandsevna og kampvilja.³⁸⁰ Svenskane hadde derimot erfart at deira konsentrasjon av eit stort overtal av relativt små orlogsskip hadde sikra dei sigeren.³⁸¹ Svensk satsing på små skip kan difor sjåast som eit klassisk døme på at sigerherren vart konservativ av sine singlar, medan taparen prøver å endre seg for å sikre siger ved neste høve. Den svenske motstanden mot store skip var ikkje bastant, i flåteplanen av 1649 inngår fem store skip i den planlagde strukturen, men framleis er tyngda av strukturplanen fokusert kring skip på 500-1000 tonn, dei var det planlagt 28 stykk av.³⁸²

Eit orlogsskip hadde på 1600-talet ei normal levetid på 10-15 år før dei måtte totalvølast og om lag 30 år før dei vart utfasa. Skulle ein oppretthalde ei flåte på kring 30 slagskip måtte ein difor tilføre eit til to nye skip i året. Utfordringa til Sverige var at store delar av flåten var byggja på byrjinga av 1630-talet, dimed måtte store delar av strukturen erstattast på 1650-talet.³⁸³ Sjølv med fem nye skip mellom 1651-55 vart flåten eldre og fekk dimed gradvis reduksjon i røyenleg kampkraft grunna forelda teknologi og reduserte skrogeigenskapar.

Utan å gå i detaljar, så førte dei to Karl Gustav krigane, 1657-58 og 1658-60, til at båe dei skandinaviske sjømaktene vart sterkt svekka.³⁸⁴ Krigane hadde på ny synt at sjøherredøme var avgjerande for suksess på landjorda i krigar mellom desse statane. Både Danmark-Noreg og Sverige såg det difor som naudturvande å byggje opp igjen at sine sjøstridskrefter og følgjeleg var flåteopprustinga 1660-75 omfattande hjå begge sjømaktene.³⁸⁵ No byrja også Sverige å byggje store orlogsskip i stor skala, ein hadde erkjent at desse var sentrale i eit sjøslag og at taktikk og teknologiutviklinga hadde gått frå både små orlogsskip og defensjonsskip. Frå 1660 til 1675 byggja Danmark-Noreg 9 store og 11 mellomstore orlogsskip, samstundes byggja Sverige 12 store og 7 mellomstore, det auka den dansk-norske lineskipsflåten frå 14 til 24 skip og den svenske frå 22 til 31 skip i perioden 1660-75.³⁸⁶ Auka var vesentleg mindre enn talet på nye skip, altså vart flåtane også i stor grad fornya.³⁸⁷ Den operativt tilgjengelege

³⁷⁹ Glete, *Naval administration*, s. 412.

³⁸⁰ Opplysningane om hendingane i slaget er henta frå: Probst, *Christian 4.s flåde*, 3, s. 257-258.

³⁸¹ Glete fremjar eit liknande syn i Glete, *Naval administration*, s. 416.

³⁸² Fordelinga av skipsstorleiker er attgjeve i *ibid.*, s. 415.

³⁸³ Sjø tabell 10: Tilgang på skip i den svenske flåten 1613-45.

³⁸⁴ Sjø tabell 11: Styrkestruktur for den dansk-norske flåten 1645-80. og tabell 12: Styrkestruktur for den svenske flåten 1645-1680.

³⁸⁵ Sjø tabell 13: Nye store og mellomstore orlogsfartøy 1646-80.

³⁸⁶ Sjø tabell 13: Nye store og mellomstore orlogsfartøy 1646-80.

³⁸⁷ Sjø tabell 11: Styrkestruktur for den dansk-norske flåten 1645-80. og tabell 12: Styrkestruktur for den svenske flåten 1645-1680.

styrka var vesentleg lågare enn dei nominelle strukturlistene til tross for at ein no hadde svært unge flåtar. Dette kom av vedlikehaldssyklusar, tilgang på verftsinfrastruktur og utrusting, samt då mobilisering tok tid. I forbundet mellom Danmark-Noreg og Nederland i 1675, i samhøve med krigserklæring mot Sverige, går det fram at Danmark-Noreg skulle ruste ut 16 orlogsskip.³⁸⁸ Ei slik rusting utgjorde truleg alt Danmark-Noreg kunne utruste på kort sikt og var om lag 2/3 av den nominelle strukturen. I Sverige sendte ein derimot til sjøs 28 av 31 skip over 30 kanonar når krigen braut ut.³⁸⁹ Den svenske mobiliseringsgraden reflekterte ikkje den røynlige statusen på flåten, fartøya var underbemanna, utrente, og mangla våpen og utrustning, noko som resulterte i at operasjonen enda etter berre 12 dagar og utan resultat.³⁹⁰ Kva den eigentlege operative strukturen til Sverige var er det ikkje mogleg å stipulere, men den var langt lågare. Årsaka til denne fåfengte stormønstringa var truleg at ein var vel kjent med egne svakheitar og dimed prøva å kompensere gjennom ei tilsynelatande storslått flåte, ein skulle sikre sjøherredøme gjennom avskrekking, ikkje gjennom slag eller blokade.

Den skånske krigen vart ein samanhengande suksess for den dansk-norske sjømakta og deira nederlandske allierte. Krigen stadfesta også at små orlogsskip og defensjonsskip hadde avgrensa verdi i sjøslag og synte at kvantitet ikkje kunne kompensere for kvalitet. Krigen var den første sjøkrigen i Austersjøregionen kvar linetaktikken dominerte med den dansk-norske admiralen Niels Juel som ein leiande taktisk innovatør. Den viktigaste lærdomen var det svenskane som drog, dei innsåg at Sverige ikkje hadde helde tritt med teknisk og taktisk utvikling hjå dei andre sjømaktene. Den svenske sjømakta, uansett kor imponerende flåtestrukturen var, synte alvorlege svakheiter på nærmast alle andre områder. Særleg eksponert vart dette av linetaktikken sine operative krav til flåten si samansetting. Skal linetaktikk fungere må skipa halde sin posisjon i formasjonen. Grunna den korte effektive rekkevidda på skipskanonane, i praksis 2-300 meter, så måtte formasjonen vere kompakt, altså med liten avstand mellom fartøya, for å unngå eksponerte baugar og hekkar. I ein lineformasjon var ikkje berre toleevna til det einskilde fartøy viktig, men også konsentrasjonen av eldkraft. Dess større eldkraft ein får relativt til formasjonen si lengd, dess større er sjansen for at ein vil få avgjerande verknad på fienden si line.³⁹¹ Samla førde dimed linetaktikken med seg at små eller svakt bygde skip, som t.d. defensjonsskip, var ueigna i ei slagflåte. Linetaktikken fremja skip med størst mogleg væpning, altså store skip med to og tre

³⁸⁸ Barfod, *Niels Juels flåde*, 4, s. 40-41.

³⁸⁹ Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 105. og Zettersten, *Svenska flottans historia* 2, s. 461-463.

³⁹⁰ Sjø t.d. Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 106., Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjøslag*, s. 111. og Glete, *Naval administration*, s. 186-187.

³⁹¹ Trongen for konsentrasjon av eldkraft vart påpeika i 1697 av Frankrike sin første store sjøkrigsteoretikar, Paul Hoste. Avsnittet er basert på Hughes, *Fleet Tactics*, s. 46-48. Opplysninga om Hoste er frå s. 46.

kanondekk, og skapte trong for større konformitet i flåtestrukturen. Hadde ein stor forskjell i kampkraft og seglingsegenskapar, så ville formasjonen vere nærmast umogleg å halde. Ein ville då sjølv med ei kvantitativ langt overlegen flåte risikere å bli taktisk underlegen grunna den defensive føremona lineformasjonen skapte, noko som Sverige opplevde. Begge landa var sterkt medvitne at sjømakt var ein absolutt føresetnad for ein ekspansiv utanrikspolitikk og som krigen 1675-79 tydeleg hadde vist var sjømakt også eit svært viktig defensivt middel, ikkje berre for Danmark-Noreg, men jamvel for Sverige. Sverige gjennomførte difor ei massiv maritim opprusting og fornying av lineflåten etter nederlaget i Den skånske krigen.³⁹² Allereie 5-6 år fredsslutninga hadde Sverige paritet med den dansk-norske flåten, men opprustinga held fram. Først etter slaget ved Poltava i 1709 stogga den svenske bygginga av lineskip opp. Likeeins ser me at Danmark-Noreg aukar sitt byggetempo på 1690-talet.³⁹³ Den dansk-norske lineflåten vart nominelt svakare enn den svenske i perioden 1690-1700 sjølv om ein byggja åtte nye store lineskip. Årsaka var at Danmark-Noreg i tillegg til opprusting måtte erstatte ei rekkje store skip bygd før 1665.³⁹⁴

5.6 TEKNOLOGIMODNING OG DENNE SIN PÅVERKNAD PÅ SJØMAKTA

Den store nordiske krigen var, med unntak av intermessoen i 1700, ein krig der Sverige hadde uomtvista sjøherredøme heilt til 1709. Med Danmark-Noreg sitt inntog i krigen frå 1709 fekk ein relativt jambyrdig kamp om sjøherredøme i den vestlege Austersjøen, men fram til 1712 var den operative svenske lineflåten like sterk som fienden sine lineflåtar samla og kunne dimed trygge sjøherredøme i eigne farvatn.³⁹⁵ Først i 1713-14 byrjar den russiske lineflåten å få ein storleik som gjorde at Sverige ikkje lengre kan oppretthalde sjøherredøme i opne farvatn både i sør og nord samstundes. I 1716-18 engasjera også Storbritannia og Nederland seg i krigen mot Sverige og tok dimed frå Sverige eit kvart moglegheitsrom for sjøherredøme i områda vest for Karlskrona og utfordra deira sjøherredøme i den nordlege Austersjøen.³⁹⁶ Tapet av svensk evne til sjøherredøme og sjønekting fall saman med ein storstilt ekspansjon av dei russiske skjergardsstyrkene. Det opna for russisk maritim maktprojisering direkte mot Sverige. Det einaste moglege botemiddelet for å verne Sverige var skjergardsstyrker som ville både gjere det mogleg å nytte indre lei langs Båhuslenkysten, i

³⁹² Sjø tabell 14: Lineskip 1680-1720, og tabell 15: Tilgang på lineskip 1680-1720.

³⁹³ Sjø tabell 15: Tilgang på lineskip 1680-1720.

³⁹⁴ Admiral Span, sjef på Holmen, uttalte til kongen i 1692 at «*Flåden bliver daglig gamlere, så en hel del af skibene gør det ikke længere.*» (Barfod, *Niels Juels flåde*, 4, s. 105.)

³⁹⁵ Sjø tabell 16: Utrusta lineskip i Austersjøregionen 1709-1721.

³⁹⁶ Desse tilhøva er grundig skildra i Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar* Sjø t.d. s. 193-206 for utdjupeing av den nederlandske og britiske aktiviteten etter 1715.

Aust-Sverige og i Finland til eiga maritim maktprojisering og sjøneking. Ser ein på kor mange lineskip som faktisk vart utrusta og brukt gjennom perioden 1709-21, så minkar den operative delen av den nominell strukturen markant.³⁹⁷ Bygginga av lineskip i både den dansk-norske og den svenske flåten stogga dessutan opp etter 1710.³⁹⁸ Strukturutviklinga deira dei siste ti åra av Den store nordiske krigen var med andre ord tæring på akkumulert kapital og førte til ein reduksjon på nær 40 % i talet på lineskip. Færre utrustingar og ingen nye lineskip indikerer ikkje redusert operativ trong, særleg ikkje for Sverige, reduksjonen i utrusting indikerer redusert teknisk stand, mannskapsmangel og pengemangel, med andre ord kunne ikkje ressursane lengre tilfredsstillere trongen.

I 1700 hadde både Danmark-Noreg og Sverige store og relativt moderne lineflåtar, dei dansk-norske lineskipa hadde ei snittalder på 20 år, medan den svenske lineflåten sin snittalder var berre 12 år.³⁹⁹ At dei svenske var monaleg yngre skulle ein tru var ei markant føremon for svenskane, men truleg spelte det nærmast inga rolle. I Slaget ved Køge bukt 4. okt. 1710 deltok 26 dansk-norske lineskip av dei var 17 byggja før 1700 og hadde ein snittalder på 29 år, det eldste var Svanen på 62 år. 22 av dei 32 lineskipa Danmark-Noreg hadde i 1700 vart tatt ut av teneste løpet av Den store nordiske krig, 19 vart avskrivne, to forliste og eit gjekk tapt i slag, snittalderen på dei avskrivne skipa var 42 år.⁴⁰⁰ Einskild skip i samtida gjorde teneste i opptil 85 år, svenske Karlskrona 1694-1779, medan 50-60 år slett ikkje var uvanleg.⁴⁰¹ At skipa hadde så lang tenestetid var ikkje berre eit resultat av teknisk levetid, det betyr også at teknologiutviklinga gjekk seint. Inngangen til 1700-talet markerar altså eit teknologisk modningspunkt, skip byggja då vart ikkje umoderne etter 15-20 år som tidlegare, dei var grunnleggande lik lineskipa som vart byggja 70-80 år seinare. At ein nådde ei teknologisk modningspunkt betyr ikkje at lineskipsutviklinga stogga opp, men at utviklingstrekka vart meir ein evolusjon av det eksisterande framfor store endringar på kort tid. Dei to største endringane ein såg på 1700-talet var aukande storleik på fartøya relativt til talet på kanonar, og ein overgang frå stumpe tredekkarar til lengre og slankare todekkarar, noko som betra stabiliteten og seglingseigenskapane.⁴⁰² Desse utviklingstrekka gjorde lineskipa betre eigna for operasjonar globalt og fjerna i stor grad sesongavgrensinga grunna vêrsystema. Ingen av desse tilhøva hadde relevans for Austersjømaktane med di deira

³⁹⁷ Sjå tabell 16: Utrusta lineskip i Austersjøregionen 1709-1721.

³⁹⁸ Sjå tabell 15: Tilgang på lineskip 1680-1720.

³⁹⁹ Rekna ut på basis av opplysningane i Barfod, *Niels Juels flåde*, 4, s. 106-107. og Glete, *Naval administration*, s. 725-727.

⁴⁰⁰ Rekna ut på basis av opplysningane i Barfod, *Niels Juels flåde*, 4, s. 106-107. og Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 144 og 363.

⁴⁰¹ Rekna ut på basis av opplysningane i Barfod, *Niels Juels flåde*, 4, s. 106-107. Opplysninga om Karlskrona finn ein i Glete, *Naval administration*, s. 726.

⁴⁰² Sjå t.d. Gardiner og Lavery, *The Line of Battle*, s. 17-20.

lineskipa skulle operere i Austersjøen kvar seglings sesongen primært var avgrensa av istilhøva og der sjøeigenskapane allereie var tilstrekkeleg for aktuelle vêttilhøve. Likevel søkte særleg Danmark-Noreg, men også Sverige, å halde seg a jour med utviklingstrekka internasjonalt. Dei byggja skip som var minst like gode og store som andre land sine og dreiv aktiv etterretning for å sikre verdsleiande kvalitet på sine skip. Dei nye skandinaviske lineskipa i perioden 1720-80 var difor ikkje verken mindre, lettare væpna eller teknisk dårlegare enn dei vestlege stormaktene sine.⁴⁰³ Den tekniske modninga på slutten av 1600-talet, samt då nye, større og meir velseglende skip ikkje gav ei distinkt operativ føremon i Austersjøregionen, førte med seg at dei skandinaviske sjømaktene kunne oppretthalde store og relativt kapable flåtestyrker over tid utan å investere i omfattande og kostesame byggjeprogram. Eit nytt lineskip i året sikra ei faktisk lineflåte på 30 lineskip som i relativ kampkraft var på høgda med kva ein fann elles i Europa. Danmark-Noreg byggja 58 lineskip og Sverige 25 i 1721-80, altså eit per år i Danmark-Noreg og under eit per andre år i Sverige, noko som synte seg tilstrekkeleg til å oppretthalde ei nominell dansk-norsk lineflåte på kring 30 skip og ei svensk på kring 23 skip.⁴⁰⁴ At Sverige byggja vesentleg færre skip førte både til ei noko mindre flåte og att skipa deira i snitt var eldre enn dei danske.⁴⁰⁵ Teknologimodninga kom på eit økonomisk lukkeleg tidspunkt for dei skandinaviske rika. Kostnadsutviklinga på nye lineskip, grunna aukande deplasement og tyngre armering, gjorde ei stor og slagkraftig flåte på 1700-talet til ei langt større kapitalinvestering enn kva det hadde vore 50-100 år tidlegare.⁴⁰⁶ Denne kostnadsutviklinga held fram også utover 1700-talet og vart forsterka av sterkt auka prisar på *Naval Stores* når dei store sjømaktene var i krig.⁴⁰⁷ Sjølv utan prisfluktasjon auka materialkostnaden per skip med ein faktor på 2,5 gangar frå 1620 til 1800, i røynda auka den meir då grovare tømmer var vesentleg sjeldnare og dimed dyrare enn tømmeret ein trong til mindre skip. Danmark-Noreg og Sverige hadde ikkje økonomisk ressursgrunnlag for å konkurrera med England og Frankrike i eit flåtekapløp, og ressursgrunnlaget var allereie kring 1700 mobilisert i ei grad som få statar i Europa kom

⁴⁰³ Sjå t.d. Bjerg, Hans Christian og Erichsen, John, *Danske orlogsskibe 1690-1860 : Konstruktion og dekorasjon*, (København: Lademann, 1980), s. 33-45. og Rodger, *Command*, s. 411. For ei samanlikning av kva skip ein faktisk bygde, sjå Glete, *Navies and nations*, s. 565-566, 603-604 og 615.

⁴⁰⁴ Rekna ut på basis av tala i: Glete, *Navies and nations*, s. 603-604 og 614-615.

⁴⁰⁵ Sjå tabell 17: Gjennomsnittleg storleik på skandinaviske lineskip 1700-1810.

⁴⁰⁶ Ser ein på gjennomsnittleg deplasement slagskip, noko som er eit god indikasjon på mengde med skipstømmer som gjekk med til å byggje eit skip, så auka det i frå om lag 800-900 tonn i 1620 til 14-1500 tonn i 1720 og vidare til godt over 2000 tonn kring 1800. (tabell 7: Nominell styrkestruktur for den dansk-norske flåten 1615-45., tabell 9: Nominell styrkestruktur for den svenske flåten 1615-45. og tabell 14: Lineskip 1680-1720.)

⁴⁰⁷ Skipstømmer frå Riga hadde t.d. doble prisen i 1782 (Amerikanske frigjeringskrigen) enn kva det kosta i t.d. 1765-66 og 1786-87 (altså i fredsår). Under Napoleonskrigane skaut prisen opp til det tredoble. ("Report from the Selected Committee on Timber Duties," (London: on order from The House of Commons, 1835)).

nær.⁴⁰⁸ Dimed var bæreevna for ytterlegare utgifter avgrensa og hadde ikkje kombinasjonen av teknologimodning og ei relativt fredeleg tid funne stad, så er det grunn til å tru at dei Skandinaviske rika måtte ha gitt opp ambisjonane om sjøherredøme i Austersjøen allereie på byrjinga av 1700-talet.

Frå 1720 til 1780 auka gjennomsnittstorleiken på europeiske lineskip frå 1390 til 2290 tonn, medan dei dansk-norske lineskipa berre auka til 2080 tonn og dei svenske til 1750 tonn.⁴⁰⁹ Det var altså ei gjennomsnittleg deplasementsauke hjå dei skandinaviske sjømaktene som var vesentleg lågare enn norma i Europa, særleg i den svenske flåten.⁴¹⁰ Dette er det to årsaker til. Den eine var maksimalt djuptgåande i Drogden, altså hovudleia gjennom den sørlege delen av Øresund. Lineskip som skulle nytte denne leia hadde maksimale storleik kring 3000 tonn, helst noko mindre for å få gode sjøeigenskapar.⁴¹¹ Både Danmark-Noreg og Sverige såg bruk av Drogden som ein absolutt føresetnad og fekk difor flåtestrukturar utan orlogsskip vesentleg over 3.000 tonn.⁴¹² Førekomsten av større skip i dei andre sjømaktene auka gjennomsnittsdeplasementet, men ikkje mykje, til det var det talet på slike einingar for lite.⁴¹³ Den viktigaste årsaka til lågare deplasement hjå dei skandinaviske lineskipa finn ein i eit lågare utskiftingstempo enn hjå mange av dei andre sjømaktene. Til dømes byggja Storbritannia 279 og erobra 38 lineskip i tidsrommet 1720-1780 og hadde ein nominell struktur som varierte mellom 102 og 139 lineskip.⁴¹⁴ Utan å ta omsyn til tap gir det eit utskiftingstempo på om lag 22 år. I Danmark-Noreg var tempoet 31 år, medan det i Sverige var 55 år. Deplasementsauka hjå høvesvis Storbritannia, Danmark-Noreg og Sverige følgjer ein tilnærma lineær kurve hjå alle tre landa, men stigningstala syner ein klår korrelasjon med utskiftingstempoet.⁴¹⁵ Tek ein med tap i kalkuleringa, så vil utskiftingstempoet endrast noko, men ikkje mykje ettersom ingen av desse sjømaktene hadde store skipstap relativt til nominell struktur i perioden.⁴¹⁶ Nye skandinaviske skip var heller ikkje mindre i gjennomsnitt enn

⁴⁰⁸ Sjø t.d. Knudsen, Tim og Rothstein, Bo, "State Building in Scandinavia," *Comparative Politics* 26, no. 2 (1994): s. 207-209.

⁴⁰⁹ Sjø tabell 17: Gjennomsnittleg storleik på skandinaviske lineskip 1700-1810.

⁴¹⁰ Sjø tabell 19: Gjennomsnittsdeplasement lineskip 1720/1800.

⁴¹¹ Dette talet er basert på drøftingane til admiralskollegiet og konstruksjonskommisjonen i Danmark-Noreg i 1794 som attgjeve i Frantzen, *Truslen fra øst*, s. 110-111. og det faktiske deplasement på dei største skipa dei byggja, sjå tabellar i Glete, *Navies and nations*, s. 603-605.

⁴¹² Frantzen, *Truslen fra øst*, s. 110 og Harris, Daniel, *Fredrik Henrik af Chapman: The First Naval Architect and his Work*, (Stockholm: Literatim, 1989:2001), s. 106.

⁴¹³ I 1780 hadde den franske flåten 12 slike mastodontar av ei samla styrke på 70 lineskip, Storbritannia 11 av 117 og Spania 6 av 72. Skipa på over 3000 tonn utgjorde med andre ord berre ein liten del av deira samla flåtar. Tek ein vekk einingane på 3000 tonn eller meir, så er snitta for Storbritannia 2070 tonn, Frankrike 2500 tonn og Spania 2380 tonn (Glete, *Navies and nations*, s. 553, 578 og 630.)

⁴¹⁴ *Ibid.*, s. 563-566.

⁴¹⁵ Veksten i gjennomsnittleg deplasement for dei viktigaste aktørane i Austersjøregionen på 1700-talet er synt i tabell 18: Gjennomsnittsdeplasement lineskip (graf).

⁴¹⁶ Sverige mista berre to lineskip i perioden 1720-80, Sverige i 1738 og Öland i 1742. Båe gjekk tapt i forlis. Alle andre lineskip som gjekk ut av strukturen vart fasa ut grunna oppbrukt teknisk levetid eller då dei var utan røyndleg kampverdi. (Glete, "Den svenska linjeflotta," s. 51-52.). Den danske flåten mista eit, Prins Frederik i 1780, grunna forlis. (Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 365.) Storbritannia mista 24 lineskip av 1., 2. og 3.-klasse i perioden 1720-80, dvs at 7% av nybygga gjekk til erstatning for tapte skip, men mange av skipa som gjekk tapt hadde allereie vore i teneste i 10-20 år. Ergo påverka tapa i svært liten grad utskiftingstempoet. (Tala er henta frå: "Royal Navy Loss List

norma i Europa.⁴¹⁷ Det var altså primært eit lågt utskiftingstempoet som gjorde at dei skandinaviske lineskipa var mindre enn den europeiske normalen.

5.7 EI STYRKE MEST PÅ PAPIRET? DEN SVENSKA LINEFLÅTEN 1721-1814.

Framstillinga av den svenske linjeflåten 1721-1814 er svært samsvarande i det meste av eldre svensk litteratur. Perioden frå 1721 og fram til Gustav 3. sitt regime blir skildra som ei tid der den svenske lineflåten var sterkt forsømt og Sverige stod svakt til sjøs, Russland og Danmark-Noreg dominerte Austersjøen med lineflåtane sine. I fridomstida (1718-1772) lykkast ikkje partia, admiralitetskollegiet og dei stadig meir konservative admiralane i å gjenreise ei slagkraftig slagflåte, medan ein under Gustav 3. si regjeringstid, ved hjelp av radikale administrative reformer, duglege offiserar, og ny teknologi, fekk rydda opp og skapt ei flåte som kunne kjempe jambyrdig med Russland si. Gustav 3. sitt djerve åtak på Russland i 1788 førte til alvorlege tap noko flåten aldri henta seg inn igjen frå.⁴¹⁸ Glete seier at det er svært vanskeleg å finne positiv omtale av lineflåten, denne si leiing eller militærpolitikken som låg bak lineflåten si utforming, i fridomstida. Den påståtte tilstanden til flåten har blitt nytta som eit argument for å prove at denne perioden var ein tryggingpolitisk forfallsperiode der dei politisk ansvarlege ikkje lukkast i å handtere viktige problem. Gustav 3. og hans reformer blir framheva med motsett forteikn. Det finnast samstundes mange som hevdar styrkinga etter 1780 primært var materiell, medan utdanning, treningsnivå og taktisk dugleik framleis var for dårleg, noko som hindra eit avgjerande kvalitativt overtak i 1788-90 krigen mot Russland.⁴¹⁹ Merk at denne framstillinga berre omhandlar lineflåten, skjergardsflåten har fått eit anna ettermæle. Det gjengse bilete for den er ei suksessiv oppbygging gjennom siste del av fridomstida, med ei fullbyrding av arbeidet under Gustav 3. og heile framstillinga leier fram mot den avgjerande sigeren ved Svensksund i 1790.⁴²⁰ Glete synleggjer korleis desse syna på den svenske flåten går igjen i alle dei tonegivande sjøkrigshistoriane om Sverige før 1990, det same grunnsynet finn ein også i mindre verk og artiklar.⁴²¹ Det meste av den eldre litteraturen er skriven av marineoffiserar utan formell historisk utdanning, men framstillinga er lik også hjå faghistorikarane dersom dei i det heile omtalar svensk sjømaktshistorie i dei ålmennehistoriske verka. Sjølv i framifrå storverk som *Den svenska skärgårdsflottan historia*

: Complete database," Maritime Archaeology Sea Trust, <http://www.thisismast.org/downloads/rn-loss-list-2015-11-24.pdf>

⁴¹⁷ Rekna ut på basis av data i Glete, *Navies and nations*, s. 565-566, 603-604 og 615.

⁴¹⁸ Parafrase av: Glete, Jan, "En styrka mest på papperet? Historigrafiska synpunkter på 1700-talets svenska linjeflotta," i *Studier i modern historia : tillägnade Jarl Torbacke den 18 augusti 1990* (Stockholm: Militärhistoriska förl., 1990), s. 97.

⁴¹⁹ Ibid.,

⁴²⁰ Ibid., s. 98

⁴²¹ Parafrase av: ibid., s. 98-104 Dømer på slik negativ omtale av status og kapasitet på den svenske lineflåten kan ein finne i: Bäckström, *Svenska Flottans Historia*, s. 220-234, hjå Unger, *Sjømaktens inflytande 3*, 3s. 107, 149 og 161. og i Lybeck, *Svenska flottans historia 2*,

1756-1791 (1933) og *Kampen om Östersjön* (1945) finn ein ei grunnleggande negativ innstilling til admiralitetet og lineflåten.⁴²²

Det er ei konsekvent framstilling me ser, men synet står ikkje til truande. Framstillinga er prega av selektiv tolking av kjelder og manglar ei grunnleggande analyse av lineflåten si styrke og effektivitet. Alder på skipa, kor mange som var rekna som sjødyktige i samtida, og deira relative kapasitet sett oppimot trugsel og oppdrag, er ikkje reflektert på ein gjennomarbeida måte.⁴²³ Ein komparasjon med andre lineflåtar i samtida kan fortelje mykje om den relative status. Glete syner at vedlikehaldsstatus på flåten slett ikkje var dårleg i fridomstida, flåten synast å ha hatt uvanleg høg grad av vernebuing for hurtig mobilisering. I einskilde år mobiliserte Sverige 90-96 % av nominell struktur, til dømes var alle 23 lineskipa i 1743 tenesteduglege og 20 var i sjøen, altså var nominell og operativ struktur samanfallande og mobiliseringsgraden heile 87%.⁴²⁴ I 1788-90 mobiliserte ein innleiingsvis 25 av 26 skip, altså 96 % av strukturen.⁴²⁵ Flåten, som på papiret var svakare enn den russiske, synte seg i røynda kapabel til å kjempe med og jamvel dels vere overlegen Russland si i båe krigane.⁴²⁶ Begge krigane var svenske angrepskrigar, det er difor ikkje uventa at flåten nådde ei svært høg mobiliseringsgrad. I 1772, altså eit fredsår i fridomstida og når flåten sin gjennomsnittsalder var over 40 år, var framleis 7 av 22 lineskip i god stand og 11 i brukbar stand.⁴²⁷ Sverige kunne følgjeleg truleg mobilisera 18 av 22 lineskip på høvesvis kort tid, ei mobiliseringsgrad på 82%.⁴²⁸ I 1786, etter Sverige si forserte opprusting og fornying av lineflåten, hadde Sverige 27 lineskip, av dei var 24 rekna for operative, altså 89%.⁴²⁹ I 1808, når Russland invaderte Finland, så lukkast Sverige med å mobilisere 11 av 12 skip, altså 92%, i ein situasjon der ein ikkje var førebudd på krig. Samla syner desse tala at vernebuingane også var framifrå i fredstid.⁴³⁰ Til samanlikning hadde britane maksimalt 75 % av nominell struktur i teneste under Sjuårskrigen 1756-63, ei mobiliseringsgrad Rodger estimerar til å vere det absolutte maksimum Storbritannia kunne makte over tid. I 1801 var berre 58 % av nominell struktur i aktiv teneste.⁴³¹ Mobiliseringsgraden syner at den svenske flåten etter 1720

⁴²² Nikula, Oscar, *Svenska skärgårdsflottan 1756-1791*, (Helsingfors: s.n., 1933), og Hornborg, *Kampen om Östersjön*

⁴²³ Dette synet deler eg med Glete og framstillinga her er dels ei parafrase av: Glete, "En styrka mest på papperet?," s. 104-105

⁴²⁴ Glete, "Den svenska linjeflottan," s. 35 og 41.

⁴²⁵ *Ibid.*, s. 41.

⁴²⁶ Glete, "En styrka mest på papperet?," s. 105.

⁴²⁷ Sjø Frantzen, *Truslen fra øst*, s. 178. Eg har også sjekka desse tala mot diverse svensk litteratur, primært Bäckström, *Svenska Flottans Historia*, s. 234-235, og finn ikkje vesentlege avvik.

⁴²⁸ I 1772 hadde ikkje Sverige enno byrja si forserte opprusting av lineflåten og hadde ein struktur som var høvesvis lik den dansk-norske. Tabellane i Glete, *Navies and nations*, s. 300-301 syner storleik og armering på dei svenske og dansk-norske lineskipa i 1770. Det tabellen ikkje visar er kva fartøy som var operative, men tala til Frantzen, *Truslen fra øst*, s. 184 syner at det var like mange av dei små, som av dei store som var i god stand i den dansk-norske flåten. Det er liten grunn til å tru at det var vesentleg annleis i Sverige.

⁴²⁹ Tala er rekna ut på basis av tabellane til Frantzen i Frantzen, *Truslen fra øst* s. 178 og 184. Eg har også sjekka desse tala mot svensk litteratur, t.d. Bäckström, *Svenska Flottans Historia*, s. 234, og finn ikkje vesentlege avvik.

⁴³⁰ Glete, "Den svenska linjeflottan," s. 41.

⁴³¹ Opplysningane om Royal Navy er henta frå Rodger, *Command*, s. 606-607.

greidde å oppretthalde svært høg kvalitet i vedlikehald og vernebuingar sjølv om flåten var aldrande. Det kanskje viktigaste tiltak som mogleggjorde dette var hovudvølinga som fann stad typisk etter 20-30 år tenestetid. I røynda vart skipa bygd opp på ny under desse hovudvølingane, dimed vart kvaliteten på skroget heva til tilnærma same nivå som eit nytt skip og ein forlenga tenestetida med ytterlegare 20 år. Hovudvølinga innebar truleg også ei stor grad av modernisering og modifisering, men det veit me lite om. Det var særleg i perioden 1755 til 1780 at flåten hadde høg gjennomsnittsalder, 34-40 år. Den faktiske alderen, altså gjennomsnitt sidan skipa var bygd eller hovudvøla, steig derimot aldri over 20 år.⁴³² Den svenske lineflåten kunne også setjast svært raskt på krigsfot, noko som er tydeleg stadfesta av at Danmark-Noreg såg svensk mobiliseringstempoet som ei vesentleg strategisk utfordring.⁴³³ Den svenske flåtekommisjonen av 1780 og planverket for åtak på Danmark-Noreg i 1783/84 hadde også som utgangspunkt at Sverige skulle bruke si flåte offensivt mot København før den dansk-norske flåten kunne mobilisere.⁴³⁴

Samla må ein difor kunne konkludere med at svenske lineflåten var i god stand i perioden 1721-1772, med eit gjennomgåande fokus på høg kvalitet i vedlikehald og hurtig mobilisering. Dette gav eit framifrå utgangspunkt for raske og avgjerande offensive operasjonar i innleiinga av ein krig, jamvel i dei situasjonar der fienden sine nominelle styrkestrukturar er monaleg sterkare. Det er likevel ei side ved den svenske flåten mellom 1720 og 1780-talet som må trekkast fram og som dels underbygger det tradisjonelle synet. Den største utfordringa med ei flåte med stort alderssprang er at den er ueinsarta, noko som gjorde forbandsoperasjonar svært utfordrande. Det er difor sannsynleg at den svenske lineflåten var svak på komplekse flåteoperasjonar, særleg på eit taktisk og stridsteknisk nivå. Ambisiøse offensive planar basert på rask mobilisering var difor ikkje eit så truverdige og potent middel som planverket la opp til, i alle høve ikkje før opprustinga på 1780-talet.

5.8 EI STYRKE MEST PÅ PAPIRET! DEN DANSK-NORSKE FLÅTEN 1721-1814.

Frantzen har undersøkt den operative statusen til den dansk-norske flåten i perioden 1769-1807 og syner at Danmark-Noreg hadde 74-94 % av skipa i ein teknisk stand som mogleggjorde at dei kunne nyttast til operasjonar i Austersjøregionen utan trong for vesentlege reparasjonar i denne perioden.⁴³⁵ Slike tal fortel ikkje kva mobiliseringsgrad som var faktisk mogleg, berre kva status skipa hadde. Skulle ein mobilisere måtte ein både utruste

⁴³² Glete, "Den svenska linjeflottan," s. 33-38 og 67.

⁴³³ I Admiralitet sitt Pro Memoria frå 1769 kjem det tydeleg fram at den dansk-norske flåten var rekna som svært sårbar for eit overraskande åtak Pro Memoria er attgjeve i Ackerman, K.E., "Admiralitetets Pro Memoria 1769," *Tidskrift for Søvesen* (1933).

⁴³⁴ Frantzen, *Truslen fra øst*, s. 84-87., Harris, *af Chapman*, s. 106. og Unger, *Sjømaktens inflytande* 3, 3, s. 159.

⁴³⁵ Frantzen, *Truslen fra øst*, s.184.

dei avtakla skipa og bemanne dei. Flåten hadde eit fast mannskap på 6-8.000 mann kor halvdelen var matrosar og artilleristar, medan resten var tilknytt verftsinfrastruktur og administrasjon. Skulle ein bemanne strukturen fullt ut trong ein ytterlegare 11-15.000 mann, av dei kom om lag 2/3 frå Noreg. I samtida rekna ein med å mangle 3.000 mann utan verving eller andre ekstraordinære tiltak, det maksimalt ein då kunne bemanne var 21 lineskip, samt dei fleste mindre einingane.⁴³⁶ Det nærmaste Danmark-Noreg kom ei fullskala mobilisering av flåten etter 1721 var mobiliseringa i 1762 i samhøve med overhengande fare for krig med Russland, 24 lineskip var då rekna for sjødugelege og alle vart beordra til sjøs.⁴³⁷ Det synt seg at berre 5.824 mann av ei samla innrullert styrke på 14.423 mann var tilgjengeleg, 3.502 mann var i utanlandsk teneste og 5.087 mann var engasjert i handels- og innanriksskipsfart.⁴³⁸ Då Sverige forsikra Danmark-Noreg om nøytralitet reduserte ein utrustinga av lineflåten til 14 lineskip og åtte fregattar.⁴³⁹ Det tok likevel seks månader før flåten var ferdig ekvipert.⁴⁴⁰ 1762 mobiliseringa syner med andre ord at flåten sine skip var i godt hald med om lag 80 % av styrkestrukturen tilgjengeleg for utrusting, men samtidig at utskrivningssystemet gjorde det umogleg å mobilisere raskt. Ein avstod rett nok frå kalle inn rulleførte som var engasjert i merkantil verksemd, men ei innkalling av også desse hadde ikkje gjort ei raskare bemanning sannsynleg.⁴⁴¹ At utskrivninga av mannskap til flåten var i direkte konkurranse med handelsflåten ser ein enda tydelegare på slutten av 1700-talet, då var handelsflåten inne i ein høgkonjunktur og truleg var berre 5.500 mann av ei innrullert styrke på 20-30.000 mann tilgjengeleg for teneste utan å råke den merkantile verksemda hardt.⁴⁴² Me kan konkludere med at det var umogleg å mobilisere heile flåten utan langt førehandsvarsel og sjølv då ville ei full mobilisering vere usannsynleg. Det er difor grunn til å hevde at den dansk-norske flåten i alle fall langt på veg var *ei styrke mest på papiret* dersom krigen kom uvarsla, noko som vart tydeleg understreka i 1801 og særleg i 1807. Sjølv når ein frykta krig kunne ein ikkje mobilisere fullt ut utan svære økonomiske følgjer. Den manglande evna til mobilisering var velkjent i leiande sjømaktskretsar i Danmark-Noreg og var ein hovudgrunn, ved sidan av økonomien, til at ein ikkje etablerte ei enda større nominell struktur.

Alt i alt var 1720-1801 ei tid der Danmark-Noreg si sjømakt sikra riket sitt sjølvstende og

⁴³⁶ Ibid., s. 23-27. Eit lineskip hadde typisk eit mannskap på 400-1000 mann nett etter storleik. 500 mann er eit greitt gjennomsnittstal for den dansk-norske flåten. I tillegg til mannskapa kom typisk kring 100 mann med marineinfanteri.

⁴³⁷ Frantzen, Jespersen og Villads Jensen, *Danmarks krigshistorie*, s. 394.

⁴³⁸ Norrie, Gordon, "Felttoget i Mecklenburg 1762," *Historisk Tidsskrift* 11 (1962): s. 661-662. og Garde, *Sømagt* 2, s. 225-226.

⁴³⁹ Anderson, *Naval Wars in the Baltic*, s. 232., og Garde, *Sømagt* 2, s. 225-226.

⁴⁴⁰ Basert på opplysningar i Norrie, "Felttoget i Mecklenburg 1762," s. 661-663.

⁴⁴¹ I følgje Garde valte ein verving framfor full utskrivning når ein såg at 8.500 mann ikkje var tilgjengeleg. Dette for å sikre at handelsverksemda kunne halde fram. (Garde, *Sømagt* 2, s. 225.)

⁴⁴² Nåvik, Ørnulf og Hauge, Andreas, *Verneplikens historie 950-1996*, (Oslo: Elanders forl., 1997), s. 77.

utanrikspolitiske spelerom gjennom sin blotte eksistens. Flåten var bygd og dimensjonert for sikring av sjøherredøme i den sørvestlege Austersjøen, men hadde eit mobiliseringssystem som var så treigt at skulle ein lukkast, så måtte ein ha lang varslingsstid eller gjennomføre delvise mobiliseringar straks ein hadde indikasjon på eit mogleg angrep.

6 BRUK AV SJØMAKTA

...for I always said whilst we had a fleet in being, they would not dare make an attempt.⁴⁴³

Lord Torrington

Analysen har førebels sett på det politisk-strategiske og geografiske bakteppe for sjømakta, samt utviklinga av sjømaktene og årsakene til deira samansetting. Desse analysenivåa sannsynleggjer langt på veg kvifor dei skandinaviske landa hadde sjømakt og korleis sjømakta både skapte strategisk spelerom og strategiske utfordringar. Det analysen førebels svarar lite på er korleis sjømakta faktisk var nytta for å nå måla.

6.1 FRÅ SMULT FARVATN TIL ROM SJØ

Sjøkrigsteknologien hadde på byrjinga av 1500-talet, gjennom kombinasjonen av betra segltekknikk, betre skrog og innføringa av store kanonar, gjort det mogleg å utkjempe sjøslag i opne farvatn. 9. august 1512 stod Slaget ved Bornholm, det første sjøslaget i rom sjø som me finn i Austersjøregionen si historie, tidlegare hadde alle sjøslag funne stad i smule innaskjersfarvatn.⁴⁴⁴ At kampen om sjøherredøme flytte seg ut på det opne hav endra ikkje sjøherredømet sitt føremålet, men var likevel ein strategisk revolusjon med di det gav sjømakta moglegheit til å påverke dei maritime kommunikasjonane overalt, ikkje berre i laste og losse punkta. Samstundes som teknologien gjorde sjøkrig på det opne havet mogleg, så førte teknologiutviklinga også til byrjande teknisk skilnad mellom orlogsskipa og handelsskipa. Både desse faktorane gjorde permanente mariner med spesialiserte orlogsskip meir attraktivt, men ei permanent flåte krevja ein heilt anna ressurstilgang enn kva krigsflåtar basert på rekvirerte handelsfartøy gjorde. Slike ressursar var det berre større samanslutningar som kunne mobilisere og berre dersom dei organisatorisk og økonomisk innretta seg på det. I Nord-Europa var det hovudsakleg Danmark-Noreg, Sverige og England, samt i noko grad Nederland, som hadde både ressursgrunnlag, trong og gjorde dei naudsynte organisatoriske og økonomiske grepa. Dimed vart desse statane raskt dei dominerande sjømaktene i Nord-Europa, medan Hansaen, med sitt avgrensa ressursgrunnlag og manglande interne

⁴⁴³ Widén, Jerker og Ångström, Jan, *Contemporary Military Theory: The Dynamics of War*, (New York: Taylor & Francis, 2014), s. 141.

⁴⁴⁴ Munthe, *Sjømaktens inflytande 1*, 1, s. 109.

koordinering, raskt mista kapasiteten til å utøve sjømakt.

6.2 KAMP OM SJØHERREDØME OG OPERASJONSBASANE SI BETYDING

Mest alle sjøslag i Atlanterhavsregionen fann i tidleg moderne tid stad i relativ nærleik til kysten, dette sjølv om sjøkrig på ope hav var ein teknisk og taktisk moglegheit. Årsaka var at kystområda var den einaste staden der ein med sannsyn kunne lokalisere og avskjere fienden. Sjølv store flåtar og konvoiar var vanskeleg å lokalisera på det opne havet grunna synsvidda til horisonten og fann ein dei så mangla ein fartsoverskot til å avskjere før dei igjen kunne forsvinne skjult av vêr eller mørke.⁴⁴⁵ Austersjøen sin geografi, og tettleiken av trafikk, gjorde at ein der umogleg kunne skjule seg over tid. Ei flåtestyrke som opererte vest av Bornholm kunne til dømes oppdage nærmast eit kvart skip i heile Austersjøen si breidde. Orlogsskipa var jamt over betre seglarar enn handelsfartøy og kunne difor, i avgrensa farvatn, relativt lett avskjere andre fartøy. Denne kombinasjonen av synsvidd, geografi og potensielt fartsoverskot, medførte at konsentrerte slagflåtar kunne etablere sjøherredøme og kontrollere dei maritime kommunikasjonane meir absolutt i Austersjøen enn i dei fleste andre maritime operasjonsområder. Sjølv om sjøherredøme i Austersjøen var relativt absolutt, så var det heller ikkje Austersjøen permanent og altomfattande. For å hevde sjøherredøme må ein kunne bringe våpenmakt til torgs der og når ein blir utfordra, var vind eller vêr uheldig kunne ein ikkje gjere det. Det var difor mogleg å kome forbi sjølv konsentrerte slagflåter dersom ein hadde vêrtilhøva på si side, men normalt berre med einsame og små einingar.

Maritime kommunikasjonar og maritim maktprojisering var avgjerande for krigføring i Austersjøregionen, evne til å etablere og oppretthalde sjøherredøme i ope farvatn var difor svært viktig for dei skandinaviske landa. Med di sjøherredøme i ein lut av Austersjøen kunne dominere dei maritime kommunikasjonane i resten av Austersjøen, så var ein konsentrasjon av slagflåta strategisk fornuftig og allereie under Sjuårskrigen 1563-70 var konsentrasjon av slagflåten norma.⁴⁴⁶ Dette hadde fleire viktige implikasjonar, ei konsentrert slagflåte maksimaliserte sjølvsagt eiga slagkraft og aukar dimed sannsynet for siger i eit sjøslag, men aukar samstundes faren for avgjerande negativ maktforskyving dersom ein lir nederlag. I Atlanterhavet var konsentrasjon av slagflåtane eit sjeldsynt fenomen med di sjømaktene alltid

⁴⁴⁵ Grunna jordkrumminga, så kunne til dømes to skip med mastehøgde på 45m maksimalt sjå mastetoppene til kvarandre på 28nm under ideelle tilhøve. Sjølv gigantskip som HMS Victory kunne maksimalt oppdage eit tilsvarande skip på kring 32nm avstand. I røynda såg ein typisk kvarandre på vesentleg kortare avstandar grunna dårleg sikt og dårleg optikk. I tillegg, dersom ein oppdagar ein potensiell fiende på t.d. 20 nm avstand, så måtte ein inn på 1-2 nm før eit engasjement byrja å gi effekt. Med ein overfart på 3 knop ville det ta 6 timar.

⁴⁴⁶ Sjå t.d. oversikta over svenske sjøtog, altså aktiviteten til flåten sesong for sesong, i Zettersten, *Svenska flottans historia 1*, s. 413-430. Der omtalast konsekvent hovudflåten og ein ser at dei andre flåtestyrkene Sverige nytta i denne krigen var små og samansett av einingar som primært eigna seg til blokade av merkantil verksemd og forsyningsstøtte til landstyrker. Tilsvarande opplysningar finn ein i litteraturen om dei dansk-norske og lyske flåtane. Sjå t.d. Garde, *Sömagt 1*, s. 51-92.

hadde fleire aksar og operasjonsområde som måtte dekkast.⁴⁴⁷ Kombinasjonen av sjøherredøme sin absolutte karakter og då dansk-norsk og svensk sjømakta var oftast relativt jambyrdige gjorde at ei splitting av slagflåten for å løyse fleire parallelle oppgåver sjeldan var relevant eller for den del forsvarleg i Austersjøen. Årsaka til dette finn ein i den såkalla Lanchestereffekten som inneber at når to høvesvis jambyrdige flåtar utkjempar eit slag, så vil skadeakkumulasjonen vere lik på båe sider og lineær, men dersom ei av sidene kan levere meir eldkraft per tidseining enn den andre, så vil skadeakkumulasjonen hjå den underlegne sida auke raskare og deira eldkraft minke raskare.⁴⁴⁸ Har ein til dømes eit styrketilhøve på 10 til 7, der einingane er jambyrdige i alt anna enn tal, og eit skadepotensiale per tidseining på 10 %, så vil dei akkumulerte tapa hjå den overlegne sida vere 26 % av totalstyrka etter fem tidseiningar, medan den underlegne sida mister 63 % av si styrke på same tid. Ein marginal svekking av styrka kunne altså føre til eit knusande nederlag.⁴⁴⁹

Bruken av konsentrerte slagflåtar i kombinasjon med den absolutte karakteren til sjøherredøme i Austersjøen, samt då sjøherredøme i Austersjøen ofte var eit middel for å mogleggjere eller hindre krigsavgjeringe maritim maktprojisering i form av amfibiske operasjonar retta direkte mot strategiske tyngdepunkt, gjorde at retteleg avgjerande sjøslag var eit langt vanlegare fenomen i Austersjøregionen enn i dei vestlege sjømaktene sine sjøkrigar.⁴⁵⁰ Viktige dømer finn ein i Slaget i Øresund 29. oktober 1658, slaga ved Lister Dyb og Kolberger Heide i 1644, Slaget ved Køge bukt i 1677 og Slaget ved Svensksund i 1790.⁴⁵¹ Det var også svært mange andre slag som hadde ein større eller mindre avgjerande effekt på den strategiske stoda, eller i det minste på den operasjonelle stoda i ein einskild krigssesong.

I Austersjøen kunne ein altså oppnå fullstendig dominans over vesentlege delar av fienden sine maritime kommunikasjonar, samt sikre eigne, gjennom å operere slagflåta konsentrert i strategiske posisjonar. I krigane med Danmark-Noreg søkte svenskane normalt å operere si flåte så langt sørvest i Austersjøen som mogleg. Med mindre den dansk-norske flåten

⁴⁴⁷ For britane kunne det til dømes vere trong for invasjonssvern i heimlege farvatn, blokade av den franske flåten i Brest og Toulon, trygging av eigen merkantil verksemd i Kanalen, Middelhavet, Austersjøen, Karibia og Det indiske hav samstundes, samt eiga maktprojisering mot t.d. franske koloniar i Karibia og Canada.

⁴⁴⁸ For ei god forklaring av Lanchester effekten sjå: Hughes, *Fleet Tactics*, s. 40-43.

⁴⁴⁹ Sjå tabell 22: Styrkeutvikling som følgje av akkumulert skade i kamp mellom to flåtar. for ei tabellarisk døme på Lanchestereffekten. Merk at ei slik tilnærming er reint teoretisk og tar ikkje omsyn til friksjon, lukketreff, taktiske manøvrer eller andre faktorar som aukar eller reduserer eldkraft eller skadeakkumulasjonen.

⁴⁵⁰ At avgjerande slag var sjeldsynt i Atlanterhavskrigane kom av at dei var vanskelege å oppnå, og sjeldan så viktige som ein vart leia til å tru og dimed ein distraksjon frå andre og potensielt viktigare føremål. Påstanden er basert på observasjonar av heile sjøkrigshistoria til dei vestlege sjømaktene gjennom heile tidleg moderne tid og formulert av Corbett, men også støtta av Castex og Till. (Till, *Seapower*, s. 166-169.)

⁴⁵¹ Den nederlandske sigeren i slaget ved Øresund leia til svensk tap av sjøherredøme og forsyningar til København, dette venda krigen frå ei markant svensk føremon til svensk nederlag. Slaga ved Lister Dyb og Kolberger Heide hindra Sverige frå å oppnå naudsynt sjøherredøme til å invadere Sjælland medan dei hadde naudsynt landmakt tilgjengeleg. Dimed redda desse slaga Danmark frå eit avgjerande nederlag. Slaget ved Køge bukt i 1677 sette effektivt ein stoppar for ein kvar svensk moglegheit for å avskjere og eliminere den danske felthæren i Skåne og hindra i tillegg svensk moglegheitsrom for invasjon av Sjælland. Slaget ved Svensksund (det andre) øydela Russland sin kapasitet til offensive operasjonar mot Finland og tvang difor fram ein status quo fred tross Russland si samla sett overlegne styrker.

engasjerte ein i slag, så ville ein slik posisjon presse den dansk-norske flåten attende til eigne lokale farvatn og dimed sikre svenske maritime kommunikasjonar i heile Austersjøbassenget unnateke dei vestlegaste farvatna. Før Karlskrona vart etablert på 1680-talet nytta den svenske flåten typisk Kalmar som framskoten operasjonsbase. Ei flåte i Kalmar trygga dei vitale kommunikasjonane mellom Sverige, Finland og dei baltiske provinsane utan å kjempe med di den dansk-norske flåten, så lenge den svenske flåten var intakt, ikkje kunne operere aust for Kalmar utan å risikere eit svensk utbrot med føremål om maritim maktprojisering mot Danmark. Operasjonar aust for Kalmar ville dessutan innebere at ein var avskoren frå si eiga heimebase og følgjeleg utan sikre retrettmoglegheit. Ei svensk flåte i Kalmar var difor ei effektiv *fleet-in-being* flåte jamvel når den var monaleg svakare enn den dansk-norske flåten, og sikra sjøherredøme i den austlege Austersjøen utan å måtte kjempe om dette under ulaglege tilhøve.⁴⁵² Kalmar opna også moglegheiter for avgrensa offensive operasjonar til dømes eskorte av konvoiar til og frå dei nord-tyske hamnene, eller flåteoperasjonar i området vest av Bornholm for å sikre kommunikasjonane med Tyskland og samstundes stogge fiendtlege aust-vest kommunikasjonar.⁴⁵³

Etter eit sjøslag må skada skip typisk vølast på verft dersom dei skal bli kampklare igjen, sume jamvel for i det heile å halde seg flytande. Dimed var nærleik til sikre baser med verftskapasitet viktig for å maksimalisere tilgjengeleg slagkraft og hindre ytterlegare tap som følgje av akkumulert skade. I tidleg moderne tid var tapstala i sjøslaga oftast moderate og slaga enda ofte taktisk uavgjort. Det medførte at den sida som kunne reparere og klargjere sine skada skip raskast etter eit slag truleg ville få overlegne styrker på havet og kunne dimed temporært etablere lokalt sjøherredøme. Både Kalmar og København var relativt trygge flåtebasar, men berre København hadde naudsynnte verftskapasitetar og forsyningar til raskt å kunne utbetre omfattande skader, særleg dersom det var mange skada skip. Trong den svenske flåten omfattande reparasjonar måtte dei skada fartøya trekkast attende til Stockholm. Dette gjorde at den dansk-norske flåten kunne få sjøherredøme i den sørlege og vestlege Austersjøen jamvel etter taktiske nederlag med di deira flåte kunne reparerast og forsterka raskare enn den svenske. Offensive operasjonar og sjøslag var difor noko den svenske flåten berre gjorde eller søkte dersom det var eit strategisk imperativ å projisere makt eller ein var klart overlegen den dansk-norske flåten og dimed trygg på siger. Dansk-norsk maritim maktprojisering mot områder nord og aust for Kalmar var likeeins noko ein berre gjorde

⁴⁵² Denne observasjonen er opphaveleg Glete sin, medan forklaringa av kvifor er mi. Sjå Glete i Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s. 15.

⁴⁵³ Dels parafrase av *ibid.*,

dersom Kalmar var nøytralisert eller den svenske flåten var vesentleg svakare.

Gjennom sjøkrigane på 1600-talet vart det svært tydeleg av Stockholm ikkje var veileigna som base for sjømakta i ein krig med Danmark-Noreg. Særleg tydeleg vart dette under Den skånske krigen 1675-79.⁴⁵⁴ Dei faktorane som gjer ei operasjonsbase føremålstenleg kan generelt seiast å vere samansett av strategiske faktorar som nærleik til dei maritime kommunikasjonsområda som venteleg vil ha strategisk verdi i ei konflikt, og ein føremålstenleg posisjon for konsentrasjon av sjøstridkreftene. I tillegg kjem ei rekkje lokale faktorar som at ei base burde vere vanskeleg å legge blokade på, har eit føremålstenleg klima, var lett nautisk tilgjengeleg, hadde terreng og topografi som mogleggjer gode beddingar, dokker og festningsverk, samt hadde gode kommunikasjons og forsyningsliner.⁴⁵⁵ På nærmast alle desse punkta var Stockholm langt dårlegare enn København i ein krig mellom Danmark-Noreg og Sverige. Særleg alvorleg var varigheita på issesongen i Stockholm og at basen låg innanfor ein djup skjergard som var tidkrevjande å forsere, samt den relative distansen til truleg operasjonsområde.⁴⁵⁶ Sverige, sjølv når dei kvantitativt var overlegen, mista difor ofte sjøherredøme, særleg tidleg og seint i seglingssesongane, men også i etterkant av sjøslag. For å betre sin utgangsposisjon byggja Sverige på 1680-talet ut Karlskrona som ny hovudbase, ei base som geografisk låg langt nærmare dei avgjerande områda enn Stockholm, og som hadde vesentleg kortare vintersesong. Begge deler sikra at flåten kunne vere på rett stad tidlegare, raskare og lengre enn før, samt at flåten hadde den naudsynte verfts og forsyningsinfrastrukturen nær dei forventa operasjonsområda. Eikeskogane i Mälarenområdet var dessutan utarma på midten av 1600-talet, medan skogane i Blekinge og Småland framleis hadde mykje god eik.⁴⁵⁷ Flytting av basen til Karlskrona letta dimed også forsyninga av godt byggjevirke. Karlskrona hadde dessutan alle dei same føremonane Kalmar hadde hatt som framskoten operasjonsbase. Dimed reduserte den nye basestrukturen til Sverige, samt organiseringsendingane, det dansk-norske strategiske spelerommet vesentleg. Offensiv bruk av sjømakta aust av Bornholm var no nærmast utenkeleg med mindre ein kunne desimere eller stenge inne den svenske flåten. Samstundes kunne Sverige mobilisere raskare enn Danmark-Noreg og hadde korte operasjonsliner til dei sentrale farvatna. Danmark-Noreg vart difor tvungen til ei defensiv orientering. Kombinasjonen av alle desse tilhøva synleggjer

⁴⁵⁴ Sjø t.d. Lybeck, *Öresund*, s. 155. Sjø også Hornborg, *Kampen om Östersjön*, s. 226-227. Den mest detaljerte og omfattande utgreiinga av grunnlaget for bygginga av Karlskrona finn ein i Clemensson si doktorgradsavhandling: Clemensson, Gustaf, "Flottans förläggning till Karlskrona" (Universitet i Lund, 1938).

⁴⁵⁵ Parafrase av Clemensson, "Flottans förläggning till Karlskrona," s. 5.

⁴⁵⁶ I 1645 hadde t.d. admiral Erik Rynning måtte prøve seks gangar og bruke 30 dagar på å få flåten til sjøs. (ibid., s. 9.)

⁴⁵⁷ Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 207-208.

kvifor brorparten av store sjøslag mellom den dansk-norske og den svenske flåten fann stad ved Øland, Bornholm eller i Køge bukt.⁴⁵⁸ I tillegg fann det stad ei rekkje store slag langs kysten av Pommern, Slesvig-Holstein og ved Møn. Dei første var normalt utkjempa for å sikre eller hindre sjøherredøme, medan dei andre typisk var eit resultat av maritim maktprosjisering eller åtak på førebuingar av slike operasjonar.

Flyttinga av hovudbasen til Karlskrona gav strategisk meining på 1680-talet med di alle potensielt fiendar måtte kome frå vest. Diverre for Sverige endra denne situasjonen seg allereie 10-15 år etter at Karlskrona vart teken i bruk. I 1703 vart Austersjøflåten til Russland grunnlagt og allereie 10 år seinare var den blitt kapabel til omfattande offensive operasjonar. Den svenske flåten hadde si vinteropplagsbase i Karlskrona, medan den russiske opererte frå Kronstadt i Finskebukta. Dette ga Russland fritt spelarom for operasjonar i Finskebukta straks istilhøva lokalt var tenlege, medan det kunne ta veker før den svenske flåten var på plass, noko Russland til dømes utnytta i 1708, 1710 og 1713 gjennom store offensivar langs Finland sin kyst før den svenske flåten var tilgjengeleg.⁴⁵⁹ I tillegg spela distansen frå heimebasa inn på svensk evne til å oppretthalde sjøherredøme over tid og særleg etter slag, noko ein dels kompenserte for gjennom igjen å bruke Stockholm som vinterbase. Når ein seinare på 1700-talet etablerte skjergardsflåtane stasjonerte ein desse høvesvis i Stockholm og ved Sveaborg.⁴⁶⁰ Det betra den relative utgangsposisjonen for operasjonar vesentleg, men førte også til at ein fekk tre separate fagmiljø med ulike oppgåver, ulik styrkestruktur, ulik leing og dels ulik politisk orientering. Det skapte mykje uro i svensk sjømakt og motverka effektivt samverke mellom lineflåten og skjergardsflåten.⁴⁶¹

Når Sverige og Russland var i krig kunne den svenske marinen kutte Russland sine maritime kommunikasjonar gjennom nærblokade av Kronstadt. Dersom den russiske flåten også hadde einingar i Reval eller Baltischport, eller var svenskane overlegen, så kunne den svenske flåten krysse ved Hangø eller Porkalaudd. Desse to stadane var dei einaste stadane der innaskjersleia i den finske skjergarden måtte ut i ope farvatn, og ergo dei to einaste

⁴⁵⁸ Parafraze av Glete i Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s. 15. Det var fem store sjøslag mellom dansk-norske og svenske styrker ved Øland, tre ved Bornholm og tre i Køge bukt i perioden 1563-1710.

⁴⁵⁹ I 1708, 1710 og 1713 utnytta Russland denne føremona til store offensivar langs Finland sin kyst før den svenske flåten kunne vere på plass. Nikula, *Svenska skärgårdsflottan 1756-1791*, s. 1.

⁴⁶⁰ I slutten av Den store nordiske krig var Stockholm i praksis hovudbase for flåteoperasjonane. Dette både for å ligge nærmare operasjonsområda, men også då Stockholm no var direkte truga ettersom heile Finland og Åland var okkupert av Russland, og då russiske sjøstridskrefter (galeiflåten) gjentatt herja og brannskatta den svenske kystlina. Sjå: *ibid.*, s. 1-7. Det var også ei mindre skjergardsstyrke i Göteborg.

⁴⁶¹ Det var to svenske skjergardsflåtar i perioden 1756-77 – galeiflåten, som var stasjonert Stockholm, og Arméens flåte stasjonert ved Sveaborg. Den siste var skilt frå admiralitet og hadde jamvel sitt eige offiserskorps. Ei slik oppdeling var føremålstenleg med omsyn til vernebuingar, men resulterte også i manglande samordning av flåtane. Sjå: Bäckström, *Svenska Flottans Historia*, s. 218 og Glete, "En styrka mest på papperet?," s. 98-99.

stadane der lineskip kunne engasjere rofartøy på eigne premissar. Ei svensk flåte i desse farvatna utgjorde ei *fleet-in-being* med di den russiske flåten ikkje kunne forlate Finskebukta utan å drive vekk svenske fartøy i desse farvatna. Gjorde dei ikkje det, så ville dei eksponere si hovudbase og hovudstaden for svensk maritim maktprojisering og potensielt verta isolert frå baseinfrastrukturen.⁴⁶² Med dei dominerande vindsystema, kombinert med tronge og vanskelege farvatn, og lite sjøvante menneskap i den russiske flåten, så hadde altså Sverige god von om innleiingsvis og gjennom overrasking, å etablere sjøherredøme i Finskebukta før Russland rakk å respondere. Samstundes så innebar distanseforskjellen og vindsystema at den svenske flåten ville trenge langt meir tid for returnere skadde fartøy til heimebase enn kva russarane trong. Noko som gjorde svenske sjøkontrolloperasjonar i Finskebukta meir utsatt for friksjon og reduserte sannsynet for å kunne oppretthalde sjøherredøme over tid.

6.3 HANDELSKRIG

Handelskrig i si tradisjonelle form var sjeldan av særleg verdi i Austersjøregionen.⁴⁶³ Det var fleire grunnar til dette, for det første var handelstrafikken i Austersjøregionen oftast ført av skip under nøytrale flagg og gjerne eskortert. Angrep på handelen ville dimed medføre risiko for at ei eller fleire maritime stormakter ville engasjere seg på fienden si side.⁴⁶⁴ Internasjonal handel førte dessutan sjeldan krigsmateriell som var tiltenkt dei skandinaviske landa. For det andre dominerte slagflåtane Austersjøen, sjøherredøme var såpass absolutt at konsentrerte slagflåter langt på veg sikra eller hindre uynskt handelsfart fullstendig i nærrområde til slagflåtane. For det tredje var maritime blokadar av handelsbyane, eller Sundsperringar, langt meir effektive midlar for å stogge handelstrafikk, enn kva tilfeldige angrep på einskild skip i sjøen var.⁴⁶⁵

Det eine operasjonsområdet der tradisjonell handelskrig vart nytta var Kattegat og Skagerrak. Gjennom desse farvatna gjekk dei strategisk viktige maritime kommunikasjonane mellom Danmark og Noreg, samt mykje av den dansk-norske handelen med omverda. Ettersom Sverige sine viktigaste maritime operasjonsområde låg i Austersjøen og då den dansk-norske sjømakta normalt dominerte Øresund og Storebælt, så kunne Sverige sjeldan samla større maritime stridskrefter i farvatna nord for Øresund. Sverige kunne difor ikkje utfordre dansk-norsk sjøherredøme nord for Øresund gjennom flåteoperasjonar, ein måtte ty

⁴⁶² Parafraze av Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s. 15.

⁴⁶³ Tradisjonell handelskrig vil seie bruk av mindre orlogsfartøy eller kaperfartøy for å angripe handelsfartøy som handla på fienden.

⁴⁶⁴ Det eine tilfellet der Sverige aktivt brukte kaperverksemd innanfor Austersjøen var i tida 1710 til 1719 og retta mot handelsfartøy som segla til og frå dei russisk okkuperte handelsbyane i Baltikum. Dette utløyste sterke reaksjonar frå Storbritannia og Nederland, og førte jamvel til britisk maritimt maktbruk mot den svenske flåten. (Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s. 17., sjå og Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 194-197.)

⁴⁶⁵ Utdjuping basert på Rystad, Carlgren og Böhme, *In quest*, s. 16.

til sjønektingsoperasjonar i form av mindre forband og einskild einingar. Trugselen svensk handelskrig og kaperverksemd utgjorde mot dei maritime kommunikasjonane medførte at Danmark-Noreg normalt detasjerte vesentlege maritime stridskrefter for å leggje blokade på Älvsborg/Gøteborg. Ei slik splitting av den dansk-norske flåten svekka sjølvstekt deira hovudslagflåte, noko som var alvorleg og ei strategisk føremon for Sverige. At Danmark-Noreg likevel gjorde det var eit resultat av at dei maritime kommunikasjonane mellom Danmark og Noreg var eit strategisk imperativ for Oldenburgmonarkiet. I tillegg ville ei vellukka blokade av Gøteborg også stogge handelstrafikken på den einaste svenske handelsbyen som ikkje låg i Austersjøen, noko som i seg sjølv var eit vesentleg indirekte krigsmiddel med di det de facto avskar Sverige frå vestmaktene sine ressursar.

6.4 MARITIM MAKTPROJISERING OG STRATEGISKE OVERFALL

Alt som står ovanfor omhandlar i hovudsak sjømakta si bruk i konflikhtar med andre sjømakter, noko som sjølvstekt var viktig, men kanskje vel så viktig var bruken av sjømakt i konflikhtar med statar og alliansar utan eiga sjømakt. Det var i desse konflikttane at Skandinavia hadde ei klår komparativ føremon samanlikna med kontinentalstatane. Føresetnaden var at felttoga fann stad langs kysten eller langs indre vassvegar som hadde direkte tilkomst frå sjøen. Gjennom sjømakta kunne ein konsentrere landstyrkar raskt kvar som helst i Austersjøregionen, ein kunne også forsyne dei, gje dei eldstøtte og trekke dei ut dersom dei lei nederlag. Alt dette gav dei skandinaviske statane ein eksepsjonell operasjonell fridom i Austersjøregionen. Ved hjelp av sjømakta kunne ein, sjølv om ein hadde langt mindre hærar og svakare ressursgrunnlag, difor konsentrere overlegen slagkraft på avgjerande stadar og jamvel evakuere slagne styrker og dimed redde dei frå kapitulasjon. Sjømakta mogleggjorde styrkerasjonalisering i stort omfang og var ein styrkemultiplikator.

Maritim maktprojisering var i det heile eit svært potent middel for å påverke stoda på land. Gjennom maritim maktprojisering kunne ein i stor grad gå direkte mot fienden sitt strategiske tyngdepunkt, til dømes med amfibiske åtak direkte mot København, Stockholm eller St. Petersburg. Ein kunne dimed avgjere krigen utan å måtte nedkjempe fienden anna enn i tyngdepunktet. Evna til å opprette og oppretthalde sjøherredøme i kombinasjon med Austersjøregionen sin geografi, gjorde det direkte åtaket på fienden sitt strategiske tyngdepunkt særleg relevant i Austersjøregionen. Dei maritime distansane var så korte og marinane si fredstidsutrusting så avgrensa at eit overraskande, konsentrert og overveldande angrep var fullt oppnåeleg. Føresetnaden var sjølvstekt at ein kunne byggje opp sine styrker i skjul eller raskare enn fienden, og at ein kunne hindre at fienden sine gjerne overlegne styrker

kom i spel før avgjersla var nådd. Særleg Sverige hadde strategiske overfall gjennom maritim maktprojisering som eit grunnleggande strategisk *modus operandi*. Sverige planla og gjennomførte ei rekkje strategiske overfall mot København, og seinare også mot St. Petersburg. Føresetnaden for ein slik strategi varierte noko, men i krigane i 1643-45 og 1658-60, var det primært Sverige sine store, ståande og krigsvane hærstyrkar som mogleggjorde strategiske overfall. Seinare, etter reformasjonen av den svenske flåten på 1680-talet, kvilte denne strategien i større grad på svensk evne til å mobilisera raskare enn kva den dansk-norske eller russiske flåten kunne. Då Henrik af Trolle og Frederik Henrik af Chapman fekk styringa med den svenske flåten kring 1780 vart den svenske lineskipflåten jamvel spesifikt designa og bygd opp for å maksimalisera sitt potensialet for slike operasjonar.⁴⁶⁶ Uansett kva andre føresetnader slike strategiske overfall kvilte på var det ein absolutt føresetjing at ein kunne etablere sjøkontroll i tilstrekkeleg grad i tid og rom dersom dei skulle gjennomførast. For å oppnå det måtte ein anten angripe før fienden hadde mobilisert, eller alliere seg andre sjømakter. Det første alternativet var særleg attraktivt ettersom både den dansk-norske og den russiske sjømakta var mogleg å isolere og øydelegge i sine hovudbasar. Lukkast ein med dette ville ein etablere permanent sjøherredøme i resten av krigen.

6.5 GALEIAR OG SKJERGARDSFLÅTAR

Galleiar og andre skjergardsstyrker var eit viktig og særskild fenomen i Austersjøregionen. Den første galeiflåten byggja Gustav Vasa allereie på 1540-talet.⁴⁶⁷ Militærgeografisk gav flåtestyrker som kunne operere i skjergarden meining for Sverige på 1540-talet med di grenseområda mot Danmark hadde ein omfattande skjergard og var ei primærakse for landkrigføring mellom Danmark og Sverige. Dessutan hadde danskane gjentekne gangar nytta sjømakt for å angripe Stockholm og Mälarenregionen direkte. Forsvar mot slik maritim maktprojisering kunne ein gjere gjennom sjønekting i ope farvatn, gjennom konsentrasjon av eldkraft i skjergarden eller gjennom forsvar på land etter ei landsetting, galeiane kunne spele ei avgjerande rolle i alle desse tre tilnærmingane. Sverige hadde med sitt utskrivingsvesen tilgang på relativt store menneskjelege ressursar og kunne difor også bemanne dei mannskapsintensive galeiane effektivt og med mannskap som kunne nyttast som infanteri. Galeiflåten var difor både landmakt og sjømakt, noko som gav stor strategisk fridom. Seglskipa var framleis enkle og helst spinkle fartøy som hovudsakleg var rusta med små anti-

⁴⁶⁶ Dette kjem tydeleg fram i byggjeprogrammet som den svenske flåtekommissjonen i 1780 kom fram til. Sjå Harris, *af Chapman*, s. 105-107.

⁴⁶⁷ Utgreiinga om Gustav Adolf sine galleiar er dels basert på opplysningar i Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 31-33, Huhtamies, Mikko, "Labyrinth of war: archipelago fleets and society in the Gulf of Finland 1520-1809," *International Journal of Maritime History* 26, no. 3 (2014) og Glete, *Naval administration*, s. 71-74.

personell kanonar, store kanonar med skipsøydeleggande potensiale var dyre og dimed sjeldsynte. Sjølv om ein galei berre førte ei til høgst tre tunge kanonar hadde dei likevel ein vesentleg eldkraft samanlikna med samtidige seglskip. Galeiane kunne dessutan operere nær kystlina utan fare og kunne raskt landsetje landstyrker og artilleri, dei kunne jamvel gjere teneste som flytande omlægringsbatteri.⁴⁶⁸ Kombinasjonen av relativ stor eldkraft og god manøverevne gjorde at galeiane si kampkraft framleis var fullt på høgd med dei fleste seglende orlogsfartøya. I tillegg kan satsinga på galeiar syne ei erkjenning av at den danske flåten, særleg om denne var alliert med Lübeck, ville vere den svenske havgåande flåten overlegen. Galeiane var dimed ei høvesvis rimeleg forsikring mot å igjen stå verjelaus mot maritim maktprojisering med di dei sikra sjønektingspotensiale i smult og indre farvatn sjølv om ein skulle miste sjøherredøme på det opne havet. At dette siste tilhøvet var sentralt ser me tydeleg i opprustingsperioden 1558-63. Då byggja Sverige opp ei sterk havgåande flåte samstundes som dei fasa ut galeiane. Gustav Vasa si satsinga på galeiar må difor primært sjåast som eit defensivt føretak, ein byggja ikkje desse fartøya for å etablere og utnytte sjøherredøme. Dei var bygd for å drive sjønektning og dimed hindre ein fiende eller fiendtleg koalisjon frå å kunne utnytte havet til strategiske offensivar mot Sverige.

Sist på 1500-talet byggja Sverige på ny store galeistyrker og på 1600-talet dukkar galeiane fleire gangar opp i den svenske flåtestrukturen, først på byrjinga av 1620-talet, så på 1650-talet og i noko mindre grad i 1675. Heller ikkje desse gangane vara galeiflåtane særleg lenge og det strategiske rasjonale bak dei var skiftande. På 1620-talet var dei eit utslag av den generelle svenske opprustinga for å oppnå paritet med Danmark-Noreg. På 1580 og 1650-talet var dei eit støttevåpen til svenske operasjonar i høvesvis Finskebukta og mot Polen, i 1675-76 var dei ei naudløysing i møte med overlegne dansk-norske og nederlandske sjøstridskrefter.⁴⁶⁹ Ut av dette ser me tydeleg to samanhengar. Galeiane var ikkje sett som ein viktig del av den generelle sjømaktsstrategien, dei var primært eit virkemiddel i dei krigane der landoperasjonane fann stad i skjergardar eller langs elvar og i innsjøar. Galeiane var dessutan, grunna si korte byggetid, ei tenleg naudløysing for å oppretthalde eit minimum av sjønektingskapasitet når hovudflåten ikkje kunne hindre fiendtleg sjøherredøme.

Danmark-Noreg byggja også galeiar og tilsvarande fartøy for strid i kystsona frå kring 1550 og utover. Desse skipa var hovudsakleg nytta for kystforsvarsoppgåver og for vern mot sjørøvarar og var, i motsetnad til slagflåten, spreidd over ei rekkje hamner, særleg norske.

⁴⁶⁸ Sjø Sicking, Louis, "Naval warfare in Europe, c. 1330–c. 1680," i *European warfare 1350–1750*, ed. Tallet, Frank og Trim, David (Cambridge: Cambridge University Press, 2010) for ei framifrå forklaring av føremoner og ulemper med galeiar vs. seglskip.

⁴⁶⁹ Styrkestrukturane si utvikling er basert på tala til Glete, *Naval administration*, s. 735-744.

Galeifartøya hadde aldri ei viktig rolle i hovudflåten. Kor mange galeiar flåten hadde er uvist, men det var truleg eit relativt stort tal. Bellamy sine tal syner at talet på galeiar og galeiliknande fartøy var typisk 2-8 stykk før 1618, medan kjeldene listar 18-32 stykk i tida 1627-1650.⁴⁷⁰ Me veit at det i 1618 vart tinga 21 for bygging i Noreg og at ein i 1624 visstnok mønstra 38 stykk.⁴⁷¹ Det er difor grunn til å tru at talet var større enn 2 til 8 også før 1618. Galeiar og andre skjergardsfartøy var relativt rimelege å byggje, difor auka talet på dei raskt når ufred råka. At dei var rimelege og raske å byggje, betydde også at det var liten grunn til å bruke ressursar på halde eit stort tal i opplag i fredstid, difor varierte styrkestrukturane mykje.

I Sverige var galeiar i hovudsak eit stridsmiddel ein byggja for samvirkeoperasjonar med hæren, medan trygging av eigen kyst var hovudflåten si oppgåve. I Danmark-Noreg var stoda radikalt annleis, sjøherredøme i norske farvatn var ei nærmast umogleg oppgåve grunna geografisk omfang og då hovudflåten i hovudsak opererte i Austersjøregionen. I tillegg var farvatna nord av Øresund eksponert for kaperar og sjørøvarar, noko dei ikkje var i Austersjøen. Dei store distansane i Noreg gjorde bruk av ei sentral plassert flåte eller rask konsentrasjon av styrker umogleg. Skulle ein forsvare seg mot maritime trugslar måtte forsvaret vere lokalt. Galeiane var difor primært relativt kostnadseffektivt fartøy for innaskjers sjønekting. Norsk geografi gjorde i tillegg at eventuelle samandragingar av landstyrker i Noreg måtte heilt eller delvis gjerast sjøvegen. Dei spreidde kystforsvarsstyrker var difor viktige som middel til konsentrasjon av landstyrker til motoffensivar, slik ein til dømes gjorde mot Trøndelag i 1564.⁴⁷²

Etter 1709, som direkte resultat av manglande evne til å oppretthalde sjøherredøme i rom sjø og redusert evne til sjønekting, samt då krigføringa mot Danmark-Noreg i stor grad føregjekk i aksen Gøteborg-Christiania og mot Russland i aksen Stockholm-St. Petersburg, fekk Sverige i aukande grad operativ trong for skjergardsstyrker. Å etablere ei tilstrekkeleg skjergardsstyrke for både defensive og offensive føremål synte seg svært utfordrande tross desse fartøya sin relativt enkle og rimelege konstruksjon. For det første, så var tilgangen på verft og material avgrensa, viktigare var likevel den svenske staten si manglande økonomiske bæreevne, ein hadde rett og slett ikkje midlar til å betale dei som bygde og bemanna

⁴⁷⁰ Bellamy, *Christian IV and his navy*, s. 149.

⁴⁷¹ *Ibid.*, s. 145.

⁴⁷² Svenskane angreip og okkuperte Trondheim i februar 1564. lensherren på Bergenhus, Erik Rosenkrantz, mobiliserte raskt tilgjengelege militære ressursar på Vestlandet og sendte dei til Trondheim med 18 skip frå det nordafjelske og 12 frå det sønnafjelske. (Garde, *Sømagt 1*, s. 68) Samla førte dei fram kring 2-3000 mann, som seinare vart forsterka med ålmugen i Trøndelag til 4000 mann. (Engdal, Odd G. og Mo, Sverre, *Norsk marinehistorisk atlas : 900-2005*, (Bergen: Vigmostad & Bjørke, 2006), s. 42-43, Jensen, *Danmarks konflikt med Sverige 1563-1570*, 12, s. 89. og Ersland, Holm og Engdal, *Norsk forsvarshistorie 1*, 1, s. 148.) For utdjupande informasjon, sjå Beyer, Absalon Pederssøn, *Absalon Pederssøns Dagbog: over begivenheder, især i Bergen 1552-1572*, red. Nicolaysen, N., (Christiania: Johan Dahls Forl., 1860), og Daae, Ludvig, *Krigen nordenfjelds 1564*, (Christiania: C. Johnsen Bogtrykkeri, 1872),

skjergardsfartøya. Den tredje utfordringa var at trongen for slike styrker var fordelt på to kystområde utan moglegheit for samvirke, ein måtte byggje to flåtar. Den fjerde utfordringa var lineflåten sin uttrykte skepsis til slike fartøy, ein frykta at ei satsing på desse ville ytterlegare svekke lineflåten grunna den generelle ressursmangelen.⁴⁷³

Dei strategiske måla dei skandinaviske skjergardsflåtane vart bygd for og oppnådde, syner tydeleg kor avgjerande sjølv få og små maritime stridskrefter kunne vere på den militære utviklinga på i Skandinavia. I 1716 greidde til dømes dansk-norske skjergardsstyrker, det vil seie to fregattar, eit skotpram, ein pram og tre galeiar under Tordenskjold si leiing, å bryte dei svenske innaskjers maritime kommunikasjonane, noko som effektivt sette ein stoppar for svenske landoperasjonar mot Noreg.⁴⁷⁴ I aust var den russiske overlegenheita i siste delen av Den store nordiske krigen så stor at offensive operasjonar nærmast var utenkeleg, men defensivt utgjorde dei svenske skjergardsstyrkene eit heilt vitalt bidrag. Det var svenske skjergardsoperasjonar som hindra den russiske maritime maktprojiseringa i 1719-21 frå å bli ein daudeleg trugsel mot det svenske riket. Dei svenske einingane var for få til å trygge heile kysten, men konsentrert lykkast dei effektivt med å trygge Stockholm og dimes tilgangen til heile det store og avgjerande innlandet kring Mälaren.⁴⁷⁵

Grunna dansk-norsk kontroll med Øresund var den svenske lineflåten avgrensa til operasjonar innanfor Øresund. Gøteborgseskadren eksisterte berre for kontrollere den indre leia langs Båhuslenkysten, binde dansk-norske styrker og for å drive handelskrig mot dansk-norske maritime kommunikasjonar. Danmark-Noreg kunne derimot nytte ope farvatn til sine kommunikasjonar, men måtte inn i skjergarden for anten å nekte dei svenske kommunikasjonane, eller for å støtte eigne offensive operasjonar mot Båhuslen. Dansk-norsk sjøherredøme på det opne havet innebar også at Danmark-Noreg kunne angripe der og når dei ville frå det opne havet. Dei kunne konsentrere sine styrker før ei batalje, medan den svenske skjergardsflåten måtte spreie seg ut for å dekke moglege åtakspunkt. Dette gjorde at Danmark-Noreg kunne oppnå lokal og temporær sjøkontroll i indre lei sjølv om dei i utgangspunktet hadde underlegne stridskrefter.⁴⁷⁶ Etersom Båhuslen sjeldan var eit

⁴⁷³ Dels parafraze av: Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 187-192. Sjø og Glete, *Naval administration*, s. 431-433.

⁴⁷⁴ Sjø t.d. Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 229-234., Ersland, Holm og Engdal, *Norsk forsvarshistorie 1*, 1, s. 239-241. og Olsen, *Norges kriger*, s. 244-269. Kva vekt dei maritime forsyningane hadde for svenskane er vektlagt svært ulikt i litteraturen. Karl Jacob Skarstein kan t.d. tolkast til å meine at invasjonen av Noreg hadde feila allereie før Dynekilen (ibid., s. 263 og 269.), medan Wolke vektlegg tapet av dei maritime kommunikasjonane tungt. (Wolke, *Sjöslag och rysshärjningar*, s. 234.). Basert på Karl 12. sine eigne brev, så sannsynleggjer Bergersen at Dynekilen vart avgjerande for felttoget i Noreg, og at den raske uttrekkinga truleg var ei følgje av frykt for å bli avskoren også ved Svinesund, og ikkje av at Karl 12. allereie hadde gitt opp. (Bergersen, *Viceadmiral Tordenskiold*, s. 635-638.)

⁴⁷⁵ Sjø t.d. Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 190-191. for ei skildring av operasjonane.

⁴⁷⁶ Denne observasjonen er grovt samanfallande med Mankell sine taktiske og sjømaksteoretiske vurderingar frå 1855. (Mankell, *Svenska skärgårds-flottans*, s. 38-39.), dvs. vurderingar gjort av ein skribent som hadde personleg kjennskap til skjergardsoperasjonar og skjergardsflåten, samt uvanleg stor militærstrategisk innsikt. (Boëthius, Bertil, *Svenskt biografiskt lexikon : 25 : Malmros-Munck af*

krigsavgjerande operasjonsområde i krigar mellom Danmark-Noreg og Sverige, så fekk ein aldri ei omfattande kapprusting av skjergardsstyrkene i dette området.⁴⁷⁷

Krigshandlingane i Finland, altså langs aksa Stockholm til St. Petersburg, hadde ein heilt anna strategisk betydning. Krigar i dette området hadde ein eksistensiell karakter og hadde følgeleg ein sentral plass i Sverige sine militærstrategiske vurderingar. Dei svære skjergardsstyrkene Sverige bygde opp på slutten av 1700-talet var eit resultat av dei knusande svenske nederlag i 1713-21 og i 1741-43. Både gangane hadde lineflåten synte seg ute av stand til å stogge dei russiske galeiflåtene, dimed kunne store russiske landstyrker setjast inn i Finland. At ein trong eigne skjergardsstyrker for å stå i mot russarane var anerkjent allereie kring 1710, men slike styrker fekk likevel ikkje prioritet i styrkeoppbygginga etter Nystadfreden.⁴⁷⁸ Først etter krigen 1741-43 byrja Sverige eit intensivt opprustingsprogram for å kontre den strategiske trugselen ei skjergardsmobil landmakt utgjorde.⁴⁷⁹ I 1744-50 byggja Sverige 46 nye galeiar og oppnådde paritet med Russland i 1750.⁴⁸⁰ I tillegg såg ein trong for kystfestningar som forsyningsbasar, reparasjonsfasilitet og tilfluktsstad for eigne skjergardsstyrker, samt at dei ville skape nye nøkkelposisjonar som ei fiendtleg flåte måtte nøytralisere for å få operasjonell fridom og trygge eigne forsyningsliner i skjergarden. I 1748 innleia ein difor bygginga av Sveaborg, ei gigantisk sjøfestning like utanfor Helsingfors. I tillegg til å vere ankerpunkt for svenske skjergardsoperasjonar var denne festninga også tiltenkt ei rolle som forsyningsbase for hæren.⁴⁸¹ Dei nye skjergardsstyrkene, samt Sveaborg og taktikkutvikling, endra maktbalansen i den finske skjergarden, noko som kom tydeleg fram i krigen 1788-90, eksemplifisert med Slaget ved Svensksund.

Krigen i 1808-09 skulle også bli ein krig kvar skjergardsflåten spelte ei vesentleg rolle for utfallet. Russland gjekk til angrep på vinteren, truleg for å eliminera sjømakta si evne til å påverke stoda på land. Målsetjinga var å ta Sveaborg med alle sine avtakla skjergardsfartøy før isen letta og mogleggjorde at den i utgangspunktet overlegne svenske skjergardsflåten kunne ta kontroll over indre lei og gi den svenske hæren strategisk mobilitet.⁴⁸² Russarane

Rosenschöld, (Stockholm: Bonnier, 1985), s. 64.)

⁴⁷⁷ I Noreg fekk ein t.d. i perioden 1763-67 ei galeiflåte på 10-11 einingar som var bygd og stasjonert i Frederiksværn (Stavern). I tillegg fekk ein to stykkprammar og ei rekkje mindre båtar. (Johannessen, Finn Erhard, "Late Galleys: The Fredriksvern Naval Shipyard and the coastal defence in Norway 1750-1814," *Scandinavian Journal of History* 38, no. 4 (2013): s. 428. Sjø og Korsdal, Kari og Støvern, Hans, *Fredriksvern verft 1750 - 2000: fra galeiverft og flotilje til moderne skolesenter*, (Stavern: Luftforsvarets skolesenter Stavern, 2000), s. 48 og 60-61.) Tilsvarande var *Bohusläns eskader av arméns flotta* i 1788 berre 10 fartøy, men auka til 21 i 1789. (Sundberg, Ulf, "Bohusläns eskader av arméns flotta 1788-1790," *Forum Navale : Skrifter utgivna av Sjöhistoriska Samfundet* 69 (2013): s. 38 og 40.)

⁴⁷⁸ Sverige bygga 35 galeiar og 16 blokkskip mellom 1709 og 1721, men berre 29 galeiar og seks breisideskip dei neste 22 åra. (Glete, *Navies and nations*, s. 708.)

⁴⁷⁹ Dette er grundig skildra og teoretisk forklart i Mankell, *Svenska skärgårds-flottans*, s. 46-49.

⁴⁸⁰ Glete, *Navies and nations*, s. 707-708.

⁴⁸¹ Wolke og Hårdstedt, *Svenska sjöslag*, s. 240.

⁴⁸² *Ibid.*, s. 251.

lykkast fullt ut i og med at Sveaborg kapitulerte 6. mai 1808.⁴⁸³ Etter dette var dei svenske skjergardsstyrkene underlegne dei russiske og invasjonen av Finland var snart eit faktum.

Med tapet av lineflåten og krig mot Storbritannia i 1807 såg Danmark-Noreg eit strategisk skifte frå at skjergardsstyrker hovudsakleg komplimenterte lineflåten i dei farvatn der lineflåten ikkje var, til ei tid der skjergardsstyrker var dei einaste sjømilitære stridsmidlet som kunne sikre Danmark-Noreg eit visst forsvar mot fiendtleg maktprojisering.

7 KONKLUSJON: STRATEGISKE STRUKTURAR OG LANGE LINER

Austersjøregionen var i tidleg moderne tid grunnleggande maritim. Nær alle strategisk viktige stadar, nøkkelpunkta i handelsnettverka, byar og festningar, låg ved havet eller i direkte samband med havet og helst der navigerbare elvar eller andre indre vassvegar møtte havet.⁴⁸⁴ Dei to skandinaviske statane var båe svært maritime. Intern kommunikasjon og handel i Sverige-Finland var i all hovudsak maritim og aksen frå Mälaren til Viborg utgjorde ryggraden i riket. Ekspansjonen i Estland, Livland og Kurland, samt i Nord-Tyskland, gjorde Sverige ytterlegare avhengig av maritime kommunikasjonar. Danmark-Noreg var minst like maritimt orientert, ikkje berre var maritime kommunikasjonar avgjerande for sambandet mellom Danmark og Noreg, men både Danmark og Noreg var dessutan delt opp i ei rekkje små einingar av havet. Følgjeleg var kontroll over dei maritime kommunikasjonane mellom riksdelane eit strategisk imperativ for både Sverige og Danmark-Noreg, utan desse kommunikasjonane kunne ikkje sentralmakta samordne ressursar, styrkekonsentrere, forsyne eller forsterke område som var truga. Sentralmakta si evne til å trygge sine territorium og sin folkesetnad ville opphøyra, og kvar einskild del av rika ville vere overlatne til seg sjølv. Det var maritime kommunikasjonar som bann rika saman både økonomisk og politisk. Dette aleine forklarar langt på veg kvifor Danmark-Noreg og Sverige etablerte sjømakt, men ikkje kva slags sjømakt og kva spesifikke roller sjømakta hadde.

Det viktigaste militærstrategisk tilhøvet med Austersjøen er at sjøtransport dominerer all handel og transport i området, ikkje berre grunna løfteevne og hastigheit, men og då sjøtransport gir tilgang til nærmast ein kvar stad av strategisk verdi. Maritime kommunikasjonar gav difor mobilitet, men flytta også marginalgrensa for maktutøving vesentleg utover frå kjerneområda i landa. Tids- og rom-budsjettet gjorde at ein ved hjelp av maritime kommunikasjonar kunne konsentrere styrker mot ein kvar strategisk posisjon i heile

⁴⁸³ Denne kapitulasjonen blir rekna for å vere grunnlaus i det meste av svensk litteratur, og er framleis sett på som eit avgjerande svik som var eit vesentleg bidrag til Finland gjekk tapt, sjå t.d. omtalen av kapitulasjonen i Nordling, Carl, "Capturing 'The Gibraltar of the North:' How Swedish Sveaborg was taken by the Russians in 1808," *The Journal of Slavic Military Studies* 17, no. 4 (2004).

⁴⁸⁴ Sjå Kart 1: Elvesystem og strategiske byar.

Austersjøregionen langt raskare enn kva ei landmakt kunne. Grunna det avgrensa lokale matoverskotet dei fleste regionane kring Austersjøen genererte var ein også avhengig av å få tilført forsyningar utanfrå dersom ein skulle gjennomføre større landoperasjonar. Slike forsyningar kunne i røynda berre kome sjøvegen. Distansane i Austersjøen var også såpass korte at strategiske overfall var ein reel og mykje brukt opsjon.

I analysen av hovudlinene i Skandinavia politisk-strategiske historie i eit sjømaktsperspektiv, kjem det fram at dei skandinaviske sjømaktene fylte tre ulike hovudroller mellom 1522 og 1814. For det første skulle dei hindre maritim maktprojisering, i hovudsak amfibiske åtak, mot eigne territorium. For det andre skulle dei sikre tollinntekter og eigen handel gjennom kontroll med den merkantile verksemda og trygging av denne. For det tredje var dei eit middel som mogleggjorde eiga maritim maktprojisering.

Sjømakt har tradisjonelt hatt ein nær samanheng med merkantil verksemd, så også i Austersjøregionen, men dei skandinaviske sjømaktene sin relasjon med den merkantile verksemda var atypisk. Den klassiske relasjonen var at maritim handel måtte tryggast av sjøstridskrefter som gjerne var finansiert av overskota frå handelsverksemda. Samstundes gav den merkantile verksemda handelsnasjonane den ekspertisen dei trong for å i det heile mogleggjere oppbygging og bemanning av sjøstridskrefter. I føydale statar og i statar utan omfattande eigen sjøfart var trongen for sjømakt fluktuerande og evna til å etablere dei naudsynte føresetnadane, altså kapital, verftsinfrastruktur, mannskapsbase og ekspertise, ofte svak. Sverige og Danmark-Noreg var geografisk sett maritime statar, men dei var ikkje store maritime handelsstatar før relativt seint i perioden. På byrjinga av 1500-talet var dei langt mindre maritime i økonomien enn kva til dømes Hansaen var, men samstundes var Austersjøregionen eit av verda sine viktigaste maritime handelsområde. Unionskongen såg tidleg at sjømakt var ein føresetnad for å halde Kalmarunion samla og for å frigjere seg frå Hansaen si politiske og økonomiske makt. Han såg også at den store handelsverksemda som passerte hans territorium var ei mogleg kjelde for å finansiere sjømakta og ei finansieringskjelde som riksrådet ikkje kontrollerte. Desse to tilhøva synleggjer både kvifor og korleis Danmark fekk ei permanent sjømakt og gjorde Danmark til ei sjømakt som grunnleggjande utnytta andre si merkantile verksemd.

Svensk sjømakt har også sitt opphav i dei geografiske og militærstrategiske røyndomar landet stod ovanfor. Så lenge unionskongen i København hadde sjøherredøme og utnytta dette til maktprojisering, så synta erfaringa at Sverige ikkje kunne oppnå varig sjølvstende. Den svenske lausrivinga frå Kalmarunionen i 1522/23 kom som eit direkte resultat av at Sverige

gjennom etableringa av eiga sjømakt kunne og lukkast med å utfordra dansk sjøherredøme. I åra etter lausrivinga forvitra dansk sjømakt til nesten ingenting. Samstundes nytta Gustav Vasa si nye flåte, i kombinasjon med økonomiske, religiøse og militære reformer, til å oppnå maktmonopol i eige territorium. Sverige oppnådde dimed raskt ei stode kor ein hadde relativt god statstryggleik fundert på ei sterk men kostesam sjømakt. Vekselverknaden av land- og sjøstridskrefter som opna for maritim maktprojisering, eit territorialt kjerneområde som var trygt så lenge ein kunne nekte andre sjøherredøme og trong for å finansiera både maktmidlane og kongsmakta endra Sverige sitt strategiske utsyn. Sverige hadde ikkje tilsvarende tilgang til dei maritime handelsårene som Danmark hadde, men dei hadde maktmidlane som trongs for å ta kontroll over viktige handelsbyar i den austlege Austersjøen, samt tvinge handel frå konkurrerande byar og over på dei svenskkontrollerte byane. Gjennom svensk intervensjon i Estland og Livland og gjennom medviten bruk av sjømakta for å tvinge Russland sin handel over på dei svensk kontrollerte byane Viborg og Reval, innleia Sverige sin oversjøiske ekspansjon. Sverige vart dimed ei sjømakt som også utnytta andre si merkantile verksemd slik Danmark-Noreg allereie gjorde.

Militærstrategiske vurderingar, dynastiske tilhøve og prestisje var sjølvsagt vesentlege element i konfliktgrunnet bak dei mange og omfattande krigane mellom Danmark-Noreg og Sverige, og i deira krigar mot andre statar, men den i særklasse viktigaste årsaka til konfliktane som Danmark-Noreg og Sverige vart involvert i var trongen for finansiering av staten og denne sitt militære maktapparat. Etersom denne finansieringa i stor grad var utgjort av inntekter frå toll og skattlegging av handelsverksemd, så var det dei territoria som sikra slik innkome som fekk fokus i dei politisk-strategiske måla til dei to rika.

Austersjøhandelen sin store økonomiske og strategiske verdi for dei vestlege handelsnasjonane, samt for tyske statar, Russland og Polen-Litauen, medførte at også desse landa hadde stor interesse i at handelen flaut fritt til og frå sine respektive land, samt at deira fiendar vart avskoren frå den same handelen. Då Danmark-Noreg og Sverige var statar som henta vesentlege deler av si innkome frå utnytting av denne merkantile verksemda gjennom toll, så påførte dei handelsverksemda ein ekstrakostnad som reduserte overskota. Tollegginga innebar difor eit vesentleg konfliktpotensiale med både dei vestlege handelsnasjonane og med ulike Austersjøstatar. I tillegg gjorde kombinasjonen av geografi og sjømakt at både Danmark-Noreg og Sverige kunne bruke kontroll med handelsverksemda som eit krigsmiddel, ikkje berre seg i mellom, men også mot andre statar. Desse tre aspekta, den strategiske og økonomiske verdien av handelen, tollegginga og kontrollen med dei maritime

kommunikasjonane, bidrog alle til at dei vestlege sjømaktene Nederland og England, samt Frankrike, involverte seg i større og større grad i maktspelet kring Austersjøen, ei utvikling som vart forsterka av Austersjømaktane si involvering i dei mellomeuropeiske krigane.

Her er fleire avgjerande samanhengar. Dei skandinaviske landa trong sjømakt for eigen militærstrategisk tryggleik, dei finansierte denne gjennom toll og skattlegging på den store merkantile verksemda i Austersjøen og konkurrerte dimed om det same ressursgrunnlaget. Gjennom territorial ekspansjon kunne dei auke eiga innkome og ekspansjonen vart mogleggjort av nettopp sjømakta. Samstundes kunne ekspansjon truge maktbalansen dei imellom eller jamvel vere direkte retta mot den andre staten. Dette utløyste krigar mellom dei skandinaviske statane, krigar som militært berre kunne avgjerast gjennom maritim maktprojisering. Den strategiske verdien av handelen gjorde samstundes at kontrollen over den var interessant for dei vestlege stormaktene og gjennom sine sterke sjømakter hadde dei midlane for å påverke denne kontrollen. Stormaktene si involvering reduserte følgjeleg dei skandinaviske landa sin strategiske fridom, drog dei inn i krigar som i utgangspunktet dei ikkje hadde noko interesse i, og styrte eller tvang igjennom fredsslutningar som ikkje reflekterte den militære stoda eller skandinaviske politisk-strategiske målsetjingar. Dei lange og altomfattande konfliktane mellom Danmark-Noreg og Sverige og deira trong for sjøherredøme for å omsetje militærmakta i politisk-strategiske målsetjingar forsterka vestmaktene sitt strategiske spelrom ytterlegare. Maktbalansen mellom dansk-norsk og svensk sjømakt var normalt slik at flåtestøtte til ei side ville endre den maritime maktbalansen distinkt og avgjerande. Stormaktene opptrdde sjeldan som ei eining då dei vanlegvis var i ei grad av konflikt med kvarandre. Dette opna i noko grad for at stormaktene sine divergerande interesser kunne utnyttast av Austersjømaktene. Det var likevel ein distinkt fellesnemner i stormaktene si framferd. Dei frykta at ei einskild Austersjømakt skulle etablere maktmonopol i Austersjøregionen. Eit slikt maktmonopol ville svekke stormaktene sine moglegheiter til å påverke den politiske utviklinga. Eit maktmonopol i Austersjøen ville dessutan potensielt skape ei regionalstormakt som retteleg truga dei vestlege statane sine strategiske imperativ, som til dømes Nederland sin kornimporten frå Polen eller trongen for tilgang på *naval stores*. Ein heilt avgjerande faktor for å forstå utviklinga i Austersjøregionen etter 1640-talet er å sjå på kva form for støtte dei vestlege stormaktene gav. Denne bestod nesten berre av tre faktorar, pengar i form av subsidiar, flåtestyrker og politisk støtte. Sjølv om flåtestøtte i sterk grad påverka kampen om sjøherredøme, så hadde slik støtte ikkje krigsvinnande potensiale i seg sjølv. Det var gjennom kva landbasert aktivitet sjømakta mogleggjorde eller hindra at

sjømakta påverka krigane sitt utfall. Dei vestlege stormaktene si støtte var dimed retta mot å mogleggjere eller hindre maritim maktprojisering, medan sjølve projiseringa hovudsakleg måtte utførast av dei skandinaviske landa sine eigne landsstridskrefter. Dette avgrensa sjølvstøtte verdien av stormaktsstøtta. Det var også slik at stormaktsstøtta når som helst kunne trekkast attende dersom ein såg at den var i gang med å forskuve maktbalansen for mykje.

Den enorme mobiliseringa av økonomiske og menneskjelege ressursar som krigane mellom Danmark-Noreg og Sverige innebar førte til stadig aukande trong for meir innkome og militær støtte. Den aukande ressursstrongen vart ytterlegare forsterka av den militære teknologi- og organisasjonsutviklinga med sine stadig fleire, større og dyrare orlogsskip, trong for ståande hærar og omfattande festningsutbygging. Spesielt tydeleg vart dette når dei skandinaviske landa vart involvert i europeiske krigar og når deira motstandarar byrja å mobilisere sitt krigsmaktpotensiale i større grad. Danmark-Noreg, og spesielt Sverige, var lenge langt meir militarisert enn kva nokon andre europeiske statar var. Dette førte med seg at dei hadde militærmakt som var svært sterk i forhold til deira maktpotensiale. Når dei andre statane rusta opp og mobiliserte større delar av sitt ressursgrunnlag vart den relative føremona til dei allereie sterkt militariserte skandinaviske landa gradvis svekka.

1700-talet var for både Sverige og Danmark-Noreg utanrikspolitisk prega av fire tilhøve. Den første var vedvarande trong for subsidiering for å oppretthalde militærmakta, ei trong som hadde for Sverige sin del auka med di dei miste vesentlege delar av si innkome med tapet av Baltikum. Den andre hovudfaktoren var trugselen Russland utgjorde mot dei skandinaviske landa. Den tredje var dynastiske utfordringar, og den fjerde var Austersjøhandelen sin vedvarande strategiske verdi for dei vestlege sjømaktene i kombinasjon med aukande nasjonal merkantil verksemd. Av desse fire, var to direkte relatert til sjømakt og den første naudsynt for å oppretthalde eiga sjømakt.

Med den franske revolusjonen og dei påfølgjande krigane, så endra den europeiske storpolitikken karakter frå kabinettkrigar og kamp om handel, til krigar av ein langt meir eksistensiell karakter. Samstundes auka ubalansen mellom dei skandinaviske interessene og dei militære utfordringar ein vart utsett for. Austersjøregionen hamna i skjæringspunktet mellom stormaktene sine strategiske målsetjingar. Napoleon sin plan for å knekke britisk økonomi, og britane sitt absolutte strategiske imperativ, sjømakta, kom båe delar til å prege den politiske utviklinga og stoda til Sverige og Danmark-Noreg. Den direkte fylgja av desse endringane, samt utviklinga i relativt maktpotensiale, var at Norden i løpet av få år radikalt endra sitt strategiske utsyn. Havet hadde gjennom all tid vore kjerneaksen og hovudåra i både

Danmark-Noreg og i Sverige. No vart havet grensa mot omverda. Ein gjekk frå å sjå havet som ei bru og ei vollgrav, til berre å sjå havet som ei vollgrav. Dimed endra også rollene til dei skandinaviske sjømakta seg radikalt. Ein stod no i røynda igjen med berre den eine rolla av dei tre som hadde dominert i 300 år. Sjømakta var blitt eit middel for å hindre maritim maktprosjisering mot eige territorium og lite anna.

Strukturutviklinga til den dansk-norske og svenske flåten gjennom 300 år har tre tydelege hovudliner. Den første hovudlina er eit vedvarande fokus på flåteiningar som kunne kjempe om og sikre sjøherredøme. Den dansk-norske flåten hadde heile vegen eit utprega, nærmast eintydig, fokus på ei flåte som kunne sikre sjøherredøme. Den svenske flåten sin styrkestrukturutvikling var langt meir omskifteleg. Svensk sjømakt si utviklinga syner store variansar i prioriteringa av sjømakt og i sjømakta si rolle. Stundom vart sjømakta svekka over tid, andre gangar syner utviklinga ei sterk satsing på flåteiningar som kan kjempe om og sikre sjøherredøme, for så bli avløyst av periodar der ein primært satsar på strukturelement for utnytting av sjøherredøme, og då særleg fartøy som kunne samvirke med landmakta og støtte opp om landmakta sine operasjonar. Variansar som truleg kan forklarast med økonomisk stode og varierende kortsiktige strategiske målsetjingar. Sjøherredøme var sjølvstøtt svært viktig for Sverige som for Danmark-Noreg, men i motsetnad til Danmark-Noreg, så utkjempa Sverige mange av sine krigar mot aktørar med svært avgrensa eller ingen sjømakt. I slike krigar hadde ein ikkje trong for det dyre og ressurskrevjande maktinstrumentet ei slagflåte var. Danmark-Noreg, med unnatak av nokre mindre krigar mot diverse nord-tyske statar og Keisarkrigen, kriga berre med andre sjømakter. Dimed var kamp om sjøherredøme ein naturleg og sentral del av dansk-norsk strategisk planlegging i alle samanhengar. Ser ein på flåteutviklinga i Sverige, så kan det synast som om at vektlegging av kamp om sjøherredøme oftast berre var eit fokusområde under og like etter krigar mot andre sjømakter, eller når dei planla krig mot andre sjømakter. Det var med andre ord eit samanfall mellom langsiktig og kortsiktig strategisk trong for sjømakt i Danmark-Noreg, men ikkje i Sverige. Der synast dei kortsiktige strategiske prioriteringane å ha hatt førerang. Dette er ikkje grunn til å tru at dette var eit ynskja val, eller eit resultat av sviktande forståing for sjømakta sin strategisk verdi for det svenske riket. Den varierende vektlegginga av sjømakta er meir truleg eit resultat av nærmast konstant ressurs og pengemangel valda av dei enorme kostnadane dei ulike krigane, trongen for ståande hærstyrkar og dei mange store festningsverka påførte riket.

Den andre hovudlina i utviklinga er ei medviten tilpassing av flåtestrukturane til Austersjøregionen sin spesifikke geografi. Det viktigaste teiknet på spesifikk tilpassing til

geografien finn ein i skjergardsflåtane. Danmark-Noreg og Sverige byggja opp vesentlege kapasitetar for krigføring i skjergarden, rett nok med dels ulike strategiske føresetnader, men uansett skip og styrker som berre har operasjonell verdi i heilt spesifikke geografiske områder og til spesifikke føremål.

Den tredje hovudlina er at flåtane tydeleg var byggja primært for å krige mot dei andre Austersjømakten. For Sverige, som i all hovudsak er ein Austersjøstat, var dette heilt naturleg. For Danmark-Noreg, med si lange kystline og omfattande handel direkte eksponert mot andre Nordsjøsjømakter, så er eit Austersjøfokus meir overraskande. At dei faktisk hadde Austersjøen som fokusområde ser me mellom anna gjennom at lineskipa alltid hadde København som operasjonsbase medan ein til vern av Noreg berre byggja kystforsvarseiningar i form av galeiar og mindre fartøy som skjerbåtar, samt at ein gjorde ei rekkje forsøk på å etablere defensjonsskipsordningar som kunne sikre desse farvatna.⁴⁸⁵ Denne disponeringa av sjømakta kan forklarast med at det grunnleggande berre var ein stad Danmark-Noreg kunne lide totalt strategisk nederlag, Øresund inklusive København. Uansett kven ein kjempa mot var det desse områda som var det røynelege strategiske tyngdepunktet. I tillegg, når ein hadde offensive politisk-strategiske mål med krigane, så var desse nesten berre i Sør-Sverige eller i Nord-Tyskland, altså områder ein fekk tilgang til gjennom sjømakt i Austersjøen. Danmark-Noreg hadde ingen offensive politiske-strategiske mål mot vestmaktene som gjorde det naudsynt å projisere makt over havet mot til dømes England eller Nederland. Alle eins konflikhtar med desse statane var anten av handelspolitisk karakter, eller då dei støtta Sverige. Før 1700-talet var Sverige den einaste staten med tydelege territoriale ekspansjonstankar mot dansk-norsk territorium og som samstundes hadde føresetnadane på plass til å omsetje dei politisk-strategiske måla i faktisk militærsuksess. På 1700-talet vart også Russland ei slik makt. Samla var det difor ei fullstendig dominerande hovudline i dansk-norsk sjømakt frå 1530-talet og fram til 1807, flåten skulle oppretthalde sjøherredøme i den sørvestlege Austersjøen.

Desse tre hovudlinene i sjømakten si utvikling syner heilt tydeleg at dei skandinaviske sjømakten var eit resultat av strategiske målsetjingar og ei klår forståing for sjømakta sitt

⁴⁸⁵ I Danmark-Noreg innførte ein slik ordningar i Danmark i 1623, 1636, 1671 og i 1776, og i Noreg i 1630, 1642, 1670 og 1776. Ordningane var ikkje lik frå gang til gang, men tilpassa dei aktuelle politiske og økonomiske konjunkturane. Desse skipa, defensjonsskipa, var ikkje tiltenkt teneste i slagflåten, men skulle vere eit tillegg til statsmarinen som kunne frigjere dei eigentlege orlogsskipa frå konvoiteneste og andre sjømilitære oppgåver der det ikkje var trong for ordinære orlogsfartøy. (Feldbæk, Ole, "Kortere anmeldelser: Ole Henrik Gjeruldsen: Defensjonsskipsordningen i Norge 1630-1704. (Forsvarsmuseets Småskrift nr. 28). Oslo, Forsvarsmuseet, 2002," *Historisk Tidsskrift* 104, no. 1 (2004)). Generelt om defensjonsskipa, sjå Unger, Richard W., "Warships and Cargo Ships in Medieval Europe," *Technology and Culture* 22, no. 2 (1981): s. 249-250. For økonomiske subsidiar i Danmark-Noreg, sjå t.d. Berggreen, Brit et al., *Norsk sjøfart*, (Oslo: Dreyer, 1989), s. 169-170. og Gjeruldsen, Ole Henrik, *Defensjonsskipsordningen i Norge 1630-1704*, band nr 28, Forsvarsmuseets småskrift (trykt utg.) (Oslo: Forsvarsmuseet, 2002).

moglegheitsrom og avgrensing i den spesifikke politiske og geografiske røyndom landa var i. Dei tre hovudlinene synleggjer også at skandinavisk sjømakt primært var eit middel for å mogleggjere eller hindre maritim projisering av landmakt. Dette ser ein både gjennom at hovudoppgåva var sjøherredøme og då ein byggja opp vesentlege spesialiserte styrker for å gi landmakta mobilitet, forsyningar og eldstøtte.

At Danmark-Noreg og Sverige tidleg bygde opp sterke nasjonale og spesialiserte orlogsflåtar er eit spesielt fenomen. Det var mange europeiske land som hadde store maritime interesser på byrjinga av 1500-talet, men få utanfor Middelhavsområdet byggja permanente statsmarinar, i alle fall ikkje i eit omfang som det ein såg i Skandinavia. For å forstå dette særeigne fenomenet, så må ein ta utgangspunkt i at etableringa av dei skandinaviske sjømaktene fann stad i ei tid der ulikskapen mellom handelsfartøy og krigsskip framleis var relativt liten. Det var difor både mogleg og vanleg å rekvirere eller på anna måte nyttegjere seg av handelsfartøy når ein hadde trong for sjømakt. I Skandinavia hadde ein i stor grad ei permanent trong for sjøstridskrefter. Dette dels grunna ein geografi som gjorde sjøen til einaste farbare veg for innariks maktprojisering og dels som eit dynamisk resultat av at den andre og konkurrerande skandinaviske staten hadde sjømakt. Samstundes mangla ein substansielle nasjonale handelsflåtar som kunne rekvirerast til krigsbruk, samt at slike rekvirerte styrker uansett ikkje var permanent tilgjengeleg. Følgjeleg måtte ein ha permanente orlogsflåtar. I tabell 20 er den relative styrkebalansen mellom dei nord-europeiske sjømaktene sine nominelle styrkestrukturar synleggjort. I hovudtrekk ser ein at på byrjinga av 1600-talet var Danmark-Noreg og Sverige i ei grad av særstilling i Nord-Europa gjennom å ha store orlogsflåtar med spesialbyggja orlogsskip, elles i Nord-Europa, med unnatak av England, var sjømakta framleis i stor grad basert på rekvirert struktur.⁴⁸⁶ Ein rekvirert struktur fungerte bra dersom ein skulle slås mot ei anna sjømakt med tilsvarande struktur, men ikkje i møte med ei eigentleg orlogsflåte. Orlogsskipa hadde allereie på byrjinga av 1600-talet skilt så pass markant lag frå handelsskipa i eigenskapar og konstruksjon at dei var fullstendig overlegne i ein strid skip mot skip. Utviklinga med spesialiserte orlogsskip skaut difor fart også elles i Nord-Europa. Dimed fekk ein ei utvikling der fleire statar byrja å byggje spesialiserte orlogsskip i stort omfang, ei utvikling som også fall saman med sterkt aukande maritim handel og dimed større interesse for sjømakt. Dette utløyste ei markert teknologiutvikling og påfølgjande taktiske endringar, som igjen stilte ny trong til teknologien. Over 30 år, 1650-80, såg ein internasjonalt stor vekst i styrkene og store endringar i struktursamansetning og

⁴⁸⁶ Med rekvirert struktur meinast handelsfartøy som var rekvirert, hyra eller på anna måte tatt inn i orlogsflåten i samhøve med krig.

taktikk. Den internasjonale utviklinga førte i perioden 1650-80 til ein vesentleg reduksjon i dei skandinaviske sjømaktene si relative styrke jamført med dei andre nord-europeiske statane. Ei utvikling som truleg hadde helde fram dersom teknologi og taktikkutviklinga hadde helde fram i same tempo. Danmark-Noreg og Sverige hadde ikkje ressursgrunnlag for å konkurrera med Nederland, England og Frankrike i eit flåtekappløp. Når utviklinga ikkje vart slik, så er det meir enn noko eit resultat av at ein kring 1680 nådde ei grad av teknologisk og taktisk modning som kom til å vara i 150 år. Denne relative stillstanden i utviklinga, kombinert med lang levetid, få tap av lineskip, gjorde at Skandinavia greidde å oppretthalde det same relative styrketilhøve gjennom heile perioden 1720-1790. Hadde ikkje teknologimodninga kome er det grunn til å tru at dei skandinaviske sjømaktene måtte ha gitt opp kapasiteten til og ambisjonen om sjøherredøme i Austersjøregionen allereie etter Den store nordiske krig. I staden for vart Danmark-Noreg og Sverige verande vesentlege regionale sjømakter heilt til Napoleonskrigane.

Sjøkrig i Austersjøen skilte seg på mange områder frå sjøkrig i Atlanterhavet. Primært er det geografien som utgjer basis for denne skilnaden. Geografien gjorde at sjøherredøme i Austersjøen var absolutt i sin karakter. Den skapte difor trong for konsentrerte slagflåter og gjorde desse slagflåtane kapabel til å løyse dei fleste hovudfunksjonar ei sjømakt har. Geografien, særleg dei dårlege landkommunikasjonane, dei korte maritime distansane, og det faktum at alle viktige strategiske punkt hadde tilgang frå havet, gjorde også at sjømakt var ein føresetnad for effektive landmaktsoperasjonar i Norden. Ettersom ein krig i utgangspunktet berre kan nå ein avgjerande konklusjon på landjorda, så vart sjømakt og landmakt tett integrert med kvarandre. Dette tilhøvet førte til at alle krigar mellom Danmark-Noreg og Sverige handla om å gi eller hindre landmakta spelerom gjennom sjøherredøme eller nekting av slikt. Følgjeleg var det slagflåtane sin relative suksess som langt på veg militært avgjorde krigane mellom desse statane.

I relasjonane med andre statar var også sjømakta avgjerande. Ovanfor statar i Austersjøregionen som ikkje hadde eiga sjømakt mogleggjorde dei skandinaviske landa si sjømakt ein overlegen evne til styrkerasjonalisering gjennom konsentrasjon på avgjerande stadar og overlegen mobilitet. Dette utgjer kjernen i kvifor Sverige lukkast med oversjøisk ekspansjon og vart ei regional stormakt. Sjømakta var ein svært potent styrkemultiplikator som omsette eit svakt ressursgrunnlag i sterk militær påverkingsevne.

Sverige og Danmark-Noreg var for å kunne overleve i ei tid der krig var det vanlege og aksepterte middelet for å avgjere mellomstatlege og dynastiske konfliktrar nøydd til å

oppretthalde ein storleik på militærmakta som relativt til folketal og ressursar var eksepsjonell i Europeisk samanheng. Dette var svært kostesamt. For å finansiere militærapparata, så måtte sikre inntekt gjennom utnytting av tredjepartar si merkantile verksemd. Dette var ei rekkje gjensidig forsterkande tilhøve. Sjømakt var naudsynt for vern mot andre sjømakter, men var kostesamt, teknisk avansert og administrativt utfordrande å oppretthalde. Sjømakta skapte altså trong for administrative reformer og auka inntekter. Samstundes mogleggjorde sjømakta oversjøisk ekspansjon mot land som i utgangspunktet hadde overlegne ressursar, men ekspansjonen førte til ytterlegare auka trong for militærmakt og til at ein vart enda meir avhengig av sjømakt for å halde imperia samla. Ekspansjonen, strategiske råvarer og den økonomiske utnyttinga av andre sin handel, førte dessutan til at vestlege sjømakter byrja å involvere seg i Austersjøregionen, noko som i røynda stogga opp svensk ekspansjon og auka trongen for større styrker. Styrker som ikkje lengre kunne finansierast gjennom interne skattar og tollegging av internasjonal handel aleine. Ein vart dimed både avhengig av subsidiar og alliansar for å sikre eige territorielt sjølvstende. Det innebar samstundes tap av politisk-strategisk fridom.

Den skandinaviske stordomstida møtte sitt endelikt grunna fire faktorar, der tre var direkte relatert til sjømakt. Den første var nettopp den gradvise undergravinga av strategisk fridom som følgje av vestleg involvering, den andre var framveksten av ei tredje sjømakt i Austersjøen, Russland, som både hadde substansiell sjømilitær kapasitet, ei sterk landmakt og eit langt større ressursgrunnlag. Den tredje faktoren var *Naval Stores*, tilgang på desse var eit absolutt strategisk imperativ for Storbritannia. Følgjeleg kunne ikkje Storbritannia tillate noko anna stat eller konstellasjon av statar å dominere Austersjøen. Den fjerde faktoren var den omfattande mobiliseringa av ressursar til militære føremål som prega Europa under Napoleonskrigane. Dei skandinaviske landa var ikkje lengre i ei særstilling når gjaldt relativ militærmobilisering, følgjeleg fekk ein stadig større diskrepans mellom trong for maktmidlar og faktiske midlar. Kombinasjonen av desse fire faktorane førte til at verken Sverige eller Danmark-Noreg lengre var sjølvstendig i stand til å oppretthalde sjøherredøme, samstundes var dei heller ikkje i stand til å halde seg utanfor dei europeiske storkrigane. Både Danmark-Noreg og Sverige vart relegert til småstatar grunna det same tilhøve som hadde utgjort rasjonale bak sjømakta i utgangspunktet. Dei mista kontrollen med dei maritime kommunikasjonane og dimed grunnlaget for deira relative sterke maktposisjonar.


APPENDIKS 1 – KART



Kart 1: Elvesystem og strategiske byar.⁴⁸⁷


⁴⁸⁷ "Map of the Baltic Sea River Basin," (Coalition Clean Baltic, 2005). Markeringen av strategiske byar og stadar i Austersjøregionen er min eigen.

Climate and Hydrology of the Baltic Basin




Kart 2: Gjennomsnittleg isdekke i Austersjøregionen.⁴⁸⁸

⁴⁸⁸ Opphav: Sverige sitt meteorologiske institutt og Det finske havforskningsinstituttet, 1982, som attgjeve i Wulff, Fredrik V., Rahm, Lars og Larsson, Per, red., *A Systems Analysis of the Baltic Sea* (New York: Springer, 2001), s. 99.



Kart 3: Øresund under Napoleonskrigane.⁴⁸⁹

⁴⁸⁹ Drodden er den vestlege leia markert med D, og Flinterenden er den austlege markert med F. Vassdjupna i kartet er i meter. Utdrag av kart teikna av Raun Kristensen, J., "Kort over farvandsforholdene i Øresund i begyndelsen af 1800-årene med de to påbegyndte søforter Trekroner og Prøvestenen.," (Engström og Frantzen, *Øresunds strategiske rolle i et historisk perspektiv: föredrag hållna vid symposium på Revingeled i Skåne och på Kastellet i København 3-7 juni 1996*, s. 119.) Det er samsvar mellom opplysningane i dette kartet og dei eksakte seglingsinstruksjonane ein finn i *Den danske Lods*, s. 118-168.




Kart 4: Undervasstopografi i Austersjøen.⁴⁹⁰

⁴⁹⁰ "Depths of Baltic Sea and Skagerak," (Wikipedia, 2014)




Kart 6: Det svenske imperiet 1661.⁴⁹²

⁴⁹² Ibid., kartplansje 53.



Kart 7: Den store nordiske krig 1700-1709.⁴⁹³

⁴⁹³ Bollmann, S., "Map of the Great Northern War (1700–1721), Part 1 1700–1709," (Wikipedia, 2010)



Kart 8: Den store nordiske krig 1709-21.⁴⁹⁴

⁴⁹⁴ Bollmann, S., "Map of the Great Northern War (1700-1721), Part 2 1709-1721," (Wikipedia, 2010)

APPENDIKS 2 - TABELLAR

Årstal	Store skip	Mindre skip	Samla
1487	9	3	12
1510	13	15	28
1523	12	14	26
1532	5	-	5
1538	8	9	17
1548	11	14	25
1558	15	21	35
1562	-	-	19+2+15 = 36*

tabell 1: Den dansk-norske flåten 1487-1558.⁴⁹⁵

Periode	Nye store skip	Nye mindre skip
1532-38	5	9
1539-48	7	10
1549-58	11	16

tabell 2: Tilgang på nye skip i Den dansk-norske flåten 1532-58.⁴⁹⁶

Årstal	Skip over 1000 tonn	Skip 501-1000 tonn	Skip 300-500 tonn	Mindre fartøy 100-299 tonn	Samla havgåande styrke	Galeiar
1522		1	7	7	15	-
1532	1	1	2	3	7	-
1535	1	3	4	8	16	-
1540	1	3	3	7	14	2
1545	1	3	3	8	15	12
1550	1	2	1	5	9	19
1558	1	2	2	10	15	23
1563	3	5	11	18	37	14

tabell 3: Den svenske flåten 1522-1563.⁴⁹⁷

